



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 25.06.2015
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Utdeling av Arbeidsmiljøprisen 2015

Fosnavåg, 18.06.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 69/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 70/15	Protokoll frå førre møte.
PS 71/15	Delegerte saker
PS 72/15	Referatsaker
PS 73/15	Godkjenning av årsrekneskapen for 2014
PS 74/15	Inndekning av det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014
PS 75/15	Årsrapport 2014
PS 76/15	Herøy kyrkjelege fellesråd - budsjettregulering 2015
PS 77/15	Budsjettkontroll per 30.04.2015
PS 78/15	Tertialrapport per 01.05.2015.
PS 79/15	Finansrapport 1. tertial 2015
PS 80/15	Herøy vasslag BA- Søknad om kommunal lånegaranti, stor NOK 30,0 mill kroner
PS 81/15	Asfaltering av grusvegar 2014 - Objekt 51406. Økonomisk avslutting.
PS 82/15	Reasfaltering av kommunale vegar 2014 - objekt 51407. Økonomisk avslutning.
PS 83/15	Hovudplan vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur. Sluttbehandling av hovudplan - vidare prosess.
PS 84/15	Kommunereform - status pr. 1. halvår 2015
PS 85/15	Lokalisering av omsorgssenter for Herøy
PS 86/15	Detaljreguleringsplan helse- og omsorgssenterområdet - slutthandsaming
PS 87/15	Val av to styremedlemmer med personleg vara til styret i Herøy Frivilligsentral
PS 88/15	Val av ny styremedlem til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 192/15 Gnr 37 Bnr 139 og 119 Frådeling av areal til offentleg formål
- DS 193/15 Per Svenning Madsen - 26/100 - Overbygg veranda/garasje
- DS 194/15 Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 - Igangsettingsløyve ny einebustad
- DS 195/15 Ferdigattest - 37/237 - tilbygg/skråtak
- DS 196/15 Ferdigattest - 34/50 - bod
- DS 197/15 Mellombels bruksløyve - 60/32
- DS 198/15 Mellombels bruksløyve - 28/5 - seksjon nr 1
- DS 199/15 Trond Vegard Myrvågnes - 28/1 - Altan
- DS 200/15 Herøy kommune 37/394 - Endring av tidlegare løyve
- DS 201/15 Knut Peter Sævik og Maria Isabell Abeltun 26/235 - Løyve til oppføring av bustadhus
- DS 202/15 Roy Endre Håvik 44/69 - Løyve til oppføring av garasje med bod
- DS 203/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Igangsetjingsløyve for riving og grunnarbeid
- DS 204/15 Boguslaw Lopuszynski 34/401 - Løyve til oppføring av nytt tak
- DS 205/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning - Fosnavåg Rock 2015
- DS 206/15 Gnr 37 Bnr 257 - Deling grunneigedom til offentleg formål
- DS 207/15 Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad
- DS 208/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket arrangement)
- DS 209/15 Herøy kommune - 45/47 - Midlertidig garasje
- DS 210/15 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til bruksendring fra lager til kantine
- DS 211/15 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 - Igangsetjingsløyve for sanitærinstallasjon samt tømrerarbeid og ventilasjonsarbeid
- DS 212/15 Gnr 83 Bnr 4 Herøy kommune - Deling av grunneigedom

DS 213/15

Ferdigattest - 60/45 og 376

DS 214/15

Vidar Myklebust - 36/79 - Garasje

Referatsaker

- RS 16/15 Særutskrift - AMU-sak 11/15. Sjukefråvær
1. tertial 2015
- RS 17/15 SSR - Signert protokoll frå møtet i
representantskapet 12/5-2015
- RS 18/15 Sakliste til møte i likestillingsutvalet
10.06.15
- RS 19/15 Protokoll fra ordinær generalforsamling
Fosnavåg Konserthus AS
- RS 20/15 Innkalling generalforsamling Fosnavåg
Konserthus
- RS 21/15 HE 03-15 MØTEPROTOKOLLEN 15.06.15
- UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET
- RS 22/15 HE 02-15 MØTEPROTOKOLLEN -
UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

PS 69/15 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 70/15 Protokoll frå førre møte.

PS 71/15 Delegererte saker

PS 72/15 Referatsaker



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/566
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/15	Formannskapet	15.06.2015
73/15	Kommunestyret	25.06.2015

GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2014 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2014 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Vest kontroll IKS, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- [Rekneskap 2014 m/revisjonsuttale](http://www.heroy.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mld1=18&FilId=1848)
<http://www.heroy.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mld1=18&FilId=1848>
- Utskrift av møteboka frå Kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Herøy kommune fekk i 2014 eit rekneskapsmessig meirforbruk i driftsrekneskapen (underskott) på kr 934.821,00 i 2014.

Driftsrekneskapen

Brutto driftsresultat vart negativt med heile 43,27 mill kr (regulert budsjett var på 8,06 mill kr). Dette er imidlertid ei «betring» på om lag 5,31 mill kr sett i høve til 2013. I 2012 var brutto driftsresultat positivt med om lag 11,60 mill kr.

Netto driftsresultat var også negativ i 2014 med 43,41 mill kr (regulert budsjett var på 16,76 mill kr). Dette er ei forverring på om lag 8,17 mill kr sett i høve til 2014. Grunnen her er at netto finanskostnadane var 15,4 mill høgare i 2014 enn i 2013. I 2013 var netto driftsresultat positivt med om lag 15,4 mill kr.

Driftsrekneskapen og regulert budsjett for 2014 kan ein sette opp i ei slik oversikt:

Alle tal i 1.000 kr	Rekneskap 2014	Budsj. m/ending 2014	Avvik i kroner	Avvik i prosent
Brukarbetalingar	-29 038	-26 458	-2 580	-9,75
Andre sals- og leieinntekter	-40 873	-40 961	88	0,21
Overføringar med krav til motyting	-41 408	-36 170	-5 238	-14,48
Rammetilskott	-211 785	-200 200	-11 585	-5,78
Andre statlege overføringar	-77 378	-70 332	-7 046	-10,01
Andre overføringar	-2 294	-490	-1 804	-368,16
Inntekts- og formueskatt	-231 216	-253 500	22 284	8,79
Sum driftsinntekter	-633 992	-628 111	-5 881	-0,93
Lønskostnadar	292 998	297 203	-4 205	-1,41
Sosiale kostnadar	80 484	86 334	-5 850	-6,77
Kjøp av varer og ten. I komm. ten. Prod.	82 930	67 017	15 913	23,74
Kjøp av varer og ten. Erstattar komm. ten. prod	85 606	72 033	13 573	18,84
Overføringar	123 705	101 035	22 670	22,43
Avskrivningar	29 471	20 622	8 849	42,91
Fordelte kostnadar	-17 937	-8 076	-9 861	-122,1
Sum driftskostnadar	677 257	636 168	41 089	6,45
Brutto driftsresultat	43 265	8 057	35 208	436,98
Renteinntekter og utbygge	-6 674	-6 360	-314	-4,93
Gevinst finansielle instrument	-4 225	-4 525	300	662

Mottekne avdrag på lån	-79	-202	123	60,89
Sum eksterne finansinntekter	-10 978	-11 087	109	0,98
Renteutgifter og lånekostnader	14 898	20 380	-5 482	-26,89
Tap finansielle instrument	3 338	200	3 138	1569,00
Avdrag på lån	22 108	19 700	2 408	12,22
Utlån	245	250	-5	-2
Sum eksterne finanskostnader	40 589	40 530	59	0,14
Resultat eksterne finanstransaksjonar	29 611	29 443	168	0,57
Motpost avskrivningar	-29 471	-20 740	-8 731	-42,09
Netto driftsresultat	43 405	16 760	26 645	158,97
Bruk av tidl. Års rekneskapsm. Mindreforbruk	-5 389	-5 389	-	
Bruk av disposisjonsfond	-3 755	-3 755	-	
Bruk av bundne fond	-38 134	-14 350	-23 784	-165,74
Sum bruk avsetnader	-47 278	-23 494	-23 784	-101,23
Avsett til disposisjonsfond	-	3 703	-3 703	
Avsett til bundne fond	4 807	3 032	1 775	58,54
Sum avsetnader	4 807	6 735	-1 928	-28,62
Rekneskapsmessig meirforbruk	935	-	935	

Netto finanskostnadane vart om lag som budsjettert. Rentekostnadane vart om lag 5,48 mill lavare enn budsjettert. Imidlertid vart tapa på finansielle instrument (aksjar og obligasjonar) høgare enn budsjettert (3,14 mill kr) og avdragskostnadane høgare enn budsjettert (2,41 mill kr).

I 2014 hadde vi nær samsvar mellom reelle og budsjetterte driftsinntekter (ink skatt, ramme, mva kompensasjon og RDA midlar). Differansen (positivt) samla sett var på 5,88 mill kr eller 0,93%. I det bildet må ein også nemne at samla inntekter frå skatt og rammetilskott vart om lag 10,7 mill lavare enn budsjettert. Det gjer at meirinntektene innad i avdelingane er om lag 16,6 mill høgare enn budsjettert.

Meirinntektene har vi hatt innan fleire områder og artar. Ein kan her nemne bl.a.:

- Ulike refusjonar sjukeløn med om lag 4,6 mill kr
- Ref, kommunar, fylke, private med om lag 7,0 mill kr
- Gåver med om lag 1,7 mill kr

I 2014 hadde kommunen reelle driftsutgifter (eks finans) som var om lag 41,1 mill kr høgare enn justert budsjett. Tek ein med samla kostnader knytt til løn og sosiale utgifter vart om lag 12,0 mill lavare enn budsjettert er det fleire utgiftspostar som har blitt betydeleg høgare enn budsjettert.

Av meirforbruket/meirkostnadane ein hadde i 2014 kan ein nemne:

- Overføringar til andre (RDA i det vesentlege) med 23,9 mill kr
- Andre driftskostnader med 2,7 mill kr

- Kjøp frå kommuner med 5,1 mill kr
- Kjøp frå private med 4,1 mill kr
- Kjøp frå interkommunale selskap med 3,1 mill kr

Fordelte kostnader/løner og fordelte utgifter hadde avvik på om lag 9,9 mill kr (inntekt og utgift).

Meirutgifter og meirinntekter i høve til budsjettet får ein gjennom heile rekneskapsåret. Oko av det får ein retta opp gjennom busjettendringssaker medan andre oppstår så seint i året at ein ikkje klarer å fange det opp i ei politisk sak i og med at ein i prinsippet ikkje har høve til å endre budsjettet etter 31.12.

Det endelege driftsbudsjettet syner eit totalt mindreforbruk hjå stabs- og driftsavdelingane på om lag 9,7 mill kr (i 2013 hadde avdelingane samla eit meirforbruk på 3,8 mill kr) sett i høve til regulert budsjett. Totalt 6 av dei 19 avdelingane hadde eit meirforbruk på i alt 4,96 mill kr medan dei 13 andre hadde eit samla mindreforbruk på 14,66 mill kr.

Barnehageavdelinga, avdelinga for Barn familie og helse og Eigedomsavdelinga hadde alle meirforbruk på over 1,0 mill kr, medan Personal- og organisasjonsavdelinga, Skuleavdelinga, Pleie- og omsorgsavdelinga, Bu- og habiliteringsavdelinga og Utviklingsavdelinga alle hadde eit mindreforbruk på mellom 1,0 og 5,0 mill kr sett i høve til regulert budsjett.

Investeringsrekneskapen

Det vart investert for om lag 165,4 mill kr i 2014. I tillegg kjem kjøp av aksjar og andelar på om lag 4,9 mill kr. I 2013 vart det investert for totalt 61,6 mill kr og kjøt aksjar og andelar for nær 9,3 mill kr.

Alle tal i 1.000 kr	Rekneskap 2014	Budsj. m/ending 2014	Avvik i kroner	Avvik i prosent
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-5 451		-5 451	
Andre salsinntekter	-1 781		-1 781	
Overføring med krav til motyting	-18 708	-10 640	-8 068	-75,82
Statlege overføringar	-15 693	-18 125	2 432	13,41
Andre overføringar	-21 350	-33 955	12 605	37,12
Sum inntekter	-62 983	-62 720	-263	-0,41
Lønskostnader	2		2	
Kjøp av varer og ten. i kommu. tenesteprod	128 098	184 232	-56 134	-30,46
Kjøp av varer og ten erstatter komm tenesteprod	343		343	
Overføringar	36 950	25 405	11 545	45,44
Rentekostnader m.m.	44		44	
Sum kostnader	165 437	209 637	-44 200	-21,08
Avdrag på lån	2 392		2 392	
Utlån	9 751		9 751	
Kjøp av aksjar og andelar	4 910	3 570	1 340	
Avsett til ubunde investeringsfond	3 115		3 115	
Avsett til bundne investeringsfond	198		198	
Sum finansieringstransaksjonar	20 366	3 570	16 796	

Finansieringsbehov	122 820	150 487	-27 667	-18,38
Bruk av lån	-115 882	-144 342	28 460	
Mottekne avdrag på utlån	-1 990		-1 990	
Bruk av ubundne investeringsfond	-3 880	-5 610	1 730	
Bruk av bundne investeringsfond	-1 067	-535	-532	
Sum finansiering	-122 819	-150 487	27 668	18,38
Udekka/udisponert	-	-	-	

Låneopptaka vart gjort i januar 2014 og var på 50,8 mill kr. Ved årsskiftet 2013/2014 hadde vi i tillegg 43,8 mill i unyttta lånemidlar. På grunn av dei høge investeringane i 2014 vart alle desse lånemidlane nytta og vel så det.

Det har kome på utgifter på fleire prosjekt som det ikkje har vore knytt budsjettløyvingar til. Ein av grunnane til dette er at investeringsbudsjettet no er eit årsbudsjett og om ein ikkje har vore flink til å overføre budsjetttrammer på igongsette prosjekt frå eit budsjettår til eit anna manglar prosjekta budsjetttramme.

Samla inntekter i investeringsrekneskapen vart om lag som budsjettert. Likevel ser ein at kommunen har hatt salsinntekter (vesentleg tomter) som ein ikkje har budsjettert med (om lag 7,2 mill kr) og at ein har budsjettert med inntekter/overføringar ein ikkje har fått i budsjettåret. Ein av grunnane til dette er at ein ikkje har inntektsført RDA midlane kommunen fekk til vegprosjektet mellom Campus (badeland) og Myklebust.

Investeringsbudsjettet og investeringsrekneskapen gjeld for eit år og er ikkje årsvhengig. Det vil seie at ein må vedta budsjettendringar i investeringsbudsjettet for etterføljande år for investeringsprosjekt som ikkje er avslutta eller oppstarta innan utgangen av det året budsjettet gjeld for. På den måten må dei uferdige prosjekta som ein har henta unyttta lånemidlar frå og tidlegare finansiert opp ved bruk av t.d. ubundne kapitalfond finansierast opp på nytt. Denne måten å føre på er meir uoversiktleg i høve praksisen ein hadde for nokre år sidan då løyvingane kunne gå over år.

Salsinntektene knytt til bl.a. eigedomssal er ikkje budsjettert i 2014. Det gjer at desse salsinntektene er nytta til å finansiere investeringsprosjekt som manglar finansiering. For 2015 må ein gjere budsjettendringar og sette midlane av til t.d. tomtefondet slik at vi kan få styrka fondskapitalen framover.

Vurdering og konklusjon:

For andre år på rad opplevde vi svikt i frie inntekter (skatt og rammetilskott). Totalt utgjorde denne reduksjonen 10,7 mill kr i høve til regulert budsjett. Då er det flott å sjå at både politikarar og tilsette tek ansvar gjennom å syne varsemnd i pengebruken (i drifta). Totalt utgjorde mindreforbruket om lag 9,7 mill kr. Dermed fekk kommunen eit beskjedent meirforbruk på 0,93 mill kr i 2014. Det er langt betre enn det som kom fram i budsjettkontrollane hausten 2014.

Kommunen sitt økonomireglement set reglar for når budsjettendringar skal utførast. Vi har blitt betre til å handtere dette, men framleis har vi hatt meirinntekter som avvik frå reglane i reglementet. Nokre av desse inntektene har vore kjent på eit «tidleg» tidspunkt, medan andre har kome så seint på året at ein ikkje hadde tid til å handsme dei i ei politisk sak.

Økonomireglementet er gammalt og treng ei oppdatering. Vi tek sikte på å legge fram eit revidert reglement til politisk handsaming etter kommunevalet hausten 2015.

Sentrale lovverk seier at kommunen først skal godkjenne avlagt rekneskap og deretter, i eigne saker disponere meir- eller mindreforbruket i driftsrekneskapen.

Det er nye reglar for føring av investeringsrekneskapen. Det gjer at ein ikkje kjem ut med meir- eller mindreforbruk så sant ein har unyttta lånemidlar eller fonds tilgjengelege.

Fosnavåg, 19.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	16/15	212	11.05.2015

SAK 16/15 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2014

Vedlegg:

- Revisjonsrapport datert 04.05.2015
- Kommunerekneskapen 2014 (Utlevert frå kommuneadministrasjonen)
- Årsrapport 2014 (Utlevert frå kommuneadministrasjonen)

Saksopplysningar

Revisjonsrapport

Det vert vist til revisor sin uttale om årsrekneskapen 2014.

Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr 934.821, og fordelt til driftsområda kr 442.584.935.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen:

- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller feil

Revisor sine oppgåver og plikter:

- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at ho lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisor sine oppgåver og plikter* i revisjonsuttalen.

Revisor sin uttale om andre tilhøve:

Budsjettet:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Årsrekneskapen viser meirforbruk i høve til regulert budsjett på enkelte område, men totalt sett mindreforbruk.

Årsmelding:

- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

Registrering av dokumentasjon:

- Leiinga har oppfylt plikta si å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon:

- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommune pr. 31.12.2014. Resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Økonomisk og annan informasjon

Rekneskapen

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske vedlegga (rekneskapsskjema, balanse og økonomisk oversikt over drift og investering samt notane.

Årsmeldinga

Det ver særleg vist til:

Rådmannen si innleiing sidel ,

Organisasjon og medarbeidarar med sjukefråværestatistikk frå side 15 og

Økonomi frå side 44, (økonomisk oversikt over tid, side 58).

For meir forklaring viser eg til revisjonsmeldinga, årsmeldinga samt gjennomgangen i møtet.

Avsluttande kommentar

Det er i fleire år (2008, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013 peika på meirforbruk enkelte områder. Revisor har også i 2014 peika på meirforbruk på enkelte område, sjølv om det i år er langt betre enn tidlegare. Ein må også denne gongen minne om kommunelova §§ 46 og 47 som krev budsjettdekning på utbetalingstidspunktet, unntatt utbetalningar som kommunen er rettsleg forplikta til. Kommunelova seier at skjer det endringar som får verknad på budsjettbalansen skal det givast melding til kommunestyret og kommunestyret skal foreta endringar evt. treffe tiltak.

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale for 2014 datert 4. mai 2015.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Herøy kommune for rekneskapsåret 2014, som viser eit meirforbruk på kr 934.821 og fordelt til driftsområda kr 442.584.935, og består av årsmelding, driftsrekneskap, investeringsrekneskap,

økonomiske oversikter og balanse pr 31.12.2014 med notar, som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar, kan **godkjennast**.

3. Kontrollutvalet viser til investeringsrekneskapsaken, der mange prosjekt/investeringar vert sett i gang før løyving er vedteken. Dette er brot på kommunelova og tilhøyrande foreskrift.

Rett utskrift

Åram, 12. mai 2015

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm

Sekretær

Utskrift til: Kommunestyret
(Saka skal fylgje rekneskapsaka frå rådmannen via formannskapet til kommunestyret)

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Kommunestyret i Herøy

REVISJONSUTTALE 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Herøy kommune, som viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 934.821,- og fordelt til driftsområda kr 442.584.935,- .

Årsrekneskapen, består av årsmelding, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og balanse pr 31.12.2014 inkl notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Rådmannen har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå nødvendig tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valgte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av at årsrekneskapen gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjonen omfattar og ein vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Balanse og note til årsrekneskapen i høve pensjonskostnad viser eit premieavvik på 32,9 mill. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring for kommunen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttale om andre forhold

Budsjett:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte, meiner vi at regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak. Årsrekneskapen viser meirforbruk i forhold til regulert budsjett på enkelte områder, men totalt sett mindreforbruk.

Årsmelding:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift. Økonomiske opplysningar på detaljnivå er ikkje vurderte, då dei har anna inndeling enn årsrekneskapen.

Registrering og dokumentasjon:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

KONKLUSJON:

Etter vår mening er årsrekneskapen, med unntak av det som går fram ovanfor, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Herøy kommune pr 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Fosnavåg/Ulsteinvik 4.mai 2015



Bodill Skeide

reg. revisor



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/566
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
116/15	Formannskapet	15.06.2015
74/15	Kommunestyret	25.06.2015

INNDEKNING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MEIRFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014, kr 934.821,00, vert dekt inn ved bruk av kommunens disposisjonsfond.

Konto 19404/9017/880 Bruk disposisjonsfond – opp NOK 934.821,00

Tilråding frå rådmannen:

Det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014, kr 934.821,00, vert dekt inn ved bruk av kommunens disposisjonsfond.

Konto 19404/9017/880 Bruk disposisjonsfond – opp NOK 934.821,00

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga her, for oppfølging
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon
- Vest Kontroll
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:**Saksopplysningar:**

Herøy kommune fekk i 2014 eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskott) i driftsrekneskapen på kr 934.821,00

Dei ulike avdelingane si drift går fram av denne oppstillinga:

Ansvarsområde		Rekneskap 2014	Reg budsjett 2014	Avvik i kroner	Avvik i %
Folkevalde	Brutto utgift	3 956 763	3 735 967	220 796	
	Brutto inntekt	-83 745	-41 635	-42 110	
	Netto driftsutgifter	3 873 018	3 694 332	178 686	-4,84
	Avvik	Meirforbruk på kr 178.686,-			
Adm. Leiing	Brutto utgift	6 483 787	5 824 597	659 190	
	Brutto inntekt	-3 015 593	-2 505 480	-510 113	
	Netto driftsutgifter	3 468 194	3 319 117	149 077	-4,48
	Avvik	Meirforbruk på kr 149.077,-			
Servicetorget	Brutto utgift	3 538 068	3 805 430	-267 362	
	Brutto inntekt	-830 988	-828 235	-2 753	
	Netto driftsutgifter	2 707 080	2 977 195	-270 115	9,06
	Avvik	Mindreforbruk på kr 270.115,-			
Fellessekretariatet	Brutto utgift	2 230 092	2 346 223	-116 131	
	Brutto inntekt	-140 857	-158 360	17 503	
	Netto driftsutgifter	2 089 235	2 187 863	-98 628	4,52
	Avvik	Mindreforbruk på kr 98.628,-			
Økonomiavdelinga	Brutto utgift	6 417 923	6 909 283	-491 360	
	Brutto inntekt	-762 835	-771 028	8 193	
	Netto driftsutgifter	5 655 088	6 138 255	-483 167	7,86

	Avvik	Mindreforbruk på kr 483.167,-			
Personal- og organisasjonsavd.	Brutto utgift	9 650 825	10 267 647	-616 822	13,91
	Brutto inntekt	-2 581 035	-2 054 310	-526 725	
	Netto driftsutgifter	7 069 790	8 213 337	-1 143 547	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.143.547,-			
IKT	Brutto utgift	11 985 061	11 536 127	448 934	-6,02
	Brutto inntekt	-7 163 177	-6 988 436	-174 741	
	Netto driftsutgifter	4 821 884	4 547 691	274 193	
	Avvik	Meirforbruk på kr 274.193,-			
Andre overføringer	Brutto utgift	85 973 952	64 598 075	21 375 877	2,13
	Brutto inntekt	-77 366 120	-55 801 750	-21 564 370	
	Netto driftsutgifter	8 607 832	8 796 325	-188 493	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 188.493,-			
Barnehageavdelinga	Brutto utgift	69 475 971	66 608 552	2 867 419	-2,46
	Brutto inntekt	-6 276 402	-4 931 779	-1 344 623	
	Netto driftsutgifter	63 199 569	61 676 773	1 522 796	
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.522.797,-			
Skuleavdelinga	Brutto utgift	124 302 610	128 344 641	-4 042 031	4,56
	Brutto inntekt	-19 994 618	-19 047 150	-947 468	
	Netto driftsutgifter	104 307 992	109 297 491	-4 989 499	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 4.989.498,-			
Avd for Barn, Familie og Helse	Brutto utgift	53 243 870	46 259 716	6 984 154	-4,88
	Brutto inntekt	-17 012 166	-11 714 952	-5 297 214	
	Netto driftsutgifter	36 231 704	34 544 764	1 686 940	
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.686.940,-			
Pleie- og omsorgsavdelinga	Brutto utgift	125 204 471	126 064 982	251 269 453	1,97
	Brutto inntekt	-25 727 259	-24 587 655	-50 314 914	
	Netto driftsutgifter	99 477 212	101 477 327	200 954 539	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.000.115,-			
Bu- og habiliteringsavdelinga	Brutto utgift	48 256 937	49 175 274	-918 337	7,52
	Brutto inntekt	-14 888 176	-13 091 452	-1 796 724	
	Netto driftsutgifter	33 368 761	36 083 822	-2 715 061	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.715.061			
NAV Herøy (Sosial/flyktning)	Brutto utgift	20 097 602	15 433 324	4 664 278	4,54
	Brutto inntekt	-11 056 914	-5 963 015	-5 093 899	
	Netto driftsutgifter	9 040 688	9 470 309	-429 621	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 429.621,-			
Kulturavdelinga	Brutto utgift	16 688 224	15 349 528	1 338 696	2,53
	Brutto inntekt	-8 869 878	-7 330 480	-1 539 398	
	Netto driftsutgifter	7 818 346	8 019 048	-200 702	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 203.102,-			
Utviklingsavdelinga	Brutto utgift	7 831 261	8 683 718	-852 457	18,92
	Brutto inntekt	-2 725 181	-2 378 805	-346 376	
	Netto driftsutgifter	5 106 080	6 304 913	-1 198 833	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.198.833,-			
Anleggs- og driftsavdelinga	Brutto utgift	41 359 114	40 262 899	1 096 215	
	Brutto inntekt	-24 487 464	-23 022 407	-1 465 057	

	Netto driftsutgifter	16 871 650	17 240 492	-368 842	2,14
	Avvik	Mindreforbruk på kr 368.842,-			
Eigedomsavdelinga	Brutto utgift	38 077 903	31 185 176	6 892 727	-7,24
	Brutto inntekt	-21 038 015	-15 297 775	-5 740 240	
	Netto driftsutgifter	17 039 888	15 887 401	1 152 487	
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.151.487,-			
Samhandlingsreforma	Brutto utgift	12 862 899	13 432 501	-569 602	4,58
	Brutto inntekt	-1 031 977	-1 032 501	524	
	Netto driftsutgifter	11 830 922	12 400 000	-569 078	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 569.078,-			
SUM	Brutto utgift	687 637 333	649 823 660	37 813 673	
	Brutto inntekt	-245 052 400	-197 547 205	-47 505 195	
	Netto driftsutgifter	442 584 933	452 276 455	-9 691 522	

Som ein ser av tabellen ovanfor er det stor skilnad områda i mellom. Nokre har hatt mindreforbruk medan andre har hatt meirforbruk. Totalt er mindreforbruket i høve til regulert budsjett på nær 9,7 mill kr (tilsvarande tal i 2013 var 3,8 mill kr). Det må ein seie er godt levert.

Kommunen sine ulike driftsfond har minka mykje også i 2014. Disposisjonsfonda minka med om lag 1,43 mill kr medan dei bundne driftsfonda har minka med om lag 33,33 mill kr. Reduksjonen i bundne fond skuldast at ein har betalt ut meir i RDA midlar dette året enn det ein fekk tilført. Dersom formannskapet følger tilrådinga i denne saka vert kommunen sine disposisjonfond redusert med ytterlegare 0,93 mill kr til om lag 9,71 mill kr. I tillegg er budsjett 2015 saldert med bruk av nær 0,2 mill kr frå dispfondet.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen sitt framlegg er altså å dekke opp det rekneskapsmessige meirforbruket (underskotet) i 2014 ved å belaste kommunen sitt disposisjonsfond.

Å redusere driftsfonda er sjølvst sagt ikkje bra. Dette fordi skatteinntektene/rammetilskotet i 2015 ser ut til å bli lavare enn budsjettert. I tillegg vil pensjonskostnadane bli høgare enn budsjettert og auka arbeidsløyse i kommunen vil føre til større sosialhjelpsutbetalingar. Dette, samt andre utfordringar kommunen står overfor, gjer at det er godt å ha ein liten buffer også i 2015.

Fosnavåg, 22.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/651
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
122/15	Formannskapet	15.06.2015
75/15	Kommunestyret	25.06.2015

ÅRSRAPPORT 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Årsrapport 2014 vert godkjend.

Tilråding frå rådmannen:

Årsrapport 2014 vert godkjend.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen

Vedlegg:

- Årsrapport 2014.

Saksopplysninger:

I sak 16/15 for kontrollutvalet låg det føre slik uttale frå revisor:

«Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.»

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i punkt 2:

*«2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Herøy kommune for rekneskapsåret 2014, som viser eit meirforbruk på kr 934.821 og fordelt til driftsområda kr 442.584.935, og består av årsmelding, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og balanse pr 31.12.2014 med notar, som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar, kan **godkjennast.**»*

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med framlegg om at årsrapporten 2014 vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:

Her viser eg til sak om rekneskapen 2014.

Fosnavåg, 22.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

ÅRSRAPPORT 2014



HERØY KOMMUNE

INNLEIING

Herøy – ei båtlangd føre

Gjennom denne visjonen har kommunen gitt uttrykk for at vi har som ambisjon om å vere i forkant av utviklinga. Dette er krevjande, og vi klarer ikkje å vere i forkant på alle område. Det er heller ikkje ynskjeleg. Utfordringa er til ei kvar tid å velje ut dei områda der det er viktig å vere i forkant både når det gjeld utviklinga av lokalsamfunnet og kommunen som tenesteytar. Det handlar også om «timing», å gjere dei rette satsingane til rett tid.



I Kommuneplanen for Herøy 2013-2015 Samfunnsdel er det det overordna målet for kommunen formulert slik

Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i

Utviklinga i folketalet er den beste indikatoren på om kommune har lukkast i å nå dette målet. Folketalet i Herøy har auka frå 8383 til 8934 på dei siste fem åra. Nesten heile auken skuldast arbeidsinnvandring. Utfordringa er å gjere kommunen så attraktiv at vi klarer å halde på ungdomen, og spesielt jentene, at ungdomen ynskjer å flytte tilbake til kommunen etter fullført utdanning og at også andre utan tilknytning til kommunen ynskjer å busette seg her.

Det er gjort mykje siste tida for å gjere kommunen attraktiv, spesielt innan kultur- og fritidsområdet. Eg vil spesielt nemne Thon hotell, Fosnavåg konserthus, Fosnavåg kino og Sunnmørsbadet. Den vidare satsinga vil vere avhengig av utviklinga i kommuneøkonomien og RDA- midlane.

Kommunen har hatt svikt i skatteinntektene siste åra, noko som har gjort det krevjande å få balanse mellom inntekter og utgifter. Vi er underbemanna i forhold til etterspørsmål og krav som vert stilte, og overbemanna i forhold til det finansieringsgrunnlag vi skal styre etter. I denne situasjonen er det viktig å gjere dei rette grepa. I tillegg til å gjere dei nødvendige innstrammingane, må kommunen legge til rette for å utvide skattegrunnlaget m.a. ved å prioritere tiltak for næringsetablering og busetjing.

I 2014 har leiarar og tilsette gjort ein imponerande jobb ved at det er ytt gode tenester til innbyggjarane samstundes som avdelingane samla har brukt om lag 9,5 mill. mindre enn budsjettet. Kommunen er heilt avhengig av kompetente og lojale leiarar og medarbeidarar i den krevjande situasjonen som vi no står overfor, der utfordringa er å levere forsvarlege tenester under stadig strammare økonomiske rammevilkår. Det er då særskilt viktig at ein både politisk og administrativt praktiserer ein arbeidsgjevpolitik som gjer at arbeidstakarane føler seg verdsette.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

INNHALD

INNLEIING	1
ÅRET SOM GJEKK	4
POLITISK STYRING	6
STYRINGSSYSTEMET	10
VISJON OG OVERORDNA MÅL	11
Fem satsingsområde for kommunen:	12
LOKALSAMFUNN	13
ORGANISASJON OG MEDARBEIDAR.....	15
TENESTENE	28
Fellessekretariatet	28
IKT - avdelinga	29
Økonomiavdelinga	29
Personal- og organisasjonsavdelinga.....	30
Serviceforretning	31
Barnehage	31
Skule	32
Barn- familie og helseavdelinga	33
Pleie- og omsorgsavdelinga.....	34
Bu- og habiliteringsavdelinga.....	36
NAV Herøy.....	37
Kulturavdelinga	38
Utviklingsavdelinga.....	39
Anleggs- og driftsavdelinga.....	41
Eigedomsavdelinga	42

ØKONOMI.....	44
HOVUDTALSANALYSE	47
Driftsinntekter	47
Investerings-/Finansrekneskapen	49
Balansen	50
Rekneskapsanalyse.....	51
Økonomisk oversikt - drift.....	59
KOSTRA.....	60

ÅRET SOM GJEKK

JANUAR:

KONGENS FORTENESTEMEDALJE

Kulturbyggjaren Roald Sporstøl fekk Kongens fortенeste-medalje for sin årelange innsats, ikkje minst innan maritimt historisk arbeid på Sunnmøre.

FEBRUAR:

SANSEROM PÅ AVLASTNINGA

Dei tilsette ved bu- og habiliteringsavdelinga har i eit par år jobba med å få på plass eit sansehjørne til ungene på Toffetunet Avlasting. Etter å ha spart på utstyrsmidlar gjennom heile 2013, hadde dei nok til å investere i eit kvitt sanserom for barna.

MARS:

HERØY KULTURSKULE 40 ÅR

Herøy kulturskule fylte 40 år og markerte jubileet med fleire flotte framsyningar og konsertar gjennom året.

APRIL:

TJUKKASGJENGEN I HERØY BEST I LANDET

Tjukkasgjengen i Herøy vart kåra til «årets Chapter», best i landet.

MAI:

MOT-TURNEEN GJESTA HERØY

MOT-turnéen gjesta Herøy, og lokale utøvarar fekk høve til å syngje saman med kjendisar som Chand og Alejandro Fujentes.

JUNI:

FANGE LYDEN AV FOSNAVÅG

Magne Furuholmen var sentral i prosjektet som skulle fange lyden av Fosnavåg, og som seinare vart framført som eit musikkverk i samband med opninga av konserthuset.

JULI:**KYSTPILGRIMSLEIA**

I slutten av juli kom «Kystpilegrimsleia Seilassen 2014» til Herøy. Denne seilassen med MS «Nordstjernen» starta i Stavanger 23. juli og enda opp i Nidarosdomen i Trondheim 29. juli.

AUGUST:**MARINE GRUNNKART**

Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) starta i august ei detaljert kartlegging av sjøbotnen i Herøy. Pilotprosjektet som har ei kostnadsramme på 2,5 millionar skal resultere i detaljerte marine grunnkart.

**SEPTEMBER:****OLJEVERNØVING FLÅVÆR**

Flåvær stod i sentrum for ei storstilt oljevernøving, der mannskap frå heile Søre Sunnmøre og Kystverket deltok.

OKTOBER:**HOTELL, KONSERTHUS OG SIMULATOR**

Oktober blei månaden for dei store opningane i Fosnavåg. Både Thon Hotell Fosnavåg, Simulatorsenteret, Fosnavåg Kino og Fosnavåg Konserthus blei offisielt opna.

NOVEMBER:**ÅRETS UNGDOMSKOMMUNE**

Herøy blei for andre gong kåra til «Årets ungdomskommune» i Møre og Romsdal.

DESEMBER:**NOBELPRIS I MEDISIN**

Ekteparet May-Britt og Edvard Moser fekk overrekk Nobelprisen i medisin, for deira banebrytande forskning som mellom anna avslører stadsansen i hjernen.

POLITISK STYRING

Kommunestyret vedtok ny politisk organisering i 2012. Det vart oppretta 3 nye komitear; komité for næring, kultur og idrett, komité for oppvekst og komité for helse og omsorg. Maritim komité vart endra til maritim og teknisk komité.

Kommunestyret	Medlemer	Menn	Kvinner
Arbeidarpartiet	6	4	2
Folkelista	3	2	1
Framstegspartiet	3	2	1
Høgre	15	11	4
Kristeleg Folkeparti	5	3	2
Venstre	1	1	0

Kommunestyret pr. 31.12.2014:

Goksøyr, Arnulf	Høgre, ordførar
Steinsvik, Tor Sindre	Høgre, varaordførar
Tarberg, Idar	Høgre
Hansen, Fred	Høgre
Gjerde, Richard Klungsøyr	Høgre
Lied, Frank	Høgre
Nygaard, Sigurd Voldsund	Høgre
Storøy, Ann Kathrin (Tine)	Høgre
Otterlei, Bjørn	Høgre
Leinebø, Margaret	Høgre
Sævik, Marthe Vågsholm	Høgre

Sævik, Stig Arne Helsem	Høgre
Elveseter, Stian Sævik	Høgre
Nygaard, Kjerstin L.	Høgre
Muren, Norvald	Høgre
Nærø, Dag	Framstegspartiet
Teige, Karly Ingunn	Framstegspartiet
Garvik, Thor-Sigmund	Framstegspartiet
Storøy, Camilla	Kristeleg Folkeparti
Brubakk, Ole	Kristeleg Folkeparti
Sævik, Linn-Therese Hansen	Kristeleg Folkeparti
Kvalsvik, Frank Otto	Kristeleg Folkeparti
Nerem, John	Kristeleg Folkeparti
Jøsokbakke, Henry	Venstre
Andreassen, Olaug	Arbeidarpartiet
Furø, Per Kristian	Arbeidarpartiet
Remøy, Janita Westbø	Arbeidarpartiet
Myrvågnes, Reidun L.	Arbeidarpartiet
Gjelseth, Svein	Arbeidarpartiet
Arntsen, Sofi Mere	Arbeidarpartiet
Kvalsvik, Bjarne	Folkelista/Senterpartiet
Runde, Kjell	Folkelista/Senterpartiet
Runde, Kaja	Folkelista/Senterpartiet

Formannskapet pr. 31.12.2014:

Goksøyr, Arnulf	Høgre, ordførar
Steinsvik, Tor-Sindre	Høgre, varaordførar
Storøy, Ann Katrin (Tine)	Høgre
Leinebø, Margaret	Høgre
Teige, Karly Ingunn	Framstegspartiet
Storøy, Camilla	Kristeleg Folkeparti
Runde, Kjell	Folkelista/Senterpartiet
Furø, Per Kristian	Det norske Arbeidarparti
Andreassen, Olaug	Det norske Arbeidarparti

Tal på politiske møte og saker:

		2010	2011	2012	2013	2014
Kommunestyre	Ant. Møte	11	12	12	11	11
	Ant. Saker	19 1	238	220	180	175
Formannskap	Ant. Møte	23	23	23	17	17
	Ant. Saker	37 6	352	353	235	235
Maritim og teknisk komité	Ant. Møte	6	6	11	11	11
	Ant. Saker	35	35	106	130	127
Arbeidsmiljøutvalet	Ant. Møte	7	8	5	4	4
	Ant. Saker	29	37	28	25	22
Administrasjonsutvalet	Ant. Møte		1	1	1	1
	Ant. Saker		3	2	2	4


Eldrerådet	Ant. Møte	7	3	7	7	7
	Ant. Saker	22	13	32	21	30
Råd for funksjonshemma	Ant. Møte	4	7	7	4	5
	Ant. Saker	11	25	38	20	17
Ungdomsrådet	Ant. Møte	11	12	9	Ikke	Ikke
	Ant. Saker	31	46	42	bekrefta	bekrefta
Komité for næring, kultur og idrett	Ant. Møte			5	10	10
	Ant. Saker			36	104	77
Komité for oppvekst	Ant. Møte			4	9	7
	Ant. Saker			13	30	39
Komité for helse og omsorg	Ant. Møte			3	10	9
	Ant. Saker			16	39	49

Valdeltakinga ved dei fire siste kommunevala:

	Herøy	Landet
2011	62,3	64,5
2007	62,49	61,2
2003	55,72	59,0
1999	58,6	60,4
1995	61,3	62,8
1991	67,1	66,0
Gj.snitt	61,25	62,31

STYRINGSSYSTEMET

Ein kommune er ein kompleks organisasjon. For å få dei ulike aktivitetane i kommunen til å henge saman og sikre at alle dreg i same retning, er det nødvendig å ha eit styringssystem. Utvikling av styringssystemet har vore ei prioritert oppgåve dei siste åra.



Balansert målstyring

Kommunen sine styringsdokument har sidan 2004 bygd på prinsippa i Balansert målstyring. Økonomi, organisasjon, tenestene og lokalsamfunn er fokusområde i budsjett- og økonomiplandokumentet, årsrapporten, tertialrapportane og årsplanane for alle avdelingane.

Kvalitetssystemet

Kommunen har tatt i bruk **Kvalitetslosen** som kommunen sitt kvalitetssystem. Systemet har 4 modular; Kvalitetsdokumentasjon, Avvikshandtering og tiltak, Risikoanalyse og Kommunal styring. Kommunen har så langt tatt i bruk modulane *Kvalitetsdokumentasjon, Avvikshandtering og tiltak*.

Kvalitetsdokumentasjon

Modul for kvalitetsdokumentasjon skal vere ein dokumentasjon av lover, forskrifter, rundskriv, retningsliner, reglement og prosedyrar. Det meste var på plass 1. halvår 2009.

Avviks- og tiltaksrapportering

Modul for avviks- og tiltaksrapportering er ei løysing som skal dekkje kommunen sitt behov for rapportering av uønskt hendingar, merknader og personskader. Avvika vert rapportert elektronisk og følgjer organisasjonen i den enkelte avdelinga. All avviksrapportering skal føre til tiltak for å hindre ei ny hending. Modulen vart teken i bruk 01.01.09.

VISJON OG OVERORDNA MÅL

Herøy – ei båtlengd føre

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden.

Visjonen er at ikkje berre næringslivet i kommunen skal vere ei båtlengd føre, men at dette er ein visjon som skal prege herøyværinga på alle samfunnsområde.

Misjon

Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i

Kommunen sin misjon er å vere attraktiv for turistar, busetting og tilby attraktive arbeidsplassar.

Misjonen kan seiast å vere ei oppsummering av arbeidet som vert lagt ned når det gjeld; omdømearbeid, organisasjonsutvikling, tenesteutvikling og utvikling av lokalsamfunnet.

Overordna målsetjingar for Herøy kommune

Målsetjingane er slik kommunen ynskjer at innbyggjarane skal oppleve kommunen som lokalsamfunn og der kommunen som organisasjon spelar ei viktig rolle.

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uynskte hendingar.
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Fem satsingsområde for kommunen:

HEILSKAPLEG SENTRUMS- OG SAMFUNNSUTVIKLING

Mål: Det skal leggest til rette for bustadutvikling i heile Herøy. Fosnavåg skal vere ein attraktiv og triveleg by for innbyggjarar, næringsliv og turistar. Byen skal utviklast til å bli det samlande kommunesenteret i Herøy, ein felles møtestad og utgangspunkt for opplevingar i kommunen og regionen med dei tilbod som er etterspurd, både for eigne innbyggjarar og for tilreisande.

INFRASTRUKTUR

Mål: Alle innbyggjarar og bedrifter i kommunen skal vere trygge på å ha ei sikker straumforsyning, vassforsyning, vegsamband, breiband og anna infrastruktur som tilfredsstillar krava deira. Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre.

KOMPETANSE OG NÆRINGSUTVIKLING

Mål: Herøy skal med sine fagmiljø vere attraktive nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for, auke talet på kompetansearbeidsplassar og andel høgare utdanna i kommunen. Kommunen vil leggje til rette for gode næringsareal og auka verdiskaping i næringslivet.

REKRUTTERING, BUSETTING OG INKLUDERING

Mål: Innbyggjarane i kommunen skal føle ein felles identitet som herøyværingar i tillegg til bygdeidentitetane sine. Kommunen har som målsetjing at det skal vere mogleg å busette seg i alle bygdelag i kommunen. Herøy kommune ynskjer å liggje langt framme i arbeidet med inkludering og ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på sine innbyggjarar og vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere ope, raust og tolmodig mot sine medmenneske.

BARN, UNGE OG IDENTITETSBYGGING

Mål: Herøy kommune har ei målsetjing om at det skal vere kvalitet i barnehagen og at foreldre og born skal bli møtt på ein slik måte at dei opplever barnehagen som den beste plassen å vere og beste plassen å lære. Skulen skal bidra til at barn og unge får tilstrekkeleg kunnskap, samt utviklar identitet til lokalmiljøet. Kommunen skal sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt; tryggleik, mangfald, kvalitet, førebygging og kompetanse.

LOKALSAMFUNN

Herøy har Sunnmørsalpane som bakgrunn og storhavet som næraste nabo. Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorrekommunane i landet.

Lengst i vest ligg Runde, den internasjonalt kjende "skatteøya" og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Like utanfor øya vart det for nokre år sidan funne ein eventyrleg mynnskatt etter det hollandske skipet "Ankerdam". Dykkarar jaktar framleis etter skattar, m.a. gullet frå det spanske skipet "Castillo Negro" som skal ha forlist i 1589.

Ei anna særmerkt øy er Skorpa med barsk natur og ei stamme av ville geiter. Herøy har ei rik historie med fleire gamle velhaldne handelsstader, m.a. Kjeldsund, Flåvær og ikkje minst Herøy gard med kystmuseum og Herøyspelet første helga i juli.

På Nerlandsøy ligg funnstaden for Kvalsund-båtane frå før Vikingtida, og vi har fleire gravrøyser frå same tida, m.a. Løsetstranda.

Næringsliv

Kapital kåra Fosnavåg til Norges beste næringslivsby i 2008 og 2010. Næringslivet i Herøy er ein sentral del av næringsklynga innanfor marin og maritim verksemd med fleire sentrale bedrifter. Kommunen har tradisjon for samarbeid med næringslivet om felles prosjekt som lokalsamfunnet nyt godt av. Mange av næringslivsaktørane i Herøy er store internasjonale aktørar som treng langsiktig tilgang til areal og naturressursar som grunnlag for berekraftig vekst og utvikling.

Fangstutviklinga for Herøy-flåten 1994 - 2011 i mill. kr:

	1994	2010	2011	2012	2013	2014
Ringnot	261	644	775	594	511	551
Reke/ torsk	114	408	477	375	359	451
Autoline	36	36	42	40	27	46
Sjark	29	34	41	41	36	40
Pelagisk trål	42	159	126	82	77	80
Sum	482	1281	1461	1126	1010	1168

Kommunen hadde 23 havfiskebåtar og 25 sjarkar i 2014.

Samhandling mellom kommune og næringsliv

Herøy Næringsforum vart oppretta i 2002 der ordførar og rådmann har tale- og møterett.

Kommunen har gjennomført fleire prosjekt ilag med næringslivet, m.a. ny Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, kunstgrasbaner, kino, konserthus og flytebrygger i Fosnavåg sentrum.

Samhandling mellom kommune og lag og organisasjonar

Samhald og samhandling vil vere viktig for Herøy både mellom innbyggjarane, innbyggjarar og kommunen, næringsliv og lag og organisasjonar og i kommuneadministrasjonen. Kommunen skal vere ein smidig og aktiv tenesteleverandør i dette arbeidet og styrkje service- og tenestetilbodet i kommunen.

Miljø

Kommunen har eit ansvar for å ta omsyn til klimaendringar ved å planlegge for å redusere konsekvensane av framtidige klimaendringar. Kommunen vil i all kommunale verksemd sørge for at tiltak som kan få konsekvensar for miljø og klima vert utgreidd på ein forsvarleg måte i tråd med aktuelt lovverk og retningslinjer.

Beredskap

Herøy skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uynskte hendingar gjennom utarbeiding av overordna analyse av risiko og sårbarheit, beredskapsplanar, kriseplanar og generell beredskap i kommunen.

Erfaringar viser at kommunen får ei rolle ved kriser og det er derfor viktig med planar som er tenlege til bruk både ved større og mindre ulukker.

ORGANISASJON OG MEDARBEIDAR

Mål

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråvere som følgje av arbeidsmiljø skal ikkje førekome.
- Auka nærvær i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %.

Personalpolitikk og opplæring

På det personalpolitiske området er det arbeida med prosjektet «Likestilte kommunar», knytt opp til arbeidsgjevar- og lønspolitikk. I tillegg er arbeidet med «Jobbrotasjonsprosjektet» i omsorgstenestene er avslutta, og det er utarbeidd retningsliner for reduksjon av deltid for heile organisasjonen.

- Interne kurs og samlingar i 2014:
- Grunnopplæring for verneombod (40 timar)
- Hovudavtalen og partssamarbeid
- Samling for verneomboda

Det er òg arrangert leiarsamling med gjennomgang av KOSTRA-analyse.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for 2014 enda på 7,98 prosent.¹ Om ein reknar snitt av kvartals tala i 2014, er sjukefråværet på 7,6%. Dette er i alle høve ein oppgang frå 2013. Målet på 92,5 % nærvær er ikkje nådd for 2014.

¹ Tala er henta ut frå Agresson i mars 2015. Desse stemmer ikkje heilt med kvartals tala som vart henta ut i januar 2015. Dette kan skuldast etterregistrering av sjukefråvær (eigenmeldt og legemeldt).


Av kvartalsmålinga ser vi at sjukefråværet har vore høgast fyrste halvår i 2014. Siste halvår var snittfråværet høvesvis 7,28% (3.kvartal) og 7,4% (4. kvartal).

Oversyn over utvikling sjukefråvær :

Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009	-	-	9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3
2013	1,9	5,6	7,5
2014	1,85	6,13	7,98

Sjukefråvær i prosent - kvartalsvis 2009-2014				
År / Kvartal	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2009		9,8	8,1	9,5
2010	10,9	10	8,6	9,4
2011	10,1	8,7	6,5	8,1
2012	9,7	7,8	6,2	8,9
2013	9,7	8,6	5,2	5,64

2014 ²	7,78	7,85	7,28	7,52
Mål 2014	7,5	7,5	7,5	7,5



Samanlikna med KS sine sjukefráværstal ligg Herøy kommune godt under landsgjennomsnittet for sjukefrávær i kommunal sektor i 2014.

Landsgjennomsnittet i 2014 for kommunal sektor er 9,8%.³

Sjukefráværstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2014. Ved medarbeidarundersøking i 2010 vart alle bedne om å svare på ein del spørsmål innanfor ulike tema som mellom anna skulle måle psykisk og fysisk arbeidsmiljø, stoltheit over eigen arbeidsplass og trivsel i jobben. Herøy kommune hadde eit gjennomsnitt på 4,6 medan landsgjennomsnittet var på 4,5 (mot 4,6 og 4,2 i 2005) 6 var beste indikator medan 1 var dårlegast. Deltakinga var på 67%.

² Tala er henta ut frå Agresson i mars 2015. Disse stemmer ikkje heilt med dei tala som vart henta ut i januar 2015. Dette kan skuldast etterregistrering av sjukefrávær (eigenmeldt og legemeldt).

³ <http://www.ks.no/fravarstall>

Resultata kan tyde på at kommunen som arbeidsgjevar leverer stabilt og har for det meste lukkast i arbeidet for at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet.

Delmål 1) Sjukefråvær:

Mål for verksemda.

Nærværs prosent på 92,5 % for 2014.

Med eit nærvær på 92,02% (92,4%) er målet ikkje nådd.

Vi registrerar at sjukefråværet fyl dei historiske tala i organisasjonen

Samstundes har vi hatt noko langtidssjukefråvær i avdelingar/einingar der sjukefråværet tradisjonelt sett ikkje har vore særskilt høgt

Dette har samla sett påverka resultatet for 2014

Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30

Snittmålet er på 30 veker er ikkje nådd, men vi er nøgd med at heile 30% ikkje er sjukmeld i det heile før den gravide gjeng ut i fødselspermisjon

Det er ein signifikant betring frå dei siste to åra, sjå tabell under

Gravide i arbeid			
Målepunkt i % og veker / År	2012	2013	2014
Ikkje sjukmeld før fødselspermisjon	23,5	7,1	30
Sjukmeld før veke 30	23,5	21,4	50
Sjukmeld etter veke 30	-	-	20
Snitt veker i arbeid (mål veke 30)	-	Veke 30	Veke 22

Delmål 2) Personar med redusert funksjonsevne

Aktivitetsmål for verksemda:

Dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført

Ordninga med varsel og bøter vart avvikla i 2014.

Organisasjonen fylgjer opp NAV sine retningsliner for oppfølgingsplan, aktivitetskrav og dialogmøte. Gjennomføring av dialogmøte 1 er systematisert og organisasjonen har høve til å nytte fagkompetanse frå Personal- og organisasjonsavdelinga. Ta imot 28 personar frå NAV (inkludert praksis / tiltaksplassar) Vi har stilt plassane til disposisjon og teke imot etter førespurnad. Det er ikkje alle plassane som har blitt nytta og nokre plassar har blitt nytta fleire gongar

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetsmål for verksemda:

Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. I 2012 var 49 av dei tilsette mellom 62-64 år. Av desse var 38 personar fortsatt i arbeid det året dei fylte 65 år i 2014, sjå tabell under

Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år . I 2012 var 20 av dei tilsette mellom 65-66 år . Av desse stod 8 personar i arbeid det året dei fylte 67 år i 2014, sjå tabell under

Trass aktiv seniorpolitikk og god senioravtale, har delen av seniorar som står til 65 og 67 år gått ned. Vi ser at vi ligg om lag 10-12% under måltal. Det er ikkje indikasjonar på særlege grunnar til dette, og vi meiner difor at resultatet skuldast tilfeldige variasjonar. Resultatet til neste år vi danne grunnlag for å vurdere om dette er ein trend eller ikkje, og om organisasjonen lyt vurdere nye og/eller andre tiltak

Målepunkt i % / År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
I arbeid ved 65 år	84,6	94,7	89,8	92,9	90,9	77,6
I arbeid ved 67 år	68,8	38,9	68,8	81,8	88,2	40

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken.

Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna er spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyr, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast.

Herøy kommune har dei siste 3 åra tilsett personar frå mellom 15-18 ulike land.

Kjønnsbalanse:

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Talet på årsverk *	527,2	524	525	589	597	642	606	509	494
Talet på tilsette**	835	760	735	714	854	1225	845	709	710
Talet på kvinner**	679	624	582	575	685	956	671	568	561
% del kvinner	81,3	82,1	79,6	80,5	80,2	78,0	79,4	80,1	79
Talet på menn**	156	136	153	139	169	269	174	141	149
% del menn	18,7	17,9	20,4	19,5	19,8	22,0	20,6	19,9	21
Talet på kvinner i høgare stillingar	33	34	33	30	29	28	32	32	32
% del kvinner i høgare stillingar	66	70,8	66	63,8	61,7	60,9	60,4	60,4	59,2
Talet på menn i høgare stillingar	17	14	17	17	18	18	21	21	22
% del menn i høgare stillingar	34	29,2	34	36,2	38,3	39,1	39,6	39,6	40,8
Tal på tilsette i	584	516	487	464	622		507	464	488

deltidsstillingar									
Tal på kvinner i deltidsstillingar	511	456	419	411	537		446	414	420
% del kvinner i deltidsstillingar	87,5	88,4	86	88,5	86,3		88	89,2	86
Tal på menn i deltidsstillingar	73	59	68	53	85		61	50	68
% del menn i deltidsstillingar	12,5	11,6	14	11,4	13,7		12	10,8	14
Undervisningspersonell***	151	151	147	144	155	269	144	143	146
Turnuspersonell	290	275	253	260	278	607	228	191	173
Anna personell	394	334	335	310	421	349	234	375	391

* Årsverk pr. 31.12.2014** Tilsette pr. 31.12.2014 *** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyрка, blant reinhaldarane og innan merkantile funksjonar. Det er mannleg dominans innan dei tradisjonelle faga i teknisk sektor og brannvern.

Når det gjeld menn i leiande stillingar har det tradisjonelt vore ei jamn prosentvis nedgang, men ein ser ei endring i dette samanlikna med 2013 og 2014:

- Ved årets slutt i 2013 var det 14 leiarar i rådmannen si leiargruppe, av desse 5 menn og 9 kvinner
- Ved årets slutt i 2013 var det 33 mellomleiarane, av desse er 8 menn og 25 kvinner
- Ved årets slutt 2014 var det 14 leiarar i rådmannen si leiargruppe, 6 menn og 8 kvinner
- Ved årets slutt 2014 var det 36 mellomleiarane, av desse er 10 menn og 26 kvinner

Utvikling i kjønnsbalansen på leiar nivå i %	Kvinner 2013	Menn 2013	Kvinner 2014	Menn 2014
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	64,3%	35,7	57,1	42,9
Mellomleiarar	75,8%	24,2%	72,2	27,8

Likelønn:

Gjennomsnittsløn	2012			2013			2014		
	M	K	Diff. i favør menn	M	K	Diff. i favør menn	M	K	Diff i favør menn
Rådmannen si leiargruppe	604 500	588 600	2,6	662 000	619 375	6,4	676 250	643 640	4,9
Mellomleiarane	538 556	505 400	6,1	557 000	539 000	3,2	575 470	562 450	2,3
Fagarbeidarstillingar	398 625	353 643	11,2	376 618	371 085	1,4	390 257	386 720	0,9
Høgskule	459 004	415 900	9,4	461 447	417 692	9,4	478 462	421 687	11,9
Undervisning -personell	447 39 3	447 98 2	-0,1	454 51 0	458 82 2	-0,9	481 34 2	479 320	0,4
Utvikling samla sett i snitt			5,8			4,5			4,1

Tala i rådmannen si leiargrupper er utrekna utan løna til rådmannen, men inkludert assisterande rådmann.⁴

I hovudoppgjeret for 2014 ynskja partane å vidareførte det langsiktige arbeidet med likelønn, frå mellomoppgjeret i 2013. I tillegg hadde partane fokus på rekrutteringsproblematikk og at utdannings skal løne seg.

Vi ser at dette har gjeve resultat i form av mindre lønsforskjell mellom mann og kvinne frå 2012 til 2014, frå i snitt 5,8% til 4,1%.

Det er ein særskilt positive trend i høve likelønn på fagarbeidarnivå, der skilnaden er endre med om lag 10% frå 2012 til 2014. For undervisningspersonell er differansen mindre, men skifta frå å vere i disfavør menn, til å vere i favør menn. Også på mellomleiar nivå har likestillingstrenden vore positiv dei siste åra.

Arbeidstid

Tilsette som har ikkje ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ynskje i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

I organisasjonen vert det ført oversyn over kven som ynskjer å auka si fasta stilling. Kartlegginga vert basert på at den einskilde medarbeidar i lag med sin næraste leiar rapporterer til Personal- og organisasjonsavdelinga, om eit ynskje om auka fast stilling. Det kan fører til nokon avvik og manglande informasjon.

Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvern.

Herøy kommune har dei siste 4 år redusert «ikkje ynskja deltid» med heile 24,4%.

Pr. utgangen av 2014 fordeler ikkje ynskja deltid seg slik:

⁴ I 2013 var NAV-leiar si løn med i statistikken, men den løna statleg. For 2014 er ikkje løna til NAV-leiar teke med. NAV-leiar er statleg tilsette.

Ikkje ynskja deltid pr. avdeling	Menn 2011	Menn 2012	Menn 2013	Menn 2014	Kvinne 2011	Kvinner 2012	Kvinne 2013	Kvinner 2014
Skuleavdelinga lærarar	0	0	0	0	0	2	0	0
Skuleavdelinga assistentar	0	0	0	0	5	2	4	4
Eigedomsavdelinga, reinhald	1	0	0	0	3	3	1	1
Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar	1	1	0	0	20	16	14	12
Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar	1	1	0	0	48	42	40	26
Bu og habiliteringsavdelinga	0	1	0	0	0	14	18	18
Administrasjon og andre avdelinga	0	0	0	0	0	0	1	1
Totalt	3	3	0	0	76	79	78	62

Foreldrefråvær

Statistikken viser prosent av dei tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt born. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born. Talet for kvinner har gått ned siste året, medan det prosentvise talet på menn som er heime med sjukt born har gått opp.

Kjønn / År	M 2010	K 2010	M 2011	K 2011	M 2012	K 2012	M 2013	K 2013	M 2014	K 2014
Fråvæ r p.g.a. sjuke born	13,6 %	16,4 %	12,9 %	23,5 %	9,1 %	23,0 %	13,2 %	17,8 %	13,5 %	16,8 %

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette og der av betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggerane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med Bedriftshelsetenesta og Hovudverneombod. Gjennom blant anna HMS-plan, handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, arbeidshelseundersøkingar , kurs og samlingar set vi fokus på og arbeider vi systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane). Dette kjem blant anna til uttrykk ved at det er utarbeidd forslag til handlingsplan (2014-2015) og utarbeidd handlingsplan (2012-2015) for førebyggjande arbeid retta mot born og unge. Frå oktober 2014 og ut året gjennomførte Fylkesmannen tilsyn etter Lov om fokehelsearbeid. Det vart ikkje funne avvik.

Tillitsvalde

Formålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode

prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen ein gong i månaden i «Kontakt møte». I tillegg er ein saman i arbeidsgrupper når ein skal revidere og utarbeide personalpolitiske tiltak m.m. Ein har og eit IA-utval der alle partar er representert, stat ved NAV Arbeidslivssenter og NAV Herøy, arbeidsgjevar og tilsette.

I Herøy kommune er det tillitsvalte/kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. I organisasjonen er det 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar som er kjøpt fri, heilt eller delvis, for å drive med tillitsvaldarbeid. Frikjøpet er berekna ut frå berekningsnøkkel jamfør Hovudavtalen.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

Arbeidsgjevarpolitikk

Dokumentet «Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune», vedteken i 2004, presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen

Seniorpolitikk

Målsetting for Herøy kommune: 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år. Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA avtale og kommunens arbeidsgjevarpolitikk.

At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Generelt kan ein seie at ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg med motivasjon til å fortsatt stå i arbeid, kan bety mykje for den enkelte tilsette.

TENESTENE

Stab- og støtteavdelingane

Fellessekretariatet

Fellessekretariatet skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval.

Fellessekretariatet er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsendte dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Fellessekretariatet er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert i fellessekretariatet. Fellessekretariatet har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det Fellessekretariatet si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Fellessekretariatet er systemansvarleg for ePhortesaksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

Viktige hendingar 2014

- Avlevering av eldre og avslutta arkiv til IKA Møre og Romsdal
- Frå post til e-post (digitalisere forvaltninga)
- Fellesmøter med ytre einingar for å sikre samkøying av rutinar og dokumentasjon i arkivplanen
- Fullelektronisk møteinnkalling
- Delta i prosessen med å digitalisere byggesaksarkivet
- Delta i prosessen med innkjøp av nettbrett til neste kommunestyreperiode

Hovudutbydingar 2015

Gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet med den arbeidsmengda som er i avdelinga frå før. Avlevere avslutta arkiv frå sak/arkiv 2000-2006, Stokksund skule, Bergsøy skule, Herøy Legesenter, PPT og Dr. Ørstavik til IKA Møre og Romsdal

IKT - avdelinga

IKT- avdelinga er ei støtteavdeling for drift og utvikling på den datatekniske sida. I tillegg til dagleg support og vedlikehald skal avdelinga klargjere nytt utstyr og arbeide målretta med nye utviklingsoppgåver og sørge for at alle programma fungerer slik dei skal.

Viktige hendingar 2014

- Innføring av Gericare Lifecare Mobil Pleie i heimetenesta
- Innføring av Feide i skulesektoren
- Utrulling av streamingklientar i skulen
- Opprydding etter lynnedslag i Desember

Hovudutbydingar 2015

- Flytte brukarar, program og tenester over til SSIKT-driftssenter
- Nytt journalsystem for Myrvåg legesenter, Herøy legesenter og Legevakta i Herøy og Sande
- Overgang til mobilt sentralbord
- Innføring av mobilt display pasientvarslingssystem på sjukeheimane
- Forbetre driftsstabilitet

Økonomiavdelinga

I økonomiavdelinga ligg kommunen sin samla økonomifunksjon. Dette set store krav til avdelinga og dei tilsette sin kompetanse og kapasitet.

Avdelinga har tre hovudarbeidsområder; skatt og innfordring, rekneskap, budsjett og finans og innkjøp

Gjennom økonomiavdelinga skal kommunen med anna vere sikre på at; all innfordring vert gjort etter lover og reglar, all rekneskapsføring og rapportering vert utført på ein forsvarleg måte, budsjettarbeidet er i tråd med dei prioriteringane som politikarane set, innkjøp vert gjort rett og er i tråd med lovverk og forskrifter og disposisjonar knytt til finans- forvaltning (lån, innskot, aksjar osv.) vert gjort i samsvar.

Viktige hendingar i 2014

- A-ordninga vart bestilt.
- ERP innført som nytt innfordringssystem.
- Fekk medhald i KOFA i ei klagesak.

Hovudutbydingar 2015

Levere gode tenester knytt til løypande budsjettkontroll, rekneskapsføring og finansforvaltning i samsvar med økonomi- og finansreglement i ei utfordrande periode for Herøy kommune.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon av sjukepengar. Avdelinga er stab- og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Viktige hendingar 2014

- Innføring og opplæring i Tidsbanken.
- A-ordninga.
- Førebuing og gjennomføring av lønnsforhandlingar.
- Gjennomgang av verneområda.
- Gjennomføring av ulike kurs som t.d.; Hovudavtalen, HMS-kurs for verneombod, KLP informasjonsmøte og individuell rettleiing, SPK informasjonsmøte og individuell rettleiing, På saklista.

Hovudutbydingar 2015

- Avdeling skal lage eit opplæringsprogram for leiarar
- Evaluere og etablere verneområda og VO-dag
- Rekruttering og tilsetting ny løn- og personalmedarbeidar
- Vedta ny lønspolitikk
- Etablere AKAN-utval og rutinar
- Førebu og gjennomføre lønsforhandlingar

Driftsavdelingane

Servicetorget

Servicetorget er kommunen si service- og informasjonseining overfor publikum. Servicetorget skal avlaste driftseiningane og støttefunksjonane slik at dei kan arbeide meir "uforstyrra" med primæroppgåvene sine.

Kommunen si interne og eksterne informasjonsverksemd er lagt til Servicetorget.

Servicetorget har sakshandsaming i skjenkesaker, tilskotsordningar kultur og trussamfunn, transportteneste, følgjekort, parkeringsbevis, brøyteavtaler, byggesak, sal av bustad og næringstomter m.m.

Viktige hendingar 2014

- Ny 100% stilling i ST der ein i tillegg til å ta del i dagleg drift skulle ha oppgåver knytt til marknadsføring av det nye konserthuset
- ST fikk i budsjettet midlar til nye møbler.
- Laga nettside som skal nyttast ved kriser, nettsida vert sett i «krisemodus»

Hovudutbydingar 2015

- Bemanningsreduksjon i eiga og andre avdelingar gjer at ein får ei ekstra utfordring i Servicetorget overfor publikum.
- Kunne prioritere informasjon i ein pressa situasjon.
- God service gir godt omdøme – viktig at ST og organisasjonen har fokus på dette i ein situasjon der ein har redusert kapasitet.
- Overgang til nytt telefonsystem og få dei tilsette til å lære å bruke det.

Barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar.

Viktige hendingar i 2014

- Har full barnehagedekning.
- Planlegging av ny barnehage i indre Herøy har gått føre seg gjennom året.
- Gjennomført kompetanseutvikling i tråd med plan for kompetanseutvikling.
- Gjennomført brukarundersøking med godt resultat.

Hovudutbydingar 2015

- Avklare behov når det gjeld bygging av ny barnehage.
- Tidleg oppdaging av barn som treng hjelp.
- Pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning i samsvar med pedagognorma i Lov om barnehagar.
- God tenesteyting på trass av høgt sjukefråvær.
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan.
- Trygge uteområda i barnehagane.

Skule

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida, og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdige og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv

Viktige hendingar 2014

- Utarbeidde ein felles strategi for Herøyskulen, som legg grunnlag for felles tenking og satsing i arbeidet med læring og undervisning.
- Ungdomsskulane starta på den store nasjonale ungdomstrinnsatsinga, med skulebasert kompetanseutvikling for alle lærarar.
- Barneskulane etablerte lærande nettverk på leiar- og lærarnivå, for å bygge felles kompetanse til beste for elevane si læring.

Hovudutbydingar 2015

- IKT utstyr, system og kompetanse som støtte for effektiv administrasjon og
- læring av digitale ferdigheiter i skulen.

Barn- familie og helseavdelinga

Barn-, familie og helseavdelinga skal fremje innbyggerane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkje å førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte. Barnevernet skal særleg sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta skal spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Kommunen si barn-, familie og helseteneste omfattar fylgjande hovudområder; barnevernteneste, førebyggjande eining, legeteneste, psykiatriske tenester og rehabiliteringstenester

Lokalsamfunn

Barn-, familie og helseavdelinga har gjennom utøving av tenester bidreg til at kommunen fortsatt oppfattast som ein trygg og god kommune å bu og opphalde seg i.

Viktige hendingar i 2014

- Vidareutvikla tenestene i organisasjonen
- Vidare fokus på samhandlingsreforma innan dei ulike tenestekområda
- Tatt i bruk det nye bygget og bygd om helsestasjonen

Hovudutbydingar 2015

- Fortsatt tverrfagleg satsing med fokus på tidleg intervensjon
- Å ha nok ressursar og kompetanse til å klare å utføre det lovpålagde arbeidet på ein forsvarlege måte
- Aktiv deltaking i organisasjonen for å få til gode koordinerte teneste
- Rekruttere og halde på gode fagpersonar
- Skape rom for kompetanseheving og utvikling i ei tid der utfordringane i dei ulike tenestene er store

Pleie- og omsorgsavdelinga

Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester, bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre, sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som tek vare på kontinuiteten i tenesta og sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæring som er vedteken av kommunestyret.

For å løyse oppgåvene vert det ytt fylgjande deltenester; heimesjukepleie, sjukeheim, omsorgsbustad, praktisk bistand og opplæring, avlastningstiltak, dagtilbod, støttekontakt, omsorgsløn, matutkjøring, tryggleiksalarm, personleg assistent, hjelpemiddel

Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og endringar i tenestetilbodet på kommunen sine heimesider og i lokalavisa. Mange frivillige aktørar bidrar til ein meir meiningsfull kvardag for dei som bur på omsorgssentra. Eldrebølgjen er eit svært populært tiltak der frivillige møter opp på omsorgssentra og tilbyr pasientane å vere med ut på tur.

Viktige hendingar i 2014

- Planlegging av inntil 16 nye bustadar for heildøgns omsorg til erstatning for gul avdeling med til sjukeheimsplassar
- Nye smarttelefonar med tilgang til journal og arbeidslister gir betre kvalitet og effektivitet for heimetenestene
- Oppretting av stilling for kreftsjukepleiar/koordinator
- Brukarundersøking med gode tilbakemeldingar frå brukarar av heime- og institusjonsteneste
- Heimetenestene fekk kommunalt arbeidstøy
- Avgrensing og sanering av noko som kunne vorte eit større smitteutbrot i sjukeheim

Hovudutbydingar 2015

Pleie- og omsorgsavdelinga har dei siste åra tilbydd nye tenester og fått fleire brukarar utan å auke personalressursen. Tidsklemme er eit tema som har hatt mykje fokus i 2014, og det er framleis like aktuelt. Ei fersk KOSTRA-analyse dokumenterer at avdelinga har marginalt med ressursar. Avdelinga er pålagt ei rammeinnsparing på 750 000, - i tillegg til krav om innsparing på vakante stillingar.

- Implementere og vidareføre helse- og omsorgsplanen
- Planlegging av nye omsorgsbustadar som erstatning for gul avdeling, og nye lokale for heimesjukepleia. Førebu omgjerung av sjukeheims plassar til omsorgsbustad
- Samarbeid med helse- og omsorgskomiteen for å få fram eit lokaliseringalternativ for nytt omsorgssenter i mai 2015
- Sikre tilgang på kvalifiserte vikarar. Langsiktig rekruttering av personale for å erstatte store grupper seniorar. Prosjekt med utgangspunkt i heiltidskultur
- Vidare integrasjon mot helsenett
- Vri tenestefokus mot tiltak som fremmer folkehelse og kvardagsrehabilitering
- Vi er ei føregangskommune når det gjeld demensomsorg og bruk av velferdsteknologi, og det skal vi framleis vere
- 2015 starta med ein stor tverrfagleg temadag om *palliasjon*. Vi skal tilsette kreftsjukepleiar/koordinator.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Gjennom bu- og habiliteringstenesta skal kommunen sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester, bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meningsfullt tilvære i fellesskap med andre, sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod og sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester; individuell plan, omsorgsbustad, praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, avlastningstiltak, støttekontakt, omsorgsløn, vaksenopplæring, dagtilbod/kommunal sysselsetting

Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og tenestetilbodet på kommunen sine heimesider, og til dels i lokalavisa. Avdelinga er med i kommunale og interkommunale møtepunkt knytt til utvikling av tenestene i tråd med dei samfunnsmessige behov.

Viktige hendingar i 2014

- Brukarundersøking våren 2014.
- Starta bygginga av Toftestøvegen 11.

Hovudutbydingar 2015

- Omstilling, vakansar og ev. minke arbeidsstokken i organisasjonen.
- Planlegge bemanningskabal og overføring av tenester til Toftestøvegen 11.
- Arbeide for å finne ei tenleg vikarløysing i avdelinga.
- Planlegge for framtidig dagtilbod/ressurscenter til det beste for Herøysamfunnet.
- Auka nærvær i avdelinga har kontinuerleg fokus.

NAV Herøy

NAV Herøy er brukarens møtepunkt med NAV i Herøy kommune. Kontoret si hovudoppgåve er å følgje opp dei som treng hjelp for å kome i arbeid og aktivitet. Kontoret rettleiar brukarane på arbeids- familie og pensjonsområdet.

Dei lovpålagde kommunale tenestene i kontoret er regulert av *Lov om sosiale tenester* i NAV:

- Informasjon, råd og (økonomisk) rettleiing
- Økonomisk sosialhjelp
- Midlertidig bustad
- Individuell plan
- Kvalifiseringsprogram

I tillegg ligg følgjande tenester og fagområde til NAV Herøy:

- Flyktningstenesta
- Bustadsosial teneste
- Rus
- Støttekontakt

NAV Herøy er tufta på eit likeverdig partnerskap mellom kommune og stat, og har derfor to styringslinjer. NAV-leiar rapporterer både til rådmannen i Herøy kommune og fylkesdirektøren i NAV Møre og Romsdal. NAV-leiar er tilsett i NAV Møre og Romsdal, men sitt også i leiargruppa til rådmannen. NAV Herøy skal yte tenester på ein måte som gjer at brukarane opplever kontoret som ein tenesteytar. Dei tilsette i NAV Herøy jobbar på tvers av tilsettingsforhold, og er delegert mynde til å sakshandsame på kvarandre sine område. NAV Herøy er organisert og jobbar ut frå brukarens behov for oppfølging.

Viktige hendingar 2014

- Tildeling av kr 550 000 i eksterne midlar til samarbeidsprosjekt med Herøy vidaregåande

Hovudutbydingar/prioriteringar 2015

- Vidareutvikle samarbeidet med Herøy vidaregåande for å førebygge drop-out og rusmiddelproblem blant unge

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga omfattar: Fosnavåg konserthus, Fosnavåg kino, Herøy Folkebibliotek, Herøy Frivilligsentral, Herøy kulturhus, Herøyhallen og kulturkontoret med ungdomsseksjonen.

Avdelinga skal fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Arbeidet skal koordinere statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd med personar, lag, organisasjonar, næringsliv for utvikling av aktivitet, trivsel og utbygging av anlegg for kultur, idrett og friluftsliv.

Viktige hendingar 2014:

- Starte opp steg 3. i bygginga av Heid turløype
- Fosnavåg kino vart offisielt opna den 3. oktober.
- Fosnavåg konserthus vart offisielt opna den 23. og 24. oktober
- Frivilligprisen vart tildelt Saroja Sinnathamby og Jeyakumar Seevaratnam for sitt mangeårige engasjement som frivillige medarbeidarar i Herøy kyrkje.
- Kulturprisen for 2013 vart tildelt Bergsøy Idrettslag for sitt mangfaldige aktivitetstilbod for målgrupper med ulike interesser og aktivitetsnivå, samt god anleggsutvikling for å understøtte breidda i aktiviteten.
- Ungdommens kulturpris vart tildelt Melissa Kvalsund Nerland for sitt engasjement innan musikk, barne og ungdomsarbeid.
- Herøy kommune ved ungdomsrådet vart tildelt prisen «Årets ungdomskommune 2014» grunna eit breitt tilbod til ungdomar innan organisert aktivitet som: idrett, dans og musikk, men også gode tilbod til dei som har andre interesser.

Hovudutbydingar 2015

- Planlegge framtidig bruk og aktivitet på Herøy kulturhus og Herøyhallen
- Prosjekt Kulturminneregistrering
- Driftsgjennomgang av alle seksjonar
- Revidering/rullering av Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Starte opp detaljregulering og utarbeiding av utviklingsplan for Sagaøya Herøy
- Starte opp utarbeiding av Kulturminneplan
- Områderegulering av øya Herøy med tilgrensande område

Utviklingsavdelinga

Planlegginga skal samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging skal det leggjast til rette for at arealbruk og utbygging vert til størst mogleg gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegginga skal det spesielt leggjast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

Tenester og oppgåver i avdelinga er samfunnsplanlegging (kommuneplan, kommunedelplanar, reguleringsplanar med vidare) byggesaksbehandling, GIS/Oppmåling, vassforsyning og naturforvaltning og friluftsliv

Lokalsamfunn

Store og viktige planar vart slutthandsama i 2014. Ein kan nemne Kommuneplanen sin arealdel, Kommunedelplan for helse og omsorg, kommunedelplan for trafikktrygging. Reguleringsplanen for Indre Bergsøy med sikte på tilrettelegging for nye sentrumsnære butilbod har gått vidare og ein vart slutthandsama tidleg i 2015.

Ei rekkje viktige planar som har vore under arbeid i 2014 vert vidareført i 2015. Ein nemner hovudplan for vassforsyning, strategisk næringsplan, reguleringsplan bustadfelt Moltustranda, regulering av FV654 på Bergsøya, regulering av sjukeheimsområde mm.

I tillegg til desse planoppgåvene er det etablert prosjekt for Byutvikling for Fosnavåg, miljømudring Fosnavåg hamn og kryssing av Vaulane. Desse områda vil ha særskild merksemd framover.

Viktige hendingar i 2014

- Ei rekkje nye gater og vegar i Herøy fekk namn i 2014
- Godkjenning av Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Kommunedelplan for trafikktrygging.
- Sikra god framdrift i reguleringsplanarbeid som legg til rette sentrumsnær bustadutvikling (m.a. Indre Leine, Kvalsund).

Følgjande planoppgåver er i løpet av 2014 sluttbehandla og avslutta; kommunedelplan for helse og omsorg, reguleringsendring Tovågen, reguleringsendring for Kvalsund/Teige, kommuneplan arealdel, kommunedelplan trafikktrygging, reguleringsplan 24/2 røykeritomta, reguleringsplan Hjelmeset 3, IMO-senteret, gangsti rundt Myklebustvatnet, basestasjon brannvernet, reguleringsendring mjølstadneset.

Hovudutbydingar 2015

- Følgje opp planprioriteringa 2015
- Sørge for ei effektiv, god og rask handsaming av bygge og delesaker
- Sørge for at ventetid på oppmåling er tilfredstillande
- Fullføre skanning av byggesaksarkiv
- Utvikle gode karttenester til organisasjonen, innbyggjarar og andre.
- Gjennomføre byutviklingsprosjektet for Fosnavåg
- Følgje opp miljøprosjekt Fosnavåg hamn
- Få på plass effektiv grunnkjøpsavdeling med rett kompetanse og framdrift
- Gjennomføre strategiske grunnkjøp for å få fart på bustadbygginga.
- Følgje opp kommunereformarbeidet
- Følgje opp prosjektet marine grunnkart
- Følgje opp planarbeidet med Vaulane
- Slutføre adresseprosjektet (vegnamn, gate-/vegnummer m.v.).
- Ha fokus på viktige plan og byggesaker som har særskild verdi for utvikling av lokalsamfunnet.

Anleggs- og driftsavdelinga

Avdelinga skal dekkje innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester, samt sikre avgifts- og gebyrpålagde tenester til rett pris; idrett, sentrum og grøntanlegg, veg- og gatelys, vegvedlikehald, hamner, avløp, førebygging av brann og ulukker, brann- og ulukkesberedskap og feiing

Avdelinga skal i tillegg gjennomføre anleggs- og byggeprosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggjarane/brukarane gode og funksjonelle anlegg og bygg med eit minimum av framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vidare skal avdelinga sikre innbyggjarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå føresetnadene om å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø. Avdelinga skal elles drive førebyggjande arbeid innan brann og ulukke for å førebygge mot skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Lokalsamfunn

Avdelinga har også i 2014 fokusert på internkontroll og kvalitetsforbetring av tenestene. Den positive utviklinga med nedgang i talet på klager har halde fram. Ein del av årsaka til denne positive utviklinga har nok også samanheng med betre informasjon til brukarane.

I 2014 har ein også fokusert på samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Tilsyn i særskilde brannobjekt (§13 bygg) har vore prioritert.

Viktige hendingar i 2014

- Kloakkreinseanlegget RA2 Klubben teke i bruk
- Revidert brannordning vedteken
- Leine bustadfelt – skuletomta – ferdig opparbeidd
- Gjennomføringa av den store oljeøvinga «Grane»

Hovudutbydingar 2015

- Innføring av naudnett
- Forsvarleg drift av avdelinga med reduserte mannskapsressursar
- Gjennomføre investeringsprosjekt det er avsett midlar til
- Oppfølging av utbyggingsavtalar
- Praktisk og økonomisk avslutning av investeringsprosjekt
- Ikkje ligge etter med sakshandsaminga
- Innføring av teknisk vakt
- Gjennomføre naudsynte organisasjonstilpassingar

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse på vegne av Kommunestyret som eigar. Avdelinga har også ansvaret for mindre investeringsprosjekt i tillegg til å inneha bestillerfunksjon for kommunale byggeprosjekt. Avdelinga hjelper også andre avdelingar i organisasjonen med ulike typar serviceoppgåver

Forvaltaransvaret

Forvaltaransvaret omfattar oppgåver som kjøp og sal av eigedom, oreigning- og innløyning av eigedom erstatningssaker, inn- og utleige av formålsbygg og utleigebustadar, utarbeiding av forsikringsavtalar, oppfølging av forsikringssaker innanfor tingsområdet, fleire kommunedelplanar, økonomisk planlegging og styring samt personalansvar.

Driftsansvaret

Driftsansvaret omfattar alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at bygningar og tekniske installasjonar skal fungere som planlagt. Dette omfattar mellom anna styring av forsyning av vatn, energi, renovasjon og reinhald.

Vedlikehaldsansvaret

Vedlikehaldsansvaret omfattar planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak for å oppretthalde bygningar og tekniske installasjonar på eit fastsatt kvalitetsnivå.

Utviklingsoppgåver

Utviklingsoppgåvene omfattar alle mindre investeringsprosjekt samt arbeid knytt til kommunale byggeprosjekt under planlegging eller bygging.

Serviceoppgåver

Serviceoppgåvar omfattar oppgåver som verksemdene i utgangspunktet har ansvaret for, men som avdelinga hjalp til med, dersom det er kapasitet til det.

Viktige hendingar i 2014

- Eigedomsavdelinga satt i verk eit større arbeid for å legge om reinhaldet ved kommunale bygg til team-basert reinhald. Arbeidet fortsetter i 2015.
- Eigedomsavdelinga fekk overført stillinga som bustadkonsulent frå NAV Herøy og overtok samstundes ansvaret for startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.
- Eigedomsavdelinga starta arbeidet med å revidere bustadsosial handlingsplan. Kommunedelplanen vert ferdigstilt i 2015 som ny kommunedelplan for bustadpolitikk.

- Ein eller fleire personar braut seg inn og sette fyr på Leikanger skule. Brannen døydde ut av seg sjølv. Saka vart meld til politiet og seinare henlagt.
- Ein person omkom i brann i kommunal utleigebustad. Egedomsavdelinga oppretta etter dette ei prosjektgruppe for brannsikring av utleigebustadar. Kommunestyret løyvde kr. 500 000 til prosjektet i budsjett 2015.
- Egedomsavdelinga og Kulturavdelinga overtok driftsansvaret for Fosnavåg konserthus og kino.
- Lynnedslag slo i desember 2014 ut brannalarmanlegg og andre tekniske system i fleire kommunale bygg og påførte Herøy kommune skader i overkant av ein million kroner.

Hovudutbydingar 2015

- Egedomsavdelinga satt i verk eit større arbeid for å legge om reinhaldet ved kommunale bygg til team-basert reinhald.
- Redusere saksbehandlingstida generelt.
- Ferdigstille kommunedelplan for bustadpolitikk
- Gjennomføre prosjekt brannsikring av kommunale bustadar
- Utarbeide utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020

ØKONOMI

Mål:

1. Det skal ikkje vere avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einkilde ansvarsområda i budsjettet. Dersom det oppstår situasjonar der avvik ikkje kan unngåast skal dette rapporterast etter gjeldande prosedyrar.
2. Netto driftsresultat skal vere positivt med 3% når ein ikkje tek omsyn til RDA midlane.

Rekneskapsprinsipp

Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsførekriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivningane har innverknad for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivningane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

RDA midlane blir overført Herøy kommune kvart år utan at dei inngår i kommunen si drift. Innbetalingar og utbetalingar av RDA midlar påverkar i alle høve kommunen sitt brutto og netto driftsresultat. I år med meir innbetalingar enn utbetalingar blir netto driftsresultat betre enn utan desse innbetalingane og i år med meir utbetalingar enn innbetalingar vert brutto og netto driftsresultatet påverka negativt. Det er tilfelle for år 2014 då Herøy kommune nok er ei av dei kommunane i landet med svakast resultat på desse indikatorane.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum. Bruttoprinsippet inneber også at alle investeringar vert aktivert med

bruttoverdi, dvs. inkl. Moms, sjølv om kommunen får momskompensasjon som vert nytta i finansieringa.

Rammevilkår/resultat

Herøy kommune sitt brutto driftsresultat har betra seg marginalt i høve til 2013, men nøkkeltalet er særst negativt og kanskje blant dei dårlegaste i heile kommune-Noreg. Netto driftsresultat er negativ med om lag 43,41 mill. kroner. Dette er ein reduksjon i høve til 2013 på om lag 8,2 mill. kroner. Frå 2012 til 2014 er reduksjonen på heile 59,85 mill. kr. Kommunen sitt mål på sikt er netto driftsresultat skal utgjere 3% av driftsinntektene. For 2014 utgjorde netto driftsresultatet om lag – 6,84% av driftsinntektene (-5,81 i 2013, 2,64% i 2012 og 5,0% i 2011). Netto driftsresultat er med det 9,84 % eller omlag 62,5 mill. kr lågare enn målsetjinga. Grunnen til at netto driftsresultat er negativt er at kommunen i 2014 brukte mykje meir av RDA midlane enn det kommunen har motteke i slike midlar. RDA midlar vert inntektsført og utgiftsført (tilskot) i kommunen sitt rekneskap, men er ikkje midlar som kan nyttast til kommunale føremål.

Alle tal i 1.000 kr

År	2010	2011	2012	2013	2014
Brutto driftsresultat	(41.975)	(30.127)	(11.644)	48.577	43.265
Netto driftsresultat	(47.031)	(27.289)	(15.410)	35.245	43.405

Som ein ser av tabellen over hadde kommunen positive brutto- og netto driftsresultat fram til og med 2012. Dei to siste åra har kommunen sine tal vore negative på dette området.

I rekneskapen per 31.12. 2014 utgjør kommunen sitt disposisjonsfond om lag 10,64 mill. kroner. Sett i høve til 31.12.2013 er dette ein reduksjon på om lag 1,64 mill. kr.

Herøy kommune har dei siste åra hatt bra samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar. Likevel har kommunen eit forbedringspotensiale når det gjeld å få avsett til/brukt av dei ulike bundne og ubundne driftsfond, og foreta dei nødvendige budsjettjusteringar.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive

og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande skatteinntekter og frå 2010 også RDA midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har vore store og det gjer at gjeldsbyrda stadig aukar. Auka finanskostnader vil på sikt kunne føre til at drifta må reduserast på ein skilde område. I åra 2009 til 2014 auka avdragskostnadane etter minsteavdragsprinsippet med om lag 8,55 mill. kr. Dette skuldast ikkje berre låneopptak men også kva aktiveringar og avskrivningar vi har hatt i balansen (aktiva).

Momskompensasjon

Frå 1. januar 2004 vart den tidlegare avgrensa momskompensasjonsordninga, som hadde vore i drift sidan 1995, erstatta med ein generell momskompensasjonsordning.

Denne ordninga vart halden uendra fram til og med 2009. I denne perioden vart all mva kompensasjon frå investeringar inntektsført i driftsrekneskapen. I «toppåret» 2009 kunne vi smøre drifta med nær 18,5 mill. kr (vesentleg Einedalen Skule). Frå 2010 vart ordninga endra og kvart av åra fram til 2013 vart den trappa ned med 20% årleg. Frå 2014 skal all momskompensasjon frå investeringar no førast i investeringsrekneskapen. Denne omlegginga har ført til ei innstramming i kommunane sine driftsrammer som ikkje har blitt kompensert.

Endringa fører til

- Lågare inntekter i driftsrekneskapen i mange år framover
- Høgare inntekter i investeringsrekneskapen
- Lågare låneopptak
- På lang sikt lågare rente- og avdragsutgifter p.g.a. lågare låneopptak

Frå 2009 og til 2014 vart inntektene frå momskompensasjonen knytt til investeringar redusert med om lag 18,5 mill. kr (når ein tek omsyn til overføringane frå momskompensasjon investeringar frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen). Dette har ein måtte tatt inn gjennom effektivisering og kutt i drifta.

HOVUDTALSANALYSE

Den kommunale rekneskapen er delt i tre:


1. Driftsrekneskapen
2. Investeringsrekneskapen/Finansrekneskapen
3. Balansen

Driftsinntekter

Herøy kommune sine driftsinntekter (eksklusive interne overføringer) består av :

- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øymerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osv

Fordelinga (i %) inkludert finansinntektene kan ein setje opp slik:



Skatt er den største inntektsposten. I 2014 utgjorde denne inntekta nær 35,7 % av dei samla kommunale driftsinntektene inkludert finans mot 37,8% i 2013 og 40,5% i 2012. Herøy kommune sine skatteinntekter har blitt redusert dei to siste åra noko som tala ovanfor også syner.

Samla driftsinntekter i 2014 (eksklusiv interne overføringar /inntekter, finansieringsinntekter og fordelte inntekter/utgifter) var om lag 634,0 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 28,1 mill. kr sett i høve til 2013.

Skatteinntekter

Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2014 kommunale skatteinntekter på om lag 231,2 mill. kr. Dett er ein reduksjon i høve til 2013 på om nær 7,5 mill. kroner. Sett i høve til 2012 er reduksjonen på heile 11,0 mill. kroner.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill. kroner) slik:

	Rekneskap 2014	Justert Budsjett 2013
Inntekt	231,2	253,5
% av landsgjennomsnittet per innbyggjar	103,6	
Inntekteutjamning (netto) i mill. kr	7,8	

Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) er vanskelege å budsjettere.


Frå 2011 til 2012 hadde kommunen ein skattevekst på formidable 13,1%, medan ein frå 2012 til 2013 hadde ein reduksjon på om lag 1,5% og frå 2013 til 2014 var reduksjonen på 3,14%. Herøy hadde i 2014 skatteinntekter på 103,6% av landsgjennomsnittet medan det i 2012 var på heile 115,7% av landsgjennomsnittet.

Driftsutgifter

Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Løn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc)

Fordelinga (i %) inkl avskrivningar og finanskostnadane kan ein setje opp slik:



Driftsutgiftene (eks interne overføringar, finansieringsutgifter og utbetalte RDA midlar) auka med om lag 25,6 mill. kroner frå 2013 til 2014. Veksten i lønn og sosiale utgifter auka med om lag 11,1 mill. kr (3,06 %) og andre kostnader auka med om lag 14,5 mill. kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 63,25% av totale driftsutgifter (eks interne overføringar, finansieringsutgifter og utbetalte RDA-midlar) for 2014, medan tilsvarande tal for 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var hhv 64,2, 64,3 - 64,3% - 66,2% og 66,4%. Tendensen er såleis at samla lønskostnader sin del av dei samla utgiftene vert redusert litt kvart år. Reduksjonen vart merkbar stor frå 2010 til 2011 og frå 2013 til 2014.

Investerings-/Finansrekneskapen

I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Balansen

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

(alle tal i 1000 kr)	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Eigedelar		
Sum anleggsmidlar	1 545 431	1 371 020
Sum omlauspsmidlar	184 540	249 169
Sum eigedelar	1 729 971	1 620 189
Eigenkapital og gjeld		
Sum eigenkapital	-149 121	-174 242
Sum langsiktig gjeld	-1 442 392	-1 348 009
Sum kortsiktig gjeld	-138 458	-97 938
Sum eigenkapital og gjeld	-1 729 971	-1 620 189

Omlauspsmidlane har blitt redusert med om lag 64,6 mill kr i 2014. Dei viktigaste grunnane til dette er at vi i 2014 selde obligasjonar for om lag 25,0 mill kr. I tillegg vart kontantbeholdninga redusert med 64,8 mill kr. Dei kortsiktige fordringane og preieavviket (pensjon) viste ein auke på i overkant av 25,0 mill kr.

Også eigenkapitalen vart redusert i 2014. Totalt utgjorde reduksjonen 25,1 mill kr. Total fondskapital vart redusert med 38,7 mill kr. Av dette utgjorde bundne driftsfond 33,3 mill kr. Det vesentlegaste av denne summen gjeld RDA avsetnader.

Den langsiktige lånegjelda auka med 48,3 mill kr (i tillegg kjem pensjonspliktene) og den kortsiktige gjelda auka med om lag 40,5 mill kr. Av dette nytta vi per 31.12.14 20,3 mill av trekkretten i Danske Bank AS.

Dei ubrukte lånemidlane vart redusert med i overkant av 60,0 mill kr i 2014 og var per 31.12.14 negative med nær 5,0 mill kr. Det vil seie at vi ikkje har lånt opp alt av tilleggsøyvingar som vart vedtatt i 2014 (vart gjort i samband med låneopptaket i januar 2015).

Rekneskapsanalyse

Nøkkeltal	2014	2013	2012
Sum driftsinntekter	- 633.992	- 605.860	- 581.862
Sum driftsutgifter	677.257	654.437	570.218
Brutto driftsresultat	43.265	48.577	- 11.644
Finansinntekter	- 10.978	- 23.773	- 16.175
Finansutgifter	40.589	37.975	37.780
Motpost avskrivningar	- 29.471	- 27.534	- 25.371
Netto driftsresultat	43.405	35.245	-15.410
Bruk av avsetnader	- 47.278	- 62.007	- 31.509
Avsetnader	4.807	21.373	46.919
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	935	-5.389	0
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	- 6,82	-8,01	2,00
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	- 6,84	-5,81	2,64

Netto driftsresultatet i 2014 vart negativt med omlag 43,41 mill. kr. Dette vart nær 22,3 mill. kr lågare enn justert budsjett. I driftsrekneskapan brukte vi nær 3,8 mill. kroner av disposisjonsfonda medan vi brukte i overkant av 38,1 mill. kr av dei bundne fonda. Vi avsette total 4,8 mill. kroner i driftsrekneskapan for 2014. Desse vart nytta til avsetjing til bundne fond, slik at det rekneskapsmessige meirforbruket vart om lag 0,94 mill. kr.

Brutto driftsresultat var i 2014 var negativt med om lag 43,8 mill. kroner (inkludert avskrivningar). I 2013 var brutto driftsresultat negativt med 48,6 mill. kroner medan det i 2012 var positivt med om lag 11,6 mill. kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010 og 2011 og 2012 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

Grunnen til den positive veksten i driftsinntekter dei siste 3 åra skuldast RDA-midlar (Regional distriktsutviklingsmidlar) som kommunen har fått via Møre og Romsdal Fylke. I 2013 utgjorde dette omlag 41,58 mill. kr. Totalt vart det utbetalt 65,71 mill. kr i RDA tilskot i 2014 noko som gjorde at dei bundne fonda vart redusert med om lag 24,1 mill. kr.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2014 fekk vi eit rekneskapsmessig meireforbruk på om lag 0,935 mill. kroner.

Det gir oss slike tal:

	2014	2013
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	43.405	35.245
Pluss		
Bruk av disposisjonsfond		
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	- 5.389	
Bruk av disposisjonsfond	- 3.755	
Bruk av bundne fond	- 38.134	- 62.007
Sum bruk av avsetnader	- 47.278	- 62.007
Minus		
Overført til investeringsrekneskapen		6.513
Avsett til tidlegare års meirforbruk		
Avsetnader til disposisjonsfond		
Avsetnader til bundne fond	4.807	14.861
Sum avsetnader	4.807	21.373
Rekneskapsmessig mindreforbruk		- 5.389
Rekneskapsmessig meirforbruk	935	0

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I 2014 vart skatteinntektene og rammetilskottet (samla) lågare enn opphavleg budsjettert (om lag 10,7 mill. kroner). Då er det sjølvstøtt positivt at avdelingane samla hadde eit mindreforbruk i høve regulert budsjett på om lag 9,6 mill. kroner.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2014 hadde kommunen ein arbeidskapital på 148,7 mill. kr. Korrigerer vi for premieavviket (pensjon) er den på om lag 127,4 mill. kr. Dette er ein reduksjon i høve til 2013 på om lag 31,6 mill. kr. Reduksjonen skuldast i hovudsak reduserte bankinnskott (64,8 mill. kr) og reduserte plasseringar i aksjar og andelar (24,6

mill. kr). I tillegg hadde kommunen nytta seg av vel 20,3 mill. kr av trekkretten i Danske Bank ASA.

Likviditet

Kommunen sin likviditet har vore litt dårlegare i 2014 enn i 2013. Per 31.12.2014 hadde kommunen om lag 82,6 mill. kr plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein reduksjon i høve til 2013 på om lag 45,4 mill. kroner. Dersom ein held RDA midlane utanfor er reduksjonen på om lag 13,0 mill. kr. Samstundes har kommunen sin kortsiktige gjeld blitt auka med om lag 10,2 mill. kr.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar (eks premieavvik) og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,51 per 31.12.2014 (2,38 eks RDA midlar), medan tala for 2013, 2012, 2011, 2010, 2009, 2008, 2007, 2006 og 2005 var på hhv 2,56 - 2,94 - 2,31 - 1,25 - 1,09 - 1,93 - 2,88 - 3,06 og 3,07.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune syntte nøkkeltalet 0,25 (0,12 eks RDA midlar). I 2013 var den på 1,01 og I 2012 var den 1,47. Normalt sett at bankinnskota små per 31.12.

Både likviditetsgrad 1 og 3 syner ein reduksjon i 2014 sett i høve til dei to føregåande åra noko som er med på å forklare at kommunen i delar av 2014 hadde stram likviditet og var avhengige av å selje aksjar/obligasjonar. I tillegg brukte ein tidvis trekkretten i Danske Bank.

Finanspostar i driftsrekneskapen

I følgje rekneskapen var netto finanskostnadane i 2014 på nær 26,6 mill. kr. I 2013, 2012 og 2011 var den på hhv 14,2 mill. kr, 21,6 mill. kr og 28,9 mill. kr. Det syner at finansinntektene og finanskostnadane kan endre seg mykje i løpet av kort tid. Grunnen til dette finn ein i det vesentlege i dei plasseringane kommunen har i aksjemarknaden. I 2014 var gevinsten på beskjeden 0,9 mill. kr medan den i 2013 var på heile 8,3 mill. kr.

Rentenivået sank utover i 2014. Utviklinga på Oslo børs var positiv, medan våre aksjeplasseringar gav eit rekneskapsmessig tap i 2014. Finansinntektene vart om lag 0,1 mill. kroner lågare enn regulert budsjettert og om lag 1,1 mill. lågare

enn opphavleg budsjett. I justert budsjett har vi korrigert både for redusert utbytte frå Tussa.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2013	2013	2012
Renteinntekter/utbytte	11,0	23,2	16,2
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	3,6	9,5	4,4
Kursvinst/utbytte andre aksjar	4,2	9,4	6,0
Andre renteinntekter	3,1	4,9	5,8

Herøy kommune si lånegjeld aukar stadig. Dei totale rentekostnadane har i midlertid ikkje auka tilsvarande gjeldsveksten. Dette skuldast eit lavt rentenivå og at kommunen i samarbeid med Bergen Capital Management har vore aktive i marknaden og fått gode rentevilkår med bankar og finansinstitusjonar. Når det gjeld **reine** rentekostnadar var desse i 2014 på 14,9 mill. kr. I 2013 utgjorde rentekostnadane 16,5 mill. kr, i 2012 var dei på 18,4 mill. kr og i 2011, 2010 og 2009 var dei på hhv 17,3 mill. kr, 16,2 mill. kr og 17,7 mill. kr. Vi har aldri hatt så stor gjeld og heller ikkje hatt så lave faktiske rentekostnadar på 6-7 år.

Dei totale finanskostnadane kan ein sette opp i ein slik tabell:

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Renteutgifter/verdireduksjon på aksjar	18,2	17,7	19,2
Avdragsutgifter	22,1	20,3	18,4

Langsiktig gjeld. Pensjon

Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyra per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjá oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP krava (forpliktingane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** forskjellen mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP krava (forpliktingane).

Utvikling Premieavvik

	Rekneskap	Budsjett	Balanse
2010	-2 239 179	-3 650 000	12 781 205
2011	807 613	-2 730 000	12 015 543
2012	-10 692 079	-5 783 031	22 707 622
2013	1 761 933	-13 320 000	26 241 525
2014	-11 649 736	-13 531 300	32 967 193

Premieavvik er ulik på kostnad og premie. Denne ulikskapen vert først som inntekt i det inneverande året, for deretter å bli ført som utgift i dei komande rekneskapsåra. Premien til KLP og SPK vert betalt på forfall. Verknaden med ordninga (for 2014) er at rekneskapstala vert betre enn utan ordninga. Ein annan verknad er at likviditeten i kommunen forverrar seg ser som det rekneskapsmessige mindreforbruket vert lågare enn premieavviket.

Kostnadsføringa av premieavviket vart innført med ein 15 års nedbetalingstid og påverkar rekneskapen negativt fram til 2024. Frå 2011 (men ikkje med tilbakeverkande kraft) vart reglane endra til 10 år og den inntektsføringa vi utførte i 2011 vil då påverke rekneskapen fram til og med 2020. Nye reglar vart innført på nytt i 2014 og frå rekneskapsåret 2015 vert nedbetalingstida redusert til 7 år.

Konklusjonen er at rekneskapen dei ulike åra er betre enn realiteten og at vi må skyve pensjonskostnadane på nær 45,9 mill. kr framfor oss i mange år.

Fordeling av brutto og netto driftsutgifter per sektor

Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2014 ei brutto utgifts- og inntektsrame til i alt 19 ulike sektorar/avdelingar.

Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområder slik det er oppsett i budsjettvedtaket					
Ansvarsområde		Rekneskap 2014	Reg budsjett 2014	Avvik i kroner	Avvik i %
Folkevalde	Brutto utgift	3.957	3.736	-221	
	Brutto inntekt	84	42	42	
	Netto driftsutgifter	3.873	3.694	-179	-4,84
	Avvik	Meirforbruk på kr 178.686,-			
Adm. Leiing	Brutto utgift	6.484	5.825	-659	
	Brutto inntekt	3.016	2.505	510	
	Netto driftsutgifter	3.468	3.319	-149	-4,48
	Avvik	Meirforbruk på kr 149.077,-			
Servicetorget	Brutto utgift	3.538	3.805	267	
	Brutto inntekt	831	828	3	
	Netto driftsutgifter	2.707	2.977	270	9,06
	Avvik	Mindreforbruk på kr 270.115,-			
Fellessekretariatet	Brutto utgift	2.230	2.346	116	
	Brutto inntekt	141	158	-17	
	Netto driftsutgifter	2.089	2.188	99	4,52
	Avvik	Mindreforbruk på kr 98.628,-			
Økonomiavdelinga	Brutto utgift	6.418	6.909	491	
	Brutto inntekt	763	771	-8	
	Netto driftsutgifter	5.655	6.138	483	7,86
	Avvik	Mindreforbruk på kr 483.167,-			
Personal- og organisasjonsavd.	Brutto utgift	9.651	10.268	617	
	Brutto inntekt	2581	2054	526	
	Netto driftsutgifter	7.070	8.213	1.143	13,91
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.143.547,-			
IKT	Brutto utgift	11.985	11.536	-449	
	Brutto inntekt	7.163	6.988	174	
	Netto driftsutgifter	4.822	4.548	-274	-6,02
	Avvik	Meirforbruk på kr 274.193,-			
Andre overføringer	Brutto utgift	85.974	64.598	(21.376)	
	Brutto inntekt	77.366	55.802	21.564	
	Netto driftsutgifter	8.608	8.796	188	2,13
	Avvik	Mindreforbruk på kr 188.493,-			
Barnehageavdelinga	Brutto utgift	69.426	66.609	2.867	
	Brutto inntekt	6.276	4.932	1.345	
	Netto driftsutgifter	63.192	61.677	(1.523)	-2,46
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.522.797,-			
Skuleavdelinga	Brutto utgift	124.303	128.641	4.042	
	Brutto inntekt	19.995	19.047	947	

	Netto driftsutgifter	104.308	109.297	4.989	4,56
	Avvik	Mindreforbruk på kr 4.989.498,-			
Avd for Barn, Familie og Helse	Brutto utgift	53.244	46.260	(6.984)	-4,88
	Brutto inntekt	17.017	11.715	5.297	
	Netto driftsutgifter	36.232	34.545	(1.687)	
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.686.940,-			
Pleie- og omsorgsavdelinga	Brutto utgift	125.204	126.065	861	1,97
	Brutto inntekt	25.727	24.588	1.139	
	Netto driftsutgifter	99.477	101.477	2.000	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.000.115,-			
Bu- og habiliteringsavdelinga	Brutto utgift	48.257	49.175	918	7,52
	Brutto inntekt	14.888	13.091	1.797	
	Netto driftsutgifter	33.369	36.084	2.715	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.715.061			
NAV Herøy (Sosial/flyktning)	Brutto utgift	20.098	15.433	(4.664)	4,54
	Brutto inntekt	11.057	5.963	5.094	
	Netto driftsutgifter	9.041	9.470	430	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 429.621,-			
Kulturavdelinga	Brutto utgift	16.685	15.350	(1.337)	2,53
	Brutto inntekt	8.870	7.330	1.539	
	Netto driftsutgifter	7.816	8.019	203	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 203.102,-			
Utviklingsavdelinga	Brutto utgift	7.831	8684	852	18,92
	Brutto inntekt	2725	2.379	346	
	Netto driftsutgifter	5.106	6.305	1.193	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.198.833,-			
Anleggs- og driftsavdelinga	Brutto utgift	41.359	40.263	(1.096)	2,14
	Brutto inntekt	24.487	23.022	1.465	
	Netto driftsutgifter	16.872	17.240	369	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 368.842,-			
Eigedomsavdelinga	Brutto utgift	38.078	31.185	(6.893)	-7,24
	Brutto inntekt	21.038	15.297	5.741	
	Netto driftsutgifter	17.040	15.888	(1.151)	
	Avvik	Meirforbruk på kr 1.151.487,-			
Samhandlingsreforma	Brutto utgift	12.863	13.433	570	4,58
	Brutto inntekt	1.032	1.033	1	
	Netto driftsutgifter	11.831	12.400	569	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 569.078,-			

Dersom vi ser på brutto utgifter per sektor er Pleie og omsorgsavdelinga størst med 20,87% (opp 0,07% i høve til 2013). Deretter kjem Skuleavdelinga med 20,35 % (ned 0,52 %) og Barnehageavdelinga med 11,25 % (opp 0,24%). Dei andre avdelingane er mindre og ligg på mellom 0,37% og 8,72% av samla brutto driftsutgifter eks RDA midlane.

Totalt var det 6 avdelingar som hadde meirforbruk i 2014, medan 13 avdelingar hadde eit mindreforbruk. Totalt mindreforbruk i høve budsjett var i overkant av 9,6 mill. kr noko som seier at avdelingane samla sett har vore særst nøkterne i sin pengebruk.

Økonomisk oversikt - drift

Økonomisk oversikt - Drift							
Tall i 1000 kroner	2 014	2 013	2 012	2 011	2 010	2 009	Endring i % 2009-2014
DRIFTSINNTEKTER							
Brukerbetalinger	-29 038	-28 751	-26 893	-25 178	-23 653	-22 548	28,78
Andre salgs- og leieinntekter	-40 873	-35 716	-32 507	-30 658	-28 545	-26 518	54,13
Overføringer med krav til motytelse	-41 408	-44 616	-41 751	-44 448	-55 619	-66 862	(38,09)
Rammetilskudd	-211 785	-194 252	-179 116	-170 147	-106 046	-100 426	110,88
Andre statlige overføringer	-77 378	-63 391	-58 602	-63 155	-112 104	-47 086	64,33
Andre overføringer	-2 294	-466	-850	-526	-704	-251	813,94
Inntekts- og formuesskatt	-231 216	-238 668	-242 141	-214 089	-208 408	-203 778	13,46
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0			
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0			
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0			
Sum driftsinntekter	-633 992	-605 860	-581 860	-548 201	-535 079	-467 469	35,62
DRIFTSUTGIFTER							
Lønnsutgifter	292 998	286 270	279 904	265 308	254 781	243 352	20,40
Sosiale utgifter	80 484	76 126	72 038	68 067	65 637	63 093	27,56
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	82 930	81 258	73 375	72 679	68 169	75 253	10,20
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	85 606	79 520	71 710	64 355	28 992	27 042	216,56
Overføringer	123 705	125 329	62 143	34 802	62 120	47 052	262,91
Avskrivninger	29 471	27 534	25 371	26 023	22 453	18 960	55,43
Fordelte utgifter	-17 937	-21 601	-14 324	-13 160	-9 050	-13 465	33,21
Sum driftsutgifter	677 258	654 436	570 217	518 074	493 102	461 287	46,81
Brutto driftsresultat	43 265	48 576	-11 643	-30 127	-41 977	-6 182	
EKSTERNE FINANSINNTEKTER							
Renteinntekter og utbytte	-6 674	-14 320	-10 093	-12 496	(8 858)	(26 063)	
Gevinst finansielle instrumenter	-4 225	-9 438	-5 952	-5 493	(8 415)		
Mottatte avdrag på lån	-79	-15	-131	-703	(118)	(311)	
Sum eksterne finansinntekter	-10 978	-23 773	-16 176	-18 692	-17 391	-26 374	-58,37
EKSTERNE FINANSUTGIFTER							
Renteutgifter og låneomkostninger	14 898	16 537	18 388	17 337	16 213	17 703	
Tap finansielle instrumenter	3 338	1 141	748	9 609	1 630	-	
Avdrag på lån	22 109	20 294	18 373	19 864	16 679	13 555	
Utlån	245	3	272	774	266	253	
Sum eksterne finansutgifter	40 589	37 975	37 781	47 584	34 788	31 511	28,80
Resultat eksterne finanstransaksjoner	29 611	14 202	21 605	28 892	17 397	5 137	476,42
Motpost avskrivninger	-29 471	-27 534	-25 371	-26 023	(22 453)	(18 960)	
Netto driftsresultat	43 405	35 244	-15 409	-27 258	-47 033	-20 005	
BRUK AV AVSETNINGER							
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-5 389	0	0	-4 830	(12 976)	-	
Bruk av disposisjonsfond	-3 755	0	-6 091	-1 621	(3 111)	(6 495)	
Bruk av bundne fond	-38 134	-62 007	-25 419	-2 475	(4 516)	(575)	
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0			
Sum bruk av avsetninger	-47 278	-62 007	-31 510	-8 926	-20 603	-7 070	
AVSETNINGER							
Overført til investeringsregnskapet	0	6 513	2 045	2 082	1 046	0	
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	2 015	0		6 076	
Avsatt til disposisjonsfond	0	0	6 662	0	12 976	4 200	
Avsatt til bundne fond	4 807	14 861	36 197	36 147	48 781	3 824	
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0			
Sum avsetninger	4 807	21 374	46 919	38 229	62 803	14 100	
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	935	-5 389	0	2 045	-4 833	-12 975	

Regnskapsmessig mindreforbruk har negativt fortekn.

Tabellen syner den økonomiske oversikta i drifta frå 2009 og fram til og med 2014. Vi ser at skatteinntektene har utvikla seg lågare enn lønskostnadane, medan rammetilskotet har auka meir. Veksten i rammetilskotet skulast i det vesentlege 2 tilhøve nemleg barnehagetilskotet og samhandlingsreforma.

Ein ser også at veksten i sosiale utgifter er større enn veksten i lønskostnadar. Dette viser i praksis at kommunen sine utgifter til pensjon stadig aukar.

KOSTRA

KOSTRA-tal frå 2014 er henta frå Statistisk sentralbyrå (ssb.no) . Grunna manglande rapportering, ligg ikkje alle tala inne.

Utvalt nøkkeltall, kommunar - nivå 1

Ureviderte tall per 13.04.2015


	Herøy 2014	Kostra gruppe 08 2014	Møre og Romsdal 2014	Landet utan Oslo 2014	Landet 2014
Finansielle nøkkeltall					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		0,8	0,6	0,5	0,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		1,0	0,3	1,1	1,1
Frie inntekter i kroner per innbyggjar		46 680	49 312	48 554	49 322
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter		217,2	216,3	209,6	202,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter		15,1	14,9	15,0	12,0

Netto lånegjeld i kroner per innbygger		53 156	51 001	49 741	40 624
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar		123 058	129 291	128 570	129 744
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år		98 002	103 092	101 230	103 064
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetenesta		2 161	2 318	2 308	2 278
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstenesta		14 082	18 394	16 433	16 110
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbygger 20-66 år		2 807	2 432	3 119	3 488
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta		7 773	7 724	7 986	8 021
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.		3 807	4 368	4 220	3 944
Dekningsgrad					
barn 1-5 år med barnehageplass	94,2	90,0	92,5	90,9	90,2
Elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,8	8,6	8,7	8,1	8,0
Legeårsverk pr. 10 000 innbygger, kommunehelsetenesta	14,3	9,8	10,7	10,3	10,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	8,2	8,0	8,6	8,9	8,8

Mottakarar av heimeteneste over 67 år					
Plasser i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100,0	95,1	92,9	94,9	95,0
Innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	16,8	10,6	14,4	13,3	13,6
Mottakarar av sosialhjelp i alderen 20-66 år, av innbyggjarar. 20-66 år	2,9			3,9	4,0
Barn med barnevernstiltak i forhold til Innbyggjarar. 0-17 år	5,6			4,7	4,7
Syssel-, gangveier/turstiar mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innbyggjarar.	17	40	37	53	48
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjarar.	15	17	21	21	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar	0,34		0,75	0,73	0,72
Produktivitet/ einingskostnader					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage		172 895	177 521	173 905	174 744
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skulelokalar og skoleskyss (202, 222, 223), per elev		101 681	102 898	103 774	102 856
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 8.-10.årstrinn	15,8	15,1	14,3	14,3	14,4
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimeteneste (i kroner)		244 826	262 954	239 323	237 786
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal pl.		1 014 689	954 660	1 025 858	1 033 276

Årsgebyr for vassforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)		2 630	3 051	3 252	3 248
Årsgebyr for avlaupstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)	3 983	3 360	2 924	3 604	3 602
Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)	3 146	2 443	2 561	2 485	2 487
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for private forslag til detaljregulering. Kalenderdagar					
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdagar	15				
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate		115 197	92 114	118 669	127 027
Lovbruk					
Søknadar om motorferdsel i utmark gjeven løyve til.		94	99	96	96
Godkjende dispensasjonssøknadar for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	100	93	91	87	87

(tal teken frå ssb.no)



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
119/15	Formannskapet	15.06.2015
76/15	Kommunestyret	25.06.2015

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD - BUDSJETTREGULERING 2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål då han er leiar i Herøy kyrkjelege fellestråd.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend habil.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy leia møtet under handsaming av habilitet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

1. Herøy kommune finn å kunne auke overføringane til Herøy kyrkjelege fellestråd med kr 250.000,- eller om lag 3,75% til i alt kr 6.110.000,-.

Det medfører slik budsjettendring:

- Konto 14700 (overføringar til andre), ansvar 1281 (overføring til religiøse organisasjonar) og funksjon 390 (den Norske kyrkje) opp kr 250.000,-
 - Konto 15400 (bruk av disp fond), ansvar 1281 og funksjon 390 opp kr 250.000,-
2. Den resterande delen bes fellestrådet finansiere ved hjelp av eige disposisjonsfond.

Tilråding frå rådmannen:

3. Herøy kommune finn å kunne auke overføringane til Herøy kyrkjelege fellesråd med kr 220.000,- eller om lag 3,75% til i alt kr 6.110.000,-.

Det medfører slik budsjettendring:

- Konto 14700 (overføringar til andre), ansvar 1281 (overføring til religiøse organisasjonar) og funksjon 390 (den Norske kyrkje) opp kr 250.000,-
 - Konto 15400 (bruk av disp fond), ansvar 1281 og funksjon 390 opp kr 250.000,-
4. Den resterande delen bes fellesrådet finansiere ved hjelp av eige disposisjonsfond.

Særutskrift:

- Kyrkjeverja/Herøy kyrkjelege fellesråd, her
- Vest kontroll
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Fellesrådet sine budsjettkommentarar for 2015
- Forslaget til detaljbudsjett

Saksopplysningar:

Herøy kyrkjelege fellesråd sitt budsjettforslag for 2015 vart oversett under budsjetthandsaminga. Fellesrådet fekk difor den same overføringa i 2015 som den hadde i 2014. Etter fellesrådet sitt oppsett er differansen mellom behov og løyving om lag kr 810.000,- eller om lag 13,75%.

Frå 2014 til 2015 er det i første rekke lønskostnadane som syner ein større vekst. Totalt utgjer veksten kr 1.440.000,-. Av dette vert om lag kr 600.000,- refundert av bispedømmerådet (trusopplæring) og kr 30.000,- frå soknerådet. Den reelle veksten er såleis på kr 810.000,- som svarer til den budsjettauken fellesrådet ynskte for 2015.

Etter det ein kan sjå har ein berekna arbeidsgivaravgifta for høgt. Det dreier seg totalt om om lag kr 140.000,-. Ein ser også at Herøy kyrkjelege fellesråd har eit stort disposisjonsfond å støtte seg på (i overkant av 1,7 mill kr) og noko av dette kan nyttast til å saldere 2015 budsjettet.

Herøy kommune har ei stram drift og har mange særst usikre budsjettpostar for 2015. Dette gjeld både inntekter (skatt, ramme, finans) og utgifter (pensjon, lønn etc) og gjer at det er vanskeleg å finne dekning for ei slik budsjettendring.

Vurdering og konklusjon:

Vi har gjort ein feil under budsjetthandsaminga og såleis sett Fellesrådet og kyrkjeverja i ein vanskeleg situasjon. Hittil har vi løyst det med å auke overføringane tilsvarande behovet. Om Kyrkjeleg fellesråd ikkje får auka kommunale overføringar, må dei resterande månadlege overføringane regulerast ned slik at det ved årsslutt blir samsvar mellom løyvd og overført sum.

Ein må vidare prøve å finne dekning for Herøy kyrkjelege fellesråd sitt behov gjennom budsjettbehandlinga for 2016.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:


Dersom ein vel å auke løyvinga til Fellesrådet ved å belaste kommunen sitt disposisjonsfond så vil også kostnadane til andre trdomssamfunn bli auka noko.

Fosnavåg, 05.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

Økonomileiar
Herøy kommune

her

DATO:30.09.14
ARKIV:112
REF.:

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2015 ØKONOMIPLAN 2015-2018 ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING

Etter Lov om Den norske kyrkje § 15 har kommunen visse økonomiske plikter til å løyve midlar slik at fellesråda kan drifte, vedlikehalde og utvikle kyrkjekontor, kyrkjer og gravplassar. Etter same paragraf er det kyrkjeleg fellesråd som vedtek sitt eige budsjett, medan det er kommunestyret som gjennom budsjettvedtak som i hovudtrekk løyver midlar til fellesrådet.

Driftsbudsjett 2015

I rådmannen sitt rundskriv vert det lagt opp til at den faste løpande drifta skal vidareførast på dagens nivå. Alle faste og kjende utgifter og inntekter skal vidareførast, medan tiltak som har vore mellombelse i 2014 skal beskrivast som nye tiltak også i 2015.

Utgifter til løn skal vere knytt til oppretta stillingsheimlar, ein skal ikkje budsjettere med vikarløn eller sjukerefusjonar.

Nøkkeltala for komande budsjettår er desse:

- Avsetjing til KLP er 17,25% av pensjonsgrunnlaget
- 2% prisvekst på dei fleste 1100 og 1200 postane
- 2,5% lønsvekst frå 01.01.2015 (dvs. 3,75% lønsvekst for 2015)

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon har enno ikkje utarbeidd sitt rundskriv til fellesråda og ein veit soleis ikkje noko om spesielle utfordringar som dei vil drøfte. Framlegg til statsbudsjett er helle ikkje kjent, men ein ventar ikkje store endringar som gjev direkte konsekvensar for Herøy kyrkjelege fellesråd. Det knyter seg likevel stor spaning korleis kyrka skal verte finansiert i framtida og det ligg no føre ei høyring vdk. framtidig finansieringsordning.

Budsjettet som fylgjer vedlagt er utarbeidd i tråd med rådmannen sitt rundskriv. Kommunestyret har vore løpande orientert om fellesrådet sin økonomiske situasjon i 2014 gjennom fellesrådet sine budsjettkontrollar. Kyrkjeverja har peika på at det synes som om ein var for forsiktig med budsjetteringa av lønskostnadane under budsjettarbeidet for 2014. Herøy kyrkjelege fellesråd har pr. dd. brukt nærare 80% av det som var budsjettert samla innanfor lønspostane, då er årets lønsoppgjær

Kyrkjeverja i Herøy

adm framskriving hk 2015

Postadresse:

Kyrkjekontoret i Herøy
6090 Fosnavåg

E-post: kyrkjeverja@heroy-kyrkje.no

Telefon:

70 08 02 60

Telefaks:

70 08 02 61

enno ikkje utbetalt. Dette, saman med at det er oppretta 1/1 stilling innafør trusopplæring (vert refundert) fører til at det er eit «hopp» på utgiftene til løn.

På inntektssida i budsjettet er det ein betydeleg ny sum i overføring frå bispedømeråd (trusopplæringsstilling) samt at Herøy sokn overfører ca 350 000 til fellesrådet i refusjon for lønsutgifter knytt til fredagstreffet, open barnehage og Krik-arbeid.

Samla sett, utan at det er teke høgde for nye tiltak gjev dette eit behov for 6 700 000 kroner i overføring frå Herøy kommune.

Nye tiltak

Dei siste åra har det «dyraste» nye tiltaket (ønskeliste) vore midlar til trusopplæringsstilling samt diakon. Sokneråda i Herøy har i 2014 fått tilsegn om løyving på om lag 600 000 kroner til årleg finansiering av ny stilling for å drive trusopplæring. Denne saka er soleis løyst, og ein står då att med det som har hatt 2. prioritet; midlar til diakon.

Herøy kyrkjelege fellesråd har dei siste åra kome med framlegg om auka på ramme på kr. 500 000 til diakon. Vi vert stadig minna på at det er mange einsame rundt oss, dette gjeld både yngre og eldre og denne gruppa har behov for eit menneske å vere saman med og å snakke med. I tillegg veit vi at mange andre har behov for omsorg frå utanforståande når ein vert ramma av ulike kriser i livet. Kyrkja i Herøy skulle gjerne vere med å gjere kvardagen betre for folk ved å kunne tilby diakon!

Under fellesrådet si budsjetthandsaminga for 2014-budsjettet vart det peika på behov for ekstra resursar til drift i samband med at ein skal ta i bruk nærare 700 «nye» kvadratmeter i Herøy kyrkje. Som kjent har ein ved hjelp av innsamla midlar, dugnad og solid arbeid frå elevar ved Herøy vidaregåande skule sett i stand eit stor areal i Herøy kyrkje som vil kome herøyværingane til gode i form av ein aktivitetshall (gymsal), ein amfisal, gode rom for biljardspel og bordtennisspel samt kafé/vrimleareal. Prosjektet nærmar seg ferdigstilling, men dette vil sjølvstøtt føre til auka kostnader i form av forsikring, straum og reinhald. Under nye tiltak er desse kostnadane estimert til kr. 75 000 pr. år.

Dei siste åra har ein også beskrive behova for branntryggingstiltak i Indre Herøy og Leikanger kyrkje. Desse kyrkjene har gamle elektriske anlegg og vi har påbod om merking og utbetring av rømningsvegar. Samla vil det vere behov for kr. 100 000 til desse tiltaka.

Herøy kyrkje vart teken i bruk vinteren 2003. Det har ikkje vore utført særleg vedlikehald av kyrkja på desse 12 åra, og det er no behov for m.a. utvendig maling av kyrkja, og ein ynskjer å få sette av kr. 75 000 kroner til vedlikehald.

Vidareføring av tiltak

Dei siste åra har ein jobba for å auke vedlikehaldet på gravplassane, dette tiltaket vert vidareført også i 2015 med ei auke på kr. 50 000.

Økonomiplan 2015-2018

Herøy kommunestyre gjorde vedtak om at i alt kr. 3 300 000 skulle settast av til investeringar i 2014. I tillegg kom 5 000 000 frå overføringar frå tidlegare år (kr. 2 400 000 til rehabilitering Indre Herøy kyrkje, kr. 500 000 til nytt klokkehus på Tjørnvåg gravplass og kr 2 100 000 til utviding Moltu gravplass). Vidare vart det sett av kr 2 000 000 i 2015, kr. 3 000 000 i 2016 og kr. 1 500 000 i 2017 i økonomiplanperioden.

Av dei prioriterte tiltaka i økonomiplanen er nokre tiltak fullførte medan ein har kome godt i gang med andre:

- Nytt klokkehus på Tjørnvåg gravplass er ferdig
- arbeidet med utviding av Moltu gravplass vert avslutta i disse dagar
- planane for utviding av Kvalsund gravplass er sendt biskopen for godkjenning
- frist for å kome med tilbod til arbeidet ved Indre Herøy kyrkje går ut 30.09.14
- planarbeidet med utviding av Leikanger gravplass er ikkje starta opp.

Det er altså framleis eit behov for vidareføring av unytta midlar.

Nytt tiltak som ikkje har vore med i fellesrådet si handsaming tidlegare er midlar til utviding av Flusund gravplass. Ein tok i bruk nye felt på Flusund gravplass i 2008, men det er snart behov for meir areal til gravplassen og ein må starte arbeidet ned å planlegge korleis dette skal skje.

Det administrative framlegget til økonomiplan/investeringsbudsjett 2015 er altså ei samling av naudsynte saker der dei fleste er kjende gjennom tidlegare handsamingar i fellesråd/kommunestyre.

Kyrkjeverja si administrative framskriving av fellesrådet sitt budsjett vert med dette oversendt administrasjonen i Herøy kommune for vidare arbeid. Herøy kyrkjelege fellesråd skal i sitt møte 22.10.14 handsame budsjettet 2015 for 1. gong

Fosnavåg, 30.09.14


Mari Sævik Leinebo
Kyrkjeverje

BUDSJETT 2014, ADM FRAMSKRIVING

Konto	Konto (T)	Forbruk 290914	Budsjett 2014	Forbruk %	Budsjett 2015
30100	Fastlønn	kr 2 196 462,93	kr 2 970 000	74	kr 3 951 000
30108	Pensjonsgjevande tillegg	kr 27 925,56	kr 30 000	93	kr 35 000
30200	Vikarar	kr 182 717,19	kr 69 000	265	kr 70 000
30209	variable tillegg vikarar	kr 60 117,46	kr 90 000	67	kr 60 000
30300	Ekstrahjelp	kr 37 399,67	kr 50 000	75	kr 40 000
30508	Diverse lønsutbetaling	kr 24 750,00	kr -		
30800	Godtgjersle folkevalde	kr -	kr 60 000	0	kr 70 000
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	kr -	kr 3 000	0	kr 5 000
30900	Pensjonsinnskott	kr 376 884,12	kr 470 000	80	kr 690 000
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelevforsikring	kr 19 623,00	kr 35 000	56	kr 35 000
30990	Arbeidsgjevaravgift	kr 325 080,19	kr 400 000	81	kr 661 000
	Sum løn	kr 3 250 960,12	kr 4 177 000	78	kr 5 617 000
31000	Kontormateriell	kr 5 325,64	kr 10 000	53	kr 10 200
31002	Abonnement aviser og faglitteratur	kr 3 996,80	kr 4 000	100	kr 4 080
31100	Aktivitetsrelatert forbruksmaterieill/ utstyr/ tene	kr 36 763,28	kr 80 000	46	kr 81 600
31151	Servering møter, kurs, representasjon	kr 5 104,35	kr 15 000	34	kr 15 300
31200	Anna forbruksmaterieill	kr 26 780,25	kr 25 000	107	kr 25 500
31201	Arbeidskle	kr -	kr 3 000	0	kr 3 060
31202	Velferdstiltak	kr -	kr 6 000	0	kr 6 120
31208	Diverse utgifter	kr 3 418,06	kr -		kr -
31300	Post, banktenester, telefon	kr 21 374,65	kr 30 000	71	kr 30 600
31301	Telefoni	kr 12 149,18	kr 25 000	49	kr 25 500
31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	kr 24 883,60	kr 75 000	33	kr 76 500
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgåvepliktig)	kr 15 100,00	kr 25 000	60	kr 25 500
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgåvepliktig)	kr -	kr 10 000	0	kr 10 200
31600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige	kr 78 350,20	kr 100 000	78	kr 102 000
31700	Reiseutgifter, drift av egne transportmiddel	kr 6 091,20	kr 6 000	102	kr 6 120
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	kr 3 984,55	kr 20 000	20	kr 20 400
31800	Energi	kr 233 090,55	kr 350 000	67	kr 357 000
31850	Forsikringar, vakttenester	kr 83 064,20	kr 85 000	98	kr 86 700
31900	Leige av lokaler og grunn	kr -	kr 2 000	0	kr 2 040

31950	Avgifter, gebyr og lisensar	kr	79 627,24	kr	100 000	80	kr	102 000
31951	Lisenser/ serviceavgifter	kr	22 312,00	kr	65 000	34	kr	66 300
32000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel	kr	57 647,61	kr	160 000	36	kr	163 200
32100	Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	kr	88 885,60	kr	95 000	94	kr	96 900
32200	Leige av driftsmiddel	kr	-	kr	14 000	0	kr	14 280
32300	Vedlikehald, byggjetenester og nybygg	kr	19 107,85	kr	80 000	24	kr	81 600
32301	Vedlikehald grøntanlegg	kr	212 219,20	kr	280 000	76	kr	285 600
32400	Serviceavtaler og reparasjonar	kr	33 450,40	kr	27 000	124	kr	27 540
32500	Materiale til vedlikehald, påkosting og nybygg	kr	30 223,42	kr	60 000	50	kr	61 200
32650	Vakthald og vektarreneste, alarm-system	kr	26 172,54	kr	35 000	75	kr	35 700
32700	Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon), tid	kr	21 500,00	kr	160 000	13	kr	163 200
	Andre driftsutgifter	kr	1 150 622,37	kr	1 947 000	59	kr	1 985 940
34290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	kr	221 990,03	kr	420 000	53	kr	380 000
	Sum mva som gir rett til momskomp.						kr	380 000
34702	Div. øre/kroneavrunding - øre/kronebalanse	kr	1,15	kr	-			
35000	Renteutgifter	kr	-	kr	20 000	0	kr	20 000
35001	Morarenter	kr	2 904,70	kr	-			
35100	Avdragsutgifter	kr	-	kr	400 000	0	kr	400 000
	Renter/avdrag						kr	420 000
36200	Sal av varer og tenester, gebyr med vidare utanfor	kr	-3 525,00	kr	-50 000	7	kr	-50 000
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	kr	-1 175,00	kr	-8 000	15	kr	-8 000
36202	Trekk frå ansatte	kr	-1 872,75	kr	-			
36300	Husleigeinntekter/ utleige av lokaler/ festeavgift	kr	-65 502,50	kr	-56 000	117	kr	-70 000
36400	Festeavgift	kr	-290,00	kr	-230 000	0	kr	-230 000
37100	Sjukelønsrefusjon/ refusjonar frå trygdeetaten	kr	-18 924,00	kr	-		kr	-
37280	Kompensasjon moms påløpt i investeringsrekneskapen	kr	-28 310,18	kr	-		kr	-
37290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	kr	-221 990,03	kr	-420 000	53	kr	-380 000
37500	Refusjon frå sokneråd	kr	-	kr	-320 000	0	kr	-350 700
	Refusjon frå bispedømeråd Trusopplæring						kr	-600 000
38300	Tilskot frå kommunen/ kommunale institusjonar	kr	-4 410 000,00	kr	-5 850 000	75	kr	-6 684 240
39000	Renteinntekter	kr	-	kr	-30 000	0	kr	-30 000
	Sum inntekter						kr	-8 402 940
	Sum utgifter						kr	8 402 940



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/15	Formannskapet	15.06.2015
77/15	Kommunestyret	25.06.2015

BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2015

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

- 1 Budsjettkontrollen per 30.04.2015 vert teken til vitande
- 2 Ein må jobbe kontinuerleg med kostnadskontrollen framover

Tilråding frå rådmannen:

- 3 Budsjettkontrollen per 30.04.2015 vert teken til vitande
- 4 Ein må jobbe kontinuerleg med kostnadskontrollen framover

Særutskrift:

- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:

- [Kommentarer frå avdelingane per 30.04.2015](#)

Saksopplysningar:

Herøy kommune har som kjent eit særst stramt budsjett i 2015. Mange utgiftspostar er sett lavt medan mange inntektspostar er sett høgt. Dette gjev kommunen mange utfordringar dette året.

Heldigvis vart rekneskapsresultatet for 2014 langt betre enn forventa. Det gjev oss eit litt betre handlingsrom enn det vi ville ha hatt om prognosane frå budsjettkontrollane hausten 2014 hadde slått til.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Avdelingane melder om stramme budsjett. Slik det ser ut per 30.04 er det 18 områder som melder om akseptable avvik. To områder (personal- og organisasjonsavdeling og Skatt, ramme, finans) melder om negative avvik medan NAV (sosial og flykting) rapporterer at det er nokre utfordringar knytt til utbetalingar av sosiale stønader som per tertialskiftet ligg høgare enn budsjettert og høgare enn tidlegare år. Det kan skuldast at det har blitt ein del trongare på arbeidsmarknaden siste tida.

Personal- og organisasjonsavdelinga melder om at avviket først og fremst skuldast lønsområdet og at meirkostnadane i høve til budsjett kan utgjere mellom 0,4 og 0,5 mill kr (sjå detaljar i vedlegget).

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere om lag 8,5 mill kr i 2015. Her kan det sjølvstakt skje endringar framover. Fleire viktige næringar i vårt område slit, noko som bl.a. har resultert i redusert arbeidstid, permitteringar og oppseiingar noko som vil ha innverknad på total skatteinngang i 2015. Det andre området ein har ei utfordring er knytt til innsparringa på 8,75 mill kr i samband med vedtak om tilsetjingsstopp/vakansar etc på administrative stillingar. Dette utgjere om lag 14-15 årsverk og så langt i 2015 har ikkje innsparringane vore store.

Det tredje området er at Tussa AS gir eit lavare utbytte enn kommunen har budsjettert med for 2015. Denne reduksjonen er på i overkant av 0,5 mill kroner og det kan vere at vi kan klare å kompensere dette gjennom høgare finansavkastning (bankinnskot).

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik
Alle tal i 1.000 kr						
Lønn inkl sos. Utgifter	139 231	134 226	5 005	131 433	138 350	-6 917
Kjøp av varer og tenester	28 819	25 277	3 542	23 841	24 533	-692
Kjøp av varer og ten. som erstattar komm eigenprod	30 379	25 157	5 222	31 331	24 011	7 320
Overføringar til andre	40 475	14 458	26 017	61 383	33 678	27 705

Finansieringsutgifter	7 704	19 882	-12 178	9 844	22 629	-12 785
Sum utgifter	246 608	219 000	27 608	257 832	243 201	14 631
Salsinntekter	-24 561	-25 454	893	-23 999	-26 604	2 605
Refusjonar	-10 499	-11 594	1 095	-8 468	-14 429	5 961
Overføringar frå andre	-203 986	-158 113	-45 873	-206 537	-192 586	-13 951
Finansieringsinntekter	-2 660	-19 126	16 466	-2 872	-18 407	15 535
Sum inntekter	-241 706	-214 287	-27 419	-241 876	-252 026	10 150
Underskott	4 902	4 713	189	15 956	-8 825	24 781

Grunnen til differansen i underskott frå 2014 til 2015 skuldast i hovudsak RDA rekneskapen.

Per 30.04.2014 har vi her eit underskott på 7,3 mill medan vi per 30.04.2015 har eit overskott på 7,0 mill kr.

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 5,9% (7,8 mill kr) sett i høve til 30.04.2014. Det er ein større vekst enn lønsauken og mest sannsynleg skuldast denne auken større bruk av vikarar (og der i gjennom auka sjukepengerefusjonar).

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	Endring 2015-2014	Brukt i % av Tot buds 2015
Politisk leing	1 238	1 343	-105	1 443	1 249	194	-205	30,7
Adm. Leing	1 986	1 438	548	1 798	1 259	539	188	48,2
Servicetorget	1 086	1 156	-70	852	1 096	-244	234	32,7
Fellessekretariatet	978	757	221	901	779	122	77	44,3
Økonomiavdelinga	2 002	1 954	48	2 036	2 285	-249	-34	35,4
Personal- og org. avd	4 750	2 755	1 995	3 928	2 932	996	822	58,9
IKT avdelinga	1 631	1 761	-130	1 686	1 601	85	-55	31,4
Overføringar	-3 711	2 991	-6 702	9 871	2 933	6 938	-13 582	41,3
Barnehageavdelinga	27 115	21 638	5 477	28 628	20 971	7 657	-1 513	42,2
Skuleavdelinga	39 364	37 723	1 641	38 792	38 942	-150	572	36,2
Avd Barn, Familie og Helse	13 006	13 029	-23	11 657	12 243	-586	1 349	34,1
Pleie- og omsorgsavd	37 155	36 496	659	33 528	36 892	-3 364	3 627	35,2
Bu- og habiliteringsavd	12 857	13 122	-265	12 206	13 153	-947	651	34,0
Sosial og Flyktning (NAV)	3 611	3 268	343	3 702	3 308	394	-91	37,6
Kulturavdelinga	4 007	2 934	1 073	2 653	3 002	-349	1 354	47,0
Utviklingsavdelinga	2 611	2 019	592	1 798	2 313	-515	813	45,1
Anleggs- og driftsavd.	5 018	5 536	-518	2 173	4 609	-2 436	2 845	31,4
Eigedomsavdelinga	7 337	5 855	1 482	6 774	6 009	765	563	42,5
Samhandlingsreforma	-975	2	-977	4 372	4 139	233	-5 347	0
Skatt, ramme, finans etc	-156 163	-151 068	-5 095	-152 845	-168 540	15 695	-3 318	34,4
SUM	4 903	4 709	194	15 953	-8 825	24 778		

Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er manglande skatteinntekter og at ein ikkje har god nok kontroll med reduksjonen i talet på årsverk som ligg i budsjettføresetnadane.

Det positive er at avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2015 slik tilfellet var i 2014.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik:

Personal- og organisasjonsavdelinga, meirforbruk om lag	kr 400.000,-
NAV (sosial), meirforbruk om lag	kr 300.000,-
Skatt, ramme, finans mindreinntekter på om lag	kr 8.300.000,-
Sum	kr 9.000.000,-

Basert på tilbakemeldingar frå avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit meirforbruk på om lag 9,0 mill kr. Då har ein ikkje gjort ei vidare vurdering av kva innsparingar ein får når det gjeld vakansar, permisjonar etc i kommunen sitt administrative apparat. Vi vil kome nærare attende til innsparingar på dette området ved seinare rapporteringar.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

- Stadig strammare driftsrammer gjer at belastninga på dei tilsette blir større. På sikt kan det resultere i meir sjukmeldingar og etter ei stund lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram og reservane minkar. Det gjer også dei statlege overføringane. Når staten/fylkesmannen no har starta å trappe ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift vil kommune etter 5 år få nær 10,0 mill kr mindre å rutte med. Reduksjonen frå 2014 til 2015 er på om lag 2,0 mill kr.

Fosnavåg, 27.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre	Enhetsleder vurdering avvik (kr)	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	110	4 031	0,00	Godkjent
12 Administrativ leiding	Akseptabelt	0	-250	4 118	0,00	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	80	3 353	0,00	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-221	2 210	0,00	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	-48	5 655	0,00	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 994	8 061	0,00	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	130	5 196	0,00	Godkjent
18 Overføringer	Akseptabelt	0	6 702	8 977	0,00	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	-5 475	64 228	0,00	Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	-1 626	108 812	0,00	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	28	38 195	0,00	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	-490	105 648	0,00	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	272	37 867	0,00	Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00	Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-336	9 593	0,00	Godkjent
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	-1 009	8 522	0,00	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	-550	5 792	0,00	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	748	15 961	0,00	Godkjent
60 Egedomsavdelinga	Akseptabelt	0	-614	17 276	0,00	Godkjent
70 Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	977	0	0,00	Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Akseptabelt	0	5 071	-453 466	0,00	Godkjent
Sum		0	1 506	30	0,00	

Beskrivelse	Rekneskap i fjord pr.dato	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
Sum totalt	15 858	3 217	4 722	1 506	0	30	30	10722,47
Utgifter	257 506	244 426	218 990	25 436	0	643 089	643 089	38,01
Løn inkl. sosiale utgifter	131 433	138 938	134 226	-4 713	0	388 695	388 695	35,74
Kjøp av varer og tenester	54 909	57 655	50 424	-7 231	0	151 332	151 332	38,10
Overføringer og andre utgifter	71 165	47 832	34 340	-13 492	0	103 062	103 062	46,41
Inntekter	-241 648	-241 209	-214 268	26 941	0	-643 059	-643 059	37,51
Salsinntekter	-23 914	-24 466	-25 454	-988	0	-76 394	-76 394	32,03
Refusjon sjukeløn	-3 848	-5 475	-1 773	3 702	0	-5 321	-5 321	102,90
Andre refusjonar og tilskot	-213 886	-211 268	-187 040	24 228	0	-561 344	-561 344	37,64
I alt	15 858	3 217	4 722	1 506	0	30	30	10722,47

Kommentar fra Rådmann

Det virkar som om avdelingane samla sett har kontroll på sine budsjett...

Det virkar som om avdelingane samla sett har kontroll på sine budsjett. Utfordringa også dette året er knytt til frie inntekter og då spesielt skatteinntektene som på nytt vil bli mykje lavare enn budsjettet. Ein del vil bli dekt opp gjennom auka rammeoverføringer, men slett ikkje alt. Den andre utfordringa er knytt til talet på tilsette. I budsjettføresetnadane ligg det inne eit stillingskutt på 15 årsverk. Vi ligg langt etter dette no og det blir ei stor utfordring å få til dette i 2015.

Folkevalde

Det er ingen grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.

Administrativ leiing

Avviket på dette ansvaret kjem i hovudsak av at vi er på etterskot med refusjonar og tilskot. Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2015.

Servicetorget

Ikkje noko urovekkande å melde om så langt i 2015. Etter det ein kan sjå vil det ikkje bli meirforbruk i Servicetorget i høve den budsjettløyvinga avdelinga har fått.

Fellesekretariatet

Avviket på dette ansvaret skriv seg i hovudsak frå at lønsutgiftene til val er ført på eit anna ansvar og at det er utbetalt til IKA for heile året. Det er ingen grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.

Økonomiavdeling

Etter det ein kan sjå er det brukbart samanheng mellom rekneskap og budsjett. Det ser ut til at ein manglar litt inntekter frå refusjon sjukeløn. I tillegg har avdelinga ikkje periodisert sine inntekter som ofte kjem på slutten av året.

Det ligg an til samsvar mellom budsjett og rekneskap for 2015.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Det er budsjettert med lønskostander på kring kr. 6 500 000,- for heile avdelinga. Den reelle kostnaden vil truleg vere nærare kr. 6 900 000,-. Dette skuldast at ein ved budsjettering i 2015 ikkje har rekna med pensjon og arbeidsgjevaravgift på ei av stillingane. I tillegg er det budsjettert med for låg løn på HVO (50% stilling men budsjettert med 30% stilling). Det er òg budsjettert med for låg faktisk lønskostand i høve frikjøpte HTV. Avdelinga vi òg få ein overlapp ved at ny medarbeidar startar før to av våre medarbeidarar gjeng av med pensjon. Dette vil føre til ein ekstra lønskostnad.

I høve forbruk av varer og tenester skuldast avvike at det er betalt for utgifter for heile 2015. Utgifter og inntekter er ikkje rette periodisert.

Til sist er det det differanse i høve refusjonar. Dette er interne refusjonar mellom avdelingar, som vil bli krevd inn ved halvårsskifte, og i tillegg vantar refusjon frå fylkeskommunen i høve lærlingar.

Avdelinga trur at ein samla sett vil ende opp med eit meirforbruk i 2015 på kring kr. 4-500 000,-

Informasjonsteknologi

Det er framleis tidleg i budsjettåret, men det er førebels ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.

Overføringar

Hittil har vi fått utbetalt meir RDA midlar frå staten enn det vi har betalt ut. Det gjer at området har eit stort mindreforbruk i rekneskapen per 30.04.15 enn det ein har budsjettert med. Korrigerer ein for dette ved avsetjing til bundne driftsfond vil ein få omlag samsvar mellom budsjett og rekneskap. Overføringane til Kyrkjeleg Felleusråd er høgare enn budsjettert. Det heng saman med at ein i budsjett 2015 ved ein feil berre hadde overført ramma frå 2014 utan å ta omsyn til ein del nye moment. Formannskapet sa under budsjetthandsaminga at vi måtte prøve å regulere dette gjennom ei budsjettendringssak.

Barnehagar

Avviket skuldast at det per 30.04.2015 er utbetalt kommunalt tilskot til private barnehagar for april, mai og juni. Periodiseringa blir då feil, og det kjem fram i rekneskapen som eit avvik. Det er betalt ut mindre tilskot til private barnehagar per dato i år enn det var i fjor. (ca 1,5 mill kroner) Private barnehagar har klaga på vedtaket om kommunalt tilskot for 2015. Det er ennå ikkje avgjort om dei får medhald i klaga eller ikkje. Dersom Herøy kommune opprettheld sitt vedtak, vil klagesaka bli vidare sendt til fylkesmannen. Om vedtaket Herøy kommune gjorde for kommunalt tilskot vert ståande, vil barnehageavdelinga kunne halde seg innanfor budsjetttramma, og greie vedtatt rammeinnsparing. Om fylkesmannen vedtek at Herøy kommune må gjere om vedtaket, kan budsjetttramma sprekke. Eit anna usikkert moment, er kva konsekvensar nytt regelverk om foreldrebetaling vil få. Regelverket her seier at kommunen må kompensere for tapt foreldrebetaling i både kommunale og private barnehagar når det gjeld rett til lavare foreldrebetaling pga lav inntekt. I tillegg må

kommunen refundere tapt inntekt pga syskjenmoderasjon som før. Dette blir rekneskapsført i juni/juli og i desember kvart år. Kommunale barnehagar si drift er som forventa. Rekneskap fast løn er litt lavare enn budsjettet og skuldast innsparing i perioder med litt færre barn. Bruk av vikarar og refusjon sjukepengar. er i god balanse.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto forbruk 36%, som same periode i 2014. Lønnsutgifter høgare enn budsjett. Årsakene må analyserast nærare gjennom vurdering av periodisering og gjennom lønnskontroll. Tilsette hausten 2014 og våren 2015 er heilt likt, og følgjer skuleåret. Lønnsutgifter nov'14 og mars'15 omtrent likt, som to samanliknbare månader. Saka vert følgt opp. Nesten ingen refusjonar og tilskot har kome endå, så bildet vil endre seg fram mot sommaren.

Prognose: Netto forbruk tilseier same forbruk og styring som i 2014. Ramma for 2015 er lavare, noko som tilseier at vi ikkje vil kunne rekne med mindreforbruk i 2015. Målet er styring i tråd med budsjettet.

Barn, familie og helse

Samla sett for avdelinga barn familie og helse er det eit akseptabelt avvik. Det er og akseptabelt når det gjeld barnevern. Det ein likevel ser er at utgifter til barn og unge er høggt. Det gjeld såvel tiltak i som utafor heimen. Seksjonen arbeidar med mange kompliserte saker som vil kunne få store økonomiske konsekvensar. Vi vil følgje dette nøye frametter og vil rapportere dersom det viser seg å verte eit overforbruk totalt sett.

Pleie og omsorgsavdelinga

Avdelinga er godt i rute. Er omlag på same nivå som i fjor. Vi har som ei målsetting å halde budsjetttramma, inkl pålagde saldering på 750 000. Eg må ta eit atterhald om at det no er press på sjukeheimplassane, og at heimetenestene har stort arbeidspress. Kva utslag dette vil gi seg utover hausten er det for tidleg å seie noko om.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga er samla sett i rute. Vi har eit lite positivt avvik per d.d. For å klare rammenedsparinga som avdelinga er pålagd, må vi halde kostnadane nede der vi kan. Vi har hatt ei innsparing på vakanse i heimetenesta, men innsparinga der er "spist opp" av manglande salg på Herøy produksjon, slik at området fremstår balansert samla sett. Det lille negative avviket på dagtilboda er knytt til kvartalsvis utbetaling til Uloba, slik at her vil det svinge litt gjennom året.

Sosial og flyktning

3811 Sosialteneste Totalt viser område 3811 Sosialteneste eit overforbruk med kr 941 973. Av dette utgjør 641 375 eit overforbruk på økonomisk sosialhjelp.

233 Annet forebyggende helsearbeid Her er det budsjettet med kr 520 00 til Krisesenter i Ålesund. I tillegg har det kome ei ekstra faktura på vår del av underskotet i 2014 på kr 73 884,-. Det er også budsjettet med kr 300 000,- til kjøp frå andre. Her ligg blant anna kommunal eigenandel på varig tilrettelagte plassar på Ulshav, med kr 73 074,- pr halvår. Totalt skal denne posten gå med eit mindreforbruk på om lag kr. 80 000,-, inkludert underskotet på Krisesenteret. Då er ikkje refusjonssak frå Volda kommune tatt inn i budsjettet.

234 Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede (Støttekontakt) Løn til støttekontaktane har hittil i år gått med eit meirforbruk på om lag kr 30 00,-. Likedan er det eit meirforbruk på reiseutgifter på om lag kr. 20 000,-. Om ein reknar dette på heile budsjettåret er det nærliggande å tru at tenesta vil få eit meirforbruk på om lag kr 150 000,-. Noko av dette kan omdisponerast frå 233 (kr. 80 00,-). Det er svært vanskeleg å gjere noko med utgiftene til støttekontakt, då det er ei lovpålagt teneste med ei fastsatt løn. Eit mogleg tiltak er å gå gjennom vedtaka og forsøke å redusere reiseutgiftene til eit minimum.

276 Kvalifiseringsprogrammet Posten viser eit meirforbruk på kr 40 749, men her ventar ein eksterne tilskot som ikkje er kome enda. Det er ført løn på ein person på denne posten, som skal vere ført på 3812 Barnefattigdom. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har anbefalt at vi får vidareført vårt prosjekt, og det er venta ei snarleg avgjersle i Arbeids- og velferdsdirektoratet.

281 Økonomisk sosialhjelp Totalt sett viser posten eit overforbruk på kr 941 973,-. Dette gjeld i hovudsak utgifter til flyktningane med kr 504 981,-. Tidlegare fekk ein refundert desse utgiftene får flyktningbudsjettet, og når den ordninga opphøyrd blei ikkje budsjettet justert tilsvarande (men har blitt redusert frå kr. 3 490 000 til kr. 3 000 000). Det er ikkje mogleg å halde budsjettet på økonomisk sosialhjelp utan denne refusjonen frå integreringstilskotet. Her må ein vurdere ei budsjettjustering, og det er rimeleg å anta at ein på årsbasis vil mangle opp mot 1 million. Økonomisk sosialhjelp blir vedteken etter ei streng, skjønnsmessig vurdering, og er det siste sikringsnettet til dei vanskelegast stilte. Det vil vere svært vanskeleg å redusere utgiftene tilsvarande det overforbruket ein vil få.

3851 Flyktningtenesta Totalt viser regnskapet eit mindreforbruk på kr 683 986,-. Samla sett har NAV eit overforbruk på kr. 335 614,-.

Kulturavdelinga

Rekneskapan pr. april 2015 viser eit netto forbruk på dei ulike tenesteområda på vel 57 % av samla nettoramme. Meirforbruket har si årsak i fylgjande: - 4032 Arrangement for ungdom manglar det inntektsføring av tilskot frå fylkeskommunen og billettinntekter ifm. UKM fylkesmønstring.

- 4041 Kulturhus og idrettshall manglar det inntektsføring av leige krav frå faste leigetakarar. I tillegg er det noko meirforbruk på lønskostnadar bl.a. grunna vikar ifm. sjukefråvær.
- 4061 Konserthus og 4062 Kino og kiosk. Økonomiavdelinga ligg etter med omsyn til føring av dagsoppgjer og inntekter for mars og april er ikkje med i oversikta. Kulturavdelinga sin dokumentasjon viser at det samla resultatet for desse to funksjonane er ca. på budsjett. Så tidleg i året er lite av overføringar, tilskot, refusjonskrav og leige krav ført på dei fleste tenesteområda. I lys av ovannemnde inneber det at prognosane for kulturavdelinga sitt budsjett tyder på at avdelinga vil gå i balanse.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapan for utviklingsavdelinga eit meirforbruk på om lag 550 000.- pr. 30.04.2015. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Det er ført ein del utgifter på konto 12700, 11205 og 11151 som er knytt til diverse prosjekter som avdelinga seinare vil få refundert. I tillegg til dette er lisensutgifter høge, men dette er normalt og vil gå i balanse mot årslutt.

Konklusjon:
Totalsituasjonen er såleis rimeleg bra, men det er sjølv sagt altfor tidleg å operere med noko sikre prognoser for utviklinga resten av året.

Anleggs- og driftsavdelinga

Ved utgangen av april syner rekneskapan med justering for inntekter som ikkje er rekneskapsført og interne føringar som ikkje er gjennomført at det er små avvik i forhold til periodisert budsjett. (Eigedomsinntekter vert fakturert 2 gongar pr. år. I mars og oktober. Dette medfører at det kan vere til dels store avvik mellom inntekter og utgifter alt etter kor mykje av inntektene som er fakturert til ei kvar tid.)

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har innanfor sitt ansvarsområde nytta 44 % av budsjetterte midlar for 2015.

Ansvar 6051 Reinhald har rapportert at ein skal klare å halde budsjettamma for 2015 slik det ser ut. Ansvar 6023 Kommunale utleigebustadar har nytta 57 % av si budsjettamme. Ansvar 6022 Løpande drift har nytta 66 % av si budsjettamme. Einskilde postar knytt til ansvar 6023 er ført her, så forbruket vil korrigerast noko.

Ansvar 6031 Vedlikehald har nytta 16 % av si budsjettamme for 2015.

På overordna nivå ligg såleis avdelinga an til å halde ramma for 2015, men på ulike ansvarsområde vil vi måtte gå gjennom detaljbudsjetteringa for å få eit meir korrekt budsjett og reknskap.

Samhandlingsreforma

Vi har motteke det øyremerka tilskotet for heile 2015 og dette er mykje større enn dei kostnadane ein har hatt med Ø-Hjelp så langt i år. I og med at ordninga er lagt litt om no burde kanskje dette området bli flytt til enten Pleie- og omsorgsavdelinga eller til avdelinga for Barn, Familie og Helse. Dette ansvarsområdet vil uansett ende i kr 0,- ved årslutt.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Mange spennande faktorar når det gjeld skatt, rammetilskott, finans og pensjon i 2015. Mange av dei kan slå feil ut for vår del. Skatteinntektene er omlag 7,7 mill lavare enn budsjettert per 30.04.15. For 2015 trur vi det mest realistiske er ei skatteinntekt på mellom 237,5 og 240,0 mill kr. Vi har budsjettert med ei skatteinntekt på 258,0 mill kr. Pga lavare skatteinngang også på landsbasis kan samla skatt og rammetilskott då bli nær 10,0 mill lavare enn budsjettert. Staten har gjennom revidert statsbudsjett kompensert oss for omlag 1,5 mill kr slik at vi truleg vil få ei samla mindreinntekt her på omlag 8,5 mill kr.

Finans kan slå begge vegar. Vi trur vi treff godt med rentekostnadane, men vi kan få ei meirinntekt når det gjeld renteinntektene og ein meirkostnad når det gjeld avdraga (minsteavdragsprinsippet).

Pensjonskostnadane er usikre. KLP hadde ei betre avkastning enn budsjettert i 2014. Det kan resultere i litt mindre premie for 2015, men dette er det litt for tidleg å meine noko om.

Til sist har vi budsjettert med vakansar, tilsetjingsstopp etc i det administrative apparatet på 8,75 mill kr. Hittil har vi ikkje fått justert ned den summen. Dette er ein sær usikker post.

Samla sett ser det per i dag ut til at vi vil få mindreinntekter/meirkostnadar på dette området på i alle fall 8-10 mill kr i 2015. Endå høgare om vi ikkje får effekt av stillingsstoppen.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/833
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
121/15	Formannskapet	15.06.2015
78/15	Kommunestyret	25.06.2015

TERTIALRAPPORT PER 01.05.2015.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.05.2015.

Bakgrunn

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningslinjer og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

Prosjektrapportering

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:

Ei arbeidsgruppe har laga ein revisjon av tertialrapporteringa. Denne revisjonen er lagt til grunn ved rapporteringa per 01.05.2015.

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding på den nye rapporten. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Fosnavåg, 05.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

TERTIALRAPPORT
DRIFT

Servicetorget

Servicetorgleiar /Wenche Moltu

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Ein person har levert oppseiing noko som kjem til å få konsekvensar for drifta.

Sal av næringstomter er overført til utviklingsavdelinga. Servicetorget utfører i samarbeid med utviklingsavdelinga ein del andre type oppgåver knytt til eigedomsforvaltninga .

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt avvik i Kvalitetslosen siste tertialt. Sidan ein ikkje kjem inn på denne programvara er det vanskeleg å rapportere på detaljer. Tilsette i Servicetorget e avvik på eiga avdeling og andre il lovverk og drift,

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Tilsyn frå fylkesmannen – 3 avvik.

DATO	AVVIKSTITTEL	E-PHORTESAK
Pålegg	Mangler heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	2015/464
Status	Under politisk handsaming	
Framdrift	Kommunestyre mai 2015	

DATO	AVVIKSTITTEL	E-PHORTESAK
Pålegg	Beredskapsplanen oppfyller ikkje alle forskriftkrava	2015/464
Status	Revidering av plan er starta opp	

Framdrift	August 2015
------------------	-------------

DATO	AVVIKSTITTEL	E-PHORRESAK
Pålegg	Manglande dokumentasjon av krava i forskrift	2015/464
Status	Revidering av plan er starta opp	
Framdrift	Kommunestyre august 2015	

Utviklingsarbeid

Servicetorget er aktivt med i arbeidet for å tilrettelegging for betre tenester for arbeidsinnvandrarar.

Flytting av servere til Hareid gjer at arbeidet med ny intranett-side er intensivert.

Elektroniske skjema vert mobiltilpassa – dette betyr at kunde kan bruke mobil og nettbrett for å søkje tenester i kommunen.

Fellessekretariatet

Dagleg leiar Hilde B. Skinnes

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Ingenting å rapportere

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Kvalitetslosen er ikkje i drift

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Statsarkivet i Trondheim

Avslutning av tilsynssak – Frist 31.01.16

Statsarkivet i Trondheim

DATO	AVVIKSTITTEL	E-PHORTESAK
Pålegg	Tilsyn arkiv 2013/1243	
Status	Arbeid pågår	
Framdrift	Avslutning 31.01.16	

Økonomiavdelinga

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Intet å rapportere.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Gjennomgang av balansen

Økonomiavdelinga skal gå igjennom kommunen sin balanse for å forenkle den og for at den følger nye forskrifter. Planlagt å ha den ferdig i løpet av mai 2015.

PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personalleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

A-melding

Personal- og organisasjonsavdelinga har jobba med å innføre lovpålagt krav om rapportering via A-melding. Dette har vore krevjande, og der er diverre nokre feil som stadig kjem attende. Dette arbeider avdelinga med å rette opp i saman med leverandør av Agresso.

Personalportefølje

Avdelinga har arbeidd kontinuerleg med oppfølging av personalsaker.

Avdelingsinterne fagdagar

Avdelinga har gjennomført tre interne fagdaga, i januar, mars og april, der avdelinga har jobba med årsplan 2015 og program for leiaropplæring.

Arrangert superbrukarkurs i Kvalitetslosen

Personalavdelinga har saman med Pleie- og omsorg-avdelinga og Bu- og habiliteringsavdelinga arrangert kurs for superbrukarar den 22. og 23. april. Vi inviterte representant for Kvalitetsloen og andre kommuner som nyttar Kvalitetslosen. Til saman var det om lag 20 deltakar.

Verneombod-dag

Personal- og organisasjonsavdelinga arrangerte VO-dag i lag med Hovudverneobod den 29. april. Hovudtema for dagen var samhandling mellom verneobod og leiar og revidering av verneområde.

Revidering av lokal særavtale om klegodtgjersle SGS1002

Forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane.

Tidsregistreringssystem

Personal- og organisasjonsavdelinga har brukt mykje tid og ressursar på oppdatering og oppfølging av brukarane av Tidsbanken. Det er starta eit arbeid med å vurdere nytt system.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå Formannskap og AMU tilbake til 01.01.2015:

Formannskap 03.03.15 41/15	Vakanse personal- og organisasjonsavdelinga 2015
Vedtak	Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015 1. Formannskapet legg til grunn at det skal gjennomførast ein analyse av administrativ organisering og bruk av administrative ressursar innan 01.06.2015. Formannskapet kan difor ikkje godkjenne at det vert lyst ut stilling som omsøkt før det er gjort slik analyse. 2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.
Status	Sjå ny sak.
Framdrift	Sjå ny sak.

Formannskap 37/15	Vakanse lærlingar 2015
Vedtak	Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015 Formannskapet godkjenner at det kan vere inntil 8 lærlingplassar i kommunen i 2015.
Status	For tida er det 7 lærlingar under kontrakt.
Framdrift	Organisasjonen jobbar kontinuerleg med å rekruttere og p.t. er ein søknad til vurdering.

Formannskap 17.03.15 65/15	Ny vurdering av vakanse i personal- og organisasjonsavdelinga 2015
Vedtak	Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015 1. 100% stilling ved personal- og organisasjonsavdelinga kan lysast ut snarast råd. 2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.
Status	Gjennomført intervju og innstillinga var klar i utgangen av april.

Framdrift	Avventar tilbakemelding frå kandidat som har fått tilbod om stillinga.
AMU 20.04.15	
Vedtak	<p>PS 1/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE Møtebehandling: Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>PS 2/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE Møtebehandling: Protokoll frå førre møte låg føre.</p> <p>PS 3/15 SJUKEFRÅVERE 4. KVARTAL OG HEILE 2014 Møtebehandling: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken: Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2015 Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.</p> <p>PS 4/15 ÅRSRAPPORT AMU 2014 Møtebehandling: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken: Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2015 Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten til vitande.</p> <p>PS 5/15 OPPSUMMERING HMS-ARBEIDET 2014 Møtebehandling: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken: Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2015 Arbeidsmiljøutvalet tek oppsummeringa av HMS-arbeidet i 2014 til vitande.</p> <p>PS 6/15 OVERORDNA HMS-PLAN 2015 Møtebehandling: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken: Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2015 Arbeidsmiljøutvalet vedtek overordna HMS-plan for 2015 slik han ligg føre.</p> <p>MØTET SLUTT!</p> <p>REFERATSAKER RS 1/15 REINHALD KOMMUNALE BYGG</p>
Status	Ingen merknad
Framdrift	Ingen merknad

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere frå eller til Personal- og organisasjonsavdelinga siste tertial.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere frå eller til Personal- og organisasjonsavdelinga siste tertial.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Utarbeiding av program for leiaropplæring

Opplæringa er i all hovudsak knyt opp til HMS, løn og andre personalfagleg område.

Utarbeiding av leiarutviklingsprogram

Personalleiar samarbeider med PO-leiar og Skuleleiar om å arrangere leiarutviklingsprogram 2015-2016.

Revidering og etablering av retningsliner i trå med gjeldande regelverk

Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider kontinuerleg med ajourhald og oppdatering i høve lov, regelverk og avtaler.

Vidare vert det synt til tema som nemnd i kapittel 1.

4. SJUKEFRÅVÆR

Tabellane nedanfor viser sjukefråværet frå 3. tertial 2014 og 1. tertial 2015.

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2014			
Avdeling	Fråvær 3. tertial	Korttidsfråvær	Langtidsfråver
Personal og org, HTV, HVO og lærl. (<20)	7,29	1,82	5,47
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0
Barnehageavd. (<40)	14,46	3,21	11,25
Grunnskuleavd. (<250)	6,61	1,61	5
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5

Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52
Pleie og omsorg (<300)	9,07	2,01	7,06
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94
Kultur (>10)	0,7	0,7	0
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0
Totalt frávær	8,27	1,8	6,32

Tertialvise frávær i % Herøy kommune. 1. tertial 2015			
Avdeling	Frávær 1. tertial	Korttidsfrávær	Langtidsfrávær
Personal og org, HTV, HVO og lærl. <(20)	8,69	1,31	7,37
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57
Grunnskuleavd. (<250)	7,32	2,44	8,36
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02
Pleie og omsorg (<300)	12,08	2,45	9,63
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26
Totalt frávær	10,53	2,41	8,12


Personalavdelinga si vurdering av utviklinga i sjukefráværet.

Frå og med 01.01.15 blir sjukefráveret rapportert tertialvist til AMU, noko som tidlegare vart gjort kvartalsvis. Dette for å samordne med avdelingane sin tertialrapportering. Med grunnlag i dette dreg vi ikkje lenger med kvartals statistikken for sjukefrávær, men av omsyn til samanlikningsgrunnlaget tek vi med statistikken for 3. tertial som vart utarbeida i januar.


Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 10,53% i 1. tertial 2015. 3. tertial 2014 viste eit samla sjukefråvær på 8,27%. Noko som inneber ein auke på 2,26% i sjukefråveret. Vi må tilbake til 2010 for å sjå eit tilsvarande høgt tal for sjukefråvær.

Av tala kan vi sjå at det er langtidsfråveret som er utslagsgivande på statistikken for alle avdelingane. Dette gjeld også over tid. Jf. Grafisk framstilling av kvartalsstatistikk for perioden 2. kvartal 2009 til og med 4. kvartal 2014.

Det kan elles merkast at variasjonane for sjukefråvær mellom dei ulike avdelingane er stor.



Mål og måloppnåing sjukefraværet 2015



Talet på tilsette i den enkelte avdeling gjev seg store utslag på fráværstatistikken, og avdelingar med få tilsette gir såleis eit stor utslag.

Der fleire grupperingar sorterer innanfor same avdeling gir også det grunnlag for til dels store variasjonar internt. Dette gjeld mellom anna personal- og organisasjonsavdelinga og eigedomsavdelinga. Inn under personal- og organisasjonsavdelinga høyrer både lærlingar, HTV og HVO. Avdelinga har eit samla frávær på 8,69%, medan lærlingane som har det høgste sjukefráværet, har ein fráværprosent på 15,23.

Nokre av avdelingane har gjennomgåande eit høgt sjukefrávær, der noko av forklaringa kan ligge i arbeidsoppgåver som inneber tungt fysisk arbeid. Andre avdelingar jobbar tett på brukarar, som krev at dei ikkje utset dei for smitte i samband med sjukdom. Dette gjeld til dømes barnehage, pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga, der korttidsfråveret til ei viss grad gjev seg utslag på statistikken.

Om vi ser på dei konkrete tala ser vi at eigedomsavdelinga har hatt ein nedgang på vel eitt prosentpoeng, men har likevel eit høgt frávær som no ligg på i overkant av 12%. Barnehageavdelinga har også hatt ein nedgang på knapt ein prosent, og har eit frávær på 13,63%.

For nokre avdelingar er det korttidsfráværet som er dominerande og dette gjeld mellom anna kulturavdelinga og servicetorget.

Dei store avdelingane pleie og omsorg og bu og habilitering har begge hatt ein markant auke sidan 3. tertial 2014, der pleie og omsorg har gått frå 9,07% frávær til 12,08%. Bu og habilitering har hatt ein auke på i overkant av 3% frå 12,79% til 16,05%.

Nav kommune har ein auke frå 2,68% til 15,51%. Av dette blir 6,23% definert som korttidsfrávær. Barnevern er i ein tilsvarande situasjon og har ein auke frå 2,9% frå 3. tertial 2014 til 1. tertial 2015 med 11,26%. Vi ser og ein markant auke hos utviklingsavdelinga og anlegg og drift.

Dei aller fleste avdelingane har hatt ein auke i sjukefráværet i Herøy kommune, men vi ser også at nokre avdelingar har eit lågt frávær. Den samla auken gjer likevel at vi får ein auke i sjukefråveret på 2,26%.

Herøy kommune er IA-verksemd og arbeider målretta med sjukefrávær. Noko som inneber kontinuerlig arbeid med tilsette som har utfordringar med helsa si. Dette i form av tilrettelegging og utprøving av arbeid i vår organisasjon.

Vi kan konstatere at Herøy kommune ikkje har nådd målet om nærvær for 1. tertial

2015, der det er eit gap på 2,53% og må tilbake til 2010 for å finne liknande tal. Det fins inga god forklaring på dette hoppet i sjukefråvær for siste tertial, og om dette berre er ein mellombels situasjon.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personalleiar

IKT-avdelinga

IKT-leiar Guro Gausemel

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Migrering til driftssenteret

Flytte alle brukarkontoar og e-postbokser over til SSIKT-driftssenter. 2000 kontoar er flytta der om lag 1100 er elevar. Det står igjen om lag 150 kontoar som skal flyttast før/i løpet av sommaren.

Omlegging av elevpcar i skulen

Oppgradering av samtlege berbare pcar med XP til Windows 7. Utrulling av streamingklientar til Borga og YHU. Nye tynnklientar på nokre av småskulane. Flytting av alle elevkontoar til SSIKT

Opprydding etter lynnedslag i desember

Mykje utstyr vart øydelagt under lynnedslaga i desember. Det gjekk særskilt hardt utover telefonar og switchar.

Opprydding i lisensar

Det har kome fram at vi er ganske feillisensiert på fleire områder når det kjem til Microsoft sine produkt. Vi har byrja med gjennomgang av lisensar og utstyr for å skaffe oss full oversikt over situasjonen. Dette kan føre til store økonomiske konsekvensar.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

DATO: 16.05.2015	AVVIKSTITTEL: Gerica	AVVIKS-ID: 1341
Avvik	Gerica er ute igjen på eldretun. På hus 4 har det ikke vært inne siden lynnedslaget før jul. Det har vært prøvd å ringe til IT, men vanskelig å få tak i. At Gerica er ute på hus 3. er et gjentakende problem.	

Status	Dei tre siste gongane vi har vore innom etter beskjed om at dataen ikkje virkar på hus 3 har det rett og slett vore at tynnklienten og skjermen har vore avslått. Om det er nokon som slår det av har eg ikkje fått svar på. Tynnklienten kan sjølvsagt slå seg av etter straumbrot e.l. Det einaste vi har gjort for å rette feilen er å slå på igjen tynnklient og skjerm. Ut i fra våre loggar ser det ikkje ut som om switchen har gått ned.
Tiltak	Nettet til Torvtakhus 4 har vore ustabil over ei lengre periode, og har vore heilt ute etter lynnedslag i desember. Det må bestillast og monterast ny switch. Vi kjem då til å legge om fiberen slik at det går eit fiberpar direkte frå blå til torvtakhus 3 og eit par direkte til torvtakhus 4. I tillegg vil vi bytte ut tynnklient på torvtakhus 4. Sett ein mnd frist grunna ukjent bestillingstid på utstyr.
Framdrift	Kvalsvik elektro har testa fiber og seier den er ok. Nytt nettverkspunkt er montert på eldretun 4. Ny tynnklient er satt opp. Ventar på ny switch for omlegging av fiber.

Det har også vore meldt inn eit avvik når grunna manglande/dårleg trådløs dekning i servicetorget, men det avviket finn eg ikkje att når eg søker.

Vi hadde forventa fleire avvik i ei periode der vi har hatt låg bemanning og prioriteringane har vore harde. Fleire har fått beskjed om å melde inn avvik slik at vi får synleggjort problema som låg bemanning fører med seg.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Flytting av tenester til SSIKT driftssenter

Det har vore fokus på å flytte over fleire tenester slik at vi kan byrje og slå av serverar lokalt i vår kommune.

Overgong til mobilt sentralbord

Vi vil bytte ut Trio til fordel for den same mobile sentralbordløysinga som fleire av dei andre kommunane i SSIKT har gått over til. Arbeidsgruppe so langt har vore Guro Gausemel, IKT, Wenche Moltu, Servicetorget og Margrethe Steinsvik, Innkjøp.

Nytt journalprogram for legesentera og legevakta

Det er tatt ei avgjerd om at alle går for same program, System X. Installasjon av nytt program vil skje i slutten av august

Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

1.

Alle som søkte barnehageplass innan søknadsfristen fekk plass i den barnehagen dei sette på 1. eller 2. prioriterte plass. Kommunen har ikkje mottatt klage på barnehageopptaket.

2.

Fleire av barnehagane har framleis ledige plassar

3.

Kommunen har mottatt klage frå PBL (på vegne av dei private barnehagane i kommunen) på vedtak om kommunalt tilskot for 2015. Kommunen har ikkje fått behandla klagen ennå og a sjukemelding og stort arbeidspress på økonomiavdelinga.

1. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

2. TENESTE

Ingen meldte avvik.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingen registrerte pålegg.

SKULEAVDELINGA

Sølvi Lillebø Remøy

1. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.januar 2015 – 30.april 2015 frå kommunestyret:

Saksnummer K-sak 8/15	Sakstittel Strategi for skuleutvikling 2015-18
Vedtak	Teken til vitande.
Status	I gang
Framdrift	Utviklingsarbeid heile perioden

Saksnummer K-sak 37/15	Sakstittel Tilstandsrapport for Herøyskulen 2014
Vedtak	Teken til vitande.
Status	Oppfølging gjennom strategi for skuleutvikling
Framdrift	-

Saksnummer K-sak 49/15	Sakstittel Forvaltningsrevisjonsprosjektet Spesialundervisning i grunnskulen
Vedtak	<ol style="list-style-type: none">1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet for spesialundervisning i grunnskulen i Herøy kommune.2. Kommunestyret vedtek at kommunen skal utarbeide vedtak også i dei tilfelle der PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettighetene til elevar og føresette.3. Kommunestyret vedtek at kommunen skal ha rutinar som sikrar utarbeiding av Individuelle opplæringsplanar, basert på enkeltvedtak og halvårsrapportar. Planane skal ligge føre før eit nytt skuleår startar.4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt 2 og 3 og even.framdrift til kontrollutvalet innan 25.august 2015.
Status	Arbeidet med vedtak, halvårsrapportar og IOP'ar er i gang
Framdrift	Rapportering til kontrollutvalet innan fristen.

2. TENESTE

Ingen meldte avvik.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingen registrerte pålegg.

Fosnavåg, 18.mai 2015

Skuleleiaren

Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafør sitt ansvarsområde:

Hending

Gjennomført personalsamling kor tema var journalføring og forsvarlege tenester. Gode diskusjonar som vil førast vidare og utdjupast i sektorane. Nesten alle med tilknytning til avdelinga møtte opp.

Hending

Det er fortsatt vanskeleg å få tilsett i ledige fastlegeheimler. Vakansar over tid har skapt utfordringar særleg ved Herøy legesenter. Sjølv om det arbeidast kontinuerleg med å skaffe legevikarar for korte og lange periodar har det også i dette tertialet vore ei utfordring å gi gode og forsvarlege legetenester.

Hending

Psykolog er tilsett. Sjølv om psykologen først vil tiltre 1.7.15 er det positivt at det er tilsett i stillinga. Det er og positivt at det vart gitt løyve til å tilsette vikarar innan psykisk helsevern. Det hjelp på sjølv om det fortsett er stort sjukefråvær på seksjonen.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Desse avvika er likevel ikkje mogleg å få rapportert på då eg ikkje har tilgang på Kvalitetslosen for tida. Avvika har, så vidt eg huskar, gått på manglande tilgjengeleg hjelpepersonale i legevakt samt aktiv bruk av system for å vise tilgjengelegheit i kontortida

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Organisering av tenesta for rusmisbrukarar

Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal vurdere organiseringa av tenesta for rusmisbrukarar. Det er særleg koplinga mellom rus og psykiatri som vert vurdert i denne samanhengen. Arbeidsgruppa skal fremje si innstilling innan 1.7.2015.

Vurdering av forsvarlege tenester

Avdelinga har arbeidet aktivt med å vurdere kva som vil vere forsvarlege tenester innan dei ulike områda. I denne samanhengen er det vel så mykje drøfta kva som ligg i det øvre sjiktet som i det nedre når det gjeld forsvarlegheit.

PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Tilsetting i stilling for kreftsjukepleiar /koordinator

I budsjettvedtaket for 2014 vart det oppretta 75 % stilling, og denne vart lagt til 25 % stilling som ein hadde frå før. Der var tre søkjarar, der to vart vurdert som kvalifiserte. Mona Zahl Longva fekk tilbod, og har starta i stillinga. Ho har utdanning som kretsjukepleiar, og mange års praksis frå arbeid i palliativt team i Helse Møre og Romsdal. Med henne har kommunen fått ein svært erfaren kreftsjukepleiar. Ho er godt i gang med å gjerne seg kjent, og tilbodet vil snart verte profilert.

Vakanse i leiarstillingar

To leiarstillingar og ei stilling for fagkoordinator har vore vakante i starten på dette året. Vakansen skyldast langtids sjukefråvær og permisjon. Og ved Myrvåg omsorgssenter slutta Berit Aasen i stillinga si 1 mars for å gå over til kommunalsjef-stilling i anna kommune. Der var tre søkjarar til stillinga. Gry Dragsund Vike er tilsett, og skal ta til 1.08.15.

På grunn av tilsettingsstopp har det berre vore sett inn ressursar til å sikre dagleg drift med oppdekking av vakter etc. Leiaren ved grøn avdeling har tatt ansvar for avdeling A/distrikt3 i tillegg til eiga avdeling. Elles har det vore ein dugnadsinnsats for å sørge for fagleg forsvarleg drift. Både leiarar og tillitsvalgte melder frå om at fråvær i leiarstilling på så store avdelingar fungerer dårleg, og at ein alt ser resultat av dette på ulike vis.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

DATO	AVVIKSTITTEL	AVVIKS-ID
------	--------------	-----------

Avvik	64
Status	25 innanfor HMT, 2 organisasjon og 40 teneste/brukar
Framdrift	Avvika vert lukka fortløpande av nermaste leiar

Mange har vore utan tilgang til kvalitetslosen siste månadane. Dette til stor frustrasjon fordi ein ikkje har fått direkte tilgang til prosedyrene. Dette har medført manglande avviksrapportering og utsett behandling. Problema skyldast flytting til ny server på Hareid, og manglande tid for lokalt IKT-personale til å sørge for framdrift på saker.

Det er eit driftsproblem for avdelingane at kommunen har så lite tilgang på IKT-servicetenester. Mange vert hindra i arbeidet sitt på grunn av manglande tilgangar til program eller skivarproblem og liknande.

Det er for liten tilgang på fagfolk til å dekkje frávær og vikariat.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Velferdsteknologi

Ålesund er vertskommune for eit fleirårig interkommunalt velferdsteknologiprojekt. I tillegg til Herøy er Ulstein, Vanylven og Ørskog med i eit samarbeid som har vore konsentrert om utprøving av GPS og bruk av spelteknolgi. Fokus no er utvikling og innhald i ein ny tryggleikspakke. Herøy er den første kommunen på Søre som har gjennomført utskifting frå analoge til digitale tryggleiksalarmar, Der er mange muligheiter i den nye teknologien, men det er framleis uklart kva linje kommunane skal legge seg på i bruken av dette.

Tilpasning til helsenett

Det pågår eit omfattande utviklingsarbeid med å knytte omsorgstenestene til helsenett, Det er strenge krav til roller og tilgangsstyring. Arbeidet vert koordinert via ein interkommunal prosjektleiar knytt til felles database på Hareid. Der går no E-linkar med melding om ferdigbehandla pasientar mellom sjukehuset og omsorgstenesta.

Dette har ført til andre arbeidsmåtar og rutiner for begge partar. Det neste målet er å få opp elektronisk kommunikasjon mellom omsorgstenesta og legane i kommunen.

Prosjekt vikarbank

Prosjektet består i å organisere vikarbruken betre, gjennom oppretting av ein vikarbank. Etter fleire avslag har vi no fått midlar frå fylkesmannen til frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling fram til sommaren 2016. Vi har ikkje kapasitet til dette omfattande utviklingsarbeidet utan frikjøp, så dette har vi venta på sidan «Sluttrapport arbeidsgruppe vikarbank og arbeidstidsordningar» vart ferdigstilt mai 2011.

Vikarbanken vil gjere det mogleg at fast tilsette kan auke stillinga si i form av ei kombinasjonsstilling bestående av arbeidstid i turnus i «moderavdelinga» og arbeidstid i turnus i vikarbank. Vikarbanken vil og vere viktig rekrutteringsverktøy, ved å knytte ressursar i vikarbank til helgestillingar i avdelingane. Slik kan vi tilby nye tilsette større stillingar enn før og vere attraktive på arbeidsmarknaden. For kvar einskild avdeling vil vikarbanken sørge for at fagleg kvalifiserte vikarar er på plass raskare.

Siv Jensen har fått oppdraget som prosjektleiar, og det er oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå leiargruppa i pleie- og omsorgsavdelinga (i tillegg til prosjektleiar), hovedtillitsvalde frå Fagforbundet og NSF, hovedverneombod og ein representant frå personal- og lønnsavdelinga. I tillegg vil ein trekke inn økonomi ved behov.

Tiltak for å rekruttere frivillige aktivtetsvennar

Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, fekk Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket tilbod om å vere med på prosjektet Akitivtetsvenn. Det er oppretta ei intern prosjektorganisering og det er gjennomført eit ope møte for å rekruttere aktuelle personar. Det er invitert til ei opplæring av aktivtetsvennar.

BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

1. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.1.2015- 30.4.2015:

Saksnummer	Sakstittel
Vedtak	K-sak 36/14, Utlysing av konsesjon på BPA
Status	Saka er overført til kommunal innkjøpar
Framdrift	Under arbeid

Saksnummer	Sakstittel
Vedtak	F-sak 39/15, Løyve til utlysing av stillingsressurs.
Status	Effektuert
Framdrift	Effektuert

Saksnummer	Sakstittel
Vedtak	F-sak 80/15, Løyve til utlysing av stilling på Herøy produksjon.
Status	Under arbeid
Framdrift	Under arbeid

2. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.1.15 – 30.4.15: 18 avvik

Dato	Avvik	Alvorsgrad
Status	Brukarrelaterte hendingar og/eller medisinrutinar	Middels
Framdrift	Avvika er lukka av avdelingsleiarane	

*Avdelinga har mangla tilgang til kvalitetslosen i periodar ved omlegging til SSIKT.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingen registrerte pålegg.

NAV Herøy

Berit Lyngstad, NAV-leiar

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Mottak flyktningar

NAV Herøy har tatt i mot 3 nye flyktningar i 1. tertial

Arbeidsmarknad

NAV Herøy har om lag 60 registrerte bedriftskontaktar i . tertial. Dette omhandlar både bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar ute i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot, samt bistand ved permittering og nedbemanning.

Arbeidsløysa har vore stabil i 1. tertial. Ved utgangen av april låg den på 2,9 %. Dette er ei lita auke frå mars, men den er likevel lågare enn på same tid i fjor. NAV Herøy har tett kontakt med ulike verksemdar som er i risiko for permitteringar og oppseiingar knytt til nedgangen i oljebransjen.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Evaluering av teneste for rusavhengige

Rådmannen har satt ned ei arbeidsgruppe som skal evaluere organisatoriske, administrative og økonomiske konsekvensar ved ei mogleg omorganisering av tenesta. Arbeidsgruppa skal levere sitt forslag 1. juli.

Evaluering av flyktingtenesta

Rådmannen har satt ned ei arbeidsgruppe som skal evaluere organisatoriske, administrative og økonomiske konsekvensar ved ei mogleg omorganisering av tenesta. Arbeidsgruppa skal levere sitt forslag 1. juli.

KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

- Svært god oppslutning om «barnehageprosjektet», der målet er å medverke til leseaktivitet og språkstimulering for born, foreldre og tilsette i barnehagar, samt å etablere ein levedyktig kultur for lesing i barnehagane
- Gode tilbakemeldingar på frivillige leseombod som les høgt for menneske som av ulike årsaker ikkje sjølv har leseevne (born, eldre, funksjonshemma)

Frivilligsentralen

- Førebuing knytt til flytting av sentralen til kulturhuset hausten 2015
- Bistand til oppstart av Barnas Turlag ifm. Friluftslivets år 2015
- Bistand til oppstart av Herøy Videoklubb

Ungdomssekksjonen

- Vertskap for flott gjennomføring av UKM fylkesmønstring 2015
- Restart av PU-klubb, samt forberede reoppstart av fritidsklubb frå skuleåret 2015-2016 etter nesten eitt års stenging ifm. bygging av Sunnmørsbadet

Kulturkontoret

- Kulturleiar tiltrer styret ved Herøy kystmuseum som sekretær
- Kulturleiar tiltrer Herøy Næringsforum reiselivsgruppa som observatør
- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi.
- Regjeringa sin minnemedalje for innsats under andre verdskrig

Konserthus og kino

- Utarbeide rutinar og tilleggsavtalar med samarbeidspartar internt og eksternt
- Driftsfokus med mål å finne fram til rett aktivitetsnivå
- Etablering av sponsorlaug med mål å tilby 1-2 særlege aktivitetar pr. år
- Vertskap for Norsk kulturhusnettverk sine medlemmer frå heile landet

Kulturhus og idrettshall

- Flytting av aktivitetar på huset for å legge til rette for permanent etablering av kontor-, verkstad- og lagerlokale til IKT, samt til ny frivilligsentral.
- Oppgåver knytt til grensesnitt Sunnmørsbadet
- Driftsgjennomgang

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Komiteen for næring, kultur og idrett tilbake til 9. feb. 2015:

4/15	MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - SAMARBEIDSAVTALE OM UKM (UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING)
Vedtak	Herøy kommune inngår samarbeidsavtale med Møre og Romsdal Fylkeskommune om utvikling av UKM (Ungdommens kulturmønstring).
Status	Avtale signert.
Framdrift	

5/15	SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKT, NFU HERØY LOKALLAG
Vedtak	<ol style="list-style-type: none">1. NFU Herøy lokallag gis tilsegn om prosjekttilskot til aktiviteten «Solglimt» på kr. 17.500.2. Tilskotet skal dekkjast over kulturavdelinga sitt budsjett for 2015, post 14700.4011.234 PU-klubben
Status	Tilskot utbetalt.
Framdrift	

Komiteen for næring, kultur og idrett tilbake til 26. feb. 2015:

10/15	SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING, BERGSØY IDRETTSLAG
Vedtak	<ol style="list-style-type: none">1. Bergsøy Idrettslag får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 20 000 til miljø og folkehelseiltak langs Heid Turløype slik omsøkt.2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.
Status	
Framdrift	Tilskot vert utbetalt når pkt. 2 i vedtaket er oppfylt av tilskotsmottakar.

Komiteen for næring, kultur og idrett tilbake til 16.mar. 2015:

14/15	INNMELDING I FILM & KINO
Vedtak	Herøy kommune melder seg inn i bransjeorganisasjonen Film & Kino
Status	Innmelding gjennomført.
Framdrift	

15/15	SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, HERØY JANITSJAR
Vedtak	<ol style="list-style-type: none">1. Herøy Janitsjar får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 15 000 til arrangementet «Queen-konsert» i Fosnavåg konserthus laurdag 28. februar 2015.2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	
Framdrift	Tilskot vert utbetalt når pkt. 2 i vedtaket er oppfylt av tilskotsmottakar.

Kommunestyret tilbake til 30. apr. 2015:

47/15	SVAR PÅ HØYRING - REGIONAL DELPLAN FOR KULTURMINNER AV REGIONAL OG NASJONAL VERDI
Som nemnt innleiingsvis så har ein ikkje motteke uttale frå Runde Vassverk BA. Ein må difor her berre legge til grunn dei synspunkt vassverket har gitt til kjenne i møte tidlegare i år. Dette gjekk på at dei meiner at dei fungerer rimeleg godt som sjølvstendig organisatorisk eining og at dei ikkje har noko ønskje om å inngå som del av ein større organisasjon. For dei øvrige vasslaga/-verka samt Anleggs- og driftsavdelinga er hovudpunkta i uttalane oppsummert nedanfor, men uttalane ligg naturleg nok også i sin heilskap ved saka som trykte vedlegg.

Herøy Vasslag SA

Hovudplanen har vore behandla på årsmøtet i vasslaget den 29.04.2015. Det vert innleiingsvis i uttalen orientert om den prosessen vasslaget har vore gjennom dei siste åra når det gjeld omorganisering og kvalitetssikring av drifta og at det har vore investert betydelege summer i ulike oppgraderingstiltak. Trass dette er det framleis behov for nye investeringar for å kunne sikre ei trygg og god vassforsyning.

Vasslaget viser elles til at dei i dag har ein organisasjon og kompetanse som oppfyller dei krav som ligg til sikker drift og god vassforsyning til eksisterande og framtidige andelseigarar. Ei evt. samling til eitt vassverk bør etter Herøy Vasslag sitt syn kome på plass som ein naturleg prosess med basis i dei mindre vasslaga/-verka sine behov og interesser.

Stemmedal Vasslag SA

Stemmedal Vasslag uttalar at dei ikkje har prinsipielle innvendingar mot å gå i drøftingar med sikte på etablering av eit kommunalt vassverk. Ein klar føresetnad for dette er imidlertid at det nye vassverket skal operere med like vassavgifter for alle deler av kommunen.

Vasslaget opplyser elles at dei no er i gang med bygging av eit nytt renseanlegg og at det dei siste 3 åra har vore gjennomført betydelege investeringar i nye leidningsanlegg. Om kort tid vil dei såleis kunne tilby sikre og gode leveransar med høg vasskvalitet.

Moltustranda Vassverk SA

Moltustranda Vassverk sin uttale er ført i pennen av advokat Dagfinn Tynes. Hovudkonklusjonen i uttalen er at vassverket meiner å fungere godt som sjølvstendig organisatorisk eining og at dei korkje har behov for eller ønskje om å inngå i eit nytt fellesvassverk.

I uttalen frå vassverket vert det elles vist til at dei har lagt seg på eit avgiftsnivå som sikrar økonomisk buffer til naudsynte investeringar. Når det gjeld utfordringar knytta til samarbeid og samordning, både mellom vasslaga/-verka og i høve til kommunen, så meiner vassverket at dette kan sikrast gjennom ein formell samarbeidsavtale. Likeeins kan det etablerast samarbeid om driftspersonell og vaktordningar dersom dette skulle synest å vere naudsynt.

Moltustranda Vassverk peikar også på at hovudplanen ikkje nemner ekspropriasjon som eit alternativt verkemiddel i samband med ein evt. samanslåingsprosess og tolkar dette som om ein slik framgangsmåte er uaktuell. Med tilvising til sitt primære standpunkt har vassverket forøvrig ingen synspunkt på om eit samanslått vassverk skal vere kommunalt eller privat og dei har elles full forståing for at andre vasslag/-verk vel å slå seg saman på frivillig basis.

Nerlandsøy Vasslag SA

Nerlandsøy Vasslag uttalar at dei ikkje har prinsipielle motforestillingar mot å inngå i eit evt. kommunalt vassverk. Når det er sagt så ser ikkje vasslaget noko behov for dette på kort sikt. Vasslaget meiner å fungere godt som eige eining, mellom anna ved innleige av driftskompetanse etter behov.

Vasslaget opplyser at dei vil nytte dei næraste åra (fram til eit evt. kommunalt vassverk er etablert) til å sikre betre leveringstryggleik og beredskap. Kapasitetsmessig meiner vasslaget at dei har god kontroll sjølv om framtidig utvikling for grunnvasstanden er vanskeleg å forutsjå. Som ei ekstra framtidig sikkerheit er vasslaget svært interessert i å ta del i ei ny sjøleidning som Herøy Vasslag tenkjer seg frå Fosnavåg til Sævik, ved at denne også går innom Kvalsund.

Kvalsvikøy Vassverk SA

Kvalsvikøy Vassverk drøfta hovudplanen på sitt årsmøte den 06.05.2015 og det var semje om å gå vidare med sikte på etablering av eit felles vassverk. Når det gjeld organiseringa av dette så går prioriteringa på eit kommunalt vassverk framfor eit privat fellesvassverk. Også Kvalsvikøy Vassverk set imidlertid som vilkår at dette må bety at avgiftsnivået vert likt uansett kvar ein bur i kommunen.

I uttalen peikar vassverket elles på at ved evt. etablering av eit kommunalt vassverk bør det gjevast kompensasjon for den innsats (dugnad og økonomi) som er lagt ned frå bygdefolket, til dømes ved 1 års fritak for årsavgift. Med tanke på framtidig sikkerheit for nok vatn ber også vasslaget om at mulegheita for legging av sjøleidning til Kvalsvika vert nærare vurdert.

Anleggs- og driftsavdelinga

Anleggs- og driftsavdelinga uttalar innleiingsvis at dei ikkje har vesentlege merknader til utgreiingane i hovudplanen. Avdelinga viser imidlertid til at utbygging av infrastruktur som vegar, avløp, vassforsyning, straum og kommunikasjon/fiber er utfordrande og kostbart. Nemnde infrastruktur ligg i all hovudsak i same grøft i kommunale vegar og dess fleire partar involvert, dess meir komplisert og fordyrande vert arbeidet.

Med tilvising til erfaringsgrunnlaget ein sit inne med, er avdelinga overtydd om at ivaretakinga av kommunen sitt overordna ansvar for vassforsyninga samt omsynet til kostnadseffektiv utbygging av infrastruktur, tilseier at ein heilt klart er best tent med eit reint kommunalt vassverk.

OPPSUMMERING, VURDERINGAR OG KONKLUSJON

I høve til det hovudplanframlegget som vart lagt fram for formannskapet i møte den 17.03.2015, er det gjort endringar i nokre punkt/underkapittel. Det første gjeld kap. 7.4 under overskrifta **Etablering av kommunalt vassverk**. Her er det understreka eit moment som går på skilnaden mellom privat og offentleg vassverk og som ikkje var tilstrekkeleg tydeleggjort i framlegget. Eit kommunalt vassverk eller eit kommunalt foretak kan pålegge abonnentar å knyte seg til når dei ligg i rimeleg nærleik til leiingsnettet. Det kan ikkje eit privat vassverk. Denne skilnaden vil innebere klart større sikkerheit for inndekning av utgifter i tilknytning til bygging av nye leiingsanlegg.

I kap. 8.1, under den stikkordsmessige oppsummeringa av vasslaga/-verka sine syn på ny organisering, er det gjort nokre justeringar med basis i innkomne høyringsuttalar. Høyringsuttalen frå Anleggs- og driftsavdelinga er no også med i den nemnde oppsummeringa. I kap. 8.2 under overskrifta **Privat eller kommunalt vassverk** er det av same grunn gjort nokre mindre justeringar.

Under kap. 8.2 med overskrifta **Samanslåings-/samordningsprosessen** er det lagt inn ein del meir tekst når det gjeld vurderingar omkring val av organisasjonsform medan kap. 8.3, **KONKLUSJON/TILRÅDING**, no har ein klar konklusjon på at prosessen vidare må ha som mål å etablere eit kommunalt vassverk.

Ein prosess med sikte på samanslåing av dei private vasslaga/-verka eller etablering av eit kommunalt vassverk vil naturleg nok vere svært avhengig av vasslaga/-verka sin vilje til og ønskje om endringar. Dersom eitt eller fleire av vasslaga/-verka har ønskje om endringar eller om viljen til evt. samanslåing/samordning er gjort avhengig av ei konkret løysing, vil prosessen kunne verte ekstra krevjande.

Basert på høyringsinnspela er det naturleg nok avdekka ein del ulike syn på saka. Av dei vasslaga/-verka som heilt klart bør inngå i eit nytt samla vassverk, er eitt (Moltustranda) negativ til organisasjonsendringar medan eit anna (Herøy) på sett og vis stiller seg avventande i forhold til at dei meiner dette bør skje når dei øvrige vasslaga/-verka har ønskje om ei slik samordning. Når ein så veit at dei 3 vasslaga/-verka (Stemmedal, Nerlandsøy og Kvalsvikøy) som er positive til ei mogleg samanslåing, prioriterar eit kommunalt vassverk, så vurderar ein det som lite sannsynleg å forvente noko privat initiativ til ein samanslåingsprosess fram mot eit privat fellesvassverk.

Dette tilseier at prosessen fram mot eit nytt samla vassverk må skje etter initiativ frå og vere styrt av kommunen og at målet må vere eit kommunalt vassverk. Frå administrasjonen si side meiner ein også, uavhengig av ovannemnde, at eit kommunalt vassverk er den beste løysinga å møte framtida med enten ein ser det ut frå faglege eller praktiske (samordning) kriterie.

Frå administrasjonen si side vil ein med tilvising til ovannemnde konkludere med å tilrå at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing av dagens private vasslag/-verk til eit samla kommunalt vassverk. Det bør elles vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande vassforsyning med vektlegging av kvalitet og leveringssikkerheit vil heilt klart ha positiv innverknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn og enkle og lett tilgjengelege tilkoplingsmulegheiter er ein viktig føresetnad for ein god beredskap.

Konsekvensar for drift:

Etablering av eit kommunalt vassverk vil naturleg nok ha konsekvensar med tanke på oppbygginga og organiseringa av den kommunale administrasjonen.

Konsekvensar for økonomi:

Med tilvising til at vassforsyning skal vere sjølvfinansierande så har det i prinsippet ingen økonomiske driftskonsekvensar for kommunen.

Fosnavåg, 04.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE

med hovuvekt på:

FRAMTIDIG ORGANISASJONSSTRUKTUR



Sist revidert 04.06.2015





Forord

Dette dokumentet utgjør Hovudplan for vassforsyninga i Herøy kommune for planperioden 2015 -2025. Formålet med planen er primært å avklare framtidig organisering av vassforsyninga i kommunen. Øvrige tema som til dømes dagens vassverkstatus, satsingsområde eller evt. konkrete utbyggingstiltak vil verte behandla på eit overordna nivå og i høve til den interesse dette har for organisasjonsspørsmålet.

Som grunnlag og rammer for planarbeidet har formannskapet i møte den 01.07.2014 gjort slikt vedtak:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal involverast aktivt under heile planprosessen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal for øvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

Med tilvising til at all vassforsyning fram til no har vore privat organisert i ulike andelslag har det vore lagt spesiell vekt på å halde seg på eit svært overordna nivå og ikkje gå inn på forhold som går for tett inn på driftsliknande ansvarsområde. Ei anna viktig forutsetning for hovudplanarbeidet, slik dette også går fram av formannskapsvedtaket, har vore å bidra til ei grundig drøfting og avklaring omkring framtidens organisering av vassforsyninga i kommunen.

Som temaplan i det kommunale plansystemet vil Hovudplan for vassforsyning vere underordna kommuneplanen og kommuneplanen sin arealdel og har såleis ikkje nokon sjølvstendig status/verknad i forhold til arealbruk.

Hovudplanen er utarbeidd av Utviklingsavdelinga. I startfasen av planarbeidet vart det halde eit fellesmøte der vasslaga/-verka var invitert og der formålet var å orientere om og få innspel på den foreståande prosessen. Etter dette er det halde enkeltvise møte med kvart vasslag/-verk for å få innblikk i status og utfordringar slik dei sjølve vurderar det.



Innhald:

1 INNLEIING	5
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Rammvilkår	7
1.3 Dagens vassverkstatus	9
1.4 Avgrensing av tema for hovudplanen	10
2 MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR	11
2.1 Hovudmål 1: Nok vatn	11
2.2 Hovudmål 2: Godt vatn	11
2.3 Hovudmål 3: Sikker forsyning	12
2.4 Hovudmål 4: Økonomisk forsvarlege rammer	12
2.5 Hovudmål 5: Optimal bruk av vassressursane	12
2.6 Hovudmål 6: Vatn til alle delar av kommunen	12
3 VASSKJELDER OG VASSBEHANDLING	13
3.1 Vasskjelder	13
3.2 Vassbehandling	15
3.3 Krisevassforsyning	15
4 TRANSPORTSYSTEM	16
4.1 Herøy Vasslag SA	16
4.2 Moltustranda Vassverk SA	16
4.3 Stemmedal Vasslag SA	17
4.4 Nerlandsøy Vasslag SA	17
4.5 Kvalsvikøy Vassverk SA	17
4.6 Runde Vassverk BA	18
5 KAPASITET, FORBRUK OG LEKASJAR	19
6 AVGIFTER	21
7 ORGANISERING AV VASSFORSYNINGA	22
7.1 Dagens organisering	22
7.2 Samarbeid kommune – vasslag/vassverk	22
7.3 Utdringar	23
7.4 Alternative organisasjonsmodellar	24
8 VURDERING OG KONKLUSJON	27
8.1 Vasslaga/-verka sine vurderingar	27
8.2 Kommunen sine vurderingar	28
8.3 Konklusjon/tilråding	31



1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Vassforsyninga i Herøy har frå den første starten på 50-talet vore etablert som private andelsvassverk og situasjonen er vel i prinsippet den same i dag sjølv om det har skjedd ein del organisatoriske endringar. Det første initiativet til å sjå samla på vassforsyninga i Herøy skjedde etter det ein kan sjå i samband med førebuande arbeid for ein generalplan for Herøy for perioden 1983-1993. Arbeidet med generalplanen vart ikkje ført til vegs ende, men det vart utarbeidd sektorprogram for ein del ulike område, her under for vassforsyninga.

«Vassforsyningskartet» såg på dette tidspunkt ut som følgjer (vasskjelde eller nedslagsfelt i parantes):

- Leikanger Vassverk (Trangedalen)
- Stemmedal Vasslag (Stemmedalsvatnet)
- Moltustranda Vassverk (Mørkevatnet)
- Svartevatn Vassverk (Svartevatnet)
- Sævik Vassverk (Sævikvatnet)
- Bergsøy Vasslag (Mørkevatnet/Vikevatnet)
- Nerlandsøy Vasslag (Børdalen)
- Kvalsvikøy Vassverk (Fossedalen)
- Runde Vassverk (oppkome med mindre magasin)

Når det galdt organiseringa av vassforsyninga vart det den gong konkludert med at organisasjonsforma til vassverka hadde vore tilfredsstillande fram til i dag, men at nye utfordringar ville krevje eit samarbeid og ei koordinering som vassverka i si noverande form ikkje var bygt for å takle.

Utbygginga av dei ulike element innan vassforsyninga hadde nokså konsekvent vorte delfinansiert gjennom statlege og kommunale tilskot. Etter kvart vart det eit stadig strengare krav om at statlege tilskot berre kunne gjevast under forutsetning av at utbyggingstiltaka hadde basis i ein samla og forpliktande plan for vassforsyninga.

Arbeidet med ein Hovudplan for vassforsyninga i Herøy vart starta opp i 1987 med basis i formannskapsvedtak i F-sak 116/87. Østlandskonsult AS vart vald som konsulent for arbeidet og planrapport låg føre i november 1990. I denne rapporten vart det mellom anna tilrådd at den framtidige vassforsyninga i Herøy skulle baserast på 1 hovudvassverk med forsyning frå 2 kjelder, Mørkevatn og Stemmedalsvatn og at det dessutan skulle gjerast nærare vurderingar om bruk av grunnvatn for ein del utvalde delar av kommunen.

Etter ein høyringsrunde lokalt, regionalt og statleg (Statens institutt for folkehelse) sluttbehandla kommunestyret hovudplanen den 29.11.91 (K-sak 107/91). Som del



av hovudplanen var det også utarbeidd ein kostnadsoversikt for pårekna vassforsyningsinvesteringar og med ein tilhøyrande prioritert handlingsplan.

I godkjenningsvedtaket gjorde kommunestyret det klart at kommunen ikkje hadde teke stilling til den endelege organisasjonsforma for den framtidige vassforsyninga i Herøy, men at tilskotspolitikken skulle nyttast som eit aktivt styringsmiddel for gjennomføring av hovudplanen og intensjonane i denne.

Som ein del av arbeidet med hovudplanen gjorde NGU (Norges Geologiske Undersøkelse) på slutten av 80-talet hydrogeologiske undersøkingar med sikte på å få vurdert mulegheitene for grunnvatn som forsyning i nokre utvalde deler av kommunen. Dette resulterte i at det tidleg på 90-talet vart etablert komplette vassforsyningsanlegg basert på grunnvatn både for Nerlandsøy Vasslag og Kvalsvikøy Vassverk.

I 2003 vart Svartevatn Vasslag slått saman med Bergsøy Vasslag som samstundes endra namn til Herøy Vasslag BA. Etter dette har også Sævik Vassverk gått saman med og vorte ein del av Herøy Vasslag. No nyleg har for øvrig Stemmedal Vasslag og Leikanger Vassverk gått saman til ei organisatorisk eining. Namnet på det nye vassverket er framleis Stemmedal Vasslag SA.

På dei vel 30 åra som er omfatta av dette historiske tilbakeblikket, er talet på vassverk redusert frå 9 til 6, men organisasjonsforma (privat) er framleis den same. Samstundes er tidlegare opne vasskjelder som Trangedalen (Leikanger), Svartevatnet (Svartevatn), Sævikvatnet (Sævik), Børdalen (Nerlandsøy) og Fossedalen (Kvalsvikøy) tekne ut av bruk. Som ein følgje av denne prosessen framstår no Herøy Vasslag SA og Stemmedal Vasslag SA i stadig større grad som «hovudvassverka» i kommunen.

Sjølv om det har skjedd svært mykje positivt på vassforsyningssektoren i løpet av desse åra så er på mange måtar dei prinsipielle utfordringane dei same i dag. Samanslåinga av vasslag/-verk kan vel sjåast på som ein følgje av desse utfordringane. Vassforsyning inngår som del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytta til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. Dette inneber mellom anna fortløpande krav til planlegging og gjennomføring av nye utbyggingstiltak. Med bakgrunn i mandatet for utgreiinga vil imidlertid det alt vesentlege av dei konklusjonane som må trekkast i samband med rulleringa av hovudplanen gå på spørsmål knytta til kva for framtidig organisering av vassforsyninga som må på plass for å møte dei ovannemnde utfordringane.



1.2 Rammevilkår

Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (Drikkevassforskrifta), sist endra 05.03.2012, er det viktigaste dokumentet for ein vassverkeigar. Forskrifta gjer vassverkeigaren ansvarleg for sikker leveranse av eit hygienisk trygt og bruksmessig godt vatn i tilstrekkelege mengder og regulerar mellom anna følgjande forhold:

- Forbod mot forureining av vassforsyningssystem og vassverkeigar si plikt til å verne drikkevasskjelder mot forureining.
- Godkjenning av vassverk der både godkjenninga og løpande tilsyn er tillagt Mattilsynet.
- Tryggleik og beredskap der vassverkeigar er pålagt å gjennomføre naudsynte tiltak for å kunne levere tilstrekkelege mengder vatn både ved normal drift og under kriser.
- Vasskvalitet med krav til parametarar. Forskrifta set grenseverdier for meir enn 50 ulike parametarar og klargjer korleis vasskvaliteten skal kontrollerast ved jamnleg prøvetaking og analyser. Det er sett konkrete krav til vasskvaliteten som vert levert forbrukar.
- Vassbehandling og bruk av kjemikalie.
- Internkontroll. Vassverkeigar skal etablere og føre internkontroll for å kunne etterleve drikkevassforskrifta.
- Opplysningsplikt der vassverkseigar uoppfordra pliktar å gi informasjon til mottakarane av vatnet ved endringar eller når det oppstår helsemessig risiko ved vasskvaliteten.

I tillegg til dette er det også ei rekkje andre lover, forskrifter og direktiv som har betydning for vassforsyninga. Nedanfor er nokre av dei viktigaste opplista og kommentert nærare.

Vassressurslova

Denne lova omhandlar mellom anna konsesjonspliktige tiltak, vassuttak, minstevassføringar, erstatningsansvar og ekspropriasjon.

Damsikkerheitsforskrifta

Denne forskrifta er heimla i Vassressurslova. Forskrifta inneheld ei rekkje reglar knytta til klassifisering, sikkerheit, planlegging, dimensjonering, bygging og drift av damanlegg.

EU's vassressursdirektiv

Direktivet har som formål å verne og forbetre vasskvaliteten i vassdrag og grunnvatn. Når det gjeld vassforsyninga er det særleg kjelda og uttak frå denne som vert direkte berørt av dette direktivet.

EU's drikkevassdirektiv

Direktivet set konkrete krav til kvaliteten på drikkevattnet og er for øvrig implementert i den norske drikkevassforskrifta.



Brann- og eksplosjonsvernlova

Lova gir grunnlaget for mellom anna vassverkeigar sine plikter i forhold til sløkkevatn frå vassleidningsnettet. Tilhøyrande forskrift og rettleiar gir nærare omtale om dette temaet.

Vass- og avløpsanleggslova

Vassforsyningsgebyr vert fastsett etter reglane i denne lova samt del 4A i forureiningsforskrifta. Eit anna forhold som kan vere verdt å merke seg er at § 1 i lova slår fast at nye vassforsyningsanlegg skal vere eigd av kommunar. Eksisterande anlegg kan berre seljast eller evt. overdragast til kommunar og etter § 2 i lova skal vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg berre kunne skje etter godkjenning frå kommunen.

Teknisk forskrift (TEK) og rettleiar til PBL

Forskrifta og rettleiaren inneheld funksjonskrav og tekniske krav til vassforsyningsanlegg.

IK-MAT forskrift

Forskrifta skal sikre ein systematisert internkontroll for verksemder som kjem inn under bestemmelsane i næringsmiddelovgivinga. I dette inngår naturleg nok produksjon av drikkevatn.

HMS-forskrifta

Forskrifta gjeld gjennomføring av internkontroll for å sikre at reglane i Arbeidsmiljølova vert haldne.

Helseberedskapslova

Forskrifta set krav til vassverkeigar om å utarbeide beredskapsplanar for å kunne handtere uønska hendingar. Beredskapsplanane skal utarbeidast på grunnlag av gjennomført ROS-analyse for vassverket.



1.3 Dagens vassverkstatus

Som følgje av strukturendringane med reduksjon frå 9 til 6 vassverk som er omtala tidlegare i innleiinga, kan dagens organisatoriske status med tilhøyrande kjelde og forsyningsområde kort oppsummerast som følgjer:

- **Herøy Vasslag SA** med Mørkevatnet som kjelde og forsyningsområde beståande av Bergsøya, Leinøya (utanom Bø/Sande), Remøya og Notøy.
- **Stemmedal Vasslag SA** med Stemmedalsvatnet som kjelde og forsyningsområde beståande av Leikong (utanom Jøsok/Voldnes), Myrvåg og Tjørvåg til og med Sandvika. Sistnemnde har grunnvassanlegg.
- **Moltustranda Vassverk SA** med Mørkevatnet som kjelde og Moltustranda som forsyningsområde.
- **Nerlandsøy Vasslag SA** med grunnvassanlegg i fjell og Kvalsund, Koparstad og Teige som forsyningsområde.
- **Kvalsvikøy Vassverk SA** med grunnvassanlegg i fjell og med Kvalsvika som forsyningsområde.
- **Runde Vassverk BA** med vatn frå brønn med tilsig frå ura ovanfor Rundegardane og med ein avgrensa del av busetnaden omkring hamna som forsyningsområde.



1.4 Avgrensinga av tema for hovudplanen

For ein kommune der all vassforsyning er privat, vil det frå kommunen si side måtte verte ei anna tilnærming til kva tema som skal utgreiast og detaljeringsgraden av dei ulike tema samanlikna med at kommunen også hadde det heile og fulle driftsansvaret for vassforsyninga. Kommunen har det overordna ansvaret, men i det daglege er det vassverkeigaren som har ansvaret for at vassverket har naudsynte godkjenningar og vert drifta i samsvar med drikkevassforskrifta.

Ovannemnde inneber mellom anna at målsetjingskapitlet vil måtte innehalde relativt generelle og overordna mål og at detaljmål utover dette i tilfelle må kome på plass gjennom innspel frå dei ulike vassverka. Kapitla om **Vasskjelder og vassbehandling** samt **Transportsystem** gir ein grovoversikt over hovudsystema. Under tiltaksvurderingane er det ført opp prosjekt som etter vasslaga/-verka sine vurderingar er naudsynte eller ønskelege å få gjennomført dei næraste åra. Frå kommunen si side er det ikkje teke stilling til dei vurderingane som her kjem fram og det er heller ikkje gjennomført kostnads kalkyler for dei ulike prosjekta/tiltaka.

Kap. 5 om **Kapasitet, forbruk og lekasjar** viser status på dei respektive områda basert på opplysningar frå vasslaga/-verka og det er ikkje gjort berekningar ut over dette for evt. å kvalitetssikre dei opplysningane som er vanskelegast målbare. Når det gjeld kap. 6 om **Avgifter** så er dette i all hovudsak ein samanliknande statusoversikt over gjeldande avgiftsnivå for dei ulike vasslaga/-verka.

Dei seinare års stadig aukande krav til vassforsyninga har i høgste grad aktualisert spørsmål knytta til organisering og drift av vassverka. Sjølv om temaet frå tid til anna har vore drøfta i kommunale fora, har det så langt ikkje vore nokon konkret og reell tilnærming til organisasjonsspørsmålet. Dei siste års gjennomførte strukturendringar er imidlertid eit klart teikn på at utviklinga går i retning av større einingar som på ein betre måte kan møte utfordringane knytta til planlegging og drift av vassverk. Ved rulleringa av hovudplanen er det framtidens organisering av vassforsyninga som vil vere hovudtema, noko som er i samsvar med oppdraget formannskapet har gitt som grunnlag for hovudplanrulleringa.



2 MÅL OG HOVUDUTFORDRINGAR

For kommunen vil det vere eit overordna mål å legge til rette for/medverke til ei organisering og drift av vassforsyninga som sikrar at befolkning og næringsliv har sikre leveransar av godt og nok vatn og som gir tilfredsstillande beredskap for uttak av brannvatn.

I kommuneplanen 2013 – 2025 er det i handlingsplanen til samfunnsdelen uttalt at kommunen skal vurdere ei organisatorisk overtaking av vassverka. Det overordna målet ovanfor vil imidlertid gjelde uavhengig av om drifta fortsatt vert å basere på private vasslag/-verk eller om dei skal overtakast av kommunen og driftast i kommunal regi.

For å kunne nå det overordna målet er ein avhengig av å spesifisere ein del hovudmål med tilhøyrande delmål. Nedanfor er det opplista nokre viktige hovudmål. Med bakgrunn i dagens organisering vil imidlertid dei tilhøyrande delmåla måtte verte dei einskilde vassverka sin arbeidsreiskap.

2.1 Hovudmål 1: Nok vatn

All busetnad, industri, handel/service og andre verksemdar innanfor eit vasslag/-verk sitt definerte forsyningsområde skal kunne knyte seg til vasslaget/-verket og få levert nok vatn. Tilsvarande gjeld for planlagt bustadbygging, industriutbygging og anna utbygging i samsvar med kommuneplanen.

Hovudutfordring(ar): Einskilde deler av kommunen har ikkje tilgang på vatn frå organiserte vasslag/-verk. For større samanhengande område gjeld dette i hovudsak Jøsok/Voldnes på Gurskøya, Bø/Sande på Leinøya og store deler av Runde. Dette inneber også ei utfordring i beredskapssamanheng.

2.2 Hovudmål 2: Godt vatn

Alle vasslaga/-verka i kommunen skal til ei kvar tid levere vatn av tilfredsstillande kjemisk/fysikalsk og bakteriologisk kvalitet.

Hovudutfordring(ar): Sett frå ein helsemessig synsstad leverer vel alle vasslaga/-verka vatn av tilfredsstillande kvalitet, men Stemmedal Vasslag har i fleire år slite med for høge fargetal. Gjennom den pågåande utbygginga av nytt renseanlegg forutset ein at også den sistnemnde utfordringa kan løysast.



2.3 Hovudmål 3: Sikker forsyning

Alle abonnentar skal i alle situasjonar vere rimeleg godt sikra tilførsel av både nok og godt vatn. Sikker vassforsyning omfattar i denne samanheng både sikring av tilførselen og sikring av hygienisk tilfredsstillande vatn.

Hovudutfordring(ar): Som følgje av mykje gamalt leidningsnett (eternittleidningar frå 60- og 70-talet) med gjentakande leidningsbrot har leveringssikkerheita tidvis vore eit problem. Også her er det Stemmedal Vasslag (inkl. tidlegare Leikanger Vassverk) som dei seinare år har hatt dei største utfordringane. Pågåande utskiftingar av store deler av leidningsnettet vil venteleg betre også desse forholda. Vidare framover vil det ligge ei ytterlegare utfordring for leveringsberedskapen gjennom å sikre alternative leveransmulegheiter ved ringleidningar, samanknytning av dei ulike vassverka sine leidningsnett m.v.

2.4 Hovumål 4: Økonomisk forsvarlege rammer

Vassforsyninga skal vere sjølvfinansierande gjennom at inntektene frå tilknytings- og vassavgifter over tid skal dekke årlege driftsutgifter inkl. kapitalkostnader.

Hovudutfordring(ar): For nokre av vasslag/-verka har avgiftsnivået over tid lege for lavt. Dette har resultert i manglande mulegheiter for sikker drift, utsetjing av naudsynte utbyggings-/utbetringstiltak og gjort det naudsynt for kommunen å bidra gjennom tilskot og garantiar for at større prioriterte «løft» skulle kunne takast.

2.5 Hovudmål 5: Optimal bruk av vassressursane

Dei opne vasskjeldene skal vere sikra på ein slik måte at det ikkje oppstår bruksmessige konflikter korkje til bruken av sjølve vatnet eller til aktivitetar i nedslagsfeltet.

Hovudutfordring(ar): Dei viktigaste vasskjeldene må sikrast gjennom klausulering av nedslagsfelta og om naudsynt ved gjerding kring inntaksområda.

2.6 Hovudmål 6: Vatn til alle delar av kommunen

Alle deler av kommunen skal i prinsippet ha tilgang på god og sikker vassforsyning enten dette skjer via vasslag/-verka eller gjennom tenlege alternative løysingar.

Hovudutfordring(ar): Det må vere eit langsiktig mål at alle deler av kommunen skal ha sikker vassforsyning. Der kost/nytte-vurderingar tilseier at ein fortsatt skal nytte alternative forsyningsmåtar i lang tid framover, vil tiltak som sikrar tilfredsstillande brannberedskap (tankbil m.v.) ha høg prioritet.



3 VASSKJELDER OG VASSBEHANDLING

3.1 Vasskjelder

Innleiingsvis kan nemnast at utanom hovudkjeldene vert det i planen lagt følgjande definisjonar til grunn når det gjeld andre/alternative kjelder:

- **Reservekjelde** er ei vasskjelde som oppfyller alle krava i drikkevassforskrifta og som kan nyttast som alternativ til/supplering av vassverket si hovudkjelde.
- **Krisevasskjelde** er ei vasskjelde som kan nyttast når den ordinære vassforsyninga sviktar og alternativet er at heile eller deler av forsyninga sviktar. Krisevatn skal vere hygienisk eller helsemessig trygt, men treng for øvrig ikkje oppfylle alle andre kvalitetskrav.

Mørkevatnet

Mørkevatnet på Gurskøya er vasskjelde for Herøy Vasslag SA og Moltustranda Vassverk SA. Vatnet ligg på kote 310 moh, har ei utstrekning/overflate på 285 da og eit nedslagsfelt på 2,3 km². Nedslagsfeltet er eigentleg noko større enn dette sidan ein mindre og ikkje medrekna del av tilrenningsområdet ligg i Sande kommune. Største målte djupne i vatnet er på 26 m, 60-70 % av vatnet er djupare enn 10 m medan om lag 40 % er djupare enn 15 m.

Nedslagsfeltet er definert som fjell-/naturområde, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde og det ligg føre underteikna klausuleringsavtale med grunneigarane når det gjeld bruken av vatnet og nedslagsfeltet. Det er ein viss turaktivitet i området og det vert også til ein viss grad nytta som beiteområde for sau.

Den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Mørkevatnet (råvatnet) har vore vurdert som god, men vatnet kan tidvis har noko høgt fargetal. I samband med dei utrekningar som vart gjort ved utarbeiding av tidlegare hovudplan vart kapasiteten vurdert som tilstrekkeleg til forsyning av heile kommunen.

Moltustranda Vassverk SA rår ikkje over reservekjelde medan Herøy Vasslag SA har definert Stemmedal Vasslag som si reservekjelde. Vikevatnet på Bergsøya er krisevasskjelde for Herøy Vasslag SA.

Stemmedalsvatnet

Stemmedalsvatnet, som også ligg på Gurskøya, er vasskjelde for Stemmedal Vasslag SA. Etter nyleg samanslåing inkluderar dette også tidlegare Leikanger Vassverk.



Vatnet ligg på kote 92,5 moh, har ei utstrekning/overflate på 150 da og eit nedslagsfelt på 2,3 km². Gjennomsnittsdjupna i vatnet er anslått til mellom 10 og 15 meter og om lag 50 % er vurdert som djupare enn 10 m.

Nedslagsfeltet består hovudsakleg av lyngkledd utmark og fjell i dagen, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde, men vatn og nedslagsfelt er ikkje formelt klausulert. På tilsvarande måte som for Mørkevatnet er det også her ein viss lokal turaktivitet samt at området i noko grad vert nytta i beitesamanheng.

Den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Stemmedalsvatnet (råvatnet) er vurdert som rimeleg god, men vatnet har mellom anna for høgt fargetal og for lav PH. I samband med dei utrekningar som vart gjort ved utarbeiding av tidlegare hovudplan vart kapasiteten vurdert som tilstrekkeleg, også i forhold til sitt no utvida forsyningsområde.

Stemmedal Vasslag SA rår ikkje over krisevasskjelde, men har definert Herøy Vasslag som si reservekjelde.

Vikevatnet

Vikevatnet på Bergsøya er krisevasskjelde for Herøy Vasslag SA. Vatnet ligg på kote 122 moh, har eit magasinvolym på 154000 m³ og eit nedslagsfelt på 0,37 km².

Nedslagsfeltet består hovudsakleg av lyngkledd utmark og fjell i dagen, det er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og bandlagt som nedslagsfelt for drikkevasskjelde. Området vert svært mykje nytta i tursamanheng. Det foreligg avtale med grunneigarane om uttak av vatn, men vatn og nedbørsfelt er ikkje formelt klausulert.

Både den bakteriologiske og den kjemisk/fysikalske kvaliteten på Vikevatnet (råvatnet) er variabel og ofte utilfredsstillande.

Grunnvassforsyning

Det er ei rekkje verksemder og husstandar i kommunen, åleine eller i fellesskap, som har grunnvatn som vassforsyningskjelde. I vassverkregi har ein imidlertid berre 3 anlegg. Dette gjeld Nerlandsøy Vasslag SA, Kvalsvikøy Vassverk SA samt eit anlegg på Sandvikskaret på Gurskøya. Sistnemnde ligg innanfor Stemmedal Vasslag SA sitt forsyningsområde.

Nerlandsøy Vasslag SA får forsyninga frå i alt 9 brønner i fjellsida oppover mot og langs vegen til Teigetua. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 109 moh (normal vasstand) før det via UV-rensing går vidare til forsyningsområda på Kvalsund, Teige og Koparstad.



Kvalsvikøy Vassverk SA får forsyninga frå i alt 8 brønner i fjellsida nordvest for bygda. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 125 moh (normal vasstand) før det via UV-rensing går vidare til forsyningsområdet i Kvalsvika.

Stemmedal Vasslag SA sitt grunnvassanlegg på Sandvikskaret får forsyninga frå 2 brønner i området ovanfor skaret. Vatnet vert samla i høgdebasseng på om lag kote 95 moh (normal vasstand) før det går vidare til forsyningsområdet i Sandvika.

3.2 Vassbehandling

Samtlege vasslag/-verk har UV-rensing på råvatnet før det går ut på nettet til forbrukarane. Herøy Vasslag har i tillegg kloring (barriere nr. 2) før UV-rensinga. Ved bruk av Vikevatnet (krisevasskjelde for Herøy Vasslag) går vatnet via UV-anlegget. Ein viser forøvrig her til definisjonane under kap. 3.1 når det gjeld kvaliteten på vatn frå krisevasskjelde.

3.3 Krisevassforsyning

Herøy Vasslag er einaste vasslaget/-verket i kommunen med permanent krisevassforsyning. Nokre av dei andre vasslaga/-verka har avtale om bruk av brannvernet sin tankbil for forsyning i naudsituasjonar.



4 TRANSPORTSYSTEM

4.1 HERØY VASSLAG SA

Frå kjelda i Mørkevatnet går det hovudleidning via trykkutjammingskum (Bergsøykummen, 400 m³) i Moltubakkane til Herøyfjorden. Over Herøyfjorden går det 2 leidningar fram til UV-reanseanlegg og trykkregulering i Grønhaug. Frå anlegget i Grønhaug fordeler hovud- og greinleidningsnettet seg til dei ulike delane av Bergsøya. Ei rekkje pumpestasjonar syter for tilfredsstillande trykk til dei høgareliggande delane av busetnaden.

Frå Berge/Flusund vert så hovudleidninga vidareført over til Leinøya og opp Frøystadskaret til Frøystad, Torvik og Røyra. Hovudleidning frå Røyra til Jensholmen knyter Herøy Vasslag saman med leidningsnettet til Stemmedal Vasslag.

I området ovanfor Frøystadskaret (ved Svartevatnet) er det etablert høgdebasseng på 2250 m³ og der kotehøgda på topp vasstand ligg på 95 moh. Vidare går det også hovudleidning frå Nærøya via Leinebygda og Voldsund til Remøya.

Herøy Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 2335.

Tiltaksvurdering: Dei fleste av vasslaget sine utbyggingstiltak er retta mot å tilrettelegge for infrastruktur i kommunen sine utbyggingsområde.

Når det gjeld planar og øvrige tiltak har vasslaget til vurdering ei ny sjøleidning Fosnavåg – Sævik (evt. via Kvalsund), høgdebasseng i Myklebustdalen samt fortløpande arbeid med utskifting og standardheving av kummar.

4.2 MOLTUSTRANDA VASSVERK SA

Moltustranda vassverk har hovudleidninga frå Mørkevatnet til trykkutjammingskummen i Moltubakkane i fellesskap med Herøy Vasslag. Via UV-reanseanlegg etter kummen går så hovudleidninga ned til bygda og fordeler seg der både i vestleg og austleg retning.

Moltustranda Vassverk SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 180.

Tiltaksvurdering: Av nært foreståande tiltak arbeider vassverket for tida med mellom anna fornying, oppgradering og supplering av brannkummar samt planar for ny hovudleidning frå samlekummen i Moltubakkane og til Øyralaks. Sistnemnde tiltak har samanheng med at Øyralaks er avhengig av vasstilførsel før dette går innom reanseanlegget.



4.3 STEMMEDAL VASSLAG SA

Frå kjelda i Stemmedalsvatnet går hovudleidning ned til UV-reanseanlegg ved Aspevikvatnet. Hovudleidningsnettet fordeler seg der ifrå innover via Myrvåg og Dragsund til Leikong. I området ovanfor Feirelia på Leikong er det etablert høgdebasseng på 120 m³ og der kotehøgda på topp vasstand ligg på 115 moh.

Utover går det tilsvarande hovudleidning via Tjørvåg og Stoksund til Jenshomen. Hovudleidning frå Jensholmen til Røyra knyter Stemmedal Vasslag saman med leidningsnettet til Herøy Vasslag.

Stemmedal Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 740. 20 av desse er tilknytt grunnvassanlegget m/høgdebasseng (50 m³) på Sandvikskaret.

Tiltaksvurdering: Vasslaget arbeider for tida med eit prosjekt som omfattar både nytt reanseanlegg og utskifting/fornyng av leidningsnettet. Når det gjeld øvrige tiltak for dei næraste åra kan elles nemnast ny leidning rundt Myrvågneset og for ei strekning i Djupvika samt auke av bassengkapasiteten i Feirelia/Leikong.

4.4 NERLANDSØY VASSLAG SA

Frå høgdebassenget (225 m³) vest for vegen opp til Teigetua går hovudleidninga via UV-reanseanlegg ned til bygda og fordeler seg mot Kvalsund og Koparstad.

Nerlandsøy Vasslag SA hadde pr. juni 2014 eit abonnenttal på 270.

Tiltaksvurdering: Vasslaget har på kort sikt ikkje behov for store og omfattande tiltak. Av aktuelle mindre tiltak kan nemnast innkjøp av aggregat for betring av leveringstryggleik og beredskap og investering i kalkreduserande utstyr. Utover dette har også vasslaget fokus på fornyng/oppgradering av brannkummar og fortsatt arbeid med lekasjereduksjon.

På litt lenger sikt ser vasslaget føre seg eit behov for auke av bassengkapasiteten samt å ta del i Herøy Vasslag sine planar for strekninga Fosnavåg – Sævik (evt. via Kvalsund) for på denne måten å styrke leveringskapasiteten til vasslaget sitt dekningsområde.

4.5 KVALSVIKØY VASSVERK SA

Frå høgdebassenget (314 m³) i fjellsida nord for bygda går hovudleidninga via UV-reanseanlegg og sandfilter (kalkfjerning) ned til bygda og fordeler seg til busetnaden i Kvalsvika.

Kvalsvikøy Vassverk SA hadde pr. januar 2015 eit abonnenttal på 91.



Tiltaksvurdering: Vassverket har på kort sikt planar om å styrke døgncapaciteten med 10-15 m³ gjennom etablering av minimum 1 ekstra borhol tilknytt bassenget. Dette behovet har si årsak både i ønskje om å auke bufferen mellom dagens kapasitet og forbruk og å kompensere for ein gradvis redusert kapasitet i dei eksisterande borhola.

4.6 RUNDE VASSVERK BA

Frå brønnen/kummen (60 m³) ovanfor Rundegardane går hovudleidninga austover mot hamna og forsyner busetnad og øvrige aktivitetar i hamneområdet.

Runde Vassverk BA hadde pr. januar 2015 eit abonnenttal på 35.

Tiltaksvurdering: Vassverket har på kort sikt ingen konkrete utbyggingsplanar.



5 KAPASITET, FORBRUK OG LEKASJAR

Tabellen nedanfor gir ein oversikt over kapasitet, forbruk og lekkasjar for dei einskilde vasslaga/-verka. Tala baserer seg på målingar/vurderingar gjort i 2013 og 2014. For dei 2 største vasslaga er kapasitet og forbruk oppgitt i liter pr. sekund medan det for dei øvrige er oppgitt i m³ pr. døgn.

Vasslag/ vassverk	Kapasitet (l/sek)	Kapasitet (m ³ /døgn)	Forbruk (l/sek)	Forbruk (m ³ /døgn)	Lekasjar (i %)
Herøy Vasslag	90 1)		53,1		40
Stemmedal Vasslag	52 2)		11-13		50
Moltustranda Vassverk		3)		3)	4)
Nerlandsøy Vasslag		300		150	30
Kvalsvikøy Vassverk		60		42-50	4)
Runde Vassverk		23		17	4)

Tabell 1: Kapasitet, vassforbruk og lekkasjar for vasslaga/-verka.

- 1) Kapasiteten til kjelda (Mørkevatnet) er oppgitt til 165 l/sek og der Herøy Vasslag har avtale om uttak av inntil 90 l/sek.
- 2) Maks. kapasitet når nytt anlegg er teke i bruk.
- 3) Kapasitet og forbruk er ikkje oppgitt.
- 4) Lekasjetal er ikkje oppgitt.

Frå Moltustranda Vassverk har ein så langt ikkje fått noko informasjon om kapasitet og forbruk. Dersom ein imidlertid forutset at deira forbruk ligg på om lag same nivå som Nerlandsøy Vasslag, er det samla gjennomsnittlege forbruket for alle vassverka på om lag 70 l/sek. Dei 2 største vasslaga står for om lag 94 % av det samla forbruket.

Moltustranda Vassverk, Kvalsvikøy Vassverk og Runde Vassverk opplyser at dei har svært lite eller ikkje påviselege lekkasjar på leidningsnettet. Omgrepet lekkasje dekkjer imidlertid langt meir enn tydelege/påviselege leidningsbort m.v. så normalt sett er det vel grunn til å pårekne lekkasjar i same storleiksorden som for dei 3 andre vasslaga.

Samla sett har Mørkevatnet og Stemmedalsvatnet svært god kapasitet til å dekkje heile forbruket i kommunen i overskueleg framtid, også om ein forutset at ein vesentleg større del av busetnaden enn i dag vert tilknytt felles vassforsyning.



Isolert sett vil imidlertid dei grunnvassbaserte vasslaga/-verka kunne få visse framtidige utfordringar sidan det uannsett vil vere ei grense for kor mykje vatn som kan hentast ut av eit avgrensa fjellmassiv. Det kan i denne samanheng nemnast at Kvalsvikøy Vassverk opplyser å ha registrert ei viss senking av grunnvasstanden. Når det gjeld Nerlandsøy Vasslag så har dei rett nok rimeleg god kapasitet på kort sikt, men ei vidare utvikling i det tempo ein har hatt dei seinare år, vil også kunne få konsekvensar her. Grunnvassbaserte anlegg er dessutan meir sårbare for langvarige tørkeperiodar med redusert tilsig enn tilfellet er for eit stort overflatebasseng.

Runde Vassverk synest også å ha ei klar utfordring dersom ein større del av eksisterande busetnad skal forsynast frå anlegget eller det skal tilretteleggast for forsyning av evt. ny busetnad.



6 AVGIFTER

Tabellen nedanfor viser ein oversikt over abonnenttal og gebyr-/avgiftsnivå i dei ulike vasslaga/-verka. Tilknytingsavgifta (andelsinnskotet) er utan mva. medan dei øvrige avgiftene er inkl. 25 % mva. I tillegg til det som går fram av tabellen, har nokre av vasslaga/-verka reduserte avgifter for einslege/pensjonistar samt eit nærare spesifisert gebyroppsett for nærings- og fritidseigedomar.

Vasslag/ vassverk (avgift pr.)	Abonent- tal	Tilkn.avg. (Ta)	Årsavg. (Åa)	Hytter/ rorbuer	Naust	Forbruk pr. m3 (målar)
Herøy (2015)	2335	8.500.	3.738. 1)	60% av Åa	½ Ta og 550. i Åa	9,75 + 937,50 i fast avg.
Stemmedal (2015)	740	10.000.	6.250.	½ Åa	½ Ta og ½ Åa	
Moltustranda (2014)	180	10.000.	2.250.	½ Åa	½ Åa 2)	
Nerlandsøy (2015)	270	14.000.	2.600.	½ Åa	½ Ta og ¼ Åa	
Kvalsvikøy (2015)	91	15.000.	4.375.	1/1 Ta 3) og 1/1 Åa 4)	2)	
Runde (2015)	35	15.000.	2.500.	½ Åa		8,35

Tabell 2: Vassavgifter 2015

- 1) Avgifta gjeld for hus/leil. mellom 150 og 300 m2. Hus/leil. <150 m2 betalar 2.875. og hus/leil. >300 m2 betalar 5.025.
- 2) For naust, der eigaren har bustadabonnement, er det inga tilleggsavgift.
- 3) Gruppe av rorbuer med same eigar betalar 1 felles tilknytingsavgift.
- 4) Kvar rorbueining betalar heil årsavgift.

For Moltustranda Vassverk har ein ikkje fått tilbakemeldt evt. endringar i avgiftsnivået etter 2014. Som det går fram av tabellen er det ein viss skilnad i avgiftsnivået. Kvalsviksøy og Runde ligg høgast når det gjeld tilknytingsavgifta medan Stemmedal har den klart høgaste årsavgifta. Sistnemnde har mellom anna samanheng med dei store pågåande utbyggingane innanfor vasslaget sitt forsyningsområde.

Økonomien i dei ulike vasslaga/-verka varierar frå rimeleg god til at ein berre har nok til at «hjula går rundt». For fleire av dei kan det vel seiast at avgiftsnivået over tid har vore for lavt i høve til behovet, noko som har redusert mulegheitene for optimal drift og hindra oppbygging av tilstrekkeleg buffer for naudsynte investeringar og større vedlikehaldstiltak.



7 ORGANISERING AV VASSFORSYNINGA

7.1 DAGENS ORGANISERING

Tradisjonelt har alle vasslaga/-verka vore organisert gjennom ulike former for private andels- eller partslag der årsmøtet v/andelseigarane er vasslaget/-verket sitt høgste organ og der eit styre, vald av årsmøtet, står ansvarleg for den daglege drift av vasslaget/-verket.

I følgje opplysningar frå Brønnøysundregisteret er no alle vasslaga/-verka registrert i medhald av § 3-2 i Foretaksregisterlova, Runde Vassverk som foretak med avgrensa ansvar og dei andre som samvirkeforetak.

Felles for samvirkeforetak og andre foretak med avgrensa ansvar er at deltakande partar ikkje står ansvarleg for foretaket sine økonomiske plikter. Oppsett over organisasjonsopplysningar følgjer av tabell 3 nedanfor.

Namn på foretak	Etablerings-dato	Organisasjonsform	Organisasjonsnummer
Herøy Vasslag SA	01.04.1970	Samvirkeforetak	956668824
Stemmedal Vasslag SA	05.03.1966	Samvirkeforetak	970186085
Moltustranda Vassverk SA	31.12.1970	Samvirkeforetak	870059132
Nerlandsøy Vasslag SA	01.01.1965	Samvirkeforetak	970186581
Kvalsvikøy Vassverk SA	20.04.1974	Samvirkeforetak	970548459
Runde Vassverk BA	02.09.1967	Foretak med avgrensa ansvar	992437243

Tabell 3: Dagens organisasjonsform for vasslaga/-verka

Drifta av det einskilde vasslag/-verk er naturleg nok svært avhengig av storleiken på laget/verket og varierar frå meir eller mindre dugnadsbasert verksemd for dei minste til fleire fast tilsette driftspersonar for det største (Herøy Vasslag SA).

7.2 SAMARBEID KOMMUNE – VASSLAG/VASSVERK

Med unntak av Herøy Vasslag og Nerlandsøy Vasslag, som har samarbeidsavtale med kommunen, eksisterar i dag ikkje noko formalisert samarbeid mellom kommunen og dei øvrige vasslaga/-verka. Kommunen v/Anleggs- og driftsavdelinga har imidlertid eit godt og nært samarbeid med nokre av vasslaga/-verka medan slikt samarbeid er bortimot fråverande for andre. Det har ei tid vore arbeid med å få på plass ein formell samarbeidsavtale for samtlege vasslag/-verk. Av hovudpunkta i det førebelse avtaleforslaget kan ein oppsummere følgjande:



- Det vert slått fast at kommunen har det overordna ansvaret for all vassforsyning og at vasslaga/-verka skal legge kommunen sine arealplanar til grunn i si planlegging og utbygging.
- Dei einskilde vasslaga/-verka har ansvaret for utbygging og dagleg drift innanfor sine respektive forsyningsområde og er høyringspartar ved utarbeiding av nye kommunale planar.
- Vasslaga/-verka skal sikre etablering av tilfredsstillande branndekning medan brannvernet kontrollerar at brannkummar m.v. er funksjonelle og tilgjengelege.
- Kommunen og vasslaga/-verka skal samarbeide om innkjøp av varer og tenester og om registrering og kartlegging av nye anlegg.
- Tilfredsstillande vassforsyning skal vere godkjent av vasslaga/-verka før nye byggeløyve vert gjevne.
- Det skal haldast faste møte (minimum årleg) mellom kommunen og vasslaga/-verka for samordning av drifts- og utbyggingstiltak.
- Vasslaga/-verka skal uoppfordra informere kommunen om hendingar/tiltak m.v. som har betydning/interesse for abonnentane.

7.3 UTFORDRINGAR

Sjølv om det har skjedd svært mykje positivt på vassforsyningssektoren dei siste 10-åra så kan det vel seiast at dei prinsipielle utfordringane i stor grad er dei same i dag. Vassforsyning inngår som del av den grunnleggjande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytta til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. Leveranse av nok vatn til dei ulike delar av kommunen er dessutan ei viktig forutsetning for ein tilfredsstillande brannberedskap.

Det må påreknast at kompetansebehovet på vassforsyningssektoren vil presse fram ytterlegare krav til organisering og drift som i alle høve dei mindre vasslaga/-verka vil kunne få problem med å dekke.

Dei fysiske utbyggingstiltaka på vassforsyningssektoren må prioriterast i høve til kommunale arealplanar og inngår som ein integrert del av øvrig infrastruktur som skal samordnast og styrast av kommunen. Dette stiller store krav til samhandling mellom aktørane når ansvaret for dei ulike infrastrukturelementa er delt som i dag.

Sjølv om ein ofte snakkar om samordning på VA-sektoren vil ein i dei fleste samanhengar måtte sjå dette som del av ein meir omfattande infrastruktur der også veg, straum, tele/fiber m.v. inngår. Med unntak av ein del hovudelement som sjøleidningar og andre reine samanbindingsleidningar skjer dei aller fleste tiltaka i og i tilknytning til bygging av offentleg veg.

Når det gjeld samordna utbyggingar som nemnt ovanfor, deltek ofte vasslaga/-verka i følge Anleggs- og driftsavdelinga som ein subsidiert part. Dette vert forklart ved at kommunen i praksis tek alle kostnader med prosjektering og grunnundersøkingar, grunnkjøp og andre erstatningar, arkeologiske undersøkingar m.v. medan vasslaga/-verka betalar for den reine anleggskostnaden ved å ta del i felles grøft.



I samband med den aktuelle problemstillinga som no er oppe til drøfting, vil spørsmålet truleg ikkje vere om framtidens vassforsyning skal baserast på dagens organisasjonsform, men om kva for organisasjon(ar) som må etablerast for å møte framtidens utfordringar. Dei siste års gjennomførte strukturendringar er vel i så måte eit klart teikn på at utviklinga går i retning av større og meir fagleg og økonomisk robuste einingar.

7.4 ALTERNATIVE ORGANISASJONSMODELLAR

Dersom ein samanliknar seg med andre kommunar, både i nærområdet og for øvrig også på landsplan, så er det svært uvanleg at ein kommune på Herøy sin storleik ikkje har ei eller anna form for kommunal organisering av vassforsyninga. Dette betyr nødvendigvis ikkje at eit kommunalt vassverk er det einaste rette for Herøy. Målet må vere å få på plass ei organisasjonsform som på beste måte kan møte framtidens krav til utbygging, vedlikehald og drift innan vassforsyningssektoren.

I det som følgjer har ein peika på 4 ulike organisasjonsmodellar. Innanfor kvar av desse modellane kan det sjølvstøtt vere ein del variantar avhengig mellom anna av lokaliseringa av dei ulike vasslaga/-verka, mulegheitene for dekning av behovet innan sitt område og av behovet for fysisk samordning av til dømes leidningsnett.

Vidareføring av dagens organisering av vassforsyninga

Dette alternativet inneber, i alle høve på kort sikt, status quo når det gjeld vassforsyninga i kommunen. På noko lenger sikt og med tilvising til det som har skjedd av organisasjonsmessige endringar dei siste åra, så er det nok derimot svært sannsynleg at det vil skje endringar også i tida som kjem. Dette vil imidlertid vere avhengig av at dei einskilde vassverka ser behovet for og ikkje minst har vilje til å ta steg i retning av ei organisatorisk og fagleg meir robust vassforsyning.

Utan endringar vil konsekvensen lett verte at dei største vasslaga/-verka vil kunne makte å møte utfordringane medan dei små truleg vil slite meir i høve til stadig aukande krav. Ein vil nok også heilt klart måtte pårekne aukande utfordringar når det gjeld framtidig samordning av infrastrukturen i kommunen.

Etablering av privat foretak (samvirkeforetak) for all vassforsyning

Dette alternativet inneber at vassforsyninga fortsatt er privat, men basert på ein felles organisasjon. Ei slik organisering vert vurdert til å ha klare fordelar samanlikna med dagens modell. Ein får samla ressursane, noko som naturleg nok gir klart betre forutsetningar for å bygge opp ein vassverkorganisasjon med tilstrekkeleg fagleg og økonomisk tyngde. Det gir også betre høve til å sjå vassverkutbyggingar i samheng og til samkøying og samordning av drift og vedlikehald i heile kommunen. Sett frå ein kommunal synsstad vil det sjølvstøtt også vere ein klar fordel å kunne samhandle med ein organisasjon.



Innanfor organisasjonsforma samvirkeforetak er det naturleg nok også mogleg med alternative løysingar basert på dei forutsetningar og utfordringar dei ulike vasslaga/-verka i dag har. Ser ein på Herøy Vasslag og Moltustranda Vassverk så har desse felles kjelde (Mørkevatnet) og felles hovudleidning ned til samleikum. Stemmedal Vasslag er samanknytt med Herøy Vasslag sitt leidningsnett gjennom hovudleidning over Røyrasundet. Ved til dømes å binde saman leidningsnettet til Stemmedal Vasslag og Moltustranda Vassverk frå Stokksund til Moltu (langs FV 10) vil dei 3 her nemnde vasslaga/-verka ha svært gode forutsetningar for ei optimal og samordna vassverkdirift.

Utfordringane for Nerlandsøy Vasslag og Kvalsvikøy Vassverk vil vel mellom anna vere i kva grad dei i framtida maktar å sikre tilstrekkeleg vatn til sine respektive forsyningsområde. Med dei omfattande utbyggingane som skjer innanfor Nerlandsøy Vasslag sitt dekningsområde vil nok ei slik problemstilling kunne verte særleg aktuell her. For Runde vil det neppe vere aktuelt med vasstilførsel utanfrå. Fordelane her vil ligge i å verte ein del av ein felles vassverkorganisasjon.

Som det går fram av vurderingane ovanfor er det fleire forhold som talar for ei samla vassforsyning i kommunen. Det avgjerande spørsmålet vil vel verte om det er tilstrekkeleg vilje til å samordne interessene på tvers av dagens vassverkstruktur og i kva grad kommunen ønskjer å vere pådrivar i ein slik prosess.

Etablering av kommunalt foretak for vassforsyninga

Vurderingane omkring dette alternativet vil på mange område vere samanfallande med eit privat samvirkeforetak. Ein får imidlertid ein organisasjon som vert sterkare knytta til og styrt av kommunen sjølv om eit kommunalt foretak vil operere som ei sjølvstendig eining innanfor sitt ansvarsområde. Den noko nærare tilknyttinga til kommunen må kunne sjåast på som ein fordel når ein vurderar det i høve til framtidige utfordringar med samordning på infrastruktursida.

Med utgangspunkt i det som går fram av kap. 6 om **Avgifter**, der einskilde vasslag/-verk har redusert avgift for til dømes einslege minstepensjonistar, kan det opplyst at her er reglane klare når det er tale om kommunale foretak og naturleg nok også reine kommunale vassverk. Etter *Forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr* kan det ikkje fastsetjast reduserte avgifter for abonnentane med basis i sosial status og/eller pårekna redusert betalingsevne.

Når det gjeld iverksetjing av ein evt. samlande vassverkorganisasjon så er det vel også forhold som talar for at eit kommunalt foretak vil vere lettare å få på plass samanlikna med eit samlande privat samvirkeforetak. Ei slik vurdering inneber ikkje noko nedvurdering av vassverka si samarbeidsevne. Det har kort og godt sin basis i at om kommunen ønskjer ei slik utvikling og set seg i «førarsetet» så vil det vere ein enklare prosess enn om 6 vassverk med ulik ståstad og ulike forutsetningar skal samordne sine interesser.



Etablering av kommunalt vassverk

Med utgangspunkt i dagens drift er dette det mest ytterleggående av dei 4 alternative modellane. Samstundes er imidlertid dette den mest vanlege organisasjonsform for kommunar som er samanliknbare med Herøy. Utfordringar og fordelar for eit kommunalt vassverk vil vel på mange område vere samanfallande med eit samvirkeforetak eller eit kommunalt foretak.

Ein vesentleg skilnad må imidlertid understrekast. Eit kommunalt vassverk eller eit kommunalt foretak kan pålegge abonnentar å knyte seg til når dei ligg i rimeleg nærleik til leidningsnett. Denne skilnaden vil innebere klart større sikkerheit for inndekning av utgifter i tilknytning til bygging av nye leidningsanlegg. Gjennom eit kommunalt vassverk vil ein dessutan få full samordning og samkøying på VA-delen av infrastruktursektoren.

Etablering av eit kommunalt vassverk inneber at organisasjonen må byggast opp som ein del av den kommunale administrasjonen. Dette vil også ha gjensidig positiv effekt. Vassverkorganisasjonen kjem til eit miljø med samanliknbar kompetanse og det eksisterande fagmiljøet i kommunen får eit betre grunnlag for å utvikle både breidde- og spisskompetanse.

I kap. 7.3 er det vist til eksempel på dagens erfaringar når det gjeld kostnadsdeling mellom kommune og vasslag/-verk i tilknytning til utbyggingstiltak. Dersom ein tek utgangspunkt i føresetnaden om at prinsippa om sjølvkost vert følgd vil det imidlertid ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen uansett kva organisasjonsform ein legg seg på.



8 VURDERING OG KONKLUSJON

8.1 VASSLAGA/-VERKA SINE VURDERINGAR

Vasslaga/-verka sine vurderingar av den framtidig organiseringa av vassforsyninga byggjer på synspunkt framsett i enkeltvise møte/samtalar med representantar for dei respektive vasslaga/-verka samt med basis i dei innspela dei har kome med i samband med høyringsprosessen. I det som følgjer er dette oppsummert i svært forenkla og stikkordsmessig form:

- **Herøy Vasslag** viser til at dei i dag har ein organisasjon og ein kompetanse som oppfyller krava til sikker drift og god vassforsyning og ser for sin del ikkje noko problem med å halde fram som eiga eining. Ei evt. samling til eitt vassverk bør etter deira syn kome som ein naturleg prosess basert på dei mindre vasslaga/-verka sine behov og interesser.
- **Stemmedal Vasslag** er innforstått med at dei vil kunne møte store organisatoriske og driftsmessige utfordringar i åra som kjem ved framhald av dagens driftsform og har ingen prinsipielle motforestillingar til å gå i drøftingar med sikte på etablering av eit kommunalt vassverk. Dei set imidlertid som vilkår at eit kommunalt vassverk må baserast på like vassavgifter for alle deler av kommunen.
- **Moltustranda Vassverk** meiner at dei fungerer godt som sjølvstendig organisatorisk eining og har korkje behov for eller ønskje om å inngå i ei samanslått driftseining. Evt. framtidige utfordringar kan etter deira syn møtast med samarbeid om driftspersonell og felles vaktordningar.
- **Nerlandsøy Vasslag** ser på kort sikt ikkje noko problem med å halde fram som eiga eining og tenkjer seg då dette som ei rein organisatorisk eining med innleige av den praktiske driftskompetansen etter behov. Vasslaget har for øvrig ingen prinsipielle motforestillingar til å gå i drøftingar med sikte på etablering av eit kommunalt vassverk.
- **Kvalsvikøy Vassverk** har heller ingen prinsipielle motforestillingar til å gå i drøftingar med sikte på etablering av eit kommunalt vassverk. Også dei stiller imidlertid som vilkår at dette må baserast på like vassavgifter for alle deler av kommunen.
- **Runde Vassverk** meiner at dei fungerer rimeleg godt som eiga organisatorisk eining og har ingen ønskje om inngå som del av ein større organisasjon.

Av dei 6 vasslaga/-verka i kommunen er det berre Moltustranda og Runde som er konsekvente på at dei ikkje ønskjer organisatoriske endringar. Herøy Vasslag er ikkje negative til å etablere ei større vassverkeining i kommunen, men ein tolkar deira syn til at dette i tilfelle bør baserast på at andre vassverk sluttar seg til Herøy Vasslag og vert ein del av eit utvida privat vassverk. Dei 3 andre vasslaga/-verka er positive til å drøfte etablering av eit nytt vassverk, men dei er rimeleg klare på at dette i så fall bør vere eit kommunalt vassverk.



Anleggs- og driftsavdelinga viser til sine erfaringar med aukande krav og utfordringar når det gjeld samordning av infrastrukturutbyggingar og konkluderar med at ivaretakinga av kommunen sitt overordna ansvar for vassforsyninga samt omsynet til kostnadseffektiv utbygging av infrastruktur, tilseier at ein heilt klart er best tent med eit reint kommunalt vassverk.

8.2 KOMMUNEN SINE VURDERINGAR

Med tilvising til at det så langt berre er gjort politisk vedtak om å vurdere organisasjonsstrukturen vil dei vurderingar og konklusjonar som no følgjer under overskrifta **Kommunen sine vurderingar**, vere basert på administrasjonen sitt syn.

Når ein skal vurdere og konkludere i ei sak som dette må ein ta utgangspunkt i at kommunen har det overordna ansvaret for vassforsyninga. Dette betyr ikkje at kommunen har plikt til å drifte vassverk, men det inneber at kommunen har plikt til å påsjå at verksemda er organisert og drifta på ein slik måte at innbyggjarar og næringsliv er sikra ei god og sikker vassforsyning.

Det kan for øvrig nemnast at endringane i *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg*, som vart iverksett i 2012, slår fast at nye vassverk skal vere kommunale, at eksisterande vassverk berre kan overdragast/seljast til kommunen og at samanslåing av vassverk er avhengig av godkjenning frå kommunen. Lova inneber såleis ei klar dreining i retning av kommunal vassverkdrift.

Vassverkstrukturen

Når ein skal legge planar for den framtidige vassforsyninga i Herøy så ser ein det som eit lite aktuelt tema å gå inn i vurderingar med formål å halde fast på dagens organisasjonsstruktur. For det første tilseier den historiske utviklinga fram til no at slik vert det uannsett ikkje og dessutan så ligg det i mandatet for utgreiinga at ein skal vurdere «ny struktur».

Resultatet av å ikkje planlegge «si eiga» framtid vil då lett kunne verte, slik ein har tidlegare erfaringar frå, at behov dukkar opp og må løysast som følgje av kortsiktige økonomiske og/eller driftsmessige utfordringar. Naudsynte prosessar vert då gjerne meir kompliserte enn om ein nyttar litt «føre var»-tenking.

Omsynet til å kunne bygge opp ein organisasjon med tilstrekkeleg breidde- og spisskompetanse talar klart for at ein samlar seg i ei større eining. Av dagens vasslag/-verk er det berre Herøy Vasslag som er store nok til å kunne forsvare fast tilsett driftspersonell og sjølv dei er ikkje store nok til å kunne gi grunnlag for ei tilfredsstillande vaktordning.

Det er all grunn til å pårekne at krava til kvalitet og sikre leveransar av drikkevatt fortsatt vil auke, noko som ytterlegare understrekar behovet for ein organisasjon som gir tilstrekkeleg fundament for nok og rett fagkompetanse.



Det ligg mykje engasjement og innsats bak den vassforsyninga ein i dag har rundt om i dei ulike bygdelaga og denne utgreiinga har på ingen måte til hensikt å underkjenne dette arbeidet.

Basert på vasslaga/-verka sine egne erfaringar er det imidlertid ikkje lenger like lett å rekruttere nye generasjonar som er villig til å bruke nok tid og krefter på vassverkarbeid. I mange tilfelle vil såleis vassforsyninga vere avhengig av engasjerte einskildpersonar og dess mindre vasslaget/-verket er, dess meir sårbart vert det. Vassforsyningsdrift etter dagens og framtidens krav er avhengig av kontinuitet over tid i alle ledd.

Dersom ein ser på den fysiske infrastrukturen innan vassforsyninga så er i dag 3 av vasslaga/-verka samanbundne på ulik vis. Moltustranda Vassverk og Herøy Vasslag har felles kjelde og felles hovudledning ned frå kjelda og Stemmedal Vasslag og Herøy vasslag er samanbundne med ledning over Herøyfjorden og kan såleis gjensidig forsyne kvarandre, i alle høve innanfor deler av sine respektive dekningsområde.

Med ei framtidig ledning frå Moltustranda til Stokksund, noko som mellom anna var tema i den forrige hovudplanen, vil forsyningsfleksibiliteten verte ytterlegare styrka. Nemnast kan også at Herøy Vasslag har til vurdering ny sjøledning frå Fosnavåg til Sævik og at det i denne samanheng vil kunne vere aktuelt å knyte seg på og styrke forsyninga til Nerlandsøy Vasslag. Sett på bakgrunn av ovannemnde status og mulegheiter er det såleis rimeleg naturleg å tenkje seg desse 4 vasslaga/-verka som grunnstamma i eit nytt fellesvassverk.

For Kvalsvikøy og Runde Vassverk ligg det ikkje til rette for noko fysisk samanknytning med dei øvrige vasslaga/-verka, i alle høve ikkje på kort sikt. Samstundes er desse dei minste og kanskje dei som vil ha ekstra behov for å ta del i kompetansen som eit nytt fellesvassverk vil representere. Det vil sjølvsagt også vere argument som talar for at desse vassverka held fram som egne einingar, men om ein ser utviklinga og behova på noko sikt, er ein frå kommunen si side rimeleg klar på at eit samla fellesvassverk vil vere den rette måten å møte framtida på også for desse.

Privat eller kommunalt vassverk

Dersom ein tek utgangspunkt i eit framtidig vassverk bestående av samtlege eller evt. fleirtalet av dagens vasslag/-verk vil neste tema dreie seg om organisasjonsform, privat, kommunalt foretak eller reint kommunalt vassverk. Alle dei her nemnde organisasjonsformene vil isolert sett vere likeverdige med tanke på oppbygging av tilfredsstillande fagkompetanse. Nemnast må imidlertid at eit kommunalt vassverk eller eit kommunalt foretak vil ha høve til å pålegge abonnentar å knyte seg til leiingsnettet, noko eit privat vassverk ikkje har.



Ved etablering av eit privat fellesvassverk vil sjølvsagt alle vasslaga/-verka gå inn i drøftingane/forhandlingane som likeverdige partnarar, men det synest likevel naturleg at Herøy Vasslag må vere basis og hovuddrivkrafta bak ein slik samordningsprosess. Eit privat fellesvassverk bør primært omfatte samtlege vasslag/-verk, men må i alle høve som eit minimum omfatte den grunnstamma på 4 vasslag/-verk som vist til tidlegare.

I samanlikninga mellom kommunalt foretak og reint kommunalt vassverk vel ein å sjå bort frå det førstnemnde alternativet. Isolert sett er alternativa likeverdige med omsyn til grunnlaget for oppbygging av fagkompetanse, men eit kommunalt vassverk vil i tillegg gi grunnlag for ei endå betre samordning av infrastrukturkompetansen innan VA-sektoren i kommunen.

Nemnast bør også at det i ei tid der det vert stilt spørsmål ved det «demokratiske underskotet» i interkommunale, men også kommunale foretak, kan det kanskje verke uheldig å opprette nye. Eit kommunalt foretak vil trass alt vere ein organisasjon «på sida av systemet», men der kommunen framleis sit med det økonomiske ansvaret.

Til slutt kan ein peike på eit moment som kanskje ikkje bør tilleggast altfor stor vekt, men som likevel kan nemnast. I den foreståande kommunesamanslåingsprosessen vil det på eitt eller anna tidspunkt verte tale om samling/fordeling av arbeidsplassar innan dei ulike kommunale tenesteområda. Det vil i ein slik samanheng vere rimeleg naturleg at dei ulike kommunane sine sterke og svake sider vert tillagt ein del vekt. Eit veldrive og fagleg kompetent vassverk vil i alle høve ikkje vere negativt i høve til det ein her gjerne kallar for posisjonering.

I samband med formannskapet si behandling i F-sak 56/15 og såleis i forkant av høyringsprosessen, vart spørsmålet om evt. endring av vassverkstrukturen avgrensa til følgjande 2 alternativ:

1. Etablering av eit privat fellesvassverk basert på alle eller evt. eit fleirtal av dagens vasslag/-verk.
2. Etablering av eit samlande kommunalt vassverk, organisert som del av den øvrige kommunale verksemda på VA-sektoren.

Samanslåings-/samordningsprosessen

Ein prosess fram mot samanslåing av dei private vasslaga/-verka eller etablering av eit kommunalt vassverk vil uansett måtte ta noko tid sidan det er mange ulike forhold som må førebuast, avklarast og samordnast. Realistisk sett må ein nok sjå fram mot 2020 før ein evt. ny organisasjon er på plass og i drift. Det vil også i høgste grad vere avhengig av vasslaga/-verka sin vilje til og ønskje om endringar. Dersom eitt eller fleire av vasslaga/-verka ikkje har ønskje om endringar eller om viljen til evt. samanslåing/samordning er gjort avhengig av ei konkret løysing, vil prosessen kunne verte ekstra krevjande. Basert på samtalar med og høyringsinnspel frå vasslaga/-verka veit ein at ovannemnde er ein del av dagens realitet.



Av dei vasslaga/-verka som heilt klart må inngå i eit nytt samla vassverk, er eitt (Moltustranda) negativ til organisasjonsendringar medan eit anna (Herøy) på sett og vis stiller seg avventande i forhold til at dette bør skje når dei øvrige vasslaga/-verka har ønskje om ei slik samordning. Når ein så veit at dei 3 vasslaga/-verka (Stemmedal, Nerlandsøy og Kvalsvikøy) som er positive til ei mogleg samanslåing, prioriterar eit kommunalt vassverk, så vurderar ein det som lite sannsynleg at det vert teke noko initiativ til ein samanslåingsprosess fram mot eit privat fellesvassverk.

Dette tilseier at prosessen fram mot eit nytt samla vassverk må skje etter initiativ frå og vere styrt av kommunen og at målet må vere eit kommunalt vassverk. Frå administrasjonen si side meiner ein også, uavhengig av ovannemnde, at eit kommunalt vassverk er den beste løysinga å møte framtida med enten ein ser det ut frå faglege eller praktiske (samordning) kriterie. Dersom ein har tiltru til at målet er rett er det dessutan viktig å starte prosessen snarast mogleg. Tidlegare erfaringar burde tilseie at det er betre å førebu framtida enn å vente på framtida.

8.3 KONKLUSJON/TILRÅDING

Frå administrasjonen si side vil ein konkludere med å tilrå at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing dagens private vasslag/-verk til eit samla kommunalt vassverk. Det bør elles vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/467
		Arkiv:	M11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/15	Formannskapet	17.03.2015

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet tek førebels det utarbeidde framlegget til ny hovudplan for vassforsyninga, sist endra 20.02.2015, til vitande og vedtek at det med grunnlag i denne planen vert starta opp ein prosess med sikte på samanslåing av dagens vasslag/-verk til eitt felles vassverk.

Før det vert gjort endeleg vedtak om mål og prosess skal planframlegget sendast på høyring til involverte partar med sikte på å få innspel/merknader i høve den foreståande prosessen.

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav e.

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

Formannskapet tek førebels det utarbeidde framlegget til ny hovudplan for vassforsyninga, sist endra 20.02.2015, til vitande og vedtek at det med grunnlag i denne planen vert starta opp ein prosess med sikte på samanslåing av dagens vasslag/-verk til eitt felles vassverk.

Før det vert gjort endeleg vedtak om mål og prosess skal planframlegget sendast på høyring til involverte partar med sikte på å få innspel/merknader i høve den foreståande prosessen.

Særutskrift:

Herøy Vasslag, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg

Stemmedal Vasslag v/Arild Moldskred, 6070 Tjørvåg

Moltustranda Vassverk v/Fred Hansen, 6076 Moltustranda

Nerlandsøy Vasslag v/Aksel Kvalsvik, Øvre Plassegjerdet 6, 6098 Nerlandsøy

Kvalsvikøy Vassverk v/Trond Kvalsvik, Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy

Runde Vassverk v/Rocco Torsten Schwalm, 6096 Runde

Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:

Hovudplan for vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur, sist revidert 20.02.2015.
Protokoll og saksutgreiing F-sak 118/14.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN**

I handlingsdelen til samfunnsdelen i kommuneplanen 2013-2025 er det under satsingsområdet **Infrastruktur** teke med eit punkt/tiltak om at kommunen skal **vurdere organisatorisk overtaking av vassverka**.

Som førebuing for dette oppdraget vart det halde eit møte med vasslaga/-verka den 13.05.2014. Møtet hadde som formål å orientere vasslaga/-verka om det foreståande arbeidet og å få tilbakemeldingar om dagens status og deira synspunkt på ein slik mogleg organisasjonsendringsprosess.

Ei sak om oppstart av nemnde planarbeid vart lagt fram for formannskapet i møte den 06.07.2014, der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal innvolverast aktivt under heile planprosessen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

Det ligg no føre eit framlegg til ny hovudplan, sist revidert 20.02.2015. Undervegs i prosessen har det vore halde enkelvise møte med representantar for alle vasslaga/-verka med formål å få best mogleg oversikt over status og utfordringar samt synspunkt på framtidig organisering av vassforsyninga.

FRAMLEGG TIL NY HOVUDPLAN

Som det går fram av teksten i hovudplanen så er aktuelle tema og fordjupinga i desse avgrensa til det som er naudsynt som grunnlag for å vurdere den framtidige organiseringa av vassforsyninga. Planen gir imidlertid ein grovoversikt over gjeldande status for vassforsyninga generelt og for dei ulike vasslaga/-verka spesielt, noko som ein vonar kan gi eit tilstrekkeleg grunnlag for dei organisatoriske vurderingane som må gjerast.

Planen (planframlegget), som i heilskap ligg ved saka, har elles følgjande hovudinnhald:

1. Innleiing
2. Mål og hovudutfordringar
3. Vasskjelder og vassbehandling
4. Transportsystem
5. Kapasitet, forbruk og lekasjar
6. Avgifter
7. Organisering av vassforsyninga
8. Vurdering og konklusjon

I **Innleiinga** vert det gjeve eit lite historisk tilbakeblikk på vassforsyninga i Herøy og ein seier litt om rammevilkår for denne type verksemd. Det vert vidare gitt ein kortfatta status for dagens vassforsyning samt ei klargjering av kva avgrensingar som er gjort når det gjeld dei tema som vert belyst i hovudplanen.

Under kapitlet om **Mål og hovudutfordringar** er det lista opp generelle hovudmål for ei god og sikker vassforsyning og samtidig gitt nokre korte kommentarar når det gjeld status og utfordringar i høve til desse måla. Med dagens organisering av vassforsyninga vil evt. delmål utover dette heilt naturleg høyre heime innanfor dei einskilde vasslaga/-verka sine ansvarsområde.

Kapitla som omhandlar **Vasskjelder og vassbehandling** samt **Transportsystem** gir på tilsvarande måte ein grovoversikt over kjelder, vasskvalitet, rens tiltak og eksisterande infrastruktur med hovudleidningsnett, høgdebasseng m.v. Dei opplista tiltaksvurderingane er basert på vasslaga/-verka sine egne vurderingar av kva som må påreknast av utbyggingar/investeringar dei nærast åra.

Kapitlet om **Kapasitet, forbruk og lekasjar** gir ein oversikt over berekna/vurdert kapasitet hos dei ulike vasslaga/-verka, dagens forbruk og påreknalekasjar. Med tilvising til manglande tilbakemelde opplysningar så er ikkje tabell 1 på side 19 heilt komplett. Under **Avgifter** vert det tilsvarande gjeve ein status når det gjeld vassavgifter i dei ulike vasslaga/-verka.

Med basis i dei faktiske forholda, slik desse er skissert i kapitla 1-6, er så hovudvekta i utgreiinga/planen lagt på kapitla 7 (**Organisering av vassforsyninga**) og 8 (**Vurdering og konklusjon**). Det vert her gjort ei vurdering av ulike framtidige organisasjonsalternativ og avslutningsvis konkludert med moglege framtidige løysingar og kva veg ein bør velje for den vidare prosessen.

OPPSUMMERING/VEGEN VIDARE

Hovudplanen vert fremja som ein temaplan der ein sjølv har definert omfang av og innhald i planen. Dette er inga hindring for å kunne gjennomføre tilstrekkelege og tilfredsstillande høyringsrundar der relevante høyringspartar vert involvert. Ein temaplan er naturleg nok ikkje juridisk bindande, men gjennomføringa av ulike organisatoriske grep som måtte følgje av planen, vil uansett plantype vere avhengig av eit nært og konstruktivt samarbeid med vasslaga/-verka.

Målet med hovudplanen, slik dette er formulert i mandatet, er å få eit grunnlag for vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga i kommunen. Det øvrige innhaldet i planen er avgrensa til det som er naudsynt for å kunne gi ein tilfredsstillande oversikt over status og utfordringar og som kan danne basis for dei vurderingar som skal gjerast omkring organisasjonsstrukturen.

Som det går fram av planen (oppsummert i kap. 8.1) stiller nokre av vasslaga/-verka seg positive til å drøfte moglege organisatoriske endringar av vassforsyninga medan andre gir klart uttrykk for at dei er godt nøgde med situasjonen slik den er i dag.

Med basis i dei utfordringar vassforsyninga generelt og dei einskilde vasslaga/-verka spesielt står framfor er følgjande 4 organisasjonsmodellar vurdert:

1. Vidareføring av dagens organisering av vassforsyninga
2. Etablering av privat foretak (samvirkeforetak) for vassforsyninga
3. Etablering av kommunalt foretak for vassforsyninga
4. Etablering av kommunalt vassverk

Med unntak av første alternativet, som ein reknar som lite aktuelt ut frå mandatformuleringa, er det sett nærare på fordelar og ulemper ved dei øvrige 3 alternativa. Det vert konkludert med å tilrå at ein førebels går vidare med alternativ 2 og 4 og at planen vert sendt vasslaga/-verka til uttale før endeleg realitetsbehandling. Vegen vidare, under føresetnad av at ny organisering er målet, vil vere ein omfattande prosess og ein har i denne samanheng sett 2020 som mål for når eit «nytt» vassverk skal vere etablert og i drift.

Konklusjon/tilråding:

Rådmannen tilrår at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på samanslåing til eitt felles vassverk og at ein førebels held alternativa **kommunalt vassverk** og **privat fellesvassverk** opne. Før endeleg vedtak om mål og prosess vert det vidare tilrådd å be vasslaga/-verka samt Anleggs- og driftsavdelinga om å kome med synspunkt/innspeil til framlegget til hovudplan og konklusjonane i denne.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande vassforsyning med vektlegging av kvalitet og leveringssikkerheit vil heilt klart ha positiv innverknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn og enkle og lett tilgjengelege tilkoplingsmulegheiter er ein viktig føresetnad for ein god beredskap.

Konsekvensar for drift:

Med tilvising til at vassforsyning skal vere sjølvfinansierande så har det i prinsippet ingen økonomiske driftskonsekvensar uansett organisasjonsform.

Fosnavåg, 24.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

HERØY VASSLAG BA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Org.nr. NO 956 668 824 MVA
Tlf/faks. 70 08 33 80
Vakttelefon 91 18 33 88
E-post: post@heroy.vasslag.no
Heimeside: www.heroyvasslag.no

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Herøy	Saksøkt HK
- 8 MAI 2015	
Herøy	Herøy
Herøy	Herøy
Herøy	Herøy
Herøy	Herøy

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR – HØYRING

Årsmøte i Herøy Vasslag SA behandla denne saka på Årsmøte 29. april 2015.

Utskift av møteboka:

Årsmøtesak 7: Hovudplan Vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur – Høyring

Herøy Kommune har sendt revidert Hovudplan for vassforsyning i Herøy kommune, med hovudvekt på organisasjonsstruktur, ut på høyring til vasslaga i kommunen.

Styreleiar gikk gjennom hovudpunkta i dokumentet og orienterte om styret si haldning til saka og forslag til uttale.


Vedtak:

- Årsmøtet i Herøy Vasslag SA tek det utarbeidde framlegget til ny hovudplan for vassforsyninga, sist endra 20.02.2015 til vitande.
- Herøy Vasslag SA har siste åra vore gjennom ein prosess med omorganisering og kvalitetssikring av drifta.
- Det er investert betydelege summar i driftskontrollsystem, kartlegging og registrering av tilstanden på leidningsnettet, oppgradering og kvalitetssikring av reinseanlegg og tilførselsleidning frå Mørkevatnet.
- Delar av hovudleidningane i forsyningssystemet er oppgraderte, men store delar av leidningsnettet er over 40 år gammalt og det er behov for betydelege investeringar dei næraste åra for å sikre trygg og god vassforsyning.
- Uansett organisasjonsform skal utbygging og vedlikehald av vassforsyningsanlegga drivast etter sjølvkostprinsippet og finansierast av abonnentane.
- Herøy vasslag SA har i dag ein organisasjon og kompetanse som oppfyller dei krav som ligg til sikker drift og god vassforsyning til eksisterande og framtidige andelseigarar.
- Ei eventuelt samling til eitt vassverk i Herøy kommune bør vere ein naturleg prosess etter dei mindre vasslaga sine behov og interesser.

Eggesbønes 8. mai 2015

Venleg helsing

Herøy Vasslag BA


Per-Arne Gjerdsbakk
styreleiar

Fra: Arild - Stemmedal Vasslag [mailto:arild@stemmedal.no]

Sendt: 27. mai 2015 09:33

Til: Hallvard Rusten

Emne: SV: Hovudplan vassforsyning - høyring

Halloen Hallvard.

Noen kommentarer/ svar på hørings utkastet. Som vi har sagt tidligere så er Stemmedal vasslag ikke negative til diskusjon om samling /sammenslåing av Vassverka til eit Vannverk, men der er klare forutsetninger fra vår side om dette, Punkt Nr 1, vassavgifta Skal da bli 100 % lik for alle i kommunen ,og at videre fornying/utskifting blir likt fordelt Over heile kommunen. Ved årsskifte så Har vi oppe og går et topp moderne renseanlegg og bygg som er bygget for mange 10 år framover. Når det nye renseanlegget er satt i drift så vil vi Levere det beste vannet i heile kommunen , videre så har vi Dei 3 siste åra skifta ut over ei mil av lednings nette vårt og før året er omme så har vi meget god kontroll over ledningene Som står att og det er ikke mange hundrede meterne. Med andre ord så kan Stemmedal vasslag pr dato si at lednings nette vårt er 90 % utskifta til PVC og PE. Noe som gjør at det Nyeste har en garantert levetid på 100 år. Som sagt vi er villige til å diskutere overtaking til kommunalt vassverk og da lik avgift etc. så får vi ta det derfra ,for til syvende og sist så er det Årsmøte som må avgjøre dette.

Med hilsen

Stemmedal Vasslag SA
Arild Moldskred
Tlf: 900 84 171


WU

(5)

ADVOKATENE
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES

I KONTORFELLESKAP
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG



Ålesund, 20. mai 2015

DT/nkh

Hovedplan vannforsyning Herøy kommune med hovedvekt på organisasjonsstruktur - høring

Det vises til deres brev til Moltustranda Vassverk SA datert 23.03.2015 ad. overstående, samt Hovedplan vassforsyning Herøy kommune sist revidert 20.02.2015 og saksprotokoll for F-sak 56/15.

Undertegnede bistår Moltustranda Vassverk SA (heretter kalt Moltustranda Vassverk) i sakens anledning.

Det fremkommer i vedtaket for F-sak 56/15 at grunnlaget for den nye hovedplanen er å starte en prosess med sikte på sammenslåing av dagens vasslag/-verk til ett felles vassverk.

På vegne av Moltustranda Vassverk fremmes følgende merknader og innspill til den forestående prosessen.

Moltustranda Vassverk sitt standpunkt

Moltustranda Vassverk mener de fungerer godt som selvstendig organisatorisk enhet og har verken behov for eller ønske om å inngå i ett felles vassverk.

Dagens organisering – Moltustranda Vassverk

Moltustranda Vassverk fremstår som et veldrevet privat vannverk med 180 abonnenter pr. juni 2014, hvor det er tatt nødvendige grep og gjort store investeringer i forholdt til kravene i Drikkevannsforskriften. Det vil også i nær fremtid bli gjort ytterligere investeringer og vannet er av utmerket kvalitet.

ADVOKAT
SVERRE AARSÆTHER
Org.nr. 974 953 935
Mob.tlf.: 415 70 940
E-post: aarsether@wah.no

ADVOKAT
BJØRN KRISTIAN HOVE
Org.nr. 975 683 389
Mob.tlf.: 908 94 668
E-post: hove@wah.no

ADVOKAT
DAGFINN TYNES
Org. nr. 985 323 127
Mob.tlf.: 478 66 130
E-post: tynes@wah.no

Kipervikgt. 10, N-6003 Ålesund
Postboks 815, N-6001 Ålesund
Telefon: 47 – 70 16 10 50
Telefax: 47 – 70 16 10 51
E-post: post@wah.no
Org.nr. 971 448 652

**ADVOKATENE
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

Videre har Moltustranda Vassverk vist vilje til å sørge for at avgiftsnivået har vært tilstrekkelig høyt for minst å gå i balanse og opparbeidelse av en nødvendig buffer.

Moltustranda Vassverk har heller ikke hatt problem med å finne personer blant medlemmene som vil og kan ta på seg verv i styret, selv om et slikt verv er ansvarsfullt. Moltustranda Vassverk ser heller ikke noen grunn til at slik velvilje blant medlemmene ikke skal vedvare.

Samarbeid med kommunen og utfordringer

Samarbeidet med Herøy kommunen synes å ha fungert godt både for Moltustranda Vassverk og kommune, selv uten at en formell samarbeidsavtale ennå er inngått.

Uansett tror Moltustranda Vassverk at en etablering av en formell samarbeidsavtale for samtlige vasslag/-verk og kommunen vil kunne avhjelpe de problemstillingene som kommunen fremsetter i nevnte hovedplan, slik som å sikre leveranse av vann til de ulike deler av kommunen, dekke et mulig kompetansebehov på vassforsyningssektoren og etablere en god og funksjonell samhandling mellom aktørene.

Det er i hovedplan for vassforsyning også gjort et poeng med at det bare er et «vassdrag som er store nok til å kunne forsvare fast tilsett driftspersonell og selv de ikke er store nok til å gi grunnlag for ei tilfredsstillende vaktordning». Dette kan også løses med at vasslagene-/verkene kan inngå et samarbeide om driftspersonell og vaktordninger, om det skulle vise seg å være nødvendig.

Overstående er argumenter brukt i saksfremleggelsen for sammenslåing av dagens vasslag-/verk til ett felles vassverk. Moltustranda Vassverk mener at det ikke er nødvendig å gå veien om en sammenslåing av alle vassverkene-/lagene i kommunen, da en samarbeidsavtale mellom de aktuelle aktørene vil kunne være en tilfredsstillende løsning.

Moltustranda Vassverk SL mener at en etablering av et privat foretak eller en etablering av kommunalt vassverk som skal dekke hele kommunen, vil ikke gi noen forbedring for de private løsninger vi har i dag, verken kvalitets- eller miljømessig for vann og avløp.

Privat eller kommunalt vassverk

Moltustranda Vassverk har ingen merknader eller innspill på om kommunen skal velge å gå for privat eller kommunalt etablering av vassverk, utover at eksisterende vassverk selv bør få velge om de vil inngå i et større vassverk, vurdert ut fra egne behov.

**ADVOKATENE
AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

Sammenslåings-/ samordningsprosess.

Som nevnt ovenfor bør en etablering av et nytt vassverk skje på frivillig basis, og for de vasslagene-/verkene som finner det nødvendig og/eller hensiktsmessig.

Ekspropriasjon


Verken i hovedplan for vassforsyning eller i saksutredelsen er ekspropriasjon nevnt som et mulig alternativ. Moltustranda Vassverk SL forstår det derfor slik at en tvungen sammenslåing ikke er aktuelt. Skulle Herøy kommune likevel vurdere ekspropriasjon og at det foreligger en hjemmel for ekspropriasjon, vil Moltustranda Vassverk SL bemerke at det vil kunne utløse en betydelig erstatningsplikt for kommunen.

Oppsummert

Moltustranda Vassverk SA fungerer godt som selvstendig organisatorisk enhet og har verken behov eller ønske om å inngå i ett felles vassverk. Imidlertid har Moltustranda Vassverk forståelse for at andre vasslag-/verk både har behov og et ønske om en sammenslåing.

Skulle Herøy kommune vurdere ekspropriasjon og at det skulle vise seg at det foreligger en hjemmel for det, vil det kunne utløse millionerstatning for Herøy kommunen.

Med vennlig hilsen



Dagfinn Tynes
advokat

HC

Herøy kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/467	Saksstiftelse HR
19 MAI 2015	
Folketale P	
Folketale S	
Emne	Dok nr
Kassasjon	

ATT: Hallvard Rusten.

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR -HØYRING

Svar på høyring: frå Nerlandsøy Vasslag SA.

Nerlandsøy Vasslag SA har ikkje problemer med å halde fram som eiga eining, med hjelp av innleige av driftskompetanse ved behov. Vasslaget har for øvrig ingen prinsipielle motforstillingar mot å inngå i eit evt. kommunalt vassverk, men ser ikkje behov for dette på kort sikt.

Styre er av årsmøte pålagt å starte arbeide med oppgradering/fornyng av alle brannkummar og investere i aggregat for bedring av leveringstryggleik og beredskap, samt investere i kalkreduserande utstyr.

Styret skal utarbeide eit investeringsbudsjett basert på ovennevnte og at dette skal gjennomførast innan 2020.

Nok vatn :

Vi er trygge på at vi har god kapasitet for lang tid framover.

Veksten i ny busetnad har flata ut og dette fører til at vi pt. utnyttar i underkant av 50 % av den kapasiteten vi meiner å ha.

Men grunnvasstanden er ikkje mulig å konrtollere, men ut frå ærfaring av 20 års drift er vi sikre på at det vil halde i mange år framover.

På lengere sikt ser vi for oss at vi i samarbeid med Herøy Vasslag tek del i ei ledning frå Fosnavåg til Sævik og at denne går om Kvalsund.

Med helsing
Nerlandsøy Vasslag SA



Aksel Kvalsvik
Styreleiar



KVALSVIKØY VASSVERK

6098 NERLANDSØY
kvalsvikoy.vassverk@gmail.com

Hallvard Rusten
Herøy Kommune

6090 Fosnavåg

Kvalsvik 07.05.2015

Hovudplan vassforsyning Herøy kommune

Det vart halde årsmøte i Kvalsvikøy Vassverk SA onsdag den 6. mai der hovudplanen for vassforsyninga i Herøy kommune vart diskutert.

Formann gjekk igjennom dei tilsendte dokumenta frå Herøy kommune og la dette fram for årsmøtedeltakarane.

Konklusjon

Årsmøtet var einig i innstillinga frå styret der ein vel å gå vidare med samarbeidet mot ei mogeleg samanslåing mot eit felles vasslag/-verk i Herøy kommune.

Når det gjeld organiseringa av eit felles vassverk var det sams einigheit at det er eit kommunalt vasslag/-verk som er å føretrekke.

Årsmøtet meinte også at sidan bygdefolket har gjort svært mykje på dugnad samt lagt ned mykje pengar i anlegget slik det står i dag, bør det verta eit (1) års fritak for årsavgift dersom Herøy kommune tek over drifta i eit felles vasslag/-verk som kompensasjon.

Vidare meinte årsmøtet at dersom eit slikt felles vasslag/-verk vert realitet, må det også bety eins årsavgift og tilknytingsavgift i heile kommunen uansett kvar ein bur og kvar ein er tilknytt.

Årsmøtet ber også Herøy kommune sjå på moglegheita for å legge sjøleidning til Kvalsvik for å sikre leveransen av nok vatn og reint vatn i framtida samt reservevatn/krisevatn.

Dei som var på val i styret tok attval. Styret består av:

Formann	Trond Kvalsvik	Tel: 97088103
Nestformann	Inge Kvalsvik	Tel: 90014249
Styremedlem	Hans Kvalsvik	Tel: 91646502
Styremedlem	Tore Kvalvik	Tel: 91530958
Styremedlem	Jon Arnt Kvalsvik	Tel: 91712823

Med helsing
for styret i Kvalsvikøy Vassverk SA

Inge Kvalsvik



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2014/467

Arkivkode
M11


Dato
21.05.2015

HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA - UTTALE FRÅ ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA

Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje vesentlege merknader til utgreiinga. Ein har imidlertid følgjande kommentarar til saka:

- Utbygging av infrastruktur som vegar, avlaup, vassforsyning, straum og kommunikasjon/fiber er utfordrande og kostbart. Denne infrastrukturen som alle er avhengig av ligg i all hovudsak i same grøft i kommunale vegar. Dess fleire partar ein skal forhalde seg til dess meir komplisert og fordyrande vert det.
- Ut frå dei erfaringar ein sit med er ein overbevist om at ein for å ivareta kommunen sitt overordna ansvar for vassforsyninga og for å få kostnadseffektiv utbygging av infrastruktur er best tent med eit reint kommunalt vassverk.

Med helsing


Jon Rune Våge

F-sak 113/15

Sammenslaving av vassverke ma-
vere tukta på frivillighet, og
kort enkelt vassverk ma skil-
frukt om dei vil gå inn i et

~~Sammenslating~~ ~~etter~~ ~~skil~~ ~~sett~~ ~~sett~~ ~~sett~~
Vassverk

7 den 17 arky



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/15	Formannskapet	15.06.2015
84/15	Kommunestyret	25.06.2015

KOMMUNEREFORM – STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

Kommunestyret gjev fylgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil starte slike møter med fylgjande kommuner:

- Sande
- Vanylven
- Hareid

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

Tilråding i Formannskapet - 15.06.2015

Kommunestyret gjev fylgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil starte slike møter med følgjande kommuner:

- Sande
- Vanylven
- Hareid

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret gjev følgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil gjennomføre slike møter med følgjande kommuner:

- ...

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

Særutskrift:

Personal- og organisasjonsavdelinga – for utsending til arbeidstakarorganisasjonane
Ungdomsrådet
Eldrerådet

Vedlegg

1 Referat frå 1. møte i arbeidsgruppa 4.6.2015

Saksopplysningar:

Kommunereformprosessen i Herøy

Kommunestyret har tidlegare handsama tre saker om kommunereforma:

- Kommunestyremøte 19.6.2014, K-sak 80/14
- Kommunestyremøte 17.12.2014, K-sak 170/14
- Kommunestyremøte 28.5.2015, K-sak 68/15

Herøy har også hatt oppe notat i Formannskapet 29.1.2015 og 5.5.2015 i tillegg til dei sakene som gjekk til Kommunestyret. Sakene til Formannskapet var notat med informasjon til diskusjon eller som skulle takast til vitande.

Kommunen har også gjennom administrasjonen teke del på møte i regi Sunnmøre Regionråd 13.2.2015 og «Arena Sunnmøre» 23.4.2015. Administrasjonen har også teke del på samlingar for kontaktpersonar i regi av Fylkesmannen 21.1.2015 og 30.4.2015.

Rådmannsgruppa for dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har i perioden også hatt sak om kommunereform på agendaen i møte 27.2., 27.3. og 24.4.2015 der kontaktpersonar har vore til stades og ordførarar har vore invitert på dei to siste møta.

Sunnmøre regionråd gjennomførte ei innbyggjarundersøking i kommunane på Sunnmøre i september 2014, der det m.a. vart spurt om innbyggjarane si haldning til kommunesamanslåing og preferansar med omsyn til kven ein ev. vil slå seg saman med. Undersøkinga viste følgjande resultat: (svar i prosent av dei spurde):

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
Herøy	63	-	73	10	65	42	9	10
Sande	75	68	-	24	46	44	14	13
Vanylven	90	48	53	-	50	32	32	24
Ulstein	69	48	33	10	-	92	12	14
Hareid	78	20	19	4	91	-	11	11
Volda	68	12	8	12	13	11	-	86
Ørsta	78	10	9	9	19	17	94	-

Som statistikken frå spørjeundersøkinga viser er det Sande og Ulstein som peikar seg ut av respondentane som aktuelle kommunar å slå seg saman med over 50%. Det vart også svart frå respondentane at 33% ville halde på dagens organisering.

Det er lagt til grunn at det er mykje statistikk og utgreiingar som ligg føre som grunnlag for å ta avgjerd i kommunereforma, m.a.:

- Ekspertutvalet sine 2 rapportar
- Fylkesstatistikk
- Sunnmøre i framtida (regionanalyse utarbeidd av Berefjord)

- Rapport med ulike data for kommunane på Sunnmøre (BDO-rapport)
- Faktaark for Hareid, Ulstein, Herøy og Sande (del av BDO-rapport)
- Innbyggjarundersøking for kommunane på Sunnmøre hausten 2014 (tinga av Sunnmøre regionråd)
- Ulike «kommunereformrapportar» frå www.nykommune.no

All denne dokumentasjonen er tilgjengeleg på kommunen si heimeside (<http://www.heroy.kommune.no/nyhende/kommunereform.14360.aspx>)

Framdrift

2015

- Juni Nabopratt med Ulstein kommune 9.6.2015.
- Juni Ordførar og Rådmann gjennomfører spørjeundersøking frå fylkesmannen og rapporterer status innan 1.7.2015.
- August Gjennomføring av ope møte om kommunereform.
- September Kommuneval 2015.
- Oktober Innbyggjarundersøking i regi av Sunnmøre Regionråd.
- Okt./Des. Politkaropplæring
- Nov./Des. Presentasjon av innbyggjarundersøking i kommunestyret.

2016

- Jan./feb. Forhandling og naboprattar med aktuelle partar.
- Feb./mars Presentasjon av forhandlingsresultat.
- April Folkeavrøysting eller innbyggjarundersøking om framforhandla kommunereformalternativ.
- Juni Innstille vedtak kommunereform i Formannskapet (7.6. eller 14.6.2016).
- Juni Vedtak om kommunereform i Kommunestyret (16.6. eller 23.6.2016).
- Juni Oversende vedtak kommunereform til Fylkesmannen innan 1.7.2016.

Rapportering til Fylkesmannen

Det vil fortsatt være opp til kommunene selv å avgjøre om de ønsker å spørre om innbyggernes råd ved folkeavstemning, eller benytte en innbyggerundersøkelse. Departementet vil dekke inntil 100 000 kr til hver kommune i forbindelse med høring av - og informasjon til innbyggerne.

*Det er Fylkesmannen som skal administrere disse utbetalingene til de kommunene som gjennomfører innbyggerundersøkelse. Kommunene rapporterer dette i sin undervegsrapportering til Fylkesmannen som skal være tilsendt **innen 1. juli 2015**. Midlene utbetales deretter til kommunene på ettersommeren/tidlig høst.*

Fylkesmannen vil sende ut spørjeskjema (Questback) til ordførar og rådmenn i kommunane i juni. Denne undersøkinga vil fungere som undervegsrapportering mellom kommunen og fylkesmannen. Ordførar og rådmann vil svare på denne på vegne av kommunen slik fylkesmannen legg opp til.

Når det gjeld involvering av innbyggjarane vert det lagt opp folkemøte i august og til ny spørjeundersøking blant innbyggjarane i oktober 2015 i regi av Sunnmøre regionråd.

I forhold til informasjon er kommunen er aktivt ute og informerer gjennom kommunen si heimeside som vert oppdatert jamnleg. På kommunen si heimeside(hovudsida) er det oppretta ein eigen knapp for kommunereform og under denne finn innbyggjarane all naudsynt informasjon, undersøkingar, artiklar og statistikk om kommunereforma.

Kommunen baserer seg i stor grad på allereie eksisterande dokumentasjon, undersøkingar, statistikk osv. som avgjerdsgrunnlag. Rådmannen er av den oppfatning at det ikkje vil vere behov for store utgreiingar knytt til kommunereformarbeidet på dette stadiet og vi kan støtte oss til dei utgreiingane som er nemnd ovanfor.

I alle saker som no vert sendt til Formannskap og Kommunestyre vil det liggje ved ein oppdatert milepårsplan for Herøy kommune sitt arbeid med kommunereforma. Det har blitt gjort forsøk på å lage ein «felles milepårsplan» for kommunane på Søre Sunnmøre i 2015, men på grunn av at kommunane har ulik framdrift på kommunereformarbeidet og strategiane for involvering av innbyggjarar og handsaming i politiske organ er ulikt opplegg på har forsøka på felles milepårsplan ikkje fungert optimalt.

Herøy har starta med sin første «nabopratt» med Ulstein kommune 9.6.2015. Det vart gjort gjennom felles Formannskapsmøte i Ulstein kommune. Kommunestyret har uttalt at kommunen bør vidareføre dette arbeidet og også gjennomføre nabopratt med Hareid og Sande. Vanylven er også aktuell å ta ein «nabopratt» med.

Vurdering og konklusjon

Ut frå dagens situasjon er Herøy kommune sårbar. Storleiken gir avgrensa kapasitet og kompetansmiljø på spesialområde og kritiske område innanfor tenesteyting og myndigheitsutøving, som td. juridisk, økonomi, løn og personal og generell sakshandsaming. Dette skuldast dels storleiken på kommunen, men dels også at kommunen pga. av strenge økonomiske prioriteringar ikkje greier å ha tilstrekkeleg kapasitet.

NHO har uttrykt at ein bør slå saman heile Sunnmøre til ein kommune for å møte framtidens utfordringar og ivareta næringslivet sine behov. Ved vesentleg større kommunar vil det etter ei tid lett oppstå særlege forventingar til rasjonaliseringsgevinstar som i seg sjølv kan verte sentraliseringsdrivande, samt utfordringar knytt til bygdene og lokaldemokrati med den geografien som er i Herøy kommune.

Rådmannen har i si leiargruppe med hovudtillitsvalde og hovudverneombod gjennomført SWOT-analyse for dei sju ulike samanslåingsmodellane som Herøy har.

- Gruppa konkluderer med at Herøy i dag er godt drive med god tenesteproduksjon og gode relasjonar til brukarane av tenestene.

- Herøy er som mange andre ein utkant og tenestetilbodet er sårbart.
- Næringslivet i kommunen er einsidig, men det vil det også vere inntil heile Søre Sunnmøre(7 kommunar) vert slått saman.
- Den største utfordringa for tenesteyting og drift er at det ved samanslåing av fleire kommunar vil bli svært store geografiske avstandar i ein ny kommune.
- Leiargruppa ser det derfor som mest teneleg å «samle» dei fire kommunane på ytre Søre Sunnmøre i ein modell.
- Ut frå eit rasjonelt standpunkt vil det vere lite å «tene» på å inkludere Vanylven i ein slik modell då det vil medføre eit område utan bruforbinding (sett vekk frå Sandsøya og Kvamsøya i Sande).
- Utfordringar knytt til rekruttering vil også vere ei utfordring også i framtida.
- Ved alternativ 6 (søre Sunnmøre) og 7 (storkommune på Sunnmøre) vert framandgjering, svekka engasjement, mangel på patriotkapital og manglande identitet trekt fram som trugslar

Arbeidsgruppa sine vurderingar oppsummert

Formannskapet skal representere Herøy i arbeid med kommunereforma.

Arbeidsgruppa vert utvida frå kommunestyrevedtaket til også å inkludere

- 1 representant frå ungdomsrådet
- 1 representant frå eldrerådet
- 1 representant frå dei tillitsvalde

Kommunestyrevedtak 28.5.2015

I kommunestyret 28.5.2015 vart det gjort fylgjande vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med utgreiing av samanslåingsmodellar for kommunestruktur. Desse vert valt til arbeidsgruppe: Ordførar, gruppeleiarane, rådmann, kontaktperson for kommunereform.*
2. *Arbeidsgruppe kommunestruktur får i oppdrag å legge fram forslag til mandat for behandling i formannskap/kommunestyre i juni 2015. Arbeidsgruppa skal involvere Ungdomsrådet og fagorganisasjonane.*
3. *Det skal leggast fram oppdatering/statusrapport frå arbeidsgruppa i kvart Kommunestyre fram til endeleg vedtak.*

Som oppfølging av dette vedtaket vil rådmannen rå til at Kommunestyret gjev fylgjande mandat til arbeidsgruppa for kommunereforma:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil gjennomføre slike møter med fylgjande kommuner:

- ...

Tidspunkt for gjennomføring av «nabopratar» vert avgjort av Formannskapet som skal representere Herøy i dette arbeidet, jf. ref. frå arbeidsgruppa for kommunereform.


Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma.*

Fosnavåg, 05.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



MØTE I ARBEIDSGRUPPA FOR KOMMUNEREFORM

REFERAT FRÅ MØTE NR. 1:

Stad: Møterom 1, Herøy rådhus

Deltakarar:

- Olaus-Jon Kopperstad, Rådmann
- Ann-Kathrin (Tine) Storøy, gruppeleiar Høgre
- Karly Ingunn Teige, gruppeleiar Framstegspartiet
- Ole Magne Rotevatn, kontaktperson kommunereform

Bjarne Kvalsvik, Arnulf Goksøyr og Camilla Storøy Hermansen har meldt avbud.
Henry Jøsokbakke og Per Kristian Furø møtte ikkje.

Tid. 4.6.2015. 10:00 – 11:15

Referat:

- Val av leiar og organisering
Ordførar er leiar for arbeidsgruppa.

Formannskapet skal representere Herøy i arbeidet med kommunereforma.

- Utarbeide forslag til mandat for arbeidsgruppa.
*Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.*

- Involvering av råd, organisasjonar og næringslivet.
*Eldreråd skal vere inkludert i arbeidsgruppa og dei vel sin kandidat sjølv.
Ungdomsråd stiller med ein person i arbeidsgruppa og dei vel sin kandidat sjølv.
Tillitsvalde skal vere inkludert i arbeidsgruppa og dei vel sin kandidat sjølv.*

Næringslivet skal inkluderast i arbeidet og arbeidsgruppa ynskjer kontakt med næringsforum og/eller shippingklubben.

- Organisering av arbeid med kommunereform
*Kommunestyret eig prosessen
Arbeidsgruppe er nedsett med eige mandat.
Arbeidsgruppa inviterer seg inn i ulike fora for å drøfte kommunereform.*

- Evt.
Storkommune Sunnmøre: Arbeidsgruppa ynskjer at ordførar tek kontakt med leiar for prosessen og undersøker om Herøy kan vere med som deltakar eller tilhøyrar.

Ynskjer Formannskapet «naboprat» med nabokommunane? Formannskapet må drøfte aktuelle møtedatoar.

Arbeidsgruppa vil drøfte innbyggjarmedverknad ved seinare høve.

Milepårsplanen skal ligge ved alle saker som går til kommunestyre og formannskap og skal oppdaterast.

Møta i arbeidsgruppa skal primært leggast til seint på dag for å ta omsyn til ungdomsrådet.

Ref. Ole Magne



Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2014/894
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/15	Eldrerådet	15.06.2015
14/15	Komite for Helse og omsorg	11.06.2015
3/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10.06.2015
85/15	Kommunestyret	25.06.2015

LOKALISERING AV OMSORGSSENTER FOR HERØY

Møtebehandling:

Saksframlegget vart delt ut i møtet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2015

Kommunestyret tek saka til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med alternativ 1.

Møtebehandling:

Komiteen har oppfatta mandatet slik at ein skal legge fram aktuelle lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet uten å kome med ei tilråding til val av løysing.

Komiteen legg då fram fire alternativ som inneber både lokalisering og eit prinsippval i høve ein,- to, eller tredelt løysing.

Med utgangspunkt i befolkningsprognoser og tenestebehov ser komiteen at det haster å kome i gang med konkret planlegging av prosjektet, og dersom kommunestyret vel å gå vidare på eit av alternativa bør det også løyvast planleggingsmidlar.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 11.06.2015

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

Møtebehandling:

Alle fire alternativ vart grundig diskutert i møtet.

Etter å ha vurdert både fordeler og ulemper med dei fire alternativa vart Eldrerådet samrøystes enige om å innstille på alternativ 1: Vidareutvikling av dagens todelte løysing.

Dette med grunnlag både ut i frå økonomi, gode tilbakemeldingar frå brukarane, nærheit til dei pårørande og ein forholdsvis god bygningsmasse i Myrvåg og til dels på Eggesbønes. Sanering av dagens raud og grøn avdeling når dette vert aktuelt er mulig å organisere innanfor dagens areal.

Eldrerådet kan ikkje sjå at samlokalisering på Eggesbønes eller Myrvåg gir økonomiske fordelar som veg opp bakdelen ved at avstanden mellom brukarar og pårørande aukar.

Eldrerådet vil også peike på at det synes som om det er lettare å rekruttere legar og omsorgspersonell i Myrvåg på grunn av kortare arbeidsveg for arbeidstakarar frå andre kommuner i nærområdet.

Tilråding i Eldrerådet - 15.06.2015

Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1.

Særutskrift:

Helse- og omsorgskomiteen
Pleie- og omsorgsavdelinga
Eigedomsavdelinga
Anlegg- og driftsavdelinga
Utviklingsavdelinga
Eldrerådet
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg:

Prenta vedlegg

1. Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen.
2. Innkalling til temadag for det framtidige omsorgssenteret den 4.12.14.
3. Referat frå temadag om det framtidige omsorgssenteret.
4. Oppsummering frå ekskursjon til Ålesund kommune den 12.02.15.
5. Befolkningsprognose frå SSB for Herøy kommune 2015-2040.
6. Prognostisert utvikling i tenestebehov for Herøy kommune fram mot 2040. Kjelde Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
7. Prognostisert utvikling i antal årsverk for institusjon og heimeteneste fram mot 2040. Kjelde Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
8. Situasjonsplan Eggesbønes.
9. Situasjonsplan Myrvåg

Uprenta vedlegg

1. K-sak 103/14
2. [Rom for trygghet og omsorg - veileder for utforming av omsorgsboliger og sykehjem \(Husbanken, 2009\)](#)

Saksopplysningar:

Saka gjeld lokalisering av nytt omsorgssenter i Herøy kommune.

Kommunestyret gjorde i K-sak 103/14 slikt vedtak, jamfør uprenta vedlegg 1:

1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.

Komitèleiar har avtalt med ordføraren å utsette saka til junimøtet.

Rådmannen si vurdering:

Teneste og driftsøkonomi er to moment som er sentrale i vurderinga.

Vi må bygge effektive tenester med god kvalitet. Då er det ein fordel med mest mogleg samlokalisering for kvalitativ og effektiv bruk av helsepersonell og byggteknisk personell. Vi må legge godt til rette for beredskap m.a. akuttfunksjonar som lege og brann m.m. Ei oppsplitting av tilbodet vil redusere kvaliteten på tenestene gjennom splitting av kompetansmiljø og med redusert fleksibilitet i forhold til bemanning og redusert samarbeid i beredskapssituasjonar.

Når ein byggjer for framtida må ein tenkje effektiv byggforvaltning. Ei samling eller ytterlegare oppsplitting av omsorgssentertilbodet må vurderast i lys av dette. Tre eller fleire skilde einingar er ikkje tilrådeleg då dette vil auke driftskostnadane både i pleie- og omsorgsavdelinga og hos eigedomsavdelinga.

Det er ein fordel om tilbodet er i rimeleg avstand til befolkningskonsentrasjonen, då dette vil legge betre til rette for besøk og den frivillige deltakinga.

Fosnavåg 04.06.2014

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Innstilling frå helse og omsorgskomiteen:

Nærmare om mandatet

Helse- og omsorgskomiteen tolkar mandatet slik at ein skal fremje forslag til aktuelle lokaliseringalternativ, uten å kome med ei konkret tilråding til rangering av desse.

For å kunne fremje forslag til lokaliseringalternativ, har helse- og omsorgskomiteen funne det naudsynt å vurdere også kva målgruppe eit omsorgssentertilbod bør rette seg mot og kva funksjonar eit slikt tilbod bør ha. Kva målgruppe og funksjonar eit omsorgssentertilbod skal ha, er avgjerande for arealbehovet og er såleis direkte relevant for lokaliseringsspørsmålet.

Likeins er endring i befolkningssamansetninga og tenestebehovet sentrale faktorar i saka, og ein har difor teke dette inn som grunnlagsdokumentasjon for å kunne vurdere behovet for framdrift i saka. Komiteen har såleis tolka mandatet utvidande, i den forstand at ein har vurdert fleire spørsmål enn det ein kan lese direkte ut av ordlyden i mandatet.

Organisering av arbeidet

Arbeidet har vore leia av komite for helse- og omsorg, i samarbeid med pleie- og omsorgsleiar, eigedomsleiar og rådmann.

Komiteen har arrangert temadag og gjennomført ei synfaring for å sjå eksempel på moderne og funksjonelle omsorgssenter. Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått orientering og drøfta saka i eigne møter.

På temadagen samla ein politikarar, tilsette og brukarrepresentantar for felles informasjon og diskusjon. Kort oppsummert var det brei konsensus om kva eit omsorgssenter bør vere, og komiteen fekk klare signal å ta med i det vidare arbeidet.

Innkalling og referat frå temadagen ligg ved som prenta vedlegg 1 og 2.

Den 12. februar 2015 var representantar frå kommunen på synfaring til Ålesund kommune. Der besøkte ein Spjelkavik og Hatlane omsorgssenter. Omsorgsbustadar og sjukeheimar som vert finansierte med investeringstilskudd må være tilrettelagt for tilkobling av elektroniske hjelpemiddel, kommunikasjons- og varslingsystem og annan velferdsteknologi. Ein besøkte difor også demonstrasjonshuværet for velferdsteknologi ved Høgskulen i Ålesund. Oppsummering frå ekskursjonen ligg i prenta vedlegg 3.

Synfaringa ved Hatlane omsorgssenter illustrerte fyrst og fremst bygningsmessige kvalitetar. Senteret er forsåvidt eit viktig referanseprosjekt for ei eventuell seinare utbygging. Spjelkavik omsorgssenter gir varierte tilbod til ei utvida målgruppe, og representerer eit konsept ein ynskjer å samle seg om. Aktivitetane ved senteret var såleis like mykje eit tilbod til heimebuande som til pasientane i huset. Mulighetene i eit slikt konsept ligg i å lage gode fellesareal, enten det gjeld for aktivitetar, behandling eller lager.

Kva er eit omsorgssenter?

Omgrepet omsorgssenter vert gjerne nytta for eit område med både sjukeheim- og omsorgsbustadtilbod, sjå [Rom for trygghet og omsorg - veileder for utforming av omsorgsboliger og sykehjem \(Husbanken, 2009\)](#), kapittel 5,1 i uprenta vedlegg 2 for

meir informasjon. Det er verd å merke seg at der også er skilje mellom ulike typer omsorgsbustadar (sitat frå veileder):

Nasjonale føringer (St. meld. nr. 25 (2005–2006), jf. også Demensplan 2015, sier at tilrettelegging for personer med demens og kognitiv svikt, må være et hovedprinsipp ved bygging av omsorgsboliger og sykehjem.

Det antas at ca 80 prosent av sykehjemsbeboerne i dag har en demenssykdom. Sykehjemmet vil for dem og andre langtidsbeboere være et hjem. Det må derfor stilles store krav til trivsel ved utforming av bofunksjonene. Ved bygging av sykehjem anbefales generelt å ta utgangspunkt i anbefalinger som gjelder for botilbud for personer med demens.

Sykehjem eller omsorgsbolig?

Pleie- og omsorgstjenester ytes i dag både i eget hjem, omsorgsboliger og sykehjem. Flere enn tidligere får omfattende bistand i omsorgsboliger. Den kan gis av fast tilknyttet personale eller hjemmetjenesten. Omsorgsbolig er ikke en lovregulert boform og derfor å betrakte som beboerens private hjem. Tjenestene er lovregulert og skal gis etter behov. Sykehjem er en lovregulert boform.

Omsorgsbolig og sykehjem har ulike betalingsformer. Forskrift for vederlag gjelder for beboere i institusjon og regnes som prosenter av inntekten (trygd). Vederlaget dekker opphold og alle tjenester. I en omsorgsbolig betaler beboerne for kost og bolig og eventuelt egenandel på de tjenestene som mottas. Beboere i omsorgsbolig kan få bostøtte.

Sykehjemmet/ institusjonsplasser kan brukes til:

- Rehabilitering og overgangspanele etter sykehusbehandling.
- Avlastning.
- Langtidssyke eldre som trenger mye pleie.
- Pleie ved livets slutt/lindrende behandling.
- Skjermede enheter for personer med demens.

Omsorgsboliger i bokollektiv med fast tilsatt personale kan brukes til:

- Skjermede botilbud for personer med demens.
- Botilbud for langtidssyke som trenger mye pleie.

Selvstendige omsorgsboliger med fellesrom kan brukes til:

- Botilbud for langtidssyke (ikke demens) som trenger mye pleie.

Der er altså ulike typer butilbud der den vanlege inndelinga er sjølvstendige bustadar, bufellesskap og bukollektiv/sjukeheim. Skilnaden er i hovudsak storleiken på privatarealet og graden av felleskap. Di tettare fellesskap, di viktigare er det at antalet i bugruppa ikkje er for stort.

Veiledaren seier vidare at:

Sjølvstendige bustadar skal gi plass til alle sentrale bufunksjoner. Bustadane må ha kjøkken, soverom, bad med plass til vask og tørk av tøy, samt bod. Fordi bustadane også må legge tilrette for bruk av hjelpemiddel, bør arealet vere 55 m² eller større. Det må vere privat uteplass/terrasse. I

bustadar for personer som i mindre grad er avhengig av hjelpemiddel, kan arealet reduserast noko. Mange brukarar ynskjer at omsorgsbustadane vert bygd i tilknytning til fellesareal eller areal til tjenesteapparatet.

Omsorgsboliger i bufelleskap er ei gruppe bustadar der privateininga har dei nødvendigaste bufunksjonar for eiga hushaldning, men som i tillegg har fellesareal. Privatarealet bør minimum vere ca 40m² og blant anna ha plass til et godt utstyrt kjøkken. I tillegg må det vere fellesareal i form av stue og spisekjøkken. Dette gir bebuaren valgridom om ein vil delta i fellesskapet eller ikkje. Fordi mange ikkje ynskjer å delta i fellesskapet, bør antalet personar i eit bufelleskap ikkje vere for lite. Talet på bueiningar kan vere frå 8–15, avhengig av brukargruppe. Bodareal kan vere både privat og felles og må ta omsyn til plass til hjelpemiddel.

Omsorgsboliger som bukollektiv er ei gruppe bustadar som er organisert med tanke på stor grad av fellesskap med for eksempel felles matlaging og måltid. Privatareal bør vere mellom 28 og 40 m². Løysinga stiller krav til godt tilpassa fellesareal som kjøkken og opphaldsrom. Denne buforma kan vere sosialt krevjande, og passar ikkje alle. Bukollektiv fungerer best der bebarane ynskjer eller har behov for eit tett fellesskap, der eit fast personale hjelper til med organisere kvardagen, og gir helse- og sosialtjenester.

Herøy kommune har i dag to omsorgssenter, begge med omliggande omsorgsbustadar i bufelleskap. Som erstatning for gul avdeling er det under arbeid eit nybygg i tilknytning til blå avdeling som skal drivast som omsorgsbustad og bukollektiv.

Befolkningsprognose for Herøy kommune

Tal frå Statisk sentralbyrå syner at aldersgruppene 70-79 år og 80+ nær doblar seg fram mot 2040 medan dei yngre aldersgruppene har liten vekst eller reduksjon. Den sterke veksten i aldersgruppa 80+ er venta etter år 2024.

Aldersgruppe	2014	2040	Endring
0 - 24 år	2 807	2 737	- 2,49 %
25 - 34 år	981	1 041	6,73 %
35 - 44 år	1 227	1 222	- 0,41 %
45 - 69 år	2 762	2 951	6,84 %
70 - 79 år	594	1 050	76,77 %
80+	476	862	81,09 %
Sum	8 847	9 863	11,48 %

Aldersutviklinga er i stor grad lik utviklinga i fylket elles og skuldast at dei store etterkrigskulla vert eldre og den generelle levealderen høgare. Andelen som bur åleine er lågare i Herøy enn for landet elles, men er likevel den største hushaldsgruppa i kommunen. Vedlagt som prenta vedlegg 4 ligg ein tabell frå SSB som viser ei meir detaljert utvikling på årstal.

Teneste- og rekrutteringsbehov

Ei dobling av aldersgruppa 70 + gir nye samfunnsutfordringar. Vedlagt fyl tabellar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som har lagt fram utrekningar på auken av tenestemottakarar og behov for nye årsverk for Herøy kommune, sjå prenta vedlegg 5 og 6.

Utrekninga legg til grunn at dekningsgrader og standard på tenestene er dei same som i 2012.

Det er ei stor nasjonal satsing på velferdsteknologi i tru på at dette vil gjere folk meir sjølvhjelpete, og det er ein nasjonal filosofi å dreie fokuset frå hjelp til sjølvhjelp. Målet er ei friskare befolkning med mindre hjelpebehov. Førebygging og folkeopplysning er sentrale nøkkelord. Mange er bekymra over dei effektene rus vil ha på samfunnet. Tabellen tek ikkje inn i seg ei auke i hjelpebehovet i yngre aldersgrupper, eller effekten av førebygging.

Samhandlingsreforma har ført til ei tenestedreining frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Trenden er at folk i aukande grad skal få hjelpa si der dei bur. Dette får konsekvensar for korleis kommunen må bygge og utvikle sitt tenesteapparat.

Andelen som bur åleine er den største hushaldsgruppa i kommunen. Einsemd og behov for hjelp frå andre vert fort ein konsekvens av dette.

Rekrutteringsbehovet i helse- og omsorgstenestene har eit bratt stigande kurve samstundes som tilgangen på yngre arbeidskraft går nedover. Det vert viktig å planlegge for effektiv drift med god logistikk, samt å legge til rette for at folk kan vere mest mulig sjølvhjelpete. Bygningar, teknologi og organisering er sentrale element i å lykkast med å sikre tenestetilbodet.

Dekningsgrad

Kommuneplanen har ei målsetting om ei dekningsgrad på insitusjonsplassar på 25 % av talet på eldre over 80 år. Prosenten er sett i høve ei nasjonalt anbefalt norm.

Antal eldre over 80 år:

Årstal	2015	2025	2030	2035	2040
Eldre over 80 år	464	527	651	767	862
Auke pr periode		63	124	116	95
Antal plassar med dekningsgrad 25 %	116	132	163	192	216

Herøy kommune har i 2015 totalt 101 institusjonsplassar (+ 2 til øyeblikkelig hjelp døgn). Med 101 plassar er der ei dekningsgrad på 21,77 %. I 2010 var den på 24 %. Med unntak av dei to plassane som er gjort om til øyeblikkelig hjelp har ein ikkje lagt ned plassar i perioden, så dette viser auken i brukargruppa så langt.

Differansen mellom 216 og 101 tilseier eit behov på 115 nye plassar for å dekke kapasitetsauken. Gul, grøn og raud avdeling tilbyr institusjonsplass til 50 pasientar. Gul vert erstatta i løpet av 2016 med inntil 16 plassar i omsorgsbustad i bukollektiv, og reduserer det samla kapasitetsbehovet tilsvarande med maksimalt 6 plassar. Ei eventuell nedlegging av raud- og grøn avdeling vil gi eit tilsvarande auka behov for 40 plassar. Vi har då eit samla behov på omlag 149 nye plassar.

Ovannemnde reknestykke føreset ein norm med 25 % dekning for eldre over 80, og har ikkje tatt omsyn til oppgåver som ligg i samhandlingsreforma, som også inkluderer den yngre befolkninga. Her er det heller ikkje tatt inn andre type behov som t.d. rus og psykiatri.

Skildring av noverande omsorgssentertilbod

Kommunen har i dag eit desentralisert omsorgstilbod ved at ein har to tilsvarande omsorgssenter med tilbod om både sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar. Heimeteneste er knytt til begge institusjonane. Begge insitusjonane har samarbeid med legesentra som er lokalisert i nærleiken. Dette gjeld spesielt lege- og

fysioterapitenester, og i ytre nokre laboratorietenester. Kommunen si ergoterapi- og psykiatriteneste er lokalisert på helsesenteret på Eggesbønes.

Herøy omsorgssenter 3 bygg, 4 avdelingar	Myrvåg omsorgssenter 1 bygg, 2 avdelingar
<p>Somatisk sjukeheim med plassar for dag- og døgnopphald, kort- og langtid. To heimetenestedistrikt er knytt til sjukeheimen. Omliggande omsorgsbustadar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grøn avdeling: 20 plassar • Raud avdeling: 20 plassar • Blå avdeling: 16 plassar, Dagsenter for demente med 10 plassar, demens- og psykiatriteam. • Gul avdeling: 10 plassar (skal erstattast med omsorgsbustadar for heildøgns omsorg frå 2016. Er under planlegging som tilbygg til blå avdeling) Planlagd kapasitetsauke er inntil 6 plassar. 	<p>Somatisk sjukeheim med plassar for dag- og døgnopphald, kort- og langtid. Eit heimetenestedistrikt er knytt til sjukeheimen. Omliggande omsorgsbustadar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avdeling A 17 plassar, 2 plassar for øyeblikkelig hjelp døgn • Avdeling B 18 plassar for demente

Senteret på Eggesbønes er større enn i Myrvåg, men i høve befolkningskonsentrasjonen i kommunen er det indre som i dag har best dekning på institusjonsplassar. Dagsenteret for demente er eit spesialtilbod som vert nytta av heile kommunen. Elles er det tilbod om dagopphald på begge institusjonane. Kommunen sine to plassar for øyeblikkelig hjelp er plassert i Myrvåg fordi denne institusjonen hadde den beste bygningsmassen, og ein såg det som ein fordel at det er nær den interkommunale legevakta.

Begge institusjonane er organisatorisk plassert under ein pleie- og omsorgsleiar, og driv såleis i stor grad etter dei same retningslinene og prosedyrene. Tenestetildelinga vert gjort av pleie- og omsorgsleiar, og slik får ein lik praksis for heile kommunen.

Institusjonane var bygde i ei tid då tenesteidealet var prega av sjukehustenkninga sin effektivitet med lange korridorar, og ein pasient som stort sett låg i senga og difor ikkje trengde plass til opphald utover dette. Difor har ein i dag begrensa høve til å kunne tilby tenester til heimebuande inne på omsorgssenteret sitt område.

I tillegg til omsorgssentra har kommunen omsorgsbustadar på Myklebust og i Fosnavåg.

Vurdering og konklusjon:

Aktuelle lokaliseringalternativ for vidare utbygging av omsorgssenterfunksjonar

Komiteen starta arbeidet med ein gjennomgang av fleire tomtealternativ, men samla seg raskt om fire prinsippmodellar. I drøfting av dei ulike alternativa har komiteen hatt fokus på teneste og driftsøkonomi. Komiteen har sett på fordelar og ulemper ved dei fire modellane:

Alternativ 1: Vidareutvikling av dagens todelte løysing

Alternativ 1 inneber at kommunen vidareutviklar dagens todelte omsorgssentertilbod i Myrvåg og på Eggesbønes.

Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none">• Ein stor del av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt geografiske nærområde.• Bygningsmassen ved Myrvåg omsorgssenter er av god teknisk stand sjølv om ein bør planlegge renovering av kjøkkenfløya i bygget.• Bygningsmassen ved Herøy omsorgssenter - Blå avdeling er av god teknisk stand. Nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon samt base for heimetenesta er også under utbygging i området i tillegg til at helsesenteret er plassert i umiddelbar nærleik.• Arealet på Eggesbønes gir rom for ei trinnvis utbygging samstundes som ein kan drive tenestene i eksisterande bygg, sjå kartskisse i prenta vedlegg 7.• I dag driv ein sjukeheim i tre bygg på området. Denne kan samlast under eitt tak.• Omsorgssentra ligg nært til butikk, lege, brannstasjon og andre helselokalitetar. Herøy omsorgssenter ligg i tillegg nær drosje og apotek.• Området på Eggesbønes er sentralt plassert i forhold til Fosnavåg og kan bidra til vidare utviklinga av Eggesbønes som bydel. Myrvåg omsorgssenter kan vere eit positivt tilskot til den vidare utviklinga av bu- og handelsområdet i Myrvåg.• Herøy ressurscenter er planlagt i området ved Herøy Produksjon og kan gi potensiale for samarbeid med omsorgssenteret.	<ul style="list-style-type: none">• Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling - har store bygningsmessige behov. Sanering er difor eit aktuelt alternativ. Dette krev god samordning og logistikk ved ei eventuell utbygging.• Ein mister noko av stordriftsfordelen ved å ta to framfor eitt omsorgssenter fordi personalet må fordelast på fleire lokalisasjonar, men det vil vere betre enn å dele det opp i tre .• Tomtene har ikkje havutsikt

Alternativ 2: Tredelt løysing i Myrvåg, Eggesbønes og Fosnavågområdet

Alternativ 2 inneber at kommunen vidareutvikler dagens todelte omsorgssentertilbod i Myrvåg og på Eggesbønes og i tillegg vidareutviklar omsorgssentertilbodet på ein tredje lokasjon i Fosnavåg-området.

Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none">• Ein auka andel av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt geografiske nærområde• Eit tredje senter kan byggast utan særlege logistikkutfordringar.	<ul style="list-style-type: none">• Alternativet er driftsøkonomisk mindre gunstig enn dei andre alternativa. Meir tid til køyring og samordning både for tenestene og byggdrift.• Alternativet er mindre gunstig for tenestene enn dei andre alternativa. Det vert meir fragmentert, mindre fagmiljø og vanskelegare å sikre ei fagleg forsvarleg dekning.

<ul style="list-style-type: none"> • Ei utbygging i Fosnavåg kan bidra til den vidare utviklinga av Fosnavåg som bydel. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lenger vei til legevakt og sjukehus • Kommunen kan måtte kjøpe og regulere grunn for vidare utvikling. • Nytt omsorgssenter er ikkje del av byutviklingsprosjektet for Fosnavåg.
--	--

Alternativ 3: Samlokalisering ved Herøy omsorgssenter	
Alternativ 3 inneber at kommunen samlokaliserer alt omsorgssentertilbod ved Herøy omsorgssenter og legg ned drifta ved Myrvåg omsorgssenter.	
Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none"> • Samlokalisering vil isolert sett vere den driftsøkonomisk beste løysinga. • Samling av kompetanse har positive effekter både for logistikk og rekruttering. Kompetanse rekrutterer kompetanse • Befolkningstygda i kommunen er plassert i ytre Herøy • Arealet på Eggesbønes gir rom for ei trinnvis utbygging samstundes som ein kan drive tenestene i eksisterande bygg, sjå kartskisse i prenta vedlegg 7 . • Enkel kommunikasjon, nærleik til drosje og kollektivtransport. 	<ul style="list-style-type: none"> • Avstanden til interkommunalt legevaktsamarbeid vert større. • Avstanden til næraste sjukehus vert lenger. • Ein redusert andel av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt nærområde.

Alternativ 4: Samlokalisering ved Myrvåg omsorgssenter	
Alternativ 4 inneber at kommunen samler alt omsorgssentertilbod ved Myrvåg omsorgssenter, sjå prenta vedlegg 8.	
Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none"> • Samlokalisering vil isolert sett vere den driftsøkonomisk beste løysinga. • Samling av kompetanse har positive effekter både for logistikk og rekruttering. Kompetanse rekrutterer kompetanse • Kortare til interkommunalt legevaktsamarbeid • Kortare vei til sjukehus 	<ul style="list-style-type: none"> • Omsorgssenterfunksjonane vert flytta frå det området som har størst befolkningstygde. • Området manglar sentrums kvalitetar. • Dårlegare utbyggingspotensial enn ved Herøy omsorgssenter. • Sveikka helseberedskap dersom ekstremvær isolerer ytre Herøy

Komiteen si vurdering

Det kommunale tenesteansvaret er aukande, og kommunen bør i framtida legge til rette for sambruk av lokalitetar. Ein må finne løysingar som legg til rette for at folk kan bu heime lengst mulig. Det vert då viktig å ha ein møteplass som dekkjer både sosiale og praktiske behov. Personale vert ein knappheitsfaktor, og ein må legge til rette for god rekruttering og god logistikk.

Tradisjonelt gir sjukeheimsbegrepet assosiasjonar om ein heim for sjuke folk, der hovudfokuset er heim, og behandling og pleie i livets siste fase. I dag tek korttidspasientane eit stadig større fokus, og korridorpatientane har flytta frå sjukehusa til sjukeheimane. Framover må ein reindyrke butilbodet, samstundes som ein må planlegge for endå fleire korttidsopphald med mellom anna vekt på rehabilitering. Ein må også planlegge for tilbod til heimebuande. Senteret må dermed ha rom for spesialfunksjonar for behandling og trening, Det bør vere ein naturleg samlingsplass med kafe og aktivitetstilbod, dreve i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Komiteen anbefalar at ein i det vidare arbeidet sjekker ut konsept som t.d. demensby. I England har ein til dømes små nisjebutikkar inne på slike område.

Komiteen har oppfatta mandatet slik at ein skal legge fram aktuelle lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet uten å kome med ei tilråding til val av løysing.

Komiteen legg då fram fire alternativ som inneber både lokalisering og eit prinsippval i høve ein,- to, eller tredelt løysing.

Med utgangspunkt i befolkningsprognoser og tenestebehov ser komiteen at det haster å kome i gang med konkret planlegging av prosjektet, og dersom kommunestyret vel å gå vidare på eit av alternativa bør det også løyvast planleggingsmidlar.

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ.....
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

Fosnavåg, 31.05.2015

Fred Hansen
Leiar helse- og omsorgskomiteen


Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge, i samarbeid med Robert Myklebust



Temadag:

DET FRAMTIDIGE OMSORGSSENTERET

- Kva er eit moderne omsorgssenter ?
- Aktuelle lokaliseringalternativ



Arr: Helse- og omsorgskomiteen
Inviterte: HO-komiteen, leiar og nestleiar plan- og byggenemnda, nøkkelpersonell og representantar frå tillitsvalte i avdelingane PO, BFH, eigedom, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, diverse lag og brukarorganisasjonar, Herøy vidaregåande skule, Helseføretaket, prosjektleiar for velferdsteknologiprojekt
Tid: Torsdag 4 desember kl 0830-1530
Stad: Kjeldsund ungdomssenter

Program for dagen:

- 0830 «Opning og presentasjon av programmet» - ved komitèleiar og dagens møteleiar Fred Hansen
- 0845 «Litt om samhandlingsreforma og forholdet mellom omsorgsbustad, sjukeheim og tenester i heimen» - ved pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge
- 0910 «Erfaringsbasert synsing frå grasrota: viktig å tenke på når ein skal planlegge for framtida» - ved avdelingsleiar Randi Kvalsund Taklo
- 0920 Beinstrekk
- 0930 «Kva ser Helseføretaket som viktig når det gjeld kommunane si utvikling av helse- og omsorgstenester generelt, og omsorgssenter (institusjonsfunksjon) spesielt» - ved samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm
- 0955 «Kloke grep for bruk av velferdsteknologi i ei moderne omsorgsteneste» - ved prosjektleiar/rådgjevar for velferdsteknologi Tone Kiperberg Kirkhorn, Ålesund kommune
- 1020 Beinstrekk



- 1035 «Innspeil frå den eldre garde: viktig å tenke på når ein skal planlegge for
framtida» - ved eldrerådsleiar Arve Moltubakk
- 1045 «Muligheitsrommet: lokaliseringalternativ for nytt omsorgssenter» - ved
eigedomsleiar Robert Myklebust
- 1110 Presentasjon av sekvens for idèmyldring. Funksjonsfordeling i tenketanken
- 1130 Mat og prat
- 1230 Idèmyldring
- 1430 Delestund
- 1525 Avslutning ved komitèleiaren

Påmelding til pleie- og omsorgsavdelinga på mailadresse:

gro-anette.froystad.voldsund@heroy.kommune.no innan torsdag 27.november kl 1500
(Kjeldsund må ha beskjed for å planlegge bestilling av mat)



Referat frå

TEMADAG OM DET FRAMTIDIGE OMSORGSSENTERET den 4.12.2014

- **Kva er eit moderne omsorgssenter**
- **Aktuelle lokaliseringsalternativ**

Helse- og omsorgskomiteen var arrangør, og foruten komiteen sjølv var det invitert representantar frå ei brei samansett gruppe. Dette var leiar og nestleiar plan- og byggenemnda, nøkkelpersonell og representantar frå tillitsvalte i avdelingane PO, BFH, eigedom, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, diverse lag og brukarorganisasjonar, Herøy vidaregåande skule, Helseføretaket, prosjektleiar for velferdsteknologiprojekt. I tillegg var ordføraren med på deler av dagen. Der var om lag 30 frammøtte.

Komiteleiar, og dagens møteleiar, Fred Hansen stod for opning og presentasjon av programmet. Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge hadde innlegg med temaet «Litt om samhandlingsreforma og forholdet mellom omsorgsbustad, sjukeheim og tenester i heimen». Avdelingsleiar Randi Kvalsund Taklo kom med innspel på kva som var viktig å tenke på når ein skal planlegge for framtida.

Der var to eksterne gjesteforelesarar. Samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF Britt Valderhaug Tyrholm hadde temaet «Kva ser Helseføretaket som viktig når det gjeld kommunane si utvikling av helse- og omsorgstenester generelt, og omsorgssenter (institusjonsfunksjon) spesielt». Prosjektleiar/rådgjevar for velferdsteknologi Tone Kiperberg Kirkhorn, Ålesund kommune snakka om «Kloke grep for bruk av velferdsteknologi i ei moderne omsorgsteneste»

Eldrerådsleiar Arve Moltubakk hadde temaet «Innspel frå den eldre garde: viktig å tenke på når ein skal planlegge for framtida», og eigedomsleiar Robert Myklebust presenterte mulighetsrommet for lokaliseringsalternativ for nytt omsorgssenter.

Det var så tid for deltakarane å få seie sitt og ein sette seg i blanda grupper. Det vart ikkje laga til spørsmål då ein ville at gruppene skulle få stå heilt fritt i kva dei ville ta opp. Diskusjonane gjekk livleg rundt borda, og då ein kom til oppsummering og presentasjon av drøftingane viste det seg at gruppene var ganske så samstemte.

Oppsummering av gruppearbeida (direkte sitat):

- Ein må bygge vidare på Eggesbønes og Myrvåg
- Stort fellesareal med høve til å ta imot kulturelle aktivitetar
- Bygge i små einingar med mulighet for skjermin
- Kafè ved inngangspartiet

- Fysioterapi, tannpleie, frisør, velværesenter, fotpleie, sanserom
- Frisklivsentral/helsestasjon for forbyggende arbeid
- Treningssenter
- Store nok pasientrom, lagerplass til hjelpemiddel
- Leiligheter i ulik størrelse
- Gode hjelpemiddel for personale
- Godt uteområde, utan gjennomkøyring
- Viktig å oppretthalde kjøkkenet
- Velferdsteknologi er viktig, viktig å tenke gjennom teknisk gjerde og ledde ned kabel
- Forflytning av pasientar er ei belastning i seg sjølv (tilboda bør difor vere på huset. Eks tannlegetilbod)
- Påørande rom
- Behalde øhjelpsplassane
- Møterom
- Garderober/toalett
- Betre fysioterapi/ergoterapitjenester for rehabilitering
- Tilknytning til lokale tilbod:
 - o Brannstasjon
 - o Apotek
 - o Legekantor
 - o Mat
 - o Treningsmuligheit
 - o Frisør, fotpleie ++
- Kjøkken
- Lager for bebuarar
- Felles funksjonar
- Legevaktfunksjon ?
- Fellesarealet må vere multifunksjonelt med høve til både oppdeling og store samlingar. Naturleg samlingsplass
- Behalde leiarsstruktur. Viktig å behalde avdelingsleiarar, teamleiarar ?
- Wi-fi – kommunalt fastnett, mobildekning
- Nok kontaktpunkt, stikkontakter (dørstyrarar, laddestasjon hjelpemiddel/telefon/nettbrett. Datakontakter
- Stor nok heis !
- Sengeheis også i omsorgsbustadar
- Universell utforming. Husk syn og hørsel
- Kapell / seremonirom
- Enstemmig at det må samlokaliseras på Eggesbønes
- Geografi. Unngå bakkar
- Beredskap. Kort uttrykking
- Møterom og grupperom. Også for utleige
- Muligheit for samordning av signal/alarmanlegg
- Hjelpemiddellager
- Aktivitetsrom
- Frisklivsentral
- Helsestasjon for eldre !

- Frivillighetssentral
- Barselgruppetreff
- Namn på avdelingane, ikkje fargar. Sponsornamn ?!
- Innhald:
 - o Omsorgsleiligheter
 - o Omsorgsleiligheter med heildøgns bemanning
 - o Heimeteneste
 - o Bukollektiv/fellesskap
- Bevare eit tilbod i indre
- Vaskeri
 - o Drift av vaskeri, service, kafè av furene eller liknande
- Fleksibile rom
 - o Demens kontra x antal rullestolar
- Parkering under bygget
- Areal og sikkerheit
- Bør bygge på Eggesbønes i forlengelse av blå avdeling
- Bygget bør innehalde både bukollektiv og sjukeheim, frisklivssentral, kantine, administrasjon, lager, parkeringskjellar. Øvrig parkering bør vere i ytterkant av området
- Takterasse/overlys
- Plass for utviding i området. Atrium/samanbygging
- Plassering der det er i dag. Sjukeheimsvegen
- Overbygde vegar mellom
- Bygge i høgda, minst to etasjer
- Parkeringskjellar
- Helsestasjon
- Frisklivssentral med temadagar og kurs
- Kjøkken/kafè
- Utehage
- Yngre-pleie-rus
- Smitteavdeling med opphaldsrom
- Altanar, sola rundt (pasientane får ytre rom)
- Vaktrom i midten
- Eiga avdeling for rehabilitering med opptrening, leikerom
- Kuppel over medisinrom, kontor etc (indre rom)
- Takterasse
- Møterom, store og små
- Blanding av omsorgsbolig og sjukeheim
- Dagsenter
- Rehabilitering
- Fleire formålstenlige fellesareal med nok plass
- Lyst, utsikt, liv og røre, lett å stikke innom
- Nær til butikk, lege, fysio, tannlege osb.
- «3-kanten» på Eggesbønes med alt det inneheld i dag + vinterhage + frisklivssentral med kafè + rehabilitering, overbygde gangvegar mellom bygningane

- **Innhald:**
 - Møtestad for alle, kafè, kurs, underhaldning, matlaging
 - Nytte friske heimebuande eldre som ein ressurs
 - Lokalitetar for fagfolk som kjem dit med tenester. Eks fysio, ergo, logoped, psyk, ernæringsfysiolog, frisør, tannpleie, fotpleie. Heimebuande må også få bruke desse tilboda
 - Rehab avdeling med eige personale
 - Tilrettelagt for «rullande» ute + triveig uteplass
 - Leger til hjelpemiddel
 - Kjøkken !
 - Leikeplass/rom i samband med kafè
 - Fleirbruk smitteavdeling
- Plassering der det er no; - på Eggesbønes
- Bruke Myrvåg på ein annan måte ??
- Eit omsorgssenter i Herøy, på Eggesbønes ved helsesenter og blå avdeling / 16 omsorgsleil. Byggast saman med blå.
- **Samle funksjonar for fleire funksjonsnivå**
 - Institusjon
 - Leiligheter
 - Heimeteneste
 - Fellesareal
- Stenge sjukeheimsvegen

Ei gruppe leverte ei teikning av «helsetrekanten» på Eggebønes med eit høgbygg i forlengelse av blå, uteområdet i midten og omsorgsbustadar i utkanten av området.

Oppsummeringa viste stor samling rundt å bygge vidare på dei to alternativa ein har i dag. Ein ser for seg eit område med tilbod til heimebuande, omsorgsbustadar og sjukeheim på Eggebøens. Nokre peikte på alternativ bruk for Myrvåg. Omsorgsbustad var nemnt, men elles lite spesifikt om dette. Eigeleis la fram ulike tomtealternativ, og det vart peikt på at det var viktig at det var busstopp ved omsorgssenteret.

Komite for helse- og omsorg

Ekskursjon til Ålesund 12.02.15:

I samband med K-sak 103/14 der kommunestyret ber komite for helse og omsorg, i samarbeid med administrasjonen, om å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune vart det gjennomført ein ekskursjon til Ålesund kommune. Dei som deltok var medlemmar i helse- og omsorgskomiteen, leiar i plan- og byggenemnda, samt eigedomsleiar, pleie- og omsorgsleiar og driftsleiar i pleie- og omsorg.

Program for dagen:

Spjelkavik omsorgssenter: Det vart presentert som det mest komplette omsorgssenteret kommunen har. Det er ikkje det nyaste, oppstart i 2001, men der er Seniorsenter som er eit ope senter for alle med kafeteria og mykje aktivitetar, Omsorgsbustadar for seniorar med teneste frå heimetenesta, Omsorgsbustadar for særskilde behov (heildøgn bemanna som del av sjukeheimen sitt ansvar), kommunen si rehabiliteringsavdeling ("Kollen"), korttidsplassar og langtidsplassar i sjukeheim, sentralkjøkken med sou-vide- produksjon for heile kommunen.

Hatlane omsorgssenter: Dette vart presentert som det nyaste og flottaste, men der er berre sjukeheimsplassar. Og det er lite innretta på innbyggjarane rundt.

Synfaring og orientering på ALV (arena for læring om velferdsteknologi), - eit demonstrasjonshusvære for velferdsteknologi på Høgskulen i Ålesund:

ALV-Møre skal vise fram velferdsteknologiske hjelpemiddel som kan bidra til at fleire eldre kan bu heime. Der er eksempel på hev og senk funksjon på kjøkkeninnredning, tilgangskontroll via nettbrett med kamera, varsel og påminning frå nettbrett i stua, samhandling med tv, styring av persienner og vinduer med nettbrett med meir. Der er også demonstrasjon av eit moderne toalett med skyll og tørk funksjon.

Noko av det ein merka seg:

- Positivt at Spjelkavik omsorgssenter ligg sentralt på Moa, nær bussterminal og kjøpesenter.
- Senteret vert flittig brukt av heimebuande då dei tilbyr mange tenester under same tak.
- Sentralkjøkkenet i Ålesund er plassert på Spjelkavik omsorgssenter, og i tillegg til utlevering av middager driv dei eigen kafè.
- Rundt sjukeheimen ligg der ulike bufellesskap og omsorgsbustadar med eiga bemanning.

- Seniorsenteret var lokalisert i omsorgssenteret og der var stor aktivitet som vart gjort kjent gjennom ein halvårsplan. Mykje av aktiviteten var knytt til området rundt kaffèen, der det også var aktivitetsrom til diverse føremål.
- God tilgang på trenings- og behandlingsrom av ulike slag.
- Erfaringar viste at både pasientrom og fellesrom fort vert for små. Vidare at ein må legge til rette for personalfunksjonar der pasientane er, og ha nok lagerplass.
- Hatlane omsorgssenter vart åpna i oktober 2012. Der er 60 plassar fordelt på tre avdelingar, kort- og langtid, og demensavdeling. Sjølve planleggings- og byggeprosessen tok tre år. Hatlane omsorgssenter er eit passivhus.
- Der var store gode pasientrom og fellesareal. Der var personalfunksjonar inne i avdelingane. Og der var rom som frisør, hår,- fot- og tannpleie. Der var egne treningsrom for pasientar og personale, og der var gode rom for lager og avfall o.l.
- Dei utmerka seg med fine forhold for pårønderom og minnerom/kapell. Der var eigen sansehage for dementavdelinga.

Komiteen konkluderte med at dette er to ulike omsorgssenter. Hatlane illustrerer god arkitektur, og er interessant når ein kjem til den konkrete planleggings- og byggefasen. Spjelkavik omsorgssenter representerer det konseptet ein ynskjer å samle seg om. Dette går på funksjonalitet med varierte tilbod til heimebuande og pasientar på huset.

Ref RVB

Framskrevet folkemengde, etter region, kjønn, alder, tid og statistikkvariabel

1515 Herøy (M. og R.)

Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM)


		2015	2025	2030	2035	2040	Endring
Menn	0-17 år	1051	1056	1028	1033	1018	-33
	18-49 år	1811	1862	1921	1936	1948	137
	50-66 år	1002	994	990	979	979	-23
	67-79 år	447	633	642	652	660	213
	80-89 år	172	195	270	304	324	152
	90 år og eldre	22	38	36	57	81	59
Kvinner	0-17 år	972	968	979	982	966	-6
	18-49 år	1770	1691	1698	1708	1707	-63
	50-66 år	887	1035	1023	1005	981	94
	67-79 år	455	591	645	678	742	287
	80-89 år	206	227	271	326	353	147
	90 år og eldre	64	67	74	80	104	40

Tjenestebehov

Velg kommu..
Herøy (M. og R.)

Tjenestedata fra KOSTRA 2012. I beregningene av tallet på tjenestemottakere og arbeidskraftbehov framover er det tatt utgangspunkt i samme dekningsgrader og standard på tjenestene som i 2012.

Antall tjenestemottakere, årsverk og årsverk per 1000 innbygger i 2012, 2020 og 2040



Velg kategori

- Antall tjenestemottakere
- Årsverk
- Årsverk per 1000 innb.

Hvert element i figuren er symbolisert med en egen farge

- Barn 1-5 år med barnehageplass
- Elever i grunnskolen 1-7. trinn
- Elever i grunnskolen 8-10. trinn
Herøy kommune har tidligare vore i kontakt med oss angående utbyggingsplanene for Gul-avdeling på omsorgssenterområdet, der dere var interessert i å kjøpe eigedomen vår når vi sa vi vurderer å selge den på seinhausten 2015. I møter med dere har dere så opplyst at dere ønsker i første omgang å nytte boligen til utleige. I eit møte tidligare i år, der både utviklingsleiar, eigedomsleiar og saksbehandlar for denne reguleringsplanen var med, spurte vi direkte om dere i tilfelle kjøp hadde tenkt at huset skulle rivast; nei, var svaret frå dere.

Dere har sidan vore i kontakt med oss om å få leige noko av eigedomen vår til rigg for utbygginga av Gul-avdeling, noko vi har vore velvillige til, men no har vi ikkje høyrte meir verken angående det eller anna. Når vi så høyrer «på bygda» at kommunen skal kjøpe huset vårt og det skal sanerast, forstår dere sikkert at vi vert oppskaka. Vi har i det lengste venta med å skrive dette brevet då vi har tenkt at dersom dette virkelig stemmer så vil vel kommunen ta direkte kontakt med oss?

Vi sende innspel ved varsel om oppstart av reguleringsarbeidet, men har ikkje høyrte meir ifb med det. Ved offentlig utlysning av planarbeidet finn vi i dokumenta at innspelet vårt (som gikk på at grensa som allereie er regulert bør vere tilfredsstillande til å finne ei løysing), ikkje er tatt til følge, men no er faktisk **heile huset vårt regulert vekk og forutsett rive**, slik at noko av eigedomen kan brukast til å flytte innkøyring til helseområdet og få meir parkering.

Er dette vanleg framgangsmåte og saksbehandling?
I ei så lita kommune som Herøy, for ein så liten reguleringsplan, med så få involverte - er vi veldig overraska og skuffa over at vi ikkje har blitt kontakta før desse planana har blitt vedtatt og lagt ut på offentlig høyring. Det er kraftig kost for oss at huset vi bur i no får denne statusen.

Vi forventar at dere snarast tar kontakt og gir oss skikkelig informasjon om dette, konkretisere kva dette inneber for oss, og kva løysingar kommunen vil foreslå. Vi kan ikkje sjå at vi har vore anna enn veldig hjelpeløse i denne saka så langt og vi ønsker framleis ikkje å stå i vegen for ei god samfunnsutvikling. Vi er åpne for å kome fram til ei minnelig løysing, gjerne der kommunen kjøper huset, men dette har no vorte ei sterkt belastande sak for oss personlig der vi føler oss overkøyrde.

Kvar står vi om denne reguleringsplanen går gjennom og kommunen ikkje kjøper eigedomen vår, dersom for det i framtida kanskje kjem fram andre parkeringsløysingar som dere finn meir tenlege inne på området? Då sit vi med ein eigedom som er regulert til riving, noko som **forringar den betraktelig i verdi**, om vi vil selge - kven private vil ta sjansen på å kjøpe eit

hus som er regulert til riving? Eit anna scenario er at dere kjøper huset og faktisk ønsker å nytte det til utleige nokre år framover, kva då med uteoppholdsplass til bebuarane når nye grensa blir så nært huset? Her viser vi også til vårt første innspel.

Vi vil innstendig be om at dere tar desse tinga med dere vidare, og ser igjen på plankartet om her ikkje er andre måtar å likevel få til det dere ønsker. Om huset vårt med tida blir kommunen sin eigedom har dere då likevel anledning til å rive huset, uten at det er regulert til det.

Vi ber om at dere imøteser vårt innspel og at dere tar kontakt snarast.

Mvh

Unni Arhaug

Unni Arhaug
Mob 913 24 309

Kopi til Eigedomsleiar, Robert Myklebust



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2015/56

Arkivkode
L12

Dato
15.06.2015

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE

Uttalen gjeld detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet Eggesbønes.

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til planen.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune Detaljregulering - reguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet på Eggesbønes Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Støy

Den vedlagte støyrapporten syner at det er behov for støytiltak for at ein skal kunne innfri krava i T-1442/12. Desse tiltaka er omtala i støyrapporten og i planomtalen, men ikkje tatt med i rekkjefølgjekrava. For at tiltaka skal være bindande må dei stå i rekkjefølgjekrava. Vi gjer også merksam på at krava i TEK10 må vere oppfylde.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ha **motsegn** til saka frem til at støytiltaka er innarbeid i føresegnene.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlar

Støy: Gunnhild Liva Austvoll

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Eikeland, Jon Ivar <fmmrjoei@fylkesmannen.no>
Sendt: 18. juni 2015 09:10
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: SV: 2015/56 Reguleringsendring sjukeheimsområdet - Herøy kommune - Avklaring av motsegn

Hei.

Meiner det her er greit.

Jon Ivar Eikeland Fagsjef -plansamordning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf.: 71 25 84 68

Mobil: 41664068

E-post: jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr

Fra: Aleksander Zahl Tarberg [<mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>]
Sendt: 18. juni 2015 08:18
Til: Eikeland, Jon Ivar
Emne: VS: 2015/56 Reguleringsendring sjukeheimsområdet - Herøy kommune - Avklaring av motsegn

Kan du sjå om reviderte føresegner er tilfredstillande i høve rekkjefølgjekrav til støy?

Det hastar for oss å få avklaring på dette.

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no

Fra: Aleksander Zahl Tarberg
Sendt: 17. juni 2015 10:08
Til: 'fmmrguau@fylkesmannen.no'; Jon Ivar Eikeland (Jon.Ivar.Eikeland@fmmr.no)
Kopi: Jarl Martin Møller; Roger Myklebust
Emne: 2015/56 Reguleringsendring sjukeheimsområdet - Herøy kommune - Avklaring av motsegn

Hei.

Viser til vedlagt motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedk støy.

Det er no gjennomført endring/revidering i føresegnene (tekst markert med raudt) der ein har teke inn rekkjefølgjekrav til støyreduserande tiltak i høve gjeldande støysituasjon frå Fylkesveg 654 på Bergsøya.

Vi ber om at Fylkesmannen trekkjer motsegna til planforslaget basert på vedlagt endra føresegner med krav om rekkjefølgje til støydempende tiltak.

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG
Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet
Eggesbønes
Trekking av motsegn

Vi viser til e-post frå Herøy kommune av 18.06.2015, med reviderte føresegner i høve rekkjefølgjekrav til støy:

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

1. Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bygningar innanfor området O1, skal støyvoll som skjermingstiltak mot fylkesvegen vere opparbeidd og ferdigstilt.
2. Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bygningar innanfor området O1, skal soverom ha vindu eller dør til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre.
3. Før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bygningar innanfor området O1, skal alle bueiningane ha tilgang til eit stille utandørs opphaldsareal som tilfredstiller nedre grense for støysone ($L_{den} = 55$ db)

Dersom desse nye rekkjefølgjekrava blir tatt inn i føresegnene, trekkjer vi vår motsegn av 16.06.2015.

Med helsing


Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/56
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/15	Formannskapet	21.04.2015

DETALJREGULERINGSPLAN HELSE- OG OMSORGSSENTEROMRÅDET - OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag «Detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet », datert 03.03.2015, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 21.04.2015

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag «Detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet», datert 03.03.2015, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

01 – Plankart, datert 03.03.2015

02 – Føresegner, datert 03.03.2015

03 – Planomtale med vedlegg, datert 03.03.2015

Saksopplysningar:

På vegne av Herøy kommune har utviklingsavdelinga utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for deler av helse- og omsorgssenterområdet på Eggesbønes. Målet med planarbeidet er å fastsetje arealbruken for vidare utvikling av viktige funksjonar som nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggesbønes. Planforslaget legg rammer for oppføring av nye bygningar inntil 3 etasjer, der desse skal plasserast innanfor området merka med O1 på plankartet.

Planforslaget medfører ei endring av gjeldande reguleringsplan av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan for å oppnå meir framtidsretta og funksjonelle løysingar. Vidare vil planforslaget medføre ei endring i utnyttingsgrad og bygningstype frå småhusbebyggelse til blokkbebyggelse for bustadrekka mot Eggesbøvegen.

Planarbeidet blei varsla oppstarta den 19.01.2015. Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planarbeidet vart varsla med annonse i lokalavisa og informasjon på internett. Det er kome inn 7 innspel til planarbeidet.

Innspel til planarbeidet har vore kommentert og gjort greie for som ein del av planforslaget. Desse går fram av vedlegg til planomtalen. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å gå nærare inn på desse innspela og meiner dei vurderingane som er gjort er tilfredstillande. Ein vil i den komande delen av saka skildre dei mest vesentlege delane av planforslaget:

Arealbruk:

Planforslaget omfattar arealformåla blokkbebyggelse, institusjon, køyreveg, anna veggrunn grøntareal og parkering.

Blokkbebyggelse (BB1):

I dette området kan det byggjast blokkbebyggelse med fleire bueiningar i kvart bygg. Talet på bueiningar pr bygg vert fastsett gjennom byggesak. Området skal planleggast under eitt, men kan byggjast ut trinnvis. Innanfor byggjegrensene kan det førast opp bygningar i 3 etasjer, der maksimal mønehøgde ikkje kan overstige 11 meter frå gjennomsnittleg planert terreng.

Institusjon (O1):

I området merka O1 vert det tillate med etablering av omsorgsbustader med heildøgnsbemanning inkludert tilhøyrande fellesareal. Bygningar kan er også ha funksjon som bufellesskap med tilhøyrande fellesareal. Det vert også tillate med etablering av bygningar med funksjon som kontor/base for heimetenesta. Fordeling av funksjonar i nye bygg vert fastsett ved byggesak. Området skal planleggast under eitt, men kan byggjast ut trinnvis. Maksimal byggehøgde er 3

etasjer, med maksimal gesimshøgde som ikkje overstig 11 meter frå gjennomsnittleg planert terreng.

Køyreveg (V1):

Vegen er offentleg køyreveg og hovudtilkomst til området frå Eggesbøvegen. Denne vegen er tenkt flytta noko i høve dagens plassering, for å oppnå ei meir heilskapleg løysing for arealbruken i området. Flytting av vegen vil betre parkeringstilhøva i området.

Anna vegggrunn – grøntareal:

Dette er naudsynt sideareal for køyreveg med vegskulder, grøft m.m. Her kan det også leggast VA-leidningar, el- tele og fiberkablar.

Parkeringsplass (P1):

Området o_P1 er offentleg parkeringsplass. Ved opparbeiding av parkeringsplassen skal det leggast vekt på prinsippa om universell utforming. Området skal ha fast dekke, tilstrekkeleg med gatelys, ledelinjer og oppmerking p-plassar og gangsoner. 10 % av parkeringsplassane skal setjast av til HC-parkering.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at planarbeidet er naudsynt for å skaffe handlingsrom for vidare utvikling av sentrale helse- og omsorgsfunksjonar på Eggesbønes. Dette planforslaget vil legge til rette for bygging av nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon, som erstatning for gul avdeling, og base for heimetenesta i området ved blå avdeling. Planforslaget vil legge rammer oppføring av bygningar inntil 3 etasjer innanfor planområdet. Ved å auke byggjehøgda for ny bygningsmasse, vil ein kunne sikre eit handlingsrom for rasjonell arealutnytting av det knappe byggjeareal for framtidig utvikling. Ei auke i utnyttingsgrad, byggjehøgde og type bebyggelse vil også gjelde for bustadrekke mot Eggesbøvegen. Dette for å sikre ei meir framtidsretta og rasjonell arealutnytting, samt vidareføre dei bustadtypane (leilegheiter) som er dominerande i området. Ei slik endring vil endra bygningskarakteren i retning av meir sentrumsbebyggelse (leilegheitsblokker) for området BB1.

For å sikre utbygging i tråd med ovannemnde planar er det også behov for omregulering av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan, slik at dette vert framtidsretta og funksjonelt i høve framtidig utvikling. Det er utarbeidd støyutgreiing av omsyn til vegtrafikk frå fylkesveg 654. Moment frå denne er innarbeidd i planforslaget og dette må det takast omsyn til ved prosjektering og utforming av nye funksjonar i området. Det er også utarbeidd eiga ROS-analyse som vedlegg til planomtalen.

Etter det rådmannen kan sjå av offentlege databasar er det ikkje forhold knytt til risiko og sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som talar i mot fremja arealbruk.

Med bakgrunn i ovannemnde saksopplysningar og vurdering, og med tilvising til planforslaget, rår rådmannen til at formannskapet legg saka ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 19.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/750
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/15	Valnemnd	10.06.2015
87/15	Kommunestyret	25.06.2015

VAL AV TO STYREMEDLEMMER MED PERSONLEG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL

Tilråding i Valnemnd - 10.06.2015

Til styret i Herøy Frivilligsentral vert valde:

Styremedlem:	Personleg vara:
Karl Anders Brendmo	Karine Sæter
Gudbjørg Dale	Åshild Ørnhaug

Tilråding frå rådmannen:

Til styret i Herøy Frivilligsentral vert valde:

Styremedlem:	Personleg vara:
--------------	-----------------

Særutskrift:
Dei valde
Fellessekretariatet
Herøy Frivilligsentral v/dagleg leiar
Herøy Frivilligsentral v/styreleiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Referat frå styremøte 20.05.2015

Saksopplysningar:

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer. 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i frivilligsentralen. Styret, inkl. val av leiar, vert vald for 2 år om gongen. Medlem valt frå kommunestyret fylgjer den politiske valperioda på 4 år.

Geir Myksvoll Lande frå Herøy Frikyrkje og Åshild Ørnhaug frå Herøy Sanitetsforening står på val.

Styret har fyljande innstilling til val:

Karl Anders Brendmo som styremedlem med Karine Sæter som personlig vara. Desse representerer Herøy kyrkje.

Gudbjørg Dale styremedlem, Åshild Ørnhaug vara
Desse representerar Herøy Sanitetsforening.

Vurdering og konklusjon:

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer, 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i FS. Styre konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Dagleg leiar er sekretær på styremøte, og har tale- og forslagsrett. Styret inkl. leiar vert vald for 2 år om gongen. Kulturleiaren kan møte med talerett. Det skal sendast ut innkalling og referat frå styremøta.

Rådmannen rår til at innstillinga frå styret vert fulgt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 24.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar



Styremøte onsdag 20.mai 2015 – Referat

Tilstade: Sigurd Nygard, Kurt Are Skarbø, Åshild Ørnhaug, Geir Myksvoll Lande og Britt Paulsen.

Fråvær: Elsi Hagen.

Saker:

4/15: Orienteringssaker.

Dagleg leiar orienterte om drifta.

5/15: Godkjenning av årsmelding.

Framlagt årsmeldinga vart godkjendt.

6/15: Godkjenning av rekneskap

Framlagt årsrekneskap vart godkjendt.

7/15: Val

Geir Myksvoll Lande frå Herøy Frikyrkje og Åshild Ørnhaug frå Herøy Sanitetsforening, står på valg i år, dei tek ikkje gjenvalg.

Styret har fyljande innstilling til val:


Frå Herøy Kyrkja: Karl Anders Brendmo styremedlem, Karine Sæter vara.

Frå Herøy Sanitetsforening: Gudbjørg Dale styremedlem, Åshild Ørnhaug vara.

8/15: Styret gir Britt Paulsen fullmakt på vegne av Herøy Frivilligsentral, til å representere og avgi stemme under dei sakene som er bestemt i innkallinga til stiftingsmøte i «forum for frivilligsentralar» 03.06.2015.

Møtet slutt.

Ref: 20.05.2015 Britt Paulsen



Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/1003
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/15	Valnemnd	10.06.2015
88/15	Kommunestyret	25.06.2015

VAL AV NY STYREMEDLEM TIL SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS

Møtebehandling:

Brev frå Bjørn Martin Aasen datert 29.04.2015 og oversikt over kommunalt valde styremedlemer og varamedlemer vart delt ut i møte

Ann-Kathrin (Tine) Storøy (H) og Karly Teige (Frp) kom med framlegg om Tor Sindre Steinsvik som ny styremedlem.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Valnemnd - 10.06.2015

Ny styremedlem i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert valt:

Tor Sindre Steinsvik

Tilråding frå rådmannen:

Ny styremedlem for Bjørn Martin Aasen vert vald:

Særutskrift:
Sunnmørsbadet AS
Den valde
Fellessekretariatet

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bjørn Martin Aasen har i brev datert 29.04.15 varslet at han ønskjer å avslutte sitt styreverv i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS i samband med avvikling av ordinær generalforsamling i selskapet 30. juni 2015.

Fosnavåg, 04.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnnes

Delegerte saker frå avdelingane

DS 192/15 Gnr 37 Bnr 139 og 119 Frådeling av areal til offentleg formål 04.06.2015

00:00:00 Herøy kommune

DS 193/15 Per Svenning Madsen - 26/100 - Overbygg veranda/garasje

29.05.2015 00:00:00 Per Svenning Madsen

DS 194/15 Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 -

Igangsettingsløyve ny einebustad 18.05.2015 00:00:00 Tema Vest as

DS 195/15 Ferdigattest - 37/237 - tilbygg/skråtak 29.05.2015 00:00:00

Dagfinn Nilsen

DS 196/15 Ferdigattest - 34/50 - bod 29.05.2015 00:00:00 Saad Abdul Amir

Khalil

DS 197/15 Mellombels bruksløyve - 60/32 08.05.2015 00:00:00 Ørsta

Byggservice as

DS 198/15 Mellombels bruksløyve - 28/5 - seksjon nr 1 20.05.2015 00:00:00

Enerbygg Bolig as

DS 199/15 Trond Vegard Myrvågnes - 28/1 - Altan 29.05.2015 00:00:00 Trond

Vegard Myrvågnes

DS 200/15 Herøy kommune 37/394 - Endring av tidlegare løyve 29.05.2015

00:00:00 Per Mulvik AS

DS 201/15 Knut Peter Sævik og Maria Isabell Abeltun 26/235 - Løyve til

oppføring av bustadhus 22.05.2015 00:00:00 Sunnmørshus AS

DS 202/15 Roy Endre Håvik 44/69 - Løyve til oppføring av garasje med bod

05.06.2015 00:00:00 Roy Endre Håvik

DS 203/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Igangsetjingsløyve for riving og

grunnarbeid 26.05.2015 00:00:00 Hedalm Anebyhus AS

DS 204/15 Boguslaw Lopuszynski 34/401 - Løyve til oppføring av nytt tak

05.06.2015 00:00:00 Boguslaw Lopuszynski

DS 205/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning -
Fosnavåg Rock 2015 08.06.2015 00:00:00 Ufordelt/sendt tilbake til arkiv m.fl.

DS 206/15 Gnr 37 Bnr 257 - Deling grunneigedom til offentlig formål

10.06.2015 00:00:00 Stine Goksør

DS 207/15 Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad 08.06.2015 00:00:00 Tema

Vest as

DS 208/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning
(lukket arrangement) 11.06.2015 00:00:00 STIFTINGA HERØYSPELET

DS 209/15 Herøy kommune - 45/47 - Midlertidig garasje 10.06.2015 00:00:00

Meisterbygg Møre as

DS 210/15 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til bruksendring fra lager
til kantine 08.06.2015 00:00:00 Bygg & System Eigedom

DS 211/15 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 -

Igangsetjingsløyve for sanitærinstallasjon samt tømrerarbeid og
ventilasjonsarbeid 08.06.2015 00:00:00 BYGGENHEIM AS

DS 212/15 Gnr 83 Bnr 4 Herøy kommune - Deling av grunneigedom

10.06.2015 00:00:00 Herøy kommune

DS 213/15 Ferdigattest - 60/45 og 376 09.06.2015 00:00:00 Rambøll Norge
as avd Ålesund

DS 214/15 Vidar Myklebust - 36/79 - Garasje 18.05.2015 00:00:00 Bølandet
Byggv/Erling Sæter

Referatsaker

Referatsaker



Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2012/176
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/15	Arbeidsmiljøutvalet	01.06.2015

SJUKEFRÅVÆR 1. TERTIAL 2015

Tilråding frå rådmannen:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Det vart sett fram ynskje frå AMU si side, om at ein i tillegg til siste og nest siste tertial, også la ved informasjon om tilsvarande tertial året før, dette for å kunne gjere konkrete samanlikningar på tertial, år for år.

Utdanningsforbundet stilte spørsmål til om ein i samband med sjukefråværsrapporteringa i Skuleavdelinga, kan sondre mellom pedagogiske personell og andre. Personalleiar gav melding attende, at det vil han kome attende til.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 01.06.2015

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:

Kommunestyre

Rådmannen si leiargruppe

Arbeidstakarorganisasjonane

Hovudverneombodet

Vedlegg:

Tabellane nedanfor viser sjukefråværet frå 3. tertial 2014 og 1. tertial 2015.

Tertialvisefråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2014

Avdeling	Fråvær 3. tertial	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærl. (<20)	7,29	1,82	5,47
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0
Barnehageavd. (<40)	14,46	3,21	11,25
Grunnskuleavd. (<250)	6,61	1,61	5
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5
Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52
Pleie og omsorg (<300)	9,07	2,01	7,06
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94
Kultur (>10)	0,7	0,7	0
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0
Totalt fråvær	8,27	1,8	6,32

Tertialvise frávær i % Herøy kommune. 1. tertial 2015

Avdeling	Frávær 1. tertial	Korttidsfrávær	Langtidsfrávær
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærl. (<20)	8,69	1,31	7,37
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57
Grunnskuleavd. (<250)	7,32	2,44	8,36
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02
Pleie og omsorg (<300)	12,08	2,45	9,63
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26
Totalt frávær	10,53	2,41	8,12



Saksopplysningar:

Frå og med 01.01.15 blir sjukefråveret rapportert tertialvist til AMU, noko som tidlegare vart gjort kvartalsvis. Med grunnlag i dette dreg vi ikkje lenger med kvartalsstatistikken for sjukefrávær, men av omsyn til samanlikningsgrunnlaget tek vi med statistikken for 3. tertial som vart utarbeida i januar.

Herøy kommune har eit samla sjukefrávær på 10,53% i 1. tertial 2015. 3. tertial 2014 viste eit samla sjukefrávær på 8,27%. Noko som inneber ein auke på 2,26% i sjukefråveret. Vi må tilbake til 2010 for å sjå eit tilsvarande høgt tal for sjukefrávær.

Av tala kan vi sjå at det er langtidsfråveret som er utslagsgivande på statistikken for alle avdelingane. Dette gjeld også over tid. Jf. Grafisk framstilling av kvartalsstatistikk for perioden 2. kvartal 2009 til og med 4. kvartal 2014.

Det kan elles merkast at variasjonane for sjukefrávær mellom dei ulike avdelingane er stor.



Vurdering og konklusjon:

Talet på tilsette i den enkelte avdeling gjev seg store utslag på fráværstatistikken, og avdelingar med få tilsette gir såleis eit stor utslag.

Der fleire grupperingar sorterer innanfor same avdeling gir også det grunnlag for til dels store variasjonar internt. Dette gjeld mellom anna personal- og organisasjonsavdelinga og egedomsavdelinga. Inn under personal- og organisasjonsavdelinga høyrer både lærlingar, HTV og HVO. Avdelinga har eit samla frávær på 8,69%, medan lærlingane som har det høgste sjukefráværet, har ein fráværsprosent på 15,23.

Nokre av avdelingane har gjennomgåande eit høgt sjukefrávær, der noko av forklaringa kan ligge i arbeidsoppgåver som inneber tungt fysisk arbeid. Andre avdelingar jobbar tett på brukarar, som krev at dei ikkje utset dei for smitte i samband med sjukdom. Dette gjeld til dømes barnehage, pleie- og

omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga, der korttidsfråveret til ei viss grad gjev seg utslag på statistikken.

Om vi ser på dei konkrete tala ser vi at eigedomsavdelinga har hatt ein nedgang på vel eitt prosentpoeng, men har likevel eit høgt fråvær som no ligg på i overkant av 12%. Barnehageavdelinga har også hatt ein nedgang på knapt ein prosent, og har eit fråvær på 13,63%.

For nokre avdelingar er det korttidsfråveret som er dominerande og dette gjeld mellom anna kulturavdelinga og servicetorget.

Dei store avdelingane pleie og omsorg og bu og habilitering har begge hatt ein markant auke sidan 3. tertial 2014, der pleie og omsorg har gått frå 9,07% fråvær til 12,08%. Bu og habilitering har hatt ein auke på i overkant av 3% frå 12,79% til 16,05%.

Nav kommune har ein auke frå 2,68% til 15,51%. Av dette blir 6,23% definert som korttidsfråvær. Barnevern er i ein tilsvarende situasjon og har ein auke frå 2,9% frå 3. tertial 2014 til 1. tertial 2015 med 11,26%. Vi ser og ein markant auke hos utviklingsavdelinga og anlegg og drift.

Dei aller fleste avdelingane har hatt ein auke i sjukefråveret i Herøy kommune, men vi ser også at nokre avdelingar har eit lågt fråvær. Den samla auken gjer likevel at vi får ein auke i sjukefråveret på 2,26%.

Herøy kommune er IA-verksemd og arbeider målretta med sjukefråvær. Noko som inneber kontinuerlig arbeid med tilsette som har utfordringar med helsa si. Dette i form av tilrettelegging og utprøving av arbeid i vår organisasjon.

Vi kan konstatere at Herøy kommune ikkje har nådd målet om nærvær for 1. tertial 2015, der det er eit gap på 2,53% og må tilbake til 2010 for å finne liknande tal. Det fins inga god forklaring på dette hoppet i sjukefråvær for siste tertial, og om dette berre er ein mellombels situasjon.

Konsekvensar for folkehelse:

Auka nærvær vil avgjort ha positive verknader for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Lågt sjukefråvær har svært positive konsekvensar for drifta. Mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde og leige inn vikarar. Det blir betre kontinuitet i tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

Ved sjukefråvær der det må setjast inn vikar for vikaren for å dekke opp vakter, medfører dette ekstra kostnader.

Fosnavåg, 19.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 12. mai 2015

Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.45

Som medlemmer møtte:

Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy Hermansen, Per Kristian Furø, Karly Ingunn Teige

Knut Erik Engh, Magne Gurskevik

Anders Riise, Annika Brandal

Dag Vaagen

Følgende medlemmer møtte ikke: Eli Skaatun og Linda Dyrhol

Som varamedlemmer møtte: Perly Pedersen (for Skaatun)

Frå styret møtte:

George Fulford, Einar Warholm, Margaret Leinebø og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte:

Einar Heimdal, Rune Tarberg, Laila Fure og Linn Urke Osnes

Andre som møtte:

Revisor Einar Giljarhus Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R01/15 – R13/15

Forts.

Forts.

Vedtaksaker:

**SAK NR R01/15
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

Vedtak samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

**SAK NR R02/15
VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG
DAGLEG LEIAR)**

Vedtak, samr.:

Arnulf Goksøyr og Dag Vaagen skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

**SAK NR R03/15
GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2014, STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014, REVISOR SI
BERETNING OG HANDSAMING AV OVERSKOT**

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2014, styret si årsmelding for 2014, revisor si beretning og handsaming av overskot.

**SAK NR R04/15
GODKJENNING AV EIGARMELDING 2014**

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner SSR si eigarmelding for 2014 og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunene.

**SAK NR R05/15
GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING**

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2014, med kr 85.000 (ekskl. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr 79.500 (ekskl. mva.) for andre tenester.

Forts.

Forts.

SAK NR R06/15
VALG AV REVISOR

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner at BDO AS blir valgt som revisor for SSR for rekneskapsåra 2015, 2016 og 2017.

SAK NR R07/15
NYTT HOVDANLEGG OG LOKALE MILJØSTASJONAR

Vedtak, samr.:

- a) Det skal byggast om og byggast nytt anlegg i Saunesmarka i Ulstein og på Mjølstadneset i Herøy.
- b) Miljøstasjonen i Myklebustmyrane i Sande skal først byggast etter at ein har kome til einighet med Sande kommune om tomtebetingsane.
- c) Låneramme og låneopptaket er på 63 millionar kroner. Alt skal byggast innanfor dei rammene som er nemnde i saksframlegget.
- d) Representantskapet får rapport på to årlege møter.
- e) Miljønøytral drift av nye anlegg må vere ei målsetting.

SAK NR R08/15
«NESTE GENERASJON SSR»

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner prosjektrapporten for «Neste generasjon SSR», og ber styret om at denne dannar grunnlaget for arbeidet med å revidere strategiplanen og eigarstrategien. Desse skal leggast fram for representantskapet til hausten.

SAK NR R09/15
NY FORSKRIFT FOR SSR

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner forslaget til revidert forskrift for SSR, og tilrår at kommunestyra i eigarkommunene også godkjenner forskrifta.

Forts.

Forts.

SAK NR R10/15
NY SLAMFORSKRIFT FOR SSR

Vedtak, samr.:

Representantskapet er einige i prinsippet om at SSR overtar eit større ansvar for slamtøminga, og får kontroll over heile verdikjeda rundt tøming av private slamavskiljarar og tette tankar. Dette inkluderer eiga forskrift for området og løyve til å inngå avtale med kommunane etter vedtak i dei respektive kommunestyra.

Dersom ei eller fleire av eigarkommunane ikkje er einige i forskrifta eller er ueinige i at dagens slamorganisering blir vesentleg endra, vil ein då subsidiært tilbakeføre ansvaret for slamtøming til desse kommunane - gjeldande frå 1. januar 2017.

SAK NR R11/15
STYREVALG OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Vedtak, samr.:

Representantskapet viser til valgkomitéen sitt framlegg og gjer følgende valg:

1. Styremedlemmer:
 - George Fulford (valgt for 2 år, til 2017)
 - Einar Warholm (ikkje på valg, på valg i 2016)
 - Håkon Vestnes (ikkje på valg, på valg i 2016)
 - Gro Anita Engh (valgt for 2 år, til 2017)
 - Edel K. Goksøyr (valgt for 2 år, til 2017)
 - Margaret Leinebø (ikkje på valg, på valg i 2016)
 - Ole Andreas Sæther (tilsette sin representant i styret)
2. George Fulford blir valgt til styreleiar fram til generalforsamlinga i 2017 (2 år)
3. Einar Warholm blir valgt til nestleiar fram til neste generalforsamling i 2016 (1 år)

Representantskapet vedtar å auke styresatsane for 2015 i tråd med kommunal deflator (3 %).

Forts.

Forts.

Orienteringssaker:

SAK NR R12/15

KORT ORIENTERING OM DRIFTA I SSR V/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Kort orientering utan at det vart gjort vedtak i saka.

SAK NR R13/15

KORT PRESENTASJON AV NY KOMMUNIKASJONSANSVARLEG

Kort orientering utan at det vart gjort vedtak i saka.

Rett utskrift:

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, Ulsteinvik, 18. mai 2015


Knut Erik Engh
representantskapsleiar


Arnulf Goksøyr


Dag Vaagen


Einar Heimdal
dagleg leiar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteinnkalling

Utval: Likestillingsutvalet
Møtestad: 111, Fylkeshuset i Molde
Dato: 10.06.2015
Tid: 13:00

Forfall skal meldast til utvalssekretær Mia Smørdal på tlf. 71 25 89 21 eller e-post mia.smordal@mrfylke.no, som kallar inn varamedlem. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall. Grunn til forfallet skal difor opplysast.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak jf forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3 skal melde inn dette til utvalsekretæren eller juridisk avdeling i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem jf forvaltningslova § 8 3.ledd.

Program:

Kl 13.00:

- Orientering om status for prosjektet Global Future v/Hanne Hægh Ryste, seniorrådgivar i NHO Møre og Romsdal.
- Behandling av saker etter saklista

Saksnr	Innhald	Uoff
LU 7/15	Utvalsstruktur frå 2015	
LU 8/15	Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019	
LU 9/15	Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot	
RS 6/15	Møteprotokoll frå møte i rådet for likestilling av funksjonshemma 11.05.15	
RS 7/15	Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 13.05.15	
RS 8/15	Kvinner og andre utvalg	
RS 9/15	Rapportering Kulturtilskot 2015 - fordeling etter administrativt mynde	
RS 10/15	Så likestilte er vi	
RS 11/15	Status og evaluering av "Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016" per 1. mai 2015	
RS 12/15	Samlokalisering av kreative næringer Godkjenning av protokoll	



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.06.2015	38221/2015	Paula Næss Skår

Saksnr	Utval	Møtedato
LU 7/15	Likestillingsutvalet	10.06.2015

Utvalsstruktur frå 2015

Fylkeskommunen kan etter kommunelova § 10 om faste utval og komitear sjølv opprette faste utval for fylkeskommunale formål eller for delar av fylkeskommunens verksemd. Fylkestinget hadde utvalsstrukturen til behandling i oktober 2010 (sak T-50/10) og gjorde då vedtak om den utvalstrukturen som vi har pr. i dag.

Det er naturleg at fylkestinget drøftar utvalsstrukturen før ein ny periode startar opp. I sak U-68/15 har fylkesutvalet gitt slik tilråding til fylkestinget om utvalsstrukturen frå 2015:

- «Miljøutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Regional- og næringsutvalet overtek det meste av sakene frå miljøutvalet, inkludert utdeling av miljøprisen. Saker som gjeld miljøtiltak og klimatilpassing på samferdselsektoren skal leggest fram for hovudutval for samferdsel. Sakene miljøutvalet har innan friluftsliv blir lagt til kultur- og folkehelseutvalet.
- Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma held fram som separate utval som i dag.
- Likestillingsutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Kultur- og folkehelseutvalet tek over oppgåvene til utvalet, inkludert utdeling av likestillingsprisen.
- Arbeidsgruppe for rusførebygging skal evaluerast våren 2015. Evalueringa vil vise om det er behov for endring i organisering og samansetting av gruppa.
- Fylkestrafikktryggingsutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Oppgåvene blir lagt til samferdselsutvalet, og det blir oppretta eit administrativt trafikktryggingsråd med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og dei som i dag er konsultative medlemmer i FTU.
- Plannemnd for samferdselsutbygging held fram som i dag, men talet på medlemmer blir endra frå fem til tre.»

Saksframlegget til fylkesutvalet følgjer vedlagt.

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om utvalsstruktur frå 2015 til orientering.

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Vedlegg:

- 1 Saksframlegg U 68/15 Utvalsstruktur frå 2015



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.05.2015	30376/2015	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	27.05.2015
	Fylkestinget	15.06.2015

Utvalsstruktur frå 2015

Bakgrunn

Fylkeskommunane kan etter kommunelova § 10 om faste utval og komitear sjølv opprette faste utval for fylkeskommunale formål eller for delar av fylkeskommunens verksemd. Fylkestinget kan sjølv også når som helst omorganisere eller legge ned utval.

Nokre utval er fylkeskommunen pålagt å ha, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 08.11.91 (eldrerådslova). Nokre er reine politiske utval, andre er partssamansette utval.

Det er naturleg at fylkestinget drøftar utvalsstrukturen før ein ny periode startar opp. Fylkesrådmannen vil i denne saka legge fram forslag til ein meir effektiv utvalsstruktur.

Fylkestinget hadde utvalsstrukturen til behandling i oktober 2010, og gjorde den gong følgjande vedtak (sak T-50/10):

1. Miljøutvalet held fram som eige utval på nivå som no. Evnt. tilførsel av nye oppgåver og administrative ressursar i samsvar med vedtak i Miljøutvalet sak MU 11-10 samt revisjon av instruks blir ein å kome tilbake til i eiga sak.
2. Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma held fram som separate organ.
3. Oppgåvene til folkehelseutvalet blir lagt til kulturutvalet.. "Hovudutval for kultur og folkehelse" (jfr. lovmessig ansvar for folkehelse for fylkeskommunen frå 01.01.2010).
4. Samferdselsutvalet får styrka rolle etter forvaltningsreforma 2010. I samsvar med dette skal samferdselsutvalet ha to underutval, lagt direkte under hovudutvalet. Desse utvala skal som prinsipp ha forberedende og tilrådingsmynde til hovudutvalet, men hovudutvalet kan delegere spesifiserte oppgåver til utvala;

a) Plannemnd for samferdselsutbygging:

Plannemnda må få seg førelagt og behandle/følgje opp, alle investeringsprosjekt som skjer innan samferdselssektoren, og sørge for at budsjett, økonomi og føringane vedteke i fylkestinget, vert gjennomført i tråd med dette, jfr. plannemnd for skolebygg. Opprettingstidspunkt og samansetting blir lagt fram som eiga sak innan årsskiftet 2010/2011.

b) Trafikktryggingsutvalet : FTU. Instruks som i dag med aktuelle nye føringar; Førebuande utval for samferdselsutvalet gjeldande følgjande områder: Trafikktryggingssaker. Gang- og sykkelveggar, miljøtiltak, tettstadsprosjekt, 50/50 prosjekt.

5. Det blir ikkje oppretta eige hovudutval for tannhelse, men dette høyrer naturleg inn under kultur- og folkehelseutvalet.
6. Utdanningsutvalet og fagskolestyret som no. Plannemnda rapporterer til utdanningsutvalet.
7. Nærings- og miljøutvalet held fram som hovudutval, nemning; regional og næringsutval.
8. Kontrollutvalet som no.
9. Det blir tatt ein gjennomgang/revisjon av delegasjonsreglementet for alle hovudutval/utval.
10. Framlegg til justeringar i fylkesutvalet si tilråding (som vil gjere tilrådinga meir i samsvar med eksisterande retningslinjer og praksis).
11. Likestillingsutvalet blir oppretthalde. Samansetjinga blir endra til at partia utnemner sine representantar uavhengig av funksjon.

Vurdering

Dersom vi samanliknar den politiske organiseringa i Møre og Romsdal med den i andre fylke, finn vi at fylket vårt har fleire rådgivande utval enn andre fylkeskommunar. Det er t.d. ingen annan fylkeskommune som har eige utval for likestilling og heller ikkje for miljø.

Talet på hovudutval ligg på 2-5 i dei andre fylka, der fire hovudutval er mest vanleg.

Når ein skal vurdere dei politiske utvala, er det fleire faktorar som er aktuelle å sjå på. Dette er:

- Har ein lukkast med å byggje opp sektorkunnskap?
- Er denne kunnskapen bringa vidare til hovudutval, fylkesutval og fylkestinget?
- Har utvalet gitt høve til politisk skoloring for nye politikarar?
- Tener utvalet som ein nyttig møteplass mellom fylkespolitikarar og ulike interesse- og brukargrupper?
- Er utvalets agenda opplevd som meningsfull og aktuell?
- Har underutvalet ført til ansvarsfråskrivning i hovudutval og fylkesutval?
- Har administrasjonen kompetanse og kapasitet til å førebu og følgje opp saker frå utvalet?
- Står resultatet av utvalet sitt arbeid i forhold til kostnadene ved å drifte det?
- Kan utvalets oppgåver bli teke i vare av andre utval på ein like god måte?

Miljøutvalet

Miljøutvalet har ni medlemmer som blir valt fritt blant medlemene i fylkestinget. Miljøutvalet blir etablert som eit tverrfagleg og rådgjevande organ for fylkesutvalet og skal rapportere til fylkesutvalet. Miljøutvalet har ansvar for planoppgåver innan

sitt arbeidsområde. Miljøutvalet skal m.a. behandle saker innan områda biomangfald, friluftsliv, forureining, planlegging for ei berekraftig utvikling, klima, alternativ og fornybar energi. Miljøutvalet kan i tillegg sjølv ta opp saker som det meiner er naturleg å ta opp i høve til sitt arbeidsområde. Miljøutvalet skal arbeide for å fremje miljøomsyn på alle dei fagområda som fylkestinget har mynde over.

Miljøutvalet har utan tvil vore ein base for læring og utvikling av kompetanse innan klima- og miljøfeltet. Fleire av møta har vore lagt til bedrifter eller institusjonar som har ny kunnskap på feltet, og miljøorganisasjonar og andre aktørar som arbeider med miljøraker i fylket har vore på møta og presentert kva dei driv med og kva saker dei er opptatt av.

Med miljøutvalet har fleire miljø- og klimasaker kome på den politiske dagsorden i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen meiner likevel at det har vore utfordrande å få nok saker på agendaen til møta i miljøutvalet. Det er fleire grunnar til dette.

For det første er klima- og miljø eit fagområde der fylkeskommunen har relativt avgrensa mynde og få tilgjengelege verkemiddel. Dette gjeld også etter forvaltningsreforma i 2010, sjølv om fylkeskommunane her vart gitt nokre nye miljø- og ressursforvaltningsoppgåver. Fylkeskommunane fekk ansvar for mellom anna friluftsliv, vassforvaltning, bestandsforvaltning av haustbare viltartar og artar av innlandsfisk som ikkje er truga / sårbare, og visse område innan akvakulturforvaltning (Jfr. Ot.prp. nr. 10 2008 – 2009: Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)). Det følgte lite personellressursar med dei nye oppgåvene, og fylkeskommunen har ikkje nokon brei kompetanse på klima- og miljø. Den er det framleis Fylkesmannen som har.

For det andre har miljøutvalet relativt få møte i året. Dette gjer det vanskeleg å få sakene som skal til hovudutval og fylkesutval tidleg nok frå saksbehandlar til at miljøutvalet rekk å komme med si fråsegn. Få møte gjer det òg vanskeleg å få kontinuitet i sakene. Dette er ei utfordring miljøutvalet deler med dei andre rådgivande utvala til fylkeskommunen.

Staten har gjennom dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging» lagt føringar for at fylkeskommunane og kommunane skal planlegge og lage handlingsprogram for korleis vi skal redusere klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringane. Dette er følgt opp i vår regionale planstrategi, der revidering av klima- og energiplanen er vedtatt. Utkastet har vore til høyring. Miljøutvalet har hatt ei positiv rolle i oppfølging av gjeldande klimaplan og i revideringa av planen. Fylkesrådmannen meiner likevel at denne oppgåva kan takast i vare av eit anna utval om det får opplæring i klima- og miljøraker.

Møre og Romsdal fylkeskommune er det einaste av fylka som har eige miljøutval. I andre fylke er dette fagområdet ofte slått saman med andre fagområde, og lagt til hovudutval. Det er stor variasjon på kor miljøoppgåvene er plassert, det finns døme på at det er lagt saman med samferdsel, med kultur, med plan/regional og med næringsutvikling.

Alle avdelingane i fylkeskommunen har oppgåver knytt til miljø, og slik sett kunne fylkesutvalet ha vore rette utvalet å leggje miljøraker til. Men fylkesutvalet har ofte ein stram agenda, og det blir ikkje på same måte som i hovudutvala høve til kunnskapsoppbygging på utvalte område.

Fylkesrådmannen meiner det kan vere ein fordel for miljørakene at desse blir løfta frå eit rådgivande utval til eit hovudutval. Miljø er ein viktig premis for næringsutvikling og regional utvikling. Sidan Regional- og næringsutvalet har ressurs-, miljø-, og naturvernpolitikk som eit av sine arbeidsområde (jf §3 i Reglement for Regional- og næringsutvalet), meiner fylkesrådmannen at dette hovudutvalet kan ta dei fleste av sakene som miljøutvalet har i dag. Dette utvalet bør også få den opplæringa i miljø- og klimasaker som miljøutvalet har fått, og ei innføring i kva mulegheiter fylkeskommunen har til å påverke den regionale utviklinga på dette området. Regional- og næringsutvalet bør også få ansvaret for utdeling av miljøprisen og tildelingar frå viltfondet.

Ei vidareføring av nærings- og miljørakene i same hovudutval vil leggje grunnlag for gode diskusjonar i saker med vekst kontra vern-dilemma. Sjølv om klima og miljø er omsyn som er relevante for alle hovudutvala, er vekst-vern problemstillinga særleg relevant innan næringsutvikling. Ikkje minst er det viktig at fylkeskommunen er ein medspelar for næringslivet i å utvikle miljøvenleg teknologi, som kan gi eit konkurransefortrinn.

Eit hovudutval for næring og miljø samsvarer også med den administrative organiseringa av oppgåvene innan energi, miljø og naturforvaltning, noko som lettar jobben med førebuing, gjennomføring og etterarbeid frå møta. Fylkesrådmannen har i 2015 flytta den koordinerande rolla for miljøraker frå administrasjonsavdelinga til regional- og næringsavdelinga.

Dei sakene miljøutvalet har innan friluftsliv, kan leggjast til kultur- og folkehelseutvalet. Folkehelse og friluftsliv er to sider av same sak og bør sjåast i samanheng i same utval.

Fylkesrådmannen understrekar òg betydninga av miljøtiltak innan samferdselssektoren. Dette er den sektoren der fylkeskommunen har størst potensial for å redusere klimagassutslepp (jf utkast til Regional klima- og energiplan 2015-2020). Saker som gjeld miljøtiltak og klimatilpassing på samferdselsektoren skal som før leggjast fram for hovudutval for samferdsel.

Kostnadene med å oppretthalde eit reint miljøutval er også ein faktor som må vurderast. I 2014 hadde miljøutvalet 4 møte, behandla 14 saker og utgiftene til utvalet var 359.000 kr.

Eldrerådet, rådet for likestilling av funksjonshemma og likestillingsutvalet

I eldrerådslova kjem det fram at fylkespensjonistforeininga har rett til å kome med framlegg om medlemer til eldrerådet. Fleirtal av rådsmedlemene skal vere alderspensjonistar frå fylket. I Møre og Romsdal har eldrerådet sju medlemer. Fem av medlemene skal vere alderspensjonistar i fylket og skal fortrinnsvis veljast etter framlegg frå fylkesomfattande organisasjonar. Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og skal ha til behandling alle saker som gjeld levekåra for eldre, jfr. lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 6. Rådet skal m.a. behandle alle budsjettframlegg og planar som gjeld eldre. Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

I følgje Lov om råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.05, § 2, skal kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller anna form for representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal sikre open, brei og tilgjengeleg medverknad i saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. I Møre og Romsdal er

rådet sett saman av tre brukarrepresentantar og fire politikarar frå fylkestinget. Rådet har og med ein representant frå kommunane oppnemnt av KS. Rådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale organ, Fylkesmannen og kommunane i saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Likestillingsutvalet er ikkje eit lovpålagt utval. Av den informasjonen som er tilgjengeleg på fylkeskommunane sine nettsider, ser det ut til at det berre er Møre og Romsdal som har eige likestillingsutval. Utvalet er eit rådgivande utval for fylkesutvalet og har ei samansetjing av 5 politikarar valt av fylkestinget. Likestillingsutvalet skal arbeide for likestilling mellom kvinner og menn på alle område. Utvalet skal også arbeide for likestillingsrettane til funksjonshemma, innvandrarar og andre grupper når dette synest nødvendig. Utvalet har mynde til å tildele likestillingsprisen kvart år.

Sekretariatet til rådet for likestilling av funksjonshemma, eldrerådet og likestillingsutvalet ligg i kulturavdelinga. Personalressursen som er knytt til drift av desse utvala er ei rådgivarstilling og om lag 20 prosent konsulentstilling. Råda og likestillingsutvalet skal i utgangspunktet ha fire møte i året. I tillegg har råda hatt eit fellesmøte med leiinga i fylkeskommunen pr. år (ikkje i 2014). Dei to råda har gjennomført to av sine årlege møte ute i kommunane. Rådet for likestilling av funksjonshemma har også invitert råda i nabokommunane til desse to møta. Eldrerådet inviterer berre eldrerådet i den kommunen dei besøker. Likestillingsutvalet har også lagt nokre av møta sine ute i kommunane, men dette er ikkje planlagt på same måte som for dei to andre råda.

Rådet for likestilling av funksjonshemma arrangerer ein gong i året ei samling for dei kommunale råda. Dette er samlingar som skal ta høgde for fagleg oppdatering/opplæring av medlemmane i dei kommunale råda. I tillegg blir ulike aktuelle tema sett på dagsordenen og det blir sett av tid til erfaringsutveksling mellom råda. Desse samlingane har fått gode tilbakemeldingar frå dei som deltek, men berre omlag halvparten av dei kommunale råda har delteke.

Eldrerådet har arrangert ei fylkeseldrekonferanse stort sett kvart år i samarbeid med Pensjonistforbundet og Sanitetsforeininga. Det er lagt vekt på å sette aktuelle tema på dagsordenen og få kjente foredragshaldarar til å komme til denne konferansen. Konferansen har gått over 1 dag og vi har hatt 90 til 100 deltakarar. Eldrerådet har også teke opp tema som er aktuelle for det praktiske arbeidet i dei kommunale råda.

I informasjonsskriv av 26. januar 2015, har Barne-, ungdoms og familiedirektoratet gitt tilrådingar på enkelte områder som vesentlege for råda sitt arbeid (rådet for likestillings av funksjonshemma). Det blir vist til kommunane og fylkeskommunane si lovfesta plikt til å ha råd for menneske med nedsette funksjonsemne eller anna likeverdig representasjonsordningar (§ 2 i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.). Tilrådingane frå direktoratet går på kven som har rett til å kome med forslag til medlemar i rådet, at ikkje administrativt tilsette bør sitte som rådsmedlemmar, sekretærfunksjonen, organiseringa, utarbeiding av retningsliner og mandat, opplæring/kompetanse til dei valte representantane, eige budsjett for råda, kva saker rådene kan arbeide med og korleis det blir gitt informasjon om og til råda. Det er ikkje gitt noko signal om ei eventuell samanslåing av råda. I NIBR-notat 2014:101: «Råd reglar og representasjon – eldre og menneske med nedsett funksjonsevne», blir spørsmålet drøfta. Ut frå kartlegginga som er gjort i samband

med NIBR-notatet, så tyder svara på at eldre sine saker lett blir dominerande i dei kommunane som har fellesråd.

I rundskriv Q-21/2012 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet gir følgjande omtale med omsyn til eit felles råd:

«Eit råd må ha felles interesser

Skal ei representasjonsordning fungere godt, må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser og dermed ikkje vil medverke til eit felles råd, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Departementet ser det som avgjerande for ordninga at både organisasjonane, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og etablerte råd for eldre vert høyrde før kommunane/fylkeskommunane tar stilling til kva for endringar i representasjonsordninga dei skal ha. Saksområdet for eit eventuelt felles råd vil vere saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne og alle saker som gjeld levekåra for eldre, jf. § 3 tredje leddet i eldrerådslova. Departementet viser til rundskriv 1-26/98 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd for omtale av saksområdet for eldreråda. Departementet meiner at felles råd berre bør veljast i særskilde høve.»

På denne bakgrunn meiner fylkesrådmannen at det no ikkje er aktuelt å ta ei ny vurdering av eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma.

Fylkesrådmannen er av den oppfatning at dette er råd som fungerer godt, der medlemene er aktive og sett både fylkeskommunens ordinære saker og eigne saker på dagsorden. Begge utvala blir opplevd som nyttige møteplassar mellom fylkeskommunen og viktige samfunnsgrupper.

Likestillingsutvalet er eit reint politisk utval. Erfaringane så langt i valperioden er at utvalet fungerer godt i møta. Det er lite forfall og medlemene er engasjerte i dei sakene som blir teke opp. Møtefrekvensen er eit problem for utvalet for å halde kontinuitet i sentrale problemstillingar og tema som blir teke opp. Leiar av utvalet og rådgivar har eit samarbeid om å sette dagsorden for kvart møte. Det er berre unntaksvis at avdelingane i fylkeskommunen har meldt inn saker som dei ber blir behandla i utvalet. Det har derfor vore ei utfordring å få til ein god agenda for møta. I 2014 var det tre møte, det vart behandla 6 saker og utgiftene til utvalet var 306 000 kr.

Møre og Romsdal har ein veg å gå når det gjeld kjønnslikestilling. Kvart år publiserer Statistisk sentralbyrå (SSB) 12 indikatorar for kjønnslikestilling i kommunane. Desse blir nytta til å seie noko om regional- og kommunal likestilling. I 2014 kom vi under landssnittet på ni av dei tolv indikatorane. Skal fylket vere attraktivt for kvinner å bu i og flytte til, er det viktig at resultatane på likestillingsindeksen betrar seg. Det er særleg på indikatorar som seier noko om forholdet innan arbeidslivet og politikken at fylket kjem dårleg ut, samanlikna med resten av landet. Innan nokre områder er det ein positiv utvikling. Døme på det er at talet på kvinnelege leiingar har auka jamt frå 2008, det er fleire barn som går i barnehage og stadig fleire fedrar nyttar fedrekvota.

Fylkesrådmannen ønskjer å auke fokus på likestillingsarbeidet. Mykje tyder på at likestillingsarbeidet difor må løftast opp eit nivå i utvalsstrukturen i fylkeskommunen, frå rådgjevande til hovudutvalsnivå. Dette vil truleg gi auka status for likestillingsarbeidet. Det vil vere fleire sentrale politikarar som har

særskilt merksemd på likestilling som ei sentral utfordring for fylkeskommunen og kontinuiteten vil bli betre med betydeleg auke i møtefrekvensen.

På same måte som for miljøsakene, er likestilling og inkludering ei oppgåve som alle avdelingane skal jobbe med. Dette er eit av dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen. Det talar for å legge oppgåvene til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå å legge oppgåvene til Kultur- og folkehelseutvalet. Dette vil gi ei breiare politisk behandling av desse sakene ved at hovudutvalet gir si tilråding til fylkesutvalet. Rådgivaren knytt til likestilling er tilsett i kulturavdelinga, slik at løysinga òg er tilpassa den administrative organiseringa av likestillingsarbeidet. Kultur- og folkehelseutvalet fekk i 2011 oppgåvene til folkehelseutvalet, og fekk med det eit særleg ansvar for å forsyne heile organisasjonen med kunnskap om folkehelse. Det same vil gjelde om kultur- og folkehelseutvalet får tillagt likestilling som eit nytt fagområde. Alle avdelingar må vere aktivt med å sette likestilling på dagsorden i dette hovudutvalet.

Arbeidsgruppe for rusførebygging

Gjennom lov om fylkeskommunars oppgåver i folkehelsearbeidet gjeldande frå 1. januar 2010, skal fylkeskommunen vere pådrivar for, og samordne folkehelsearbeidet i fylket, m.a. gjennom alliansebygging og partnerskap og ved å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid (§ 20).

For å få til dette innanfor rusfeltet blei det oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe for det rusførebyggjande arbeidet i fylket. Arbeidsgruppa er oppretta i samarbeid med Fylkesmannen, frivillige organisasjonar, kommunar og Kompetansesenter rus – Midt-Norge. Kompetansesenter rus har i samarbeidet med arbeidsgruppa utvikla eit tverrfagleg samarbeid på rusområdet i kommunane i Møre og Romsdal, kalla Delta.

Arbeidsgruppa er styringsgruppe for programmet ansvarleg alkoholhandtering.

I 2014 arbeider vi med desse tema:

- Politkaropplæring
- Ansvarleg alkoholhandtering
- Rusplan for vidaregåande skole
- Rus og eldre – konferanse
- Rus og frivillige organisasjonar – konferanse

Gruppa har ti medlemmer, der to er fylkespolitikarar valt av fylkestinget. Ein av desse er leiar av gruppa. Dei andre medlemene er representantar frå KS, Kompetansesenter Midt-Norge, ACTIS, Fylkesmannen og Rusbehandling Midt-Norge HF. I tillegg møter ung-koordinator, ein representant frå utdanningsavdelinga og sekretær, som er tilsett i folkehelseseksjonen på kulturavdelinga.

Arbeidsgruppa skal i utgangspunktet ha fire møte i året og to av møta er òg styringsgruppe for ansvarlig alkoholhandtering i fylket der NHO, politi og utelivsbransjen er representert. I 2014 hadde gruppa 3 møte, og kostnadene til gruppa utgjorde 165.000 kr.

Seksjon for folkehelse og fysisk aktivitet i kulturavdelinga er nøgde med korleis gruppa har fungert, men på bakgrunn av kostnadane meiner fylkesrådmannen at ein bør vurder om rusgruppa skal halde fram med den samansettinga den har i dag. Eit alternativ er å gjere den til ei administrativ arbeidsgruppe.

Den rusførebyggande arbeidsgruppa har på eige initiativ starta evaluering av gruppa sitt arbeid – kva dei har oppnådd og kva den har betydd for rusførebygging i fylket - og for dei enkelte deltakarorganisasjonane. Fylkesrådmannen vil ikkje legge fram noko tilråding før denne evalueringa er gjennomført.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU)

Etter Vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.

FTU vart oppretta i 1980 (sak T-29/80). Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er eit underutval under samferdselsutvalet og skal stå for koordineringa av trafikktryggingsarbeidet i fylket. Trafikktryggingsutvalet skal ha fem medlemmer. Minst tre av medlemene bør vere frå samferdselsutvalet. Dei andre skal veljast fritt blant medlemene i fylkestinget. Leiaren i samferdselsutvalet skal vere nestleiar i FTU.

FTU står bak dei handlingsplanane for trafikktrygging som er laga i Møre og Romsdal. Det blir laga ein strategiplan for kvar 4-årsperiode, samt årlege planar. FTU samarbeider med dei andre trafikktryggingsaktørane i fylket, slik som Statens vegvesen, politiet, Trygg Trafikk og ambulansetenesta ved Helse Nordmøre og Romsdal. Representantar frå desse deltar på arbeidsmøte for å førebu saker til FTU. Dei er også konsultative medlemmer i FTU og blir kalla inn til møte der det er grunn til å tru at dei kan ha erfaringar og synspunkt som er nyttig i sakshandsaminga. Konsultative medlemmer har ikkje stemmerett.

Fleire fagavdelingar i fylkesadministrasjonen og Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen blir innkalla som konsultative medlemmer. Av desse er det berre representantar frå samferdselsavdelinga som har delteke på møte i løpet av dei siste åra. I 2014 hadde FTU 4 møte, behandla 9 saker, og utgiftene til utvalet var 380 000 kr.

Fylkesrådmannen oppfattar at det blir gjort mykje bra arbeid i FTU, ikkje minst er det nyttig med ein regional møteplass for partar som arbeider med trafikktrygging i Møre og Romsdal.

Når fylkesrådmannen likevel tek utvalet opp til vurdering, har det sin bakgrunn i det endra ansvaret fylkeskommunen fekk på samferdselsområdet etter forvaltningsreforma. Tidlegare var det Statens vegvesen som var den største vegeigaren i fylket. Fylkeskommunen hadde behov for ein arena der ein kunne møte Statens vegvesen. Etter forvaltningsreforma er fylkeskommunen den store vegeigaren, og samarbeidet med Statens vegvesen blir regulert gjennom ein felles avtale om sams vegadministrasjon.

Med ansvar for store delar av vegnettet i fylket, er også oppgåvene innan trafikktrygging utvida. Ansvar for bygging av gang- og sykkelvegar, trafikktryggsingstiltak og ulike miljøtiltak er i hovudsak lagt til vegeigar. Fylkeskommunen har fått høve til å sjå og prioritere samferdsels- og kollektivløysingar i ein heilskap. Forvaltningsreforma la til rette for ei heilskapleg transporttenking inkludert oppfølging av satsingsområde som gang- og sykkelvegar og trafikktrygging.

På denne bakgrunn meiner fylkesrådmannen at oppgåvene med trafikktrygging ikkje skal behandlast i eit politisk underutval, men heller bli sett i samanheng med

dei andre samferdselssakene og løfta inn i samferdselsutvalet.

Rolla som FTU har som regional møteplass for aktørar som arbeider med trafikktrygging, bør likevel vidareførast. Fylkesrådmannen meiner at det mest rasjonelle her er at ansvaret for å koordinere og drifte dette nettverket, blir delegert til samferdselsavdelinga.

For å kunne sjå trafikktrygging i ein større heilskap, samt av omsyn til rasjonell drift av trafikktryggingsarbeidet, vil fylkesrådmannen tilrå at FTU blir avvika og oppgåvene overført til samferdselsutvalet. Fylkesrådmannen tilrå også at det blir oppretta eit administrativt trafikktryggingsråd med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og dei som i dag er konsultative medlemmer i FTU.

Plannemnd for samferdselsutbygging

Plannemnda er eit rådgjevande utval og skal bistå samferdselsutvalet i oppfølging av plan- og prosjektarbeid. Plannemnda skal ha fem medlemmer, derav leiar i samferdselsutvalet og leiar i fylket sitt trafikktryggleiksutval (FTU). Dei andre skal veljast fritt blant medlemene i fylkestinget. Leiar av samferdselsutvalet skal også leie møta i plannemnda for samferdselsutbygging. Leiar for FTU er nestleiar.

Plannemnda skal delta i planlegging og oppfølging av særleg dei store fylkesvegprosjekta. For kvart prosjekt gjeld dette t.d kommunedelplan, reguleringsplan, vegstandard, trasear, finansiering og framdriftsplan. Nemda skal haldast orientert om framdrifta av prosjekta, og skal kome med råd om tiltak i samband med ev. budsjettavvik.

I 2014 hadde plannemnda tre møte, behandla ni saker og utgiftene til nemnda var 519 000 kr.

Fylkesrådmannen er noko i tvil om plannemnda har fungert etter intensjonen. Det har vore ei utfordring å førebu saker og sette riktige saker på agendaen i nemnda. Samtidig er det ein fare at plannemnda kan føre til at samferdselsutvalet får eit A-lag og eit B-lag, da dei som er medlemmer i nemnda får ein fordel av større kunnskapstilførsel.

Fylkesrådmannen meiner likevel at plannemnda bør prøvast ut ein periode til for å sjå om vi kan få den til å fungere betre. For å gjere nemnda lettare å samle, vil fylkesrådmannen tilrå at plannemnd for samferdselsutbygging får tre medlemmer slik som plannemnd for byggesaker.

Plannemnd for samferdselsutbygging vart diskutert i samband med organisasjonsutviklingsprosessen på samferdselsavdelinga. Her kom det fram at dersom plannemnda skal halde fram, så er det behov for å endre punkt II i reglementet om arbeidsområde og mandat. Fylkesrådmannen vil følgje opp dette i eiga sak.

Klagenemnda

Klagenemnda er oppretta med heimel i forvaltningslova § 28, 2. ledd. Fylkestinget gjorde i sak T-65/92 vedtak om at fylkesutvalet skal vere klageorgan for klager på fylkeskommunale enkeltvedtak.

Fylkesrådmannen ser at det er ulemper knytt til å ha så mange som 13 medlemmer i klagenemnda, men vil likevel ikkje tilrå nokon endring av nemnda no. Å opprette eit eige utval for klagesaker vil stide i mot prinsippet om ein meir effektiv utvalstruktur som elles blir lagt til grunn i denne saka.

Forslag til vedtak:

- Miljøutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Regional- og næringsutvalet overtek det meste av sakene frå miljøutvalet, inkludert utdeling av miljøprisen. Saker som gjeld miljøtiltak og klimatilpassing på samferdselsektoren skal leggest fram for hovudutval for samferdsel. Sakene miljøutvalet har innan friluftsliv blir lagt til kultur- og folkehelseutvalet.
- Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma held fram som separate utval som i dag.
- Likestillingsutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Kultur- og folkehelseutvalet tek over oppgåvene til utvalet, inkludert utdeling av likestillingsprisen.
- Arbeidsgruppe for rusførebygging skal evaluerast våren 2015. Evalueringa vil vise om det er behov for endring i organisering og samansetting av gruppa.
- Fylkestrafikktryggingsutvalet blir lagt ned frå oktober 2015. Oppgåvene blir lagt til samferdselsutvalet, og det blir oppretta eit administrativt trafikktryggingsråd med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og dei som i dag er konsultative medlemmer i FTU.
- Plannemnd for samferdselsutbygging held fram som i dag, men talet på medlemmer blir endra frå fem til tre.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.06.2015	38307/2015	Paula Næss Skår

Saksnr
LU 8/15

Utval
Likestillingsutvalet

Møtedato
10.06.2015

Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019

Fylkesutvalet har i sak U-74/15 behandla Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019. Fylkestinget vedtok i sak T-78/09 den overordna strategien for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. I det overordna strategidokumentet blir det gjort nærare greie for arbeidet med sikring-, utvikling og vurdering av kvalitet i opplæringa. I følgje strategien, skal fylkestinget kvart år behandle plan for kvalitet og melding om kvalitet.

Kvalitetsplanen tek utgangspunkt i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter samt nasjonale prioriteringar.

Kvalitetsplanen og kompetansestrategien har vore sendt til høyring til skulane, elev- og læringsombodet, elevorganisasjonen, læringsorganisasjonane og opplæringskontora.

Fylkesutvalet har gitt slik tilråding i sak U-68/15:

- «1. Betre gjennomføring og tettare oppfølging skal i planperioden 2015-2019 ha eit gjennomgåande fokus i arbeidet med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.
2. Kvalitetsplanen for 2015-2019 blir vedteken med dei målsettingane og tiltaka som kjem fram i planen.
3. Kvalitetsplanen skal evaluerast i årleg kvalitetsmelding til fylkestinget.
4. Kvalitetsplanen skal leggst til grunn for utarbeiding av lokale arbeidsplanar for lærarane og skoleleiarane.
Det blir gjort ei nærare vurdering av insentivordning for skulane for å nå måla i kvalitetsplanen.»

Saksframstillinga til fylkesutvalet følgjer vedlagt.

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019 til orientering.

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Fylkeskultursjef

Vedlegg

- 1 Saksframlegg U 74/15 Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019
- 2 Dokument: Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019
- 3 Rapport - Aktivitetar i regi av dei faglege nettverka i skoleåret 2014-2015



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.04.2015	27706/2015	Sverre Hollen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utdanningsutvalet	30.04.2015
	Yrkesopplæringsnemnda	28.05.2015
	Fylkesutvalet	27.05.2015
	Fylkestinget	15.06.2015

Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i sak T-78/09 den overordna strategien for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring Møre og Romsdal. I det overordna strategidokumentet blir det gjort nærare greie for arbeidet med sikring-, utvikling og vurdering av kvalitet i opplæringa. I flg. strategien skal fylkestinget kvart år behandle plan for kvalitet, jf. sak T-30/10 og melding om kvalitet jf. sak T-75/10.

Framlegg til kvalitetsplan for 2015-2019 og eit notat om fagnettverka sin gjennomføring av kompetansetiltak ligg ved saka.

Kvalitetsplanen tek utgangspunkt i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter samt nasjonale prioriteringar.

Kvalitetsplanen og kompetansestrategien har vore sendt til høyring til skolane, elev- og lærlingombodet, elevorganisasjonen, lærarorganisasjonane og opplæringskontora.

Ungdomspanelet har behandla kvalitetsplanen i eiga sak UP-5/15.

Nasjonale prioriteringar

I St.meld. nr. 20 (12/13) «På rett veg», er dei nasjonale og utdanningsprioriterte måla for grunnopplæringa at:

- Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som vert anerkjent for vidare studiar eller i arbeidslivet.
- Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring.

St.meld. nr. 44 (08/09) – Utdanningslinja, blir auka gjennomføring i vidaregåande opplæring framheva som eit hovudsatsingsområde i arbeidet med kvalitet i opplæringa.

Gjennom det nasjonale programmet for bedre gjennomføring er satsinga innafor Ny GIV vidareført med ei innretning som skal forsterke innsatsen for å betre gjennomføringa med tettare oppfølging i opplæringa.

Om struktur og oppbygging av kvalitetsplanen

Denne kvalitetsplanen er bygt opp med ein struktur med kvalitetsområda struktur, prosess og resultat. Innafor kvart område har ein målsettingar, tiltak og indikatorar på kvalitet.

Kvalitetsindikatorane er bygt på brukarundersøkingane for elevar, lærlingar og personalet. Som datakjelder er brukt KOSTRA, Gjennomføringsbarometeret, data frå inntakssystemet VIGO og portalen PULS (Pedagogisk utvikling og læringsspill).

For kvart kvalitetsområde bruker ein kvalitetskjenne-teikn med gradering på fire (3) nivå.

Skoleeigar sine prioriteringar

I samband med behandlinga av kvalitetsmeldinga i fylkestinget 09.12.2014 vart følgjande kvalitetsutviklande tiltak prioritert;

- Det skal arbeidast systematisk med utvikling av tilpassa opplæring, læringsmiljøet og den formative vurderinga i skolane
- Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar med kommunane både når det gjeld overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring og utvikle strukturar rundt elevar som treng særskilt oppfølging
- Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv skape lære- og opplæringsplassar for elevar som tek yrkesfagleg opplæring. Gjennom avtalar om utplassering i prosjekt til fordjuping må skolane arbeide for å formidle fleire elevar til lære-plass innafor yrkesfaga.
- Skolane skal arbeide aktivt med fagleg relevans i fellesfaga gjennom den nasjonale FYR-satsinga for å gjere elevane betre i stand til å sjå samanhengen mellom fellesfag og yrkesfaget.
- På bakgrunn av den forskingsbaserte kunnskapen ein har fått når det gjeld rådgiving om yrkes- og studieval for elevar skal ein utvikle denne elevtenesta slik at elevane får eit godt grunnlag for å gjere val om utdanning.
- Skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering skal dokumenterast i ei årleg årsmelding. Årsmeldinga skal publiserast på skolane sine nettsider.

Desse kvalitetsutviklande tiltaka er bygt inn i kvalitetsplanen.

Betre gjennomføring har vore fanesak for Møre og Romsdal fylkeskommune dei siste åra. Satsinga er i samsvar med nasjonale målsettingar peika ut som hovudinnsatsområde når det gjeld arbeidet med kvalitet i vidaregåande opplæring dei næraste åra.

I det nasjonale overgangsprosjektet har ein identifisert ni kritiske fasar på vegen mot fullført og greidd vidaregåande opplæring, jf. figur 1.



Figur 1

Det nasjonale prosjektet Program for bedre gjennomføring gir innretning for det arbeidet som departementet forventar av fylkeskommunane. Sentrale område er overgangar, oppfølging og fagleg relevans i alle fag (FYR-prosjektet). I samband med dette har ein og ei statistikkoppfølging kor resultat vert publisert i Gjennomføringsbarometeret.

Fylkeskommunane er og invitert av departement og direktorat til å søkje midlar til forskjellige prosjekt t.d.;

- Hospitering (utveksling lærar-instruktør skole/bedrift)
- Veksling mellom skole og bedriftsopplæring
- «Læreplasskurs» med ulike modellar

I tillegg støtter departementet fylkeskommunane med øyremerka tilskott for tettare oppfølging av elevar. Dette er midlar som blir tildelt skoleprosjekt etter søknad.

Dei nasjonale målsettingane og skoleeigar sine målsettingar er innarbeidd i kvalitetsplanen. Gjennom handlingsplanar vert konkrete tiltak prioritert slik at det er samanheng i verkemiddel frå nasjonalt nivå, skoleeigarnivå og til skolenivået.

Det krevst eit gjennomgåande systematisk arbeid i heile organisasjonen og arbeidslivet for å arbeide med alle desse fasane. Prioriterte tiltak vil bli konkretisert og innarbeidd i fylkesutdanningssjefen sin handlingsplan og i skolane sine handlingsplanar.

I forvaltningsrevisjonsrapporten om gjennomføring i vidaregåande opplæring peikte ein m.a. på at det ikkje alltid er opplevd samanheng mellom sentralinitierte tiltak og tiltak som er forankra i den lokale skolekvardagen. Alle sentralinitierte tiltak er søknadsbasert (m.a. midlar til tettare oppfølging) kor skolane sjølv vel om dei vil delta. Ein føreset då at dei tiltaka dei søker på er forankra lokalt og knytt til lokal handlingsplan. Sentral initierte tiltak både nasjonalt og frå skoleeigarnivået er nødvendig for å sikre at tiltaka som skolane set i verk er forskingsbaserte og vil ha effekt på elevane sin læring.

Sjølv om betre gjennomføring har ei hovudinnretning for å følgje tettare opp elevar med svake prestasjonar, elevar med høgt fråvær og elevar med svak motivasjon må ein og ta høgd for at skolen skal gi utfordringar til heile elevgruppa, dei som presterer med gode resultat treng og ekstra utfordringar i dei ulike faga. Dette er noko ein vil arbeide med for at elevar og kan få tilbod om følgje fag som er knytt til høgskole-/universitetsutdanning. Med innføring av studiesenter med videokonferanseutstyr på dei vidaregåande skolane vil ein betre moglegheitene for at elevar kan følgje fag i høgare utdanning. Skoleeigar har gjennom SAFO-samarbeidet vore i dialog med NTNU om ei slik ordning, og NTNU arbeider med modellar om korleis dette kan gjennomførast i praksis. Det er og viktig at dei vidaregåande skolane kan leggje tilhøva til rette for ungdomsskoleelevar som ønskjer å følgje fag i vidaregåande opplæring.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling av dei tilsette er den viktigaste innsatsfaktoren for at elevar og lærlingar i den vidaregåande opplæringa får ei opplæring med høg kvalitet og relevans til arbeidsliv og studiar. For å sikre kompetansebygging skal fylkesutdanningssjefen bruke dei innarbeidde systema (fagnettverk, fylkesakademiet, «Kompetanse for kvalitet», leiarsamlingar m.m.) for at undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket får nødvendig kompetanseutvikling.

Fylkesutdanningssjefen skal og sikre at bedriftene har instruktørar og faglege rettleiarar med kompetanse slik at opplæringa følgjer læreplanmåla og bidreg til å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen innafor den vidaregåande opplæringa i bedrift gjennom eigne samlingar for opplæringsansvarlege i bedriftene.

Vurdering

I perioden 2015- 2019 vil kvalitetsutviklinga i den vidaregåande opplæringa i hovudsak bli prega av nasjonale prioriteringar og satsingar innafor programmet for betre gjennomføring. I tillegg har ein m.a. utviklingsprosjekt innafor karriererettleiing, sosialpedagogisk rådgiving, utvikling av hospiteringsordningar innafor fag- og yrkesopplæringa og vidareføring av vurdering for læring.

Dei nasjonale satsingane samsvarer godt med det utviklingsarbeidet som fylkeskommunen allereie har lagt til grunn i sine kvalitetsplanar og handlingsplanar.

Kvalitetsplanen er grunnlaget for at skolane utarbeider eigne tiltaksplanar for skoleåret 2013-2017. Tiltaksplanane skal leggest ut på skolane sine heimesider innan 15. juli. Det blir forventa at betre gjennomføring og tettare oppfølging kjem til uttrykk i skolane sine tiltaksplanar for skoleåret 2013-2014.

Forslag til vedtak:

1. Betre gjennomføring og tettare oppfølging skal i planperioden 2015-2019 ha eit gjennomgåande fokus i arbeidet med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.
2. Kvalitetsplanen for 2015-2019 blir vedteken med dei målsettingane og tiltaka som kjem fram i planen.
3. Kvalitetsplanen skal evaluerast i årleg kvalitetsmelding til fylkestinget.
4. Kvalitetsplanen skal leggest til grunn for utarbeiding av lokale arbeidsplanar for lærarane, og inngå i kriteriegrunnlaget for lokal lønnsfastsetting for lærarar og skoleleiarar.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Sverre Hollen
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019
- 2 Aktivitet i fagnettverka 2014



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019

Med visjonen

Ein tydeleg medspelar

vil vi utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring ved å vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen og vere profesjonelle i alt vi gjer. Vi skal også vere fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt.

Kvalitetsplanen 2015-2019

Faglege utfordringar for alle, gode læringsmiljø, betre gjennomføring og tettare oppfølging er dei overordna målsettingane for utvikling av kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

1. Innleiing

I samband med behandlinga av kvalitetsmeldinga i fylkestinget 09.12.2014 vart følgjande kvalitetsutviklande tiltak prioritert;

- Det skal arbeidast systematisk med utvikling av tilpassa opplæring, læringsmiljøet og den formative vurderinga i skolane
- Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar med kommunane både når det gjeld overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring og utvikle strukturar rundt elevar som treng særskilt oppfølging
- Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv skape lære- og opplæringsplassar for elevar som tek yrkesfagleg opplæring. Gjennom avtalar om utplassering i prosjekt til fordjuping må skolane arbeide for å formidle fleire elevar til læreplass innafor yrkesfaga.
- Skolane skal arbeide aktivt med fagleg relevans i fellesfaga gjennom den nasjonale FYR-satsinga for å gjere elevane betre i stand til å sjå samanhengen mellom fellesfag og yrkesfaget.
- På bakgrunn av den forskingsbaserte kunnskapen ein har fått når det gjeld rådgiving om yrkes- og studieval for elevar skal ein utvikle denne elevtenesta slik at elevane får eit godt grunnlag for å gjere val om utdanning.
- Skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering skal dokumenterast i ei årleg årsmelding. Årsmeldinga skal publiserast på skolane sine nettsider.

Fylkestinget har i samband med tidlegare behandlingar av kvalitetsmeldinga satt som målsetting at 79 % av dei som begynner i vidaregåande opplæring i 2010 skal ha gjennomført med studiekompetanse eller fagbrev i 2015. Den nasjonale målsettinga er 75%.





I denne planen er det ei hovudmålsetting er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring med greidd resultat etter 5 års opplæring skal aukast frå 73,5 prosent i 2014 til 79 prosent ved utgangen av planperioden. Dette set store krav til opplæringa, både i skole og bedrift.

I fylket har ein satt som målsetting at 90% av rettssøkjarane skal få sitt primærønske om val av Vg1-utdanningsprogram oppfylt. Målsettinga har konsekvensar for den regionale tilbudsstrukturen. I dei siste åra har oppfylling av primærønsket variert mellom 86 - 89%.

Målsettingane og dei prioriterte områda utfordrar både struktur- og prosesskvaliteten i opplæringa.

2. Bruk av indikatorar som kvalitetskjenneteikn

Indikatorane som vert brukt i denne kvalitetsplanen er nivådelt slik;

	Nivå 4
	Nivå 2 - Gul +
	Nivå 3 – Gul -
	Nivå 4

Situasjonsbilda vil vere ei rein normering. Når det gjeld data frå elevundersøkinga vil gjennomsnittsverdien på indikatoren for alle elevane vere skjeringpunktet mellom Gul+ og Gul-. Når ein vel eit situasjonsbilete og får eit grønt resultat betyr det at eigne elevar i eit utdanningsprogram har svart meir positivt på indikatoren enn gjennomsnittet for alle elevane i utdanningsprogrammet. Elles vil nivåa vere definert med tal.

Når det gjeld kompetanseutvikling vil ein gjennom arbeidsmiljøundersøkinga MTM få fram ein indikasjon på korleis lærarane opplever kompetanseutvikling. MTM-undersøkinga gjennomførast annakvart år og bruker denne nivådelinga;

Lave skår 16 % av referansegrunnlaget	Middels skår 68 % av referansegrunnlaget	Høge skår 16 % av referansegrunnlaget
--	---	--

Referansegrunnlaget er alle skolane i Noreg som bruker MTM-undersøkinga.

3. Strukturkvalitet

Strukturkvaliteten skal seie noko om organisasjonen sine ytre føresetnader som skolebygg, utdanningsprogram, lærartettleik, gruppestorleik, ressursbruk m.m. Strukturkvaliteten har ei difor ei rekkje indikatorar, m.a. ressursbruk, kapasitet og lærardekning, desse data finn ein på fylkeskommunenivå i KOSTRA. Den strukturelle kvaliteten kan i tillegg og uttrykkast som talet på elevar som går frå eit trinn til neste i eit utdanningsprogram.

Målsettingar

1. For både fylkeskommunal og kommunal planlegging er det viktig at ein har ein føreseieleg tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring lokalt.
2. For rekruttering av lokal og regional arbeidskraft er det viktig å ha ein vidaregåande skole med relevante tilbod for både elevar, tilsette og arbeidslivet regionalt og lokalt. Ein robust tilbudsstruktur vil og leggje grunnlag for å byggje fagmiljø som har kontinuitet, noko som er viktig i skolen sitt langsiktige kvalitetsarbeid.
3. I Møre og Romsdal skal elevane oppleve at utdanningstilboda til fylkeskommunen er attraktive, relevante og med høg kvalitet.

Tiltak

Tilbudsstruktur

Skolebruksplanen speglar strukturkvaliteten. Den rullerast kvart år med involvering av skolane, opplæringskontora, arbeidstakarorganisasjonane, LO, NHO og kommunane gjennom høyring.

I tillegg til at vidaregåande opplæring kan utvikle kompetanse for å rekruttere fagarbeiderar er det og ei uttrykt målsetting at 90% av søkjarane til utdanningsprogram på Vg1-nivå skal få sitt første ønskje om val av utdanningsprogram oppfylt. Dette har konsekvensar for prioritering og kapasitet av utdanningsprogram regionalt og ei vektning i høve balansen mellom yrkesfag og studiespesialiserande program.

I 2016 vil ein og leggje fram eigne strukturmeldingar for kvar region med utgangspunkt i målsettingane vedteke i sak Ud-6/14 - Struktur og tilbod for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal (<http://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan>).

Fylkesutdanningssjefen styrer prosessane med utvikling av skolebruksplanen og gjennomføring av strukturmeldingane.

Samfunnskontrakten

Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv er det ei målsetting å skape fleire lære- og opplæringsplassar for elevar som tek yrkesfagleg opplæring.

Gjennom avtalar om utplassering i prosjekt til fordjuping må skolane arbeide for å formidle fleire elevar til læreplass innafor yrkesfaga.

Fylkesutdanningssjefen må sikre ein god struktur, samanheng og plan for formidlingsarbeidet med aktiv deltaking frå skolane, opplæringskontor og private og offentlege verksemder.

Karrieresenter og yrkesretteiing

På grunnlag av undersøkinga om yrkes- og karriereretteiing i skolen skal ein gjennom kompetansetiltak, karriereløype og nettverksbygging utvikle kvaliteten slik at ungdom kan gjere bevisste utdanningsval som grunnlag for arbeid og karriere.

For at ungdom og vaksne skal få eit godt grunnlag til å gjere val om utdanning, yrke og karriere, skal fylkesutdanningssjefen byggje opp ei god yrkes- og utdanningsretteiing, og retteiing om karrieremoglegheitene i Møre og Romsdal. Ved å etablere eit samanhengande system for karriereretteiing i grunnopplæringa i fylket, ei karriereløype, med virkemiddel som t.d. gründercamp, elevbedrifter, utprøving og karrieredagar, legg ein eit godt grunnlag for at ungdommen skal kunne gjere bevisste utdanningsval og kvalifisere seg til arbeidslivet.

I 2015 prøver fylkesutdanningssjefen ut ei ordning med karrieresenter som grunnlag for å etablere ei god og varig ordning for retteiing av vaksne. På bakgrunn av dei erfaringane ein gjer vil fylkesutdanningssjefen saman med NAV leggje ein strategi karrieresenter i Møre og Romsdal.

Ungt entreprenørskap med sine program og KarriereLøypa utvikla saman med fylkesutdanningssjefen vil vere viktige element for å gjere ungdommen betre rusta til å få innsikt i arbeidslivet for å gjere dei i stand til å gjere bevisste utdanningsval. I perioden vil UE gjennomføre eit prosjekt i samband med å betre ungdommen sin kunnskap om regionalt næringsliv med innretning havrommet.

I tillegg vil skoleeigar på bakgrunn av rapporten om rådgivingstenesta i ungdomsskolen og i vidaregåande skole arbeide ut tiltak for å utvikle kvaliteten på rådgivingstenesta.

Indikatorar

I samband med NyGIV vart det sett nasjonale mål om å auke talet på elevar med ordinær progresjon med to prosentpoeng for kvart trinn i perioden fram til 2015. Overgangstal vil bli henta frå Utdanningsdirektoratet sitt Gjennomføringsbarometer.

Overgangen frå Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram er den mest kritiske overgangen med tanke på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Det er her ungdommen skal gå frå å være elevar til lærlingar. Tilgangen til læreplassar vil påverke overgangen i stor grad. I denne planen vil ein difor i tillegg til data publisert i KOSTRA og Gjennomføringsbarometeret bruke overgangen frå Vg2 yrkesfag til fagopplæring på skolenivå for å uttrykke den strukturelle kvaliteten.

Indikator for Vg2-elevar på yrkesfag som er blitt formidla til lærekontrakt per 1.10

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Det er meir enn 65% av Vg2-elevane på yrkesfag som har fått lærekontakt
Nivå 3	Det er meir enn 50% av Vg2-elevane på yrkesfag som har fått lærekontakt
Nivå 2	Det er meir enn 40% av Vg2-elevane på yrkesfag som har fått lærekontakt
Nivå 1	Det er mindre enn 40% av Vg2-elevane på yrkesfag som har fått lærekontakt

Data frå VIGO

4. Prosesskvalitet

Prosesskvaliteten handlar om skolen sine egne aktivitetar, sjølv arbeidet med opplæringa. Indikatorar for prosesskvaliteten omfattar t.d. trivsel, elevdemokrati, fysisk læringsmiljø, mobbing, motivasjon, fagleg rettleiing, medbestemming, m.m.

Prosesskvaliteten er såleis knytt til innhaldet i skolen og vil omfatte både skole- og læringsmiljø, t.d. arbeidsmåtar, relasjonar mellom elevar og lærarar, dialog med heimen og lærarkompetanse.

Målsettingar

1. For at ungdomen i den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal skal lukkast og bli godt budd på arbeidsliv og vidare utdanning skal elevane, lærlingane og lærekandidatane gjennom tilpassa opplæring oppleve meistring og fagleg utvikling. Tilpassa opplæring i skolen handlar både om læringsmiljø, klasseleiing, formativ vurdering, organisering og arbeidsmåtar (t.d. gjennom fagleg relevans i fag) både kollektivt og individuelt. Som overordna prinsipp for opplæringa skal den tilpassa opplæring prege skolen sin verksemd gjennom den pedagogiske plattformen.
2. Skolen og bedrifta skal aktivt og systemisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev, lærling og lærekandidat kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør. Skolen og bedrifta skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, lærlingane og lærekandidatane.
3. For ungdom med ulike utfordringar i kvardagen skal skolen og bedriftene i samarbeid med kommunar, helsetenesta, PPT og andre aktørar og etatar gjennom tidleg innsats og tett oppfølging arbeide for at dei kan fullføre si opplæring.

Tiltak

Vurdering for læring

I tillegg til å vidareutvikle og bevare tiltak som er implementert i dei ulike organisasjonane skal skolane spesielt utvikle kvaliteten innafor den formativ vurderinga med vektlegging på det som bidrar til læring som tilbakemeldinga til elevane, tydeleg og god struktur i undervisninga, klåre forventningar til eleven sin læring og positiv og støttande relasjonar mellom elev og lærar. Ein skal arbeide med kjenneteikn på god undervisning i fag, jf. oldenburgdekalogen.

Gjennom både tema og deling i leiarsamlingar skal ein saman bidra til å utvikle opplæringa i skolen.

Samarbeid på tvers av forvaltningsnivå

Fylkesutdanningssjefen skal vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar med kommunane både når det gjeld overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring og strukturar rundt elevar som treng særskilt oppfølging. Saman med skolane skal ein implementere strukturar slik at elevane som treng særskilt oppfølging får hjelp.

Læringsmiljø

Skolane skal aktivt og systemisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør ved å drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Skolane må difor sørge for å ha implementert nødvendige rutinar for saksbehandling av saker knytt til elevane sitt psykososiale miljø.

Likeeins skal fylkesutdanningssjefen følge opp lærlingane for å sikre at dei har eit godt arbeidsmiljø med tryggleik og sosialt tilhør.

For at elevråda ved skolane skal arbeide for eit godt læringsmiljø, gode arbeidsforhold og velferdsinteressene til elevane må skolen aktivt bidra til at saker som gjeld elevane sin skolekvardag vert behandla i elevrådet.

Tilrådingane i rapporten «Læraren i møte med utsette elevar, roller og relasjonar» skal implementerast og fylkesutdanningssjefen vil fremje eiga sak til utdanningsutvalet om oppfølging av rapporten.

Relevans i faga

Skolane skal arbeide aktivt med fagleg relevans i fellesfaga og programfaga gjennom den nasjonale FYR-satsinga for å gjere elevane betre i stand til å sjå samanhengen mellom fellesfag og yrkesfaget.

Det er og viktig at skolane etablerer gode koplingar til arbeidslivet og høgare utdanning i regionen slik at ein kan utvikle innhaldet i dei studieførebuande programma for at elevane skal oppleve at opplæringa er relevant og praksisnær.

Grunnleggjande ferdigheiter

Skolane skal arbeide systemisk med elevar som står i fare for å få karakteren 1 eller ikkje vurdering ved skuleslutt gjennom målretta arbeid med grunnleggjande ferdigheiter.

Kompetanseutvikling

For å sikre kompetansebygging skal fylkesutdanningssjefen bruke dei innarbeidde systema (fagnettverk, fylkesakademiet, «Kompetanse for kvalitet», leiarsamlingar m.m.) for at undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med sær oppgåver i skoleverket får nødvendig kompetanseutvikling.

Fylkesutdanningssjefen skal og sikre at bedriftene har instruktørar og faglege rettleiarar med kompetanse slik at opplæringa følgjer læreplanmåla og bidreg til å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen innafor den vidaregåande opplæringa i bedrift gjennom eigne samlingar for opplæringsansvarlege i bedriftene.

Gjennom kompetansekartlegging og systematisk kompetanseplanlegging som samsvarar med dei strategiske føringane og driftseiningane sine behov, sikrar skoleleiarane kompetanseutvikling i verksemda. Dei skal motivere tilsette til å ta vidareutdanning innanfor fagfelt der vi treng styrka kompetanse.

Gjennom arbeidstidsavtalen skal skoleleiinga leggje til rette for kompetanseutvikling og delingskultur i kollegiet for å utvikle opplæringa - *«Gode lærarar blir også betre av å jobbe i gode arbeidsfellesskap der dei kan reflektere over sin eigen praksis og utvikle sitt eige pedagogiske arbeid, og gjennom å dele kompetanse og erfaringar i kollegiet.»*

(Utdrag frå regjeringa sin fagproposisjon).

Fylkesutdanningssjefen skal vidareutvikle kompetansestrategien med å vere tydelegare på mandat og innhald for å sikre at arbeidet i fagnettverka er godt forankra i strategien for kompetanseutvikling. Ein vil vurdere å etablere fagnettverk for andre grupper i skolen, t.d. merkantilt personale.

Fagdagen vert vidareført og ein vil prioriterer den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet» og fylkeskommunen sitt leiarutviklingsprogram.

Oppdragsavtaler med skolane

Gjennom oppdragsavtaler vil fylkesutdanningssjefen peike på utfordringsområdar som kvar skole må arbeide spesielt med.

Indikatorar

Indikatorar for prosesskvaliteten som nyttast i denne planen er tilpassa opplæring, læringsmiljø, elevmedverknad og kompetanseutvikling..

Tilpassa opplæring

For å vurdere elevane sin opplevde kvalitet på tilpassa opplæring legg ein til grunn følgjande indeksar frå elevundersøkinga; *læringskultur, støtte frå lærar, meistring, relevant opplæring, praktisk opplæring, variert opplæring, vurdering for læring, eigenvurdering*

Indikator for tilpassa opplæring som grunnlag for meistring - elevar

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Skolen har eit system som sikrar at elevane opplever at tilbakemeldingane frå lærarane er tilpassa deira nivå og dei veit kva dei har fått til og kva dei skal arbeide med for å bli betre. Dei bruker tilbakemeldingane slik at læringsmiljøet er prega av motivasjon, krav og elevdeltaking. Lærarane og elevane har ei felles forståing av kva kompetanse dei ulike karakterane og vurderingane uttrykker når det gjeld måloppnåing.
Nivå 3	Elevane og lærarane har felles forståing av kva for læringsstrategiar som kan brukast for å få til god læring. Lærarane engasjerer elevane i vurderinga av eige arbeid. Sluttvurdering vert sett på grunnlag av dei samla kompetansemåla.
Nivå 2	Skolen har sett tydeleg fokus på vurdering, men tilbakemeldingene til elevane er ofte generelle og eigenvurdering er ikkje sett i system. Sluttvurdering vert berre i nokon grad sett på grunnlag av dei samla kompetansemåla.
Nivå 1	Lærarane praktiserer undervegsvurdering usystematisk. Sluttvurdering vert i liten grad sett på grunnlag av dei samla kompetansemåla.

Data frå elevundersøkinga

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på tilpassa opplæring legg ein til grunn utvalde spørsmål frå lærlingundersøkinga;

«Hvor ofte har du planlagte samtaler med instruktør/veileder, faglig leder eller andre hvor dere går igjennom opplæringsplanen og status for opplæringen?»

«Vi planlegger hvilke oppgaver og kompetansemål jeg skal arbeide med»

«Vi snakker om min faglige prestasjon og hva jeg skal gjøre for å bli bedre i faget»

«Hvis jeg får en vanskelig oppgave står jeg på til jeg har løst den»

«Opplever du at du mestrer arbeidsoppgavene dine?»

«Klarer du selv å avgjøre om du har løst en arbeidsoppgave på en faglig god måte?»

«Får du tilbakemelding fra kollegaene dine? (§3-11)»

«Gjør tilbakemeldingene at du forstår hvordan du kan bli bedre i faget? (§3-11)»

Indikator for tilpassa opplæring som grunnlag for meistring – lærlingar

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på fylkesnivå
Nivå 4	Bedrifta har eit system som sikrar at lærlingane/lærekandidatane opplever at tilbakemeldingane frå instruktørane/rettleiaren er tilpassa deira nivå og dei veit kva dei har fått til og kva dei skal arbeide med for å bli betre. Dei bruker tilbakemeldingane slik at opplæringa er prega av motivasjon og deltaking. Instruktørane og lærlingane/lærekandidatane har ei felles forståing av kva kompetanse som blir kravd for å nå måla i opplæringa.
Nivå 3	Lærlingane/lærekandidatane og instruktørane har ei felles forståing av kva for læringsstrategiar som kan brukast for å få til god læring. Instruktørane engasjerer lærlingane/lærekandidatane i vurderinga av eige arbeid.
Nivå 2	Bedrifta har sett tydeleg fokus på vurdering, men tilbakemeldingane til lærlingane/lærekandidatane er ofte for generelle til at dei opplever at vurderingane er til hjelp for dei i opplæringa og utvikling av ferdigheitene.
Nivå 1	Instruktørane praktiserer undervegsvurdering usystematisk. Rettleiinga er tilfeldig og ein er usikker på om ein får nødvendig opplæring etter læreplanen og blir i stand til å gjennomføre fagprøva..

Data frå lærlingundersøkinga_

Læringsmiljø

For å vurdere den opplevde kvaliteten på lærings- og skolemiljøet legg ein til grunn følgjande indeksar frå elevundersøkinga; *trivsel, krenkinga, mobbing, felles reglar*

Indikator for læringsmiljø i skolen

Gradering	Kvalitetskjenne-teikn skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Elevane føler seg trygge og trivst på skolen. Elevar og tilsette opplever ei felles haldning til oppfølging av reglement. Det er nulltoleranse hjå alle når det gjeld vald og trakassering. Skolen følgjer godt opp elevane slik at ikkje nokon fell ut frå fellesskapen. Skolen har rutinar for varsling og oppfølging av brot på elevane sitt arbeidsmiljø og handsamer dette etter gjeldande reglar. Elevane sine rettar i §9a er kjent blant elevane.
Nivå 3	Nivå mellom nivå 2 og nivå 4.
Nivå 2	Sjølv om dei fleste elevane føler seg trygge og trivst på skolen, finst det elevar som ikkje gjer det. Skolen sine tiltak og prosedyrar knytt til rus- og voldsproblematikk vert ikkje alltid følgd opp.
Nivå 1	Elevane sine rettar i § 9a er ikkje kjent for elevane. Det førekjem mobbing i skolen som ikkje vert handsama etter gjeldande reglar

Data frå elevundersøkinga

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på tilpassa opplæring legg ein til grunn utvalde spørsmål frå lærlingundersøkinga;

«Er instruktør/veileder eller lignende tilgjengelig på arbeidsplassen dersom du skulle trenge det?»

«Får du tilbakemelding fra instruktøren/veilederen eller lederen din? (§3-11)»

«Trives du med kollegaene dine i lærebedriften?»

«Trives du med arbeidsoppgavene dine?»

«Føler du deg som en del av det sosiale miljøet på arbeidsplassen?»

«Blir du godt behandlet på arbeidsplassen?»

«Får du hjelp og støtte fra kollegaene dine dersom du trenger det?»

«Hvordan trives du i lærebedriften alt i alt?»

Indikator for læringsmiljø i bedrift

Gradering	Kvalitetskjenne-teikn fylkesnivå
Nivå 4	Lærlingane og lærekandidatane trivst i bedrifta og seier dei blir godt følgd opp slik at dei blir inkludert i fellesskapen.
Nivå 3	Nivå mellom nivå 2 og nivå 4.
Nivå 2	Sjølv om dei fleste lærlingane og lærekandidatane føler seg trygge og trivst i bedrifta, finst det dei som ikkje gjer det. Ein føler seg ikkje alltid heilt inkludert i fellesskapen på arbeidsplassen.
Nivå 1	Det førekjem mobbing på arbeidsplassen.

Data frå lærlingundersøkinga

Elevmedverknad

For å vurdere den opplevde kvaliteten på elevmedverknad legg ein til grunn indeksen for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga.

Indikator for elevmedverknad i skolekvardagen

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Skolen har eit aktivt elevråd og skolemiljøutval som samarbeider tett med leiinga ved skolen. Det er utarbeidd rutinar for dette samarbeidet. Skolen har eigne rutinar for oppfølging av resultat frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa.
Nivå 3	Elevrådsstyret er aktivt, men det er vanskeleg å engasjere elevrådet i saker som gjelder kvaliteten på opplæringa.
Nivå 2	Elevrådsstyret og skolemiljøutvalet er lite aktivt. Skolen har ikkje eit system som sikrar elevane ei brei drøfting av resultatata av elevundersøkinga og undervisningsevalueringa.
Nivå 1	Det vert ikkje halde møte i skolemiljøutvalet, det er heller ikkje oppretta eit organ for å ivareta skolemiljøet.

Data frå elevundersøkinga

Kompetanseutvikling

For å vurdere personalet sin opplevde kvalitet på kompetanseutvikling legg ein til grunn utvalde spørsmål frå MTM-undersøkinga;

;Leiinga og personalet er samde om kva slags kompetanse min skole treng for å møte dei behova skolen har

;Min skole legg godt til rette for kompetanseutvikling

;Eg får tilstrekkeleg opplæring i høve til arbeidsoppgåvene mine

;Eg opplever at tilhøva på arbeidsplassen min er lagt godt til rette for at eg skal kunne vidareutvikle meg og kompetansen min

;Eg meiner at miljøet vårt er prega av ein kultur for deling av kompetanse og røynsle

Indikator for kompetanseutvikling av personalet - skole

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på skolenivå
Nivå 3	Skolen legg svært godt til rette for at personalet kan delta på faglege etter- og vidareutdanningstiltak. Skolen bruker og kollegarettleiing og rettleiing av nyttilsette i kompetanseutvikling. Leiinga har lagt til rette for at personalet kan arbeide i eit stimulerande arbeidsfellesskap, kor læring på tvers av avdelingar og faggrenser skjer ofte.
Nivå 2	Skolen legg til rette for at personalet kan delta på faglege etter- og vidareutdanningstiltak. Skolen bruker og kollegarettleiing og rettleiing av nyttilsette i kompetanseutvikling. Personalet har eit arbeidsfellesskap, kor læring på tvers av avdelingar og faggrenser kan skje.
Nivå 1	Skolen sin kompetanseutviklingsstrategi er utydeleg. Det er meir tilfeldig og opp til lærarane sjølv å finne arenaer for kompetansespreiing og –utvikling. Kven som får delta på delta på faglege etter- og vidareutdanningstiltak vert opplevd tilfeldig. Det er vanskeleg for skolen å leggje til rette for at lærarane kan gjere bruk av etter- og vidareutdanningstiltak som vert prioritert av skoleeigar.

Data frå personalundersøkinga

5. Resultatkvalitet

Resultatkvaliteten avspeglar det ein har oppnådd med det pedagogiske og organisatoriske arbeidet. Resultatkvaliteten uttrykkjer læringsutbytte målt opp mot opplæringsverksemda sine målsettingar for opplæringa. Det kjem til uttrykk i tal på elevar som fullfører opplæringa eitt år med greidd resultat, lærlingar som greier fagprøva og tal på elevar som sluttar eller lærlingar som hever kontrakten sin.

Målsettingar

1. I denne planen er det ei hovudmålsetting er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring med greidd resultat etter 5 års opplæring skal aukast frå 73,5 prosent i 2014 til 79 prosent ved utgangen av planperioden.
2. For kvart årstrinn skal minst 84% av elevane ha gjennomført skoleåret med greidd resultat og minst 96% av lærlingane skal ha greidd fagprøva.
3. For kvart skoleår skal mindre enn 4% av elevane slutte i løpet av skoleåret og i læretida skal mindre enn 3% av lærlingane heve kontrakten sin.

Tiltak

Analyse og vurdering av resultat

Skolane skal utvikle arbeidet med vurdering av skoleresultat henta frå PULS-portalen med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen av skoleåret. Denne evalueringa vil då gje eit grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med skolen sin nye handlingsplan både når det gjeld struktur- og prosesskvalitet.

Fylkesutdanningssjefen skal likeeins utvikle arbeidet med vurdering av resultat henta frå PULS-portalen med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen av skoleåret. Denne evalueringa vil då gje eit grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med fylkesutdanningssjefen sin handlingsplan, fylkesplanen, kvalitetsmeldinga, kvalitetsplanen og fylkesutdanningssjefen sin oppdragsavtale til skolane.

Skolebasert vurdering, årsmelding og kvalitetsmelding

Skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering skal dokumenterast i ei årleg årsmelding. Det skal utviklast ein standardisert årsmeldingsmal som grunnlag for skolane sitt arbeid med årsmeldinga. Ho skal skal publiserast på skolen sin nettside. Fylkesutdanningssjefen vil vere behjelpeleg med å systematisere data frå PULS-portalen.

Fylkesutdanningssjefen legg fram ei årleg kvalitetsmelding til fylkestinget sin samling i desember.

Leiardialog

Med oppdragsavtalen skal fylkesutdanningssjefen saman med skolane sette felles målsettingar, og saman med den einskilde skole sette resultat- og prosessmål for tenesteutviklinga ved skolen. Fylkesutdanningssjefen skal følgje opp skoleleiinga gjennom året slik at ein saman vurderer dei behova skulen har for støtte og oppfølging for å nå målsettingane. Oppdragsavtalen skal såleis bidra til å fremje eit godt samarbeid mellom den enkelte skole og fylkesutdanningssjefen.

Indikatorar

I samband med NyGIV vart det sett nasjonale mål om å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Gjennomføringstal for fylket vil bli henta frå Utdanningsdirektoratet sitt Gjennomføringsbarometer.

For resultat kvaliteten har ein i denne planen valt å bruke indikatorane for elevar og lærlingar som har gjennomført opplæringa eitt år, karakterutvikling for elevar, elevar som sluttar og lærlingar som hever kontrakten. Skolar med overvekt av studieførebuande utdanningsprogram vil kome betre ut enn skolar med overvekt av yrkesfaglege program. Ein har likevel i indikatoren valt å ikkje skilje mellom de to utdanningsretningane.

Indikator for elevar som har gjennomført opplæringa førre skoleår

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på gjennomført og greidd – skole- og fylkesnivå
Nivå 4	84 % av Vg1-elevane har gjennomført og greidd 84 % av Vg2-elevane har gjennomført og greidd 77 % av dei som går ut av vg3 i skole skal ha fullført med vitnemål eller fagbrev.
Nivå 3	Nivå er mellom nivå 2 og nivå 4.
Nivå 2	76 % av Vg1-elevane har gjennomført og greidd 76 % av Vg2-elevane har gjennomført og greidd 70 % av dei som går ut av vg3 i skole skal ha fullført med vitnemål eller fagbrev
Nivå 1	70 % av Vg1-elevane har gjennomført og greidd 70 % av Vg2-elevane har gjennomført og greidd 65 % av dei som går ut av vg3 i skole skal ha fullført med vitnemål eller fagbrev

Data frå PULS

Indikator for lærlingar som har gjennomført opplæringa

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på gjennomført og greidd – skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Minst 98 % av oppmeldte lærlingar har fullført med fagbrev.
Nivå 3	Nivå er mellom nivå 2 og nivå 4.
Nivå 2	Minst 92 % av oppmeldte lærlingar har fullført med fagbrev.
Nivå 1	Mindre enn 92 % av oppmeldte lærlingar har fullført med fagbrev.

Data frå PULS

Indikator for elevar som sluttar i skolen

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på skole- og fylkesnivå
Nivå 4	Der er mindre enn 2,5% av elevane som avbryt skoleåret og sluttar.
Nivå 3	Det er meir enn 2,5% og mindre enn 6% av elevane som avbryt skoleåret og sluttar.
Nivå 2	Det er meir enn 6% og mindre enn 8% av elevane som avbryt skoleåret og sluttar
Nivå 1	Det er meir enn 8% elevane som avbryt skoleåret og sluttar

Data frå PULS

Indikator for lærlingar som hever kontrakten sin

Gradering	Kvalitetskjenneitekn på fylkesnivå
Nivå 4	Der er mindre enn 2,5% av lærlingane som hever kontrakten sin
Nivå 3	Det er meir enn 2,5% og mindre enn 4% av lærlingane som hever kontrakten sin .
Nivå 2	Det er meir enn 4% og mindre enn 6% av lærlingane som hever kontrakten sin .
Nivå 1	Det er meir enn 6% av lærlingane som hever kontrakten sin

Data frå VIGO



■ notat

Frå:	Til:
Fylkesutdanningssjefen	Utdanningsutvalet i Møre og Romsdal fylke
Dato:	Ref:
20.04.15	Harald Johnny Tomren

Rapport – Aktivitetar i regi av dei faglege nettverka i skoleåret 2014-2015

Dei faglege nettverka i fylket er rådgjevande organ for skoleeigar i spørsmål knytt opp mot arbeidet med vurdering, etterutdanning, og utvikling av kvalitet i den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal, då med grunnlag i den vedtekne kvalitetsplana.

Fokusområde i skoleåret 2014-2015 har vore vurdering, variert bruk av læremiddel og undervisningsformer (til dømes entreprenørskapsaktivitetar) i faga – derunder utvikling i bruken av digital kompetanse og digitale læringsressursar som NDLA, samt etterutdanning og kompetanseutvikling for dei pedagogisk tilsette. Dei faglege nettverka har ei rolle som rådgjevande organ for skoleeigar ved høyringar, og når sentrale og regionale tiltak skal implementerast i skolen og fagopplæringa. Dei 9 yrkesfaglege nettverka skal i tillegg ha fokus på samarbeid med bedrifter og bransjar, med tanke på utvikling av kvalitet i programfaga. Dei yrkesfaglege nettverka skal ha eit tett og godt samarbeid med bedriftene, med tanke på å få etablert fleire praksisplassar og læreplassar, og auke talet på dagar elevane er plassert ut i bedrift.

I skoleåret 2014-2015 så er det etablert i alt 20 faglege nettverk. Ved revisjonen av mandatet for nettverka skoleåret 2013-2014, så vart det gjort ein del endringar i organiseringa, og det vart òg utforma nye retningslinjer for korleis nettverka skulle arbeide. Nettverka fekk arbeidsutval (3-5 deltakarar) som har ansvaret for å lage årsplan med budsjett. Fylkesutdanningssjefen engasjerer ein nettverksleiar for kvart nettverk. Frikjøpsressursen vert fastsett ut frå breidde og kompleksitet i utdanningsprogrammet. I nettverksmøta deltek fagkontaktar frå alle skolane som har utdanningsprogrammet/faget. Fagkontaktane er utpeika av rektor på kvar skole. I nettverksmøta arbeider ein med fagleg didaktiske og pedagogiske tema knytt opp mot overordna lovverk og forskrifter, kvalitetsdokumenta for utdanningssektoren i fylket, og med vurderingsarbeid /eksamen. I tillegg til dette så planlegg og arrangerer nettverka ei rekke etterutdanningskurs for det pedagogiske personalet i dei vidaregåande skolane i fylket.

Med tanke på å kunne nå måla i «Samfunnskontrakten», der myndigheitene skisserer eit tettare og betre samarbeid med bedrifter og bransjar med tanke på å få etablert fleire praksisplassar og læreplassar, så har arbeidsutvala i dei yrkesfaglege nettverka fått ei samansetjing der rådgjevarar frå fagopplæringa i fylket, leiarar frå opplæringskontora og skoleleiarar og lærarar møter. I dei små faga der det ikkje er opplæringskontor, så har nettverka fått invitert inn bedriftsrepresentantar. Dette er gjort på grunn av at det er ein del utdanningsprogram som tradisjonelt ikkje har hatt særleg tett kontakt med bransje og bedrifter. Med representantar frå opplæringskontor og bedrifter inn i arbeidsutvala, så kan

desse vere «døropnarar» for skolane ut mot næringsliv og bransjar. Dette er særst viktig med tanke på å skaffe praksisplassar for elevane i prosjekt til fordjuping (PTF), då ein veit at utplassering i bedrift kan vere innfallsporten til ein læreplass for elevane.

Nettverksleiarane har ansvaret for å rapportere til skoleeigar om aktivitetar og kurs som nettverket har arrangert, og talet på deltakarar. Nytt av året er moglegheita av å arrangere videokonferansar. Dette fører med seg mindre bruk av tid og ressursar til reiser, samt mindre behov for bruk av vikarar ute på skolane. Mange nettverksleiarar melder at dette fungerer godt, spesielt for arbeidsutvalsmøter, men òg for spesifikke fagkurs, der det er eit avgrensa tal på deltakarar. Ein tek sikte på å utvide bruken av slike konferansar og møter.

Rapporteringa for skoleåret 2014-2015, syner at det har vore gjennomført 72 aktivitetar (AU-møte, nettverksmøte og etterutdanningskurs for pedagogisk tilsette). På desse aktivitetane har det i alt delteke 2249 skoleleiarar og lærarar. Nettverka har i samarbeid med fylkesutdanningssjefen arrangert ein «fagdag/kursdag» i starten av skoleåret, der over 1000 lærarar deltok. Dette syner at det er stor aktivitet i dei fleste av nettverka, med eit stort mangfald av tilbod for lærarane. Sjølvst er det nettverk som fungerer betre enn andre, men dei aller fleste nettverka er no godt i gjenge etter omorganiseringa. I tillegg til dei fagspesifikke fagkursane, så har arbeidet i nettverka vore prega av at det har vore mange revideringar i læreplanane i «Kunnskapsløftet», i eksamensforskrifta og i høve til vurdering. Det er viktig å få diskutert og gjennomgått alle endringane med nettverka for å skape ei felles forståing ute på skolane i høve til tolking av lovverket, forskrifta og dei retningslinene som er gitt av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Mandat og retningsliner vert revidert årleg. I arbeidsoppgåvene til nettverka for det komande året vil eit sentralt tema frå kvalitetsplana vere å arbeide med «Vurdering for læring». Sjølv om resultatane av brukarundersøkingane viser at skolane har hatt noko framgang, så er det ennå område ein bør ha fokus på i vurdering for læring, som til dømes elevvurdering og elevmedvirkning i eigne vurderingsprosessar. Til våren kjem det i tillegg ny forskrift til faget «Prosjekt til fordjuping». Dette er døme på nye utfordringar som nettverka skal arbeide med i skoleåret 2015-2016.

Sverre Hollen
Fylkesutdanningssjef



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.06.2015	38343/2015	Paula Næss Skår

Saksnr	Utval	Møtedato
LU 9/15	Likestillingsutvalet	10.06.2015

Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot

Det er lagt fram ei sak til Kultur og folkehelseutvalet – KF-35/15 i møte 3. juni, som omfattar forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot.

Kultur- og folkehelseutvalet vedtok i sak KF- 10/15 å sjå nærare på prioriteringar og bruk av den samla tilskotsportefølja kulturavdelinga disponerer. Innretting av dei fylkeskommunale kulturtilskot og prinsippa for tildeling skulle særleg vurderast.

I saksframlegget blir det gitt nærare greie for dei ulike typane av tilskot (sjå vedlegg).

Det blir gjort framlegg om følgjande vedtak:

- «1. Kunst- og kulturorganisasjonar, regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar og allmennkulturelle aktørar som kan søkje om økonomisk støtte til kjerneverksemd/ordinær drift og som kan vise til stabil drift over fleire år, kan søkje om fleirårlig avtale for inntil tre år.
2. Omgrepet fast øyremerka blir erstatta med Driftstilskot, eitt- eller fleirårig.
3. Administrasjonen blir bedt om å utarbeide kriterium som skal nyttast ved val av organisasjonar som skal få eitt- eller fleirårig driftstilskot.»

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot til orientering.

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Vedlegg

- 1 Saksframlegg KF 35/15 Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
25.05.2015	36200/2015	Heidi-Iren Wedlog Olsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	03.06.2015

Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot

Bakgrunn

Kultur- og folkehelseutvalet vedtok i sak KF-10/15 å sjå nærare på prioriteringar og bruk av den samla tilskotsportefølja kulturavdelinga disponerer. Herunder vart det mellom anna vedtatt å ha eit særskilt søkjelys på innretting av, og prinsipp for, tildeling av dei fylkeskommunale kulturtilskot.

I Møre og Romsdal fylkeskommune skil vi mellom *driftstilskot* og *tilskot til prosjekt og tiltak*. Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. Innanfor ordninga tilskot til drift, skil ein mellom dei som er på fast øymerka og dei som må søke frå år til år. Av dei som søker årleg, er det i stor grad dei same som får tildelingar.

Tilskot til prosjekt og tiltak vert tildelt i samsvar med politisk vedtekne retningslinjer. Eit prosjekt er målretta, tidsavgrensa og unik arbeidsoppgåve, organisert som prosjekt og er avgrensa frå søkjar si ordinære verksemd. Tilskot blir også gitt til avgrensa tiltak eller enkeltaktivitetar, som har lågare krav til prosjektorganisering, men likevel er unike.

Som det går fram av sak KF-1/15 og sak KF-10/15 er majoriteten av dei fylkeskommunale kulturtilskota fast øymerka og går til driftstilskot. Dette er i tråd med regionale kulturpolitiske målsettingar om å bygge kulturell infrastruktur, formidling av kulturarv, kunst og kultur og å gi trygge og føreseielege rammevilkår for frivillig lag og organisasjonar i heile fylket.

Slik ordninga med fast øymerka fungerer, legg ho sterke føringar og band på eit vesentleg volum av tilskotsporteføljen. Samtidig aukar presset, ettersom stadig fleire organisasjonar ønskjer status som «fast øymerka» og svært få av dei som har erverva denne statusen har «mista den». Dette gir igjen stadig mindre handlingsrom til nye prosjekt og tiltak innanfor kulturfeltet.

Vurdering

Fylkesrådmannen føreslår at kunst- og kulturorganisasjonar, regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar og allmennkulturelle aktørar som kan søkje om økonomisk støtte til kjerneverksemd/ordinær drift, kan søkje om fleirårlig avtale for inntil tre år. Forslag til endra praksis gjeld ikkje for sentrale regionale institusjonar som får driftstilskot med grunnlag i samarbeidsavtale med stat og kommune.

Slik ordninga med driftstilskot fungerer i dag, legg den sterke føringar og band på store delar av tilskotsporteføljen. Endra praksis vil opne opp for tydelegare evalueringsrutinar av aktørar som har driftstilskot. Det er også fylkesrådmannen sin vurdering at ei slik endring i større grad vil opne opp for at nye aktørar kan kvalifisere seg til driftstilskot. Det vil gje fylket sine innbyggjarar eit endå rikare kulturliv og meir varierte kulturopplevingar.

Av organisasjonane som søker årleg om driftstilskot, er det i stor grad dei same som får tildelingar fordi dei har ei tydeleg regional forankring. Moglegheit til å søkje om fleirårleg driftstilskot, vil gje desse organisasjonane meir føreseielege rammer.

Ei endring av praksis, vil også kunne effektivisere forvaltninga. Ved tildeling av fleirårig driftstilskot, treng ikkje organisasjonane søkje årleg. Utbetaling av tilskot vil skje etter rapportering gjennom årsrekneskap og årsmelding.

Til denne praksisendringa ligg det og eit ønskje om at omgrepet fast øyremarka blir erstatta med Driftstilskot, eitt- eller fleirårig.

For tildeling av *tilskot til prosjekt og tiltak*, er det ikkje forslag om endringar.

Forslag til endra praksis rører ikkje ved retningsliner for tildeling kulturtilskot, jf. sak KF-38/13.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med forslag til kriterium som skal nyttast til val av organisasjonar som skal få driftstilskot. Det er naturleg at slike kriterier tek utgangspunkt i retningsliner for tildeling av kulturtilskot, men at dei er meir tydeleg formulert.

Forslag til vedtak:

1. Kunst- og kulturorganisasjonar, regionalt-/fylkesledd av frivillige organisasjonar og allmennkulturelle aktørar som kan søkje om økonomisk støtte til kjerneverksemd/ordinær drift og som kan vise til stabil drift over fleire år, kan søkje om fleirårlig avtale for inntil tre år.
2. Omgrepet fast øyremarka blir erstatta med Driftstilskot, eitt- eller fleirårig.
3. Administrasjonen blir bedt om å utarbeide kriterium som skal nyttast ved val av organisasjonar som skal få eitt- eller fleirårig driftstilskot.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef



Møteprotokoll

Utval: Rådet for likestilling av funksjonshemma
Møtestad: 103, Fylkeshuset i Molde
Dato: 11.05.2015
Tid: 10:30
Protokoll nr: 2/15

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lilly Gunn Nyheim	Leiar	AP
Aud Perdy Mork	Nestleiar	KRF
Leif Elde	Medlem	
Kari Wiik	Medlem	
Sidsel Rykhus	Medlem	
Erik Husby	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Asbjørn Gausdal	Medlem	
Torleiv Rogne	Medlem	UAVH
Tore Brevik	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:

Namn	Stilling
Paula Næss Skår	Rådgivar

Sekretariat:

Namn	Stilling
Mia Smørdal	Konsulent

Møte i rådet for likestilling av funksjonshemma tok til kl. 10.30 på møterom 103 under leiding av Lilly Gunn Nyheim.

Asbjørn Gausdal og Torleiv Rogne hadde meldt forfall. Ingen varamedlemar kunne møte. Tore Brevik hadde ikkje meldt forfall, men møtte ikkje.

Møtet blei sett med 6 medlemer.

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Saklista blei godkjent utan merknader.

Saksnr	Innhald	Uoff
FF 10/15	Landskonferansen for fylkesråd i 2015	
FF 11/15	Oppnemning av nye råd for personar med nedsett funksjonsevne hausten 2015	
FF 12/15	Fylkeskryssande bussruter	
RS 5/15	Rekneskap pr april 2015 - Rådet for likestilling av funksjonshemma	
RS 6/15	Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter	
RS 7/15	Planlegger nasjonal rammeavtale - velferdsteknologisk responsenterløsning Godkjenning av protokoll	

Orienteringar

- Prosjektleiar Bjørn Erik Hjellset frå bygg- og vedlikehaldsseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune orienterte om «Kartlegging og tiltak – universell utforming i fylkeskommunale bygg».
- Lilly Gunn Nyheim og Aud Mork orienterte kort om regional samling for fylkesråda for likestilling av funksjonshemma på Stiklestad.
- Aud Mork orienterte kort om fellesmøte med fylkesråda for likestilling av funksjonshemma i Sogn og Fjordane og Hordaland i Førde.

FF 10/15 Landskonferansen for fylkesråd i 2015

Forslag til vedtak:

Rådet for likestilling av funksjonshemma vel følgjande medlemmar til å delta på landskonferansen for fylkesråd i Bodø 19. og 20. august:

.....

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet for likestilling av funksjonshemma vel følgjande medlemmar til å delta på landskonferansen for fylkesråd i Bodø 19. og 20. august:

- Leif Elde
- Kari Wiik
- Aud Mork
- Sidsel Rykhus
- Asbjørn Gausdal

FF 11/15 Oppnemning av nye råd for personar med nedsett funksjonsevne hausten 2015

Behandling i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Paula Næss Skår orienterte kort om bakgrunn for saka.

Lilly Gunn Nyheim fremma følgjande forslag til vedtak:

«Administrasjonen sender ut brev til kommunane og fylkeskommunen knytt til val av nye råd og utval, der ein legg vekt på:

- god aldersfordeling i råda
- tilstrekkeleg opplæring av rådsmedlemar på lik linje med andre folkevalde»

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Administrasjonen sender ut brev til kommunane og fylkeskommunen knytt til val av nye råd og utval, der ein legg vekt på:

- god aldersfordeling i råda
- tilstrekkeleg opplæring av rådsmedlemar på lik linje med andre folkevalde

FF 12/15 Fylkeskryssande bussruter

Behandling i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet slutta seg til framlagte forslag til uttale frå fellesmøte og ber om at den blir sendt til samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal og lagt fram for samferdselsutvalet.

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet slutta seg til framlagte forslag til uttale frå fellesmøte og ber om at den blir sendt til samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal og lagt fram for samferdselsutvalet.

Uttale:

Rådet for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.

Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre. Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.

I samband med nye anbuds-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjøføroplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.

Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga

RS 5/15 Rekneskap pr april 2015 - Rådet for likestilling av funksjonshemma

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet for likestilling av funksjonshemma tek referatsaka til orientering.

RS 6/15 Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet for likestilling av funksjonshemma tek referatsaka til orientering.

RS 7/15 Planlegger nasjonal rammeavtale - velferdsteknologisk responscenterløsning

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 11.05.2015

Rådet for likestilling av funksjonshemma tek referatsaka til orientering.

Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 12.03.2015

Rådet for likestilling av funksjonshemma har gått gjennom og godkjenner samrøystes protokollen frå møtet 11.05.15.

Møtet slutt kl. 13.00.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: 103, Fylkeshuset i Molde
Dato: 13.05.2015
Tid: 10:30
Protokoll nr: 2/15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torleiv Rogne	Medlem	UAVH
Arve Hans Otterlei	Medlem	FRP
Målfrid Mogstad	Medlem	
Johannes J. Vaag	Medlem	
Jakob Strand	Medlem	
Aslaug Solberg	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristine Grøtta	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Norunn Heggebakk Steinnes	Kristine Grøtta	

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:

Namn	Stilling
Paula Næss Skår	Rådgivar

Sekretariat:

Namn	Stilling
Mia Smørdal	Konsulent

Fylkeseldrerådet sitt møte tok til kl. 10.30 på møterom 103 under leiing av Målfrid Mogstad.

Orienteringar

- Sigri Spjelkavik frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune orienterte om status for regional delplan for folkehelse.
- Ass. fylkesplansjef Ingunn Bekken Sjøholm orienterte om arbeidet med regional planstrategi 2012-2016 og ny plan for 2016-2020. Ho bad om innspel frå eldrerådet (sjå sak E-12/15).

Møtet blei sett med 7 medlemer.

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Til saklista:

- Sak E-12/15: Regional planstrategi 2016-2020
- RS-21/15 blir løfta opp som sak. Den får eige saksnummer E-13/15.
- Jakob Strand bad om å få orientere om prosessen knytt til kommunereforma og det faktum at dei eldre ikkje får invitasjon til å delta på aktuelle informasjonsmøte.

Saklista med endringar blei godkjent.

Saksnr	Innhald	Uoff
E 11/15	Manglande samsvar mellom dei politiske planar og det faktiske tilbodet i kommunane	
RS 15/15	Rekneskap pr april - Fylkeseldrerådet	
RS 16/15	Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 25.02.15	
RS 17/15	Møteprotokoll frå møte i rådet for likestilling av funksjonshemma 12.03.15	
RS 18/15	Årsmelding 2014 - Norddal eldreråd	
RS 19/15	Møteprotokoll Eldrerådet i Ålesund	
RS 20/15	Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter	
RS 21/15	Helsefagarbeiderne mangler kompetanse Godkjenning av protokoll	

Utdelt i møte:

- Notat frå Aslaug Solberg til RS-21/15: Helsefagarbeiderne mangler kompetanse.
- Artikkelen: «Øker innsatsen for å forebygge ensomhet blant eldre»

Orientering

Fylkestannlegen hadde ikkje moglegheit til å stille med ein representant i dette møtet. Paula Næss Skår refererte kort frå deira svar knytt til spørsmål om status for samarbeidet mellom kommunane og fylkestannlegen når det gjeld nødvendig tannbehandling for institusjonsbebuarar og heimebuande. Eldrerådet ber fylkestannlegen kome i neste møte for å orientere vidare om dette.

E 11/15 Manglande samsvar mellom dei politiske planar og det faktiske tilbodet i kommunane

Behandling i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet ber om at uttalen blir sendt til aviser, kommunale eldreråd i Møre og Romsdal, Storting og regjering.

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Manglande samsvar mellom dei politiske mål og planar og det faktiske tilbod i kommunane.

Dei politiske partia har også i vår hatt sine årlege landsmøte og fastsett sine planer og mål. Vi ser at eldreomsorga skal styrkast og utviklast. Alle vil det beste for dei eldre sjuke.

Kommunane i fylket strir med budsjettunderskot og tenestejusteringar også denne våren. I dei fleste kommunar er det tunge kutt i eldreomsorg og skulebudsjett, ikkje styrking og utvikling som pregar debattane. Mange kommunepolitikarar toar sine hender og fryktar Robeklista. Ingen ynskjer å bli sett under administrasjon av fylkesmannen, men somme unngår ikkje denne lagnaden likevel for ei tid.

Når det gjeld eldreomsorga ser vi at sjukeheims plassar stadig blir omgjort til omsorgsplassar eller fellesbustader. Det skal satsast meir på hjelp i eigen heim, anten i leigd (kommunal omsorgsbustad) eller i eigen bustad. Eldre folk vil heller bu heime enn flytte på sjukeheim, var eit utsegn frå ein politikar sitert i ei avis nyst i ein budsjettdebatt. Då er det greitt å legge ned sjukeheims plassar. Alle vil sjølvsagt helst bu heime, og få den hjelpa dei eventuelt får bruk for. Ingen blir heller tvangsinnlagt på sjukeheim når dei er ved sine fulle fem!

Det som er svært urovekkjande samstundes med nedlegging av sjukeheims plassar, er at heimetenestene ikkje blir styrka tilsvarande. I somme kommunar er til og med nedskjering det er snakk om.

Når eldre folk då opplever at dei blir alvorleg hjelpetrengande, og ikkje får naudsynt hjelp, er det sjølvsagt ikkje lenger det å bu heime som blir det første valet. Det er også eit faktum at sjukeheims pasientane i dag er svært hjelpetrengande. Mesteparten av pasientane på våre sjukeheimar er demente (60-80 %), og denne pasientgruppa vil auke i åra som kjem. For denne pasientgruppa er det ikkje eit reelt val å bu heime.

Ein rapport bestilt av KS (kommunane sin interesseorganisasjon) viser det som mange kommunar har hevda, at pasientane no er dårlegare når dei blir utskrivne frå sjukehus enn før. Dette er ein konsekvens av samhandlingsreforma. Av rapporten går det også fram at dei andre pasientane på sjukeheimar, i omsorgsbustader og i heimetenestene, er meir pleietrengande enn før. Vi har hatt tilfelle av omsorgssvikt som har fått katastrofale følgjer på grunn av demente som blir buande heime. Seinast eit tilfelle i Oslo der kommunen blei stilt for retten. Kommunen blei ikkje dømt.

Eldre som blir utsette for uforsvarleg omsorg har eit svakt rettsvern. Saksøkarane er i ein livsfase kor få orkar ein lang rettsprosess. Det er liten rettspraksis på lovbrøt i eldreomsorga. Domstolane er tilbakehaldne med å utfordre kommunane, og rettsgrunnlaget ofte for tynt til å dømme kommunane. Helsedirektør Bjørn Gulvåg uttaler at det er uheldig at ikkje fleire helsetilsynssaker som gjeld eldre blir avgjort i rettssystemet. Han seier vidare at helsevesenet i større grad bør hjelpe eldre med å løfte saker inn for rettsvesenet.

Med den aukande andelen av eldre i befolkninga i åra som kjem, fryktar fylkeseldrerådet at mange kan oppleve at når hjelpa trengst er den ikkje der. Fylkeseldrerådet håper at dei politiske partia som har planane, makta og pengane gjer jobben både i Stortinget og i kommunane. Dei bør starte i dag!

E 12/15 Regional planstrategi 2016-2020

Behandling i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet diskuterte seg fram til følgjande forslag til punkt i vedtak:

- Eldrerådet meiner at dei eldre må få eit eige avsnitt i plandokumentet. Dette fordi dei eldre blir fleire i åra som kjem. Utfordringane blir større og dette tilseier større merksemd i plansamanheng på regionalt nivå. Til dømes bur mange eldre i grisgrente strøk med dårlege bussrutetilbod. Dette er ei stor utfordring, mellom fleire.
- Den regionale planlegginga må leggje vekt på at kulturtilbodet må vere slik at også dei eldre kan ta del i det.
- Eldrerådet meiner at den lovpålagte retten til tannbehandling i sjukeheim og heimesjukepleien må bli gjort betre kjent i kommunane og blant dei pårørande.

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek sak om regional planstrategi 2016-2020 til orientering og har følgjande innspel til planstrategien:

- Eldrerådet meiner at dei eldre må få eit eige avsnitt i plandokumentet. Dette fordi dei eldre blir fleire i åra som kjem. Utfordringane blir større og dette tilseier større merksemd i plansamanheng på regionalt nivå. Til dømes bur mange eldre i grisgrente strøk med dårlege bussrutetilbod. Dette er ei stor utfordring, mellom fleire.
- Den regionale planlegginga må leggje vekt på at kulturtilbodet må vere slik at også dei eldre kan ta del i det.
- Eldrerådet meiner at den lovpålagte retten til tannbehandling i sjukeheim og heimesjukepleien må bli gjort betre kjent i kommunane og blant dei pårørande.

E 13/15 Helsefagarbeiderne mangler kompetanse

Behandling i Eldrerådet - 13.05.2015

Aslaug Solberg fremma følgjande forslag til vedtak:

«Mange som jobber med eldre mangler utdanning og kompetanse – Det er rart de kan kalle seg helsefagarbeidere», sier førsteamanuensis Pia Bing-Jonsson ved Høgskolen i Buskerud og Vestfold.

Fylkeseldrerådet ønsker at denne rapporten blir gjort kjent i kommunene. Samhandlingsreformen stiller krav om styrket samarbeid mellom sykehus og kommunen og legger betydelig vekt på samhandling internt i kommunene.

Samhandlingsreformen har ført til at pasienter blir utskrevet fra sykehus tidligere enn før, både til hjemmene og til kommunale institusjoner. Disse pasientene har ofte komplekse behov. For eksempel kan pasienter på sykehjem ha 5-7 forskjellige diagnoser. Skal helsefagarbeidere observere og vurdere disse, trengs kompetanse. Spesial-kompetansen som helsefagarbeidere har i sykehus må også tilflytte helsefagarbeidere i kommunen.

Mange pleietrengende eldre velger å bo hjemme med jevnlig besøk av hjemmehjelp. Når kunnskap hos helsefagarbeiderne er lav kan dette få

alvorlige konsekvenser for de eldre, og pasientene får heller ikke den oppfølgingen de trenger. – " hvis ikke pasienten får tilstrekkelig stell kan det føre til tidlig død" skriver Bing-Jonsson i rapporten.

Når det gjelder teknologi og tjenesteutvikling er tilgang på kompetent personell en av framtidens største utfordringer. IKT gjør informasjon tilgjengelig om sykdom og behandling på en ny måte. Dagens pasienter har ofte betydelig kompetanse om egen tilstand og egen sykdom og vurderer helseinformasjon fra flere kilder. Dette kan oppleves som en ressurs, men kan også være en utfordring for helsefagarbeideren. I tillegg vektlegger yrkes etiske retningslinjer plikt til personvern og verdighet.

Kompetanse knyttet til demensomsorgen er sterkt etterspurt. Her må helsefagarbeideren være veileder. Den store gruppen av pårørende som tar vare på sine demente foreldre ønsker råd og veiledning for bedre å forstå og håndtere sin hjemmesituasjon.

I sykehjem er flere beboere med rusproblemer en ny utfordring og det er nødvendig å utvikle bedre tilbud til denne gruppen. Det er samtidig et behov for å få bedre oversikt over hjemmeboende Eldres behov i forhold til psykisk helse og rus.

Fylkeseldrerådet oppfordrer kommunene til å gjøre nødvendige organisatoriske grep og påse at helsefagarbeiderne får tilstrekkelig kompetanse til å utføre sine pleiefaglige oppgaver. Kunnskap kombinert med god omsorg er vesentlig for kvalitet i eldreomsorgen.»

Forslaget frå Solberg blei samrøystes vedteke.

Eldrerådet ber om at uttalen blir sendt til aviser, kommunale eldreråd i Møre og Romsdal, Storting og regjering.

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

«Mange som jobber med eldre mangler utdanning og kompetanse – Det er rart de kan kalle seg helsefagarbeidere», sier førsteamanuensis Pia Bing-Jonsson ved Høgskolen i Buskerud og Vestfold.

Fylkeseldrerådet ønsker at denne rapporten blir gjort kjent i kommunene. Samhandlingsreformen stiller krav om styrket samarbeid mellom sykehus og kommunen og legger betydelig vekt på samhandling internt i kommunene.

Samhandlingsreformen har ført til at pasienter blir utskrevet fra sykehus tidligere enn før, både til hjemmene og til kommunale institusjoner. Disse pasientene har ofte komplekse behov. For eksempel kan pasienter på sykehjem ha 5-7 forskjellige diagnoser. Skal helsefagarbeidere observere og vurdere disse, trengs kompetanse. Spesial-kompetansen som helsefagarbeidere har i sykehus må også tilflyte helsefagarbeidere i kommunen.

Mange pleietrengende eldre velger å bo hjemme med jevnlig besøk av hjemmehjelp. Når kunnskap hos helsefagarbeiderne er lav kan dette få alvorlige konsekvenser for de eldre, og pasientene får heller ikke den oppfølgingen de trenger. – " hvis ikke pasienten får tilstrekkelig stell kan det føre til tidlig død" skriver Bing-Jonsson i rapporten.

Når det gjelder teknologi og tjenesteutvikling er tilgang på kompetent personell en av framtidens største utfordringer. IKT gjør informasjon tilgjengelig om sykdom og behandling på en ny måte. Dagens pasienter har ofte betydelig kompetanse om egen tilstand og egen sykdom og vurderer helseinformasjon fra flere kilder. Dette kan oppleves som en ressurs, men kan også være en utfordring for

helsefagarbeideren. I tillegg vektlegger yrkes etiske retningslinjer plikt til personvern og verdighet.

Kompetanse knyttet til demensomsorgen er sterkt etterspurt. Her må helsefagarbeideren være veileder. Den store gruppen av pårørende som tar vare på sine demente foreldre ønsker råd og veiledning for bedre å forstå og håndtere sin hjemmesituasjon.

I sykehjem er flere beboere med rusproblemer en ny utfordring og det er nødvendig å utvikle bedre tilbud til denne gruppen. Det er samtidig et behov for å få bedre oversikt over hjemmeboende eldres behov i forhold til psykisk helse og rus.

Fylkeseldrerådet oppfordrer kommunene til å gjøre nødvendige organisatoriske grep og påse at helsefagarbeiderne får tilstrekkelig kompetanse til å utføre sine pleiefaglige oppgaver. Kunnskap kombinert med god omsorg er vesentlig for kvalitet i eldreomsorgen.

RS 15/15 Rekneskap pr april - Fylkeseldrerådet

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 16/15 Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 25.02.15

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 17/15 Møteprotokoll frå møte i rådet for likestilling av funksjonshemma 12.03.15

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 18/15 Årsmelding 2014 - Norddal eldreråd

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 19/15 Møteprotokoll Eldrerådet i Ålesund

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 20/15 Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet tek referatsaka til orientering.

RS 21/15 Helsefagarbeiderne mangler kompetanse

Behandling i Eldrerådet - 13.05.2015

Saka blei sett på sakskartet med eige saksnummer, E-13/15.

Orientering

Jakob Strand bad om å få orientere om prosessen knytt til kommunereforma og det faktum at dei eldre ikkje får invitasjon til å delta på aktuelle informasjonsmøte.

I den samanheng tek administrasjonen kontakt med Rigmor Brøste hos fylkesmannen i Møre og Romsdal og ber om ei orientering kring dette i septembermøtet.

Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 13.05.2015

Eldrerådet gjekk gjennom protokollen i møte og den blei samrøystes vedteke.

Møtet slutt kl 13.46.

Kvinner og andre utvalg

DEBATT

Therese Uggård, styremedlem og kvinnepolitisk talsperson i Sjøkvilven Arbeiderparti.



I gjennomsnitt tjener kvinnene i Møre og Romsdal 63% av det mennene gjør. Arbeidsmarkedet vårt, den såkalte «testosteronkysten», er det nest mest kjønnsdelte i landet. Vi har godt under gjennomsnittet med kvinnelige næringslivsledere. I politikken er vi på 3. plass – når det gjelder å ha færrest kvinner i kommunestyrene. Vi er et av fylkene med dårligst kjønnsbalanse i utdanningsprogram i skolene. Slik kunne en ha fortsatt, og fortsatt. Og slik vil det sannsynligvis fortsette i også, om det ikke snart tas grep.

Fylkesrådmannen vil legge ned likestillingsutvalget. Det er for mange utvalg i fylket, og dette utvalget trenger man kanskje ikke. Et annet utvalg kan dele ut likestillingsprisen (og overta de andre oppgavene også), ble det foreslått. 27. mai stemte Fylkesutvalget for Fylkesrådmannens innstilling.

Mange tenker kanskje at likestillingen har kommet langt i Norge. Er det nødvendig med et eget utvalg for likestilling, da?

La oss se på fakta, slik Statistisk sentralbyrå har gjort. De har funnet at Møre og Romsdal er et av landets minst likestilte fylker.

møringer gir det heller ingen mening.

For økonomisk sett lønner det seg med likestilling. Flere forskere har pekt på sammenhengen mellom kjønnsforskjellene i fylket, og avfolkningen av bygdene. Det er særlig kvinnene som drar – uten å ville komme tilbake. Om det var det kjønnsdelte arbeidsmarkedet, de tradisjonelle kjønnsrollemønstrene eller mandsdominansen blant toppene i næringsliv og politikk som bidro mest til dette, vites ikke. Men sluttresultatet viser at vi har 90 kvinner per 100 menn i fylket – på desidert sisteplass i landet.

Denne avfolkningen og dette kvinneunderskuddet får selvsagt store konsekvenser for tilgangen til arbeidskraft, for vekst og for økonomien i regionen.

Fylkesrådmannen anerkjenner disse problemene i sin innstilling, og ønsker angivelig også å øke fokuset på likestilling. Ideen om at likestillingstanken heller bør gjennomsyre alle beslutninger og alle organer i fylkeskommunen er god, den – men det er tvilsomt om det holder i praksis.

Å legge enda flere oppgaver – likestillingsarbeidet – til et utvalg som alt har blitt slått sammen med ett annet (Kultur- og folkehelseutvalget), synes

mer som et ulønnsomt forsøk på effektivisering, enn en prioritering.

Studier har vist forbindelsen mellom liten grad av likestilling og liten politisk vilje til å prioritere likestillingsarbeid. Holdninger, både politisk og i folket, har mye å si for om man lykkes med likestillingen. Mye av arbeidet med likestilling må gjøres lokalt, skriver Statistisk sentralbyrå.

Altså; skal vi snu denne negative trenden, må vi må satse på likestilling; i politikken, i næringslivet og på bygdene!

Møre og Romsdal trenger all den hjelpen en kan få. Et likestillingsutvalg hadde sendt signal om at vi tar likestilling på alvor, og utvalget kan også være en viktig «medspiller» for kommunene (slik slagordet til Fylkeskommunen slår fast).

Likestillingsutvalget bør ikke legges ned!

Det at likestillingsutvalget forsås nedlagt i et av landets aller minst likestilte yrker, sier egentlig alt om hvorfor vi sårt trenger et likestillingsutvalg fortsatt.



Kulturtilskot 2015

• **Prosjekttilskot 1.tildeling (søknadsfrist 1.april)**

Ordninga gjeld tilskot til tiltak/prosjekt som i hovudregelen omfattar aktivitet/har betydning for minst 5 kommunar i fylket, eller som er av interesse for store delar eller heile fylket.

Ramme til fordeling: kr 1.210.000*

Fordelt hittil i år: kr 1.210.000

***Finansiering:**

Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune kr **1.015.000**

Lågterskel fysisk aktivitet – God Helse-midlar frå 2014 (statleg) kr **75.000**

Udisponerte tilskotsmidlar God Helse-partnerskapen kr **120.000**

Sum kr 1.210.000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Fortidsminneforeningen	Tilskot til reisestøtte til ungdomsdeltakar frå Møre og Romsdal for å delta på "Workshop - European heritage for ungdom".	12 000	12 000
Bjarne Langseth	Tilskot til bok om den ukjente reiselivshistorien frå Romsdalen og Rauma. Tilskotet skal gå til kjøp av 12 bøker.	Ikkje oppgjeve	5 000
Samvirke SA	Tilskot til "Salong - en utradisjonell utstilling og bok om kystkultur".	50 000	50 000
Hildur Dansekompani	Tilskot til utvikling av dansekunst basert på tradisjonell dans frå Møre og Romsdal.	10 000	10 000
Gunn Mørstøl, Rauma	Tilskot til arrangementet "Lyden av frihet - Kunst i natur 2015".	30 000	15 000
Norsk kulturskoleråd Møre og Romsdal	Tilskot til musikkterapiprojekt med fokus på menneske med demens. Prosjektet vil omfatte kommunane Gjemnes, Nesset, Sunndal, Tingvoll og Kristiansund. Søkar er oppmoda om å sjå på moglegheiten for å samarbeide med seksjon for folkehelse og fysisk aktivitet i fylkeskommunen.	100 000	50 000
Norske Kunsthåndverkere Midt-Norge	Tilskot til kunstturnè i blant anna Surnadal, Todalen og Ålesund i samband med organisasjonen sitt 40-års jubileum.	20 000	20 000
Ålesund Symfoniorkester	Tilskot til "Nasjonal festkonsert: urframføring av Edvard F.Brævins kantate" i Parken kulturhus i Ålesund den 17.05.15.	60 000	60 000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Sunnmøre Data og Kultur	Tilskot til "Hype 2015" - dataparty i Sparebanken Møre Arena, Ålesund.	100 000	20 000
Åsne Valland Nordli	Tilskot til innspeling av folketonar, frå Nordmøre, av Edvard Bræin.	40 000	40 000
Spelemannslaget Dâm og Drag, Vestnes	Tilskot til "Fylkeskappleik for Møre og Romsdal 2015" i Tresfjord den 11. og 12.04.15.	10 000	10 000
JazzTeatret Produksjon AS, Sunndal	Tilskot til "Lady Arbutnott" den 18.-27.06.2015.	120 000	120 000
Nordmørstreffen, Aure	Tilskot til distriktsmeisterskap på trekkspel og torader i Molde den 6.-8.mars 2015.	20 000	20 000
Spjelkavik Drill, Ålesund	Tilskot til utvikling av "Drillexplotion - en drillhapping i Nordvest".	75 000	20 000
Folkemusikkarkivet Møre og Romsdal	Tilskot til innspeling av CD med bygdedansmusikk frå Møre og Romsdal.	70 000?	40 000
Møre og Romsdal Natur og Ungdom	Tilskot til seminaret "Tenke globalt, handle lokalt" for miljøengasjert ungdom i Møre og Romsdal og omegn.	5 000	5 000
Fritidsvennene v/Kristin Brevig,	Tilskot til nyttårsballet - årets ball for menneske med spesielle behov. Geografisk utbreiing er Nordmøre og Romsdal.	60 000	15 000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
MINK - Midtnorsk Kompetansenettverk for rytmisk musikk	Tilskot til vidareføring av MINK.	195 000	130 000
Naturfestivalen, Ørsta og Volda	Tilskot til å utvikle Naturfestivalen til ein stor regional festival.	80 000	50 000
Friluftsrådet for Ålesund og Omland	Tilskot til "StikkUT!" - turregistrerings-prosjekt i alle medlemskommunane.	200 000	100 000
Hjørundfjord kulturvernlag, Ørsta og Sykkylven	Tilskot til informasjonssenter om kultur og naturopplevingar i Hjørundfjord.	35 000	20 000
Molde Fekteklubb	Tilskot til tiltaket "Fekting i gymtime", fektetrening i barneskolen i fleire kommunar i Møre og Romsdal.	60 000	38 000
Møre og Romsdal idrettskrets	Tilskot til aktivitetsutprøving for menneske med nedsett funksjonsevne - "Grenseløs idrettsdag" den 15.oktober 2015.	15 000	15 000
Landslaget Fysisk Fostring i Skolen, fylkeslag Møre og Romsdal	Tilskot til "Lekepatruljen" - kurs der ein "utdannar" 4.-7.klassingar til leikepatruljer som i kvardagen skal setje fart i leiken for dei yngre skuleelevene.	120 000	120 000
Møre og Romsdal idrettskrets	Tilskot til idrettslagsaktivitet i "Aktiv på dagtid".	200 000	75 000



Kulturtilskot 2015

- **Konsertstøtte**

Ordninga gjeld tilskot til konsertar der ei frivillig verksemd opptrer saman med innleidde profesjonelle utøvarar.

Ramme til fordeling: kr 250.000

Fordelt hittil i år: kr 148.000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Anette Sollie Hagen, Skodje	Tilskot til konsert med to harper i Skodje kyrkje 26.06.15.	12 000	6 000
Aure songlag	Tilskot til "Belly Brothers" i Aure Arena den 07.03.15.	5 000	5 000
Bjørkedal frilynde ungdomslag, Volda	Tilskot til skodespel og dans på ungdomshuset Fridtun den 10.01.15.	5 000	5 000
Borgund sokneråd, Ålesund	Tilskot til "Pasjonsmusikk" i Borgund kyrkje den 29.03.15.	10 000	10 000
BrattvågKoret, Haram	Tilskot til "Happy hour med BrattvågKoret og Knut Marius Djupvik" i Ingebrigt Davik-huset den 18.04.15.	20 000	10 000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Herøy Janitsjar	Tilskot til "Queen-konsert" i Fosnavåg konserthus den 28.02.15.	10 000	10 000
Håvard Svendsrud, Ålesund	Tilskot til "Per Bolstad i ord og toner" på Arbeideren i Ålesund den 14.06.15.	8 000	8 000
Kristiansund kammerkor	Tilskot til "Handels Messias" i Molde domkirke og Nordlandet kirke den 28. og 29.11.15.	15 000	15 000
Molde domkirke	Tilskot til "No kallar sol og sommarvind - vårkonsert og salmesang" i Molde domkirke den 26.05.15.	10 000	10 000
Nordmøre Hardrock Club, Kristiansund	Tilskot til "Bernie Marsden m/band" i Festiviteten i Kristiansund den 09.04.15.	25 000	5 000
Sandøy Vel	Tilskot til konserten "Den blå timen" på Sandøya den 25.06.15.	5 000	5 000
Spelemannslaget Dâm og Drag, Vestnes	Tilskot til "Musikalsk tapas og folkemusikk og andre gamle toner" i Tresfjord kyrkje den 30.05.15.	5 000	5 000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Spjelkavik og Sykkylven kyrkjjes barnekor	Tilskot til "Sunnivaspillet" i Spjelkavik og Sykkylven kyrkjer 11. og 12.11.15.	10 000	3 000
Sykkylven Storband	Tilskot til "First meeting - Sykkylven storband og Kåre Nymark jr." den 18.04.15.	5 000	5 000
Tindrane Eidsdal, Norddal	Tilskot til konsert med Ole Jørn Myklebust på Røde Kors-huset i Eidsdal den 30.05.15.	20 000	10 000
Vestlandsk sommarsymfoni v/NASOL, Nordfjordeid.	Tilskot til "Vestlands sommarsymfoni" på Fjordane folkehøgskule på Nordfjordeid den 01.08.15".	10 000	10 000
Ørskog Blues Club	Tilskot til "Union Blues Cup - regionuttak" i Ørskog den 30.05.15.	50 000	10 000
Ørskog Brass	Tilskot til "Tomra og Ørskogfestivalen" på Ørskog samfunnshus den 18.04.15.	20 000	10 000
Ørsta sokneråd	Tilskot til "Høyr kor kyrkjeklokka lokkar" i Ørsta kyrkje den 27.06.15.	6 000	6 000



Kulturtilskot 2015

- **Større idrettsarrangement**

Ordninga gjeld gåvepremiar og/eller tilskot til større idrettsarrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå i Møre og Romsdal.

Ramme til fordeling: kr 300.000


Fordelt hittil i år: kr 205.000

Søkar	Tiltak	Søkt	Innvilga
Blindheim IL, Ålesund	Tilskot til "landsfinalen i Mesterskap for videregående skoler i volleyball i Ålesund 23.-25.januar 2015".	30 000	20 000
Dimna IL, Ulstein	Tilskot til "NM for ungdomar i nye Ulsteinhallen 6.-8.mars 2015".	50 000	30 000
Kristiansund håndballklubb	Tilskot til kvalifiseringskamp til Handball-EM i Polen for herrelandslaget i handball.	25 000	25 000
Langevåg diskolf, Sula	Tilskot til Norgescup i frisbeegolf 2015.	40 000	20 000
Molde og omegn IF og Skarbakkane SA	Tilskot til Norgescuprenn i hopp og kombinert på Skaret 6.-8.mars 2015.	80 000	50 000
Surnadal IL	Tilskot til "IPC World Cup Nordic Skiing Final Surnadal".	150 000	50 000
Vestnes Islandshestforening	Tilskot til Midtnorsk meisterskap 2015.	17 340	10 000



Så likestilte er vi

Arbeidsmarkedet i Norge er kjønnsdelt. Vi trenger flere kvinner som vil lede og ta ansvar i bedrifter. Se 7 grafer om likestilling.



1. Hvor jobber kvinner og menn?

Andel sysselsatte kvinner i privat sektor etter næring



Source: SSB [Get the data](#)

Enkelte næringer i privat sektor domineres av kvinner. I helse og sosialtjenester er 73 prosent av de sysselsatte kvinner, mens i overnatting og serveringsvirksomhet er kvinneandelen 59 prosent.

Andre næringer hvor over halvparten av de sysselsatte er kvinner er personlig tjenesteyting og undervisning. Lavest kvinneandel er i bygg og anleggsvirksomhet med om lag 8 prosent kvinner.


Temaside: Vi trenger flere kvinner som vil ta ansvar i næringslivet
(/Politikk-og-analyse/Arbeidslivspolitik/kvinner-i-naringslivet/)

3. Heltid og deltid

I 2014 var om lag en fjerdedel av de sysselsatte i Norge deltidsansatte. Deltid forekommer både i offentlig og privat sektor. Nesten 40 prosent av kvinnene er deltidsansatt, mens for menn er om lag 14 prosent deltidsansatte.

De siste fem årene er andelen kvinner i deltidsstillinger blitt redusert.

Andel kvinner i deltidsstillinger etter sektor



Source: SSB [Get the data](#)


4. Kvinner i ledelse og styrer

Det er relativt få kvinner i toppledelsen og i styrene i norsk næringsliv.

Kvinner utgjør 15 prosent av daglig ledere i aksjeselskaper (AS), og 6 prosent i allmennaksjeselskapene (ASA).

Over tid ser vi at kvinneandelen blant ledere øker svakt.

Daglig ledere. Andel kvinner



Source: SSB [Get the data](#)



Kristina Jullum Hagen (/Om-NHO/Ansatte-og-arbeidsomrader/Ansatte/K-O/Kristina-Jullum-Hagen/)
Prosjektleder

kristina.jullum.hagen@nho.... 23088134
(mailto:kristina.jullum.hagen@

Arbeidslivspolitik

Publisert 29.05.15



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.05.2015	33384/2015	Carina Stokke

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	03.06.2015

Status og evaluering av "Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016" per 1. mai 2015

Bakgrunn

Kultur- og folkehelseutvalet etterspurde i møte 6. mai 2015 statusrapport på «Program for kreative næringer 2013-2016. Vedlagt ligg fullstendig rapport og vurdering av satsinga per 1. mai 2015.

Forslag til vedtak:

Kultur- og folkehelseutvalet tek status og evaluering av Program for kreative næringer 2013-2014 til orientering.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Vedlegg

- 1 Status og evaluering av "Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016" per 1.mai 2015

Program for kreative næringer i Møre og Romsdal – politisk vedtak U-93/13

Forankring:

Program for kreative næringer er forankra i Fylkesplan 2013-2016, i dei to satsingsområda Kultur og Verdiskaping (jf. sak T-74/12).

Visjon:

Kultur for næring i kreative verksemder i Møre og Romsdal

Mål:

Fleire nye arbeidsplassar innan kreative næringer, og auka overlevings- og innovasjonsgrad (i eksisterande verksemder).

Satsingsområde:

- Kompetanse
- Nettverk, møteplassar og samlokalisering
- Trainee-ordning
- Kunstnarleg verksemd
- Natur- og kulturarv

Målgrupper:

- Gründeren og entreprenøren
- Næringshagar og kunnskapsparkar
- Høgskulane
- Kulturmiljø/kulturinstitusjonar
- Eksisterande næringsliv

Avgrensingar og presiseringar:

- Satsing på kreative næringer skal ha lønnsfokuser og vere ein del av arbeidet med næringsutvikling.
- Tiltak som rettar seg direkte mot enkeltbedrifter og etablerarar skal følgast opp av Innovasjon Norge.
- Kreative næringer omfattar større bedrifter som fell inn under vilkåra for støtte i dagens verkemiddelapparat. Dette gjeld til dømes bedrifter knytt til media, arkitektur og design (Tv, aviser, arkitektar, reklame- og kommunikasjonsbyrå). Desse vil ikkje vere i målgruppa for fylkeskommunen si satsing, men kan vere interessante nettverkspartnarar for mindre føretak.

Tiltak per år med vurdering av gjennomføring og effekt/evaluering. Status per mai 2015.

Tiltak	Gjennomføring	Effekt/evaluering
2013	Tildelte midlar til desse prosjekta	
<p>Utlysing: nettverk, møteplassar og kompetanse</p> <p>Satsingsområde: Nettverk, møteplassar og kompetanse</p>	<p>kreativfylket.no - Sunnmøre Kulturnæringshage</p> <p>Det blir gjennomført 10 samlingar i 4 regionar per år. Arrangementa samlar deltakarar frå ulike bransjar innan kreative næringer. Søre Sunnmøre, Sunnmøre og Romsdal fungerer bra, stort sett mange oppmøtte. I Kristiansund er det utfordrande å få deltakarar. Nordic Light gjer ein strålande jobb som vertskap. Her ligg den største utfordringa for kreativfylket.no.</p> <p>På møta kan bedrifter, enkeltpersonar, bransjeorganisasjonar ol. presentere seg, og det blir god tid til mingling. Dersom deltakarane etterlyser tema dei vil ha kunnskap om, blir dette sett på agendaen.</p> <p>Kultur og teknologi og Kreative Sunnmøre - Øygaardshamna AS</p> <p>Alle aktivitetar gjennomført etter plan. Øygaardshamna har vore vertskap for kreative Sunnmøre i Ålesunds-regionen. I tillegg har det vore gjennomført 4 samlingar innan prosjektet kultur og teknologi, dei to siste integrert som del av kreative Sunnmøre. Har fungert veldig bra og vil halde fram i 2015 og 2016. Frå april 2015 vil alle samlingar vere på Terminalen byscene i Ålesund.</p> <p>Frå kulturnett til næringsnett, Aura kulturhage - Aura Næringshage</p> <p>Aura kulturhage vart opna 24.09.2014. Samlokaliseringa er no nesten full, og det er planer om utviding og flytting til anna lokale. Ei av gründerane i kulturhagen fekk startstipend hausten 2014.</p> <p>Aura Næringshage som er ansvarleg for kulturhagen har planer for både utviding og utvikling, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.</p>	<p>Møteserien kreativfylket.no har med sin lågterskelprofil samla aktørar innan kreative næringer. Dette er ikkje formelle nettverk. Det har kome samarbeidsprosjekt og bedriftsetableringar ut av møta. Veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarane.</p> <p>Det er dialog mellom kreativfylket.no og MRFK om kva tiltak som kan bli sett i verk for å auke oppslutninga i Kristiansund.</p> <p>Gjev tilbod om kompetanse til aktørar innan teknologi og kultur som ser moglegheiter for utvikling av nye tilbod/produkt. Godt besøkt. Svært gode fasilitetar for møteserien kreative Sunnmøre gjer at mange deltek på møta. Har stort kontaktnett som dei brukar, og dette kjem kreative Sunnmøre til gode.</p> <p>Etablering av Aura Kulturhage har bidratt til å tilføre nærings- og kulturlivet i Sunndal ein ny dimensjon. Med Aura kulturhage har Aura Næringshage fått utvida si portefølje. Næringshagen har stor kompetanse på forretningsutvikling og har tilgang på kompetanse i SIVA-systemet. Industrisamfunnet Sunndal treng å utvikle ein meir mangfaldig arbeidsmarknad, og kulturkommunen Sunndal har eit stort potensiale for verdiskaping og sysselsetting med grunnlag i det mangfaldige kulturlivet.</p>

	<p>Kreativ Arena Plassen - Teatret Vårt (TV) og Kunstsenteret i Møre og Romsdal (KMR)</p> <p>TV og KMR tilbyr ei mentorordning for kreative enkeltpersonar eller grupper frå kreative næringer som skal styrke utøvande kunstnarar og kulturentreprenørar sin kompetanse for å kunne bruke ekspertise og bakgrunn i ein vidare kontekst.</p> <p>Prosjekta blir presentert for publikum på Plassen. Første gruppe er akkurat ferdig med samarbeidsprosjektet "Lokale soger i ei ny tid" som omhandlar Edvard Langset.</p> <p>http://www.edvardlangset.com</p> <p>Gruppe to starta opp i mars 2015.</p> <p>TV og KMR har utvikla prosjekthåndbok for prosjektet.</p>	<p>Kreativ Arena Plassen har greidd å samle ulike aktørar frå fleire bransjar innan kreative næringer om felles prosjekt, i tillegg til at dei gjev deltakarane mentorar og opplæring i prosjektarbeid og forretningsutvikling. Erfaringane med første prosjektgruppe viser at tiltaket har hatt effekt. Det står igjen å sjå kva effekt prosjektet har på lang sikt.</p> <p>Prosjektet har nokre utfordringar:</p> <p>1.Rekruttering utanfor Romsdal Prosjektet er casebasert med samlingar. Derfor er det tilgjengeleg for deltakarar frå heile fylket, men det har så langt vore vanskeleg. Prosjektleiari har vore over heile fylket og presentert prosjektet.</p> <p>2.Kunstsenteret i Møre og Romsdal er eigd av foreningane Bildende Kunstnere Møre og Romsdal (BKMR) og Norske Kunsthåndverkere Midt-Norge (NKM). Dersom ein potensiell deltakar søker som kunstnar eller kunsthandverkar kan ikkje Kunstsenteret bidra da dei berre skal (re)presentere og bidra inn mot medlemmar knytta til BKMR og NKM.</p>
	<p>Kulturkandidat – Undine AS</p> <p>Prosjektet skal utvikle og teste ut eit nytenkande rekrutteringsprogram som skal sørge for at kulturinstitusjonar og tradisjonelle næringsaktørar i regionen kan teste ut bruken av kandidatane sin kreative og kulturelle kompetanse i ein kortare tidsperiode.</p> <p>Prosjektet skal undersøke modellar for korleis kandidatane i tillegg kan arbeide med eige fag og eigne prosjekt. Prosjektet vil sjå på korleis ein kan kombinere oppstart av eiga kreativ næring med anna arbeid.</p>	<p>Prosjektet hadde som mål å rekruttere 1. kull med kandidatar som skulle starte opp september 2014. I september 2016 skal to kull ha gått gjennom sine kandidatløp og ordninga skal evaluerast.</p> <p>Per 1.mai 2015 har ikkje ordninga starta opp. I følge siste rapport skal kandidatar bli vald ut innan første halvdel av juni. Rekruttering i gang på facebook.</p> <p>Dersom prosjektet skal vere gjennomførbart må dei ha samarbeidsavtalar med 6 store aktørar som kan ta i mot ein kandidat, samt ca 10 medlemsbedrifter som er med i prosjektet, men som ikkje kan ta i mot ein kandidat. Per i dag er det etter min kjennskap ikkje inngått avtalar med 6 aktørar og det er heller ikkje inngått avtalar med meir enn 5 medlemsbedrifter (har ikkje bekræftelse på dette). Tilsegnet er gjeve med føresetnaden at prosjektet skal dekke aksen Molde-Kristiansund. Så langt er det berre bedrifter i Kristiansunds-området som er med, i tillegg til Møre og Romsdal fylkeskommune som vil vere ei medlemsbedrift, men ikkje ta i mot ein kandidat.</p>

		<p>Framdrifta er ikkje som etter planen som var grunnlag for tildelinga. Med den framdrifta som er per i dag, vil ikkje prosjektet bli gjennomført innan september 2016. Administrasjonen vil følge opp prosjektet og gå i dialog med Undine AS.</p> <p>Det er derfor ikkje mogleg å seie noko om effektane av prosjektet per no.</p>
	<p>Anna Design AS – kreative Romsdal</p> <p>Anna Design AS har ansvaret for kreative Romsdal og legg til rette med program og praktisk gjennomføring. Anna Amundsen som driv Anna Design AS har gjort ein stor jobb med rekruttering til møteserien og har laga ei ramme rundt arrangementa som trekker folk.</p>	<p>Anna Design AS har vore ein stor pådrivar for å samle kreative næringar i Romsdal. Har også etablert Grafill i Møre og Romsdal (bransjeorganisasjon for grafisk design). Gjennom Kreative Romsdal har aktørar utvikla samarbeidsprosjekt, som deler på kompetanse både når det gjeld fag og administrasjon. Deltaking og engasjement tyder på at ein har treft eit behov som næringa har.</p>
<p>Inngå samarbeidsavtale med Vestnorsk Filmsenter, Western Norway Film Commission og Filmfondet Fuzz AS. Satsingsområde: Kompetanse og nettverk. MRFK sitt verkemiddelapparat på film</p>	<p>Bli gjennomført ved årleg tildeling av kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune får gjennom desse tre organisasjonane eige verkemiddelapparat på film, både når det gjeld fagleg utvikling, locations og finansiering.</p> <p>Sidan 2011 har lokale produsentar hatt premiere på 14 kort- og dokumentarfilmar og 8 langfilmar har vore spela inn i fylket. I tillegg kjem utanlandske tv-innspelningar.</p>
<p>“Hvordan lykkes stort som små?” Satsingsområde: Kunnskap, forretnings-utvikling, nettverk</p>	<p>MRFk vart invitert til å delta i pilotprosjektet saman med Buskerud og Finnmark fylkeskommunar og Hermetikken Næringshage, Vadsø. MRFK deltok i arbeidsgruppe som utarbeidde ei foranalyse som skulle ligge til grunn for ei forprosjekt kobla til forskingsinstitusjon.</p>	<p>Effekt per 2013: samarbeid med og læring av to andre fylkeskommunar og ein næringshage. Felles utfordringar og moglegheiter. Resultatet av prosjektet vil vere viktig for vidareutvikling av hoppid.no og verkemiddelapparatet.</p>
<p>Kystpilegrimsleden – gjennomføre forprosjekt og planlegge hovedprosjekt Satsingsområde: Verdiskaping kulturarv</p>	<p>Kystpilegrimsleden skal vere ei samanhengande reiserute frå Rogaland til Trondheim, og bruke den same sjøvegen som pilegrimane i middelalderen. Fem fylkeskommunar, fire bispedømeråd, nasjonalt pilegrimssenter og Riksantikvaren samarbeider. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt i styringsgruppa for prosjektet som er treårig.</p>	<p>Forprosjektet er ferdistilt og hovudprosjekt er i gang. Kystpilegrimsleden vart lansert sommaren 2014, og vil bli ei reiserute basert på kulturarven vår.</p>

Tiltak	Gjennomføring	Effekt/Evaluering
2014 Utlyse prosjektet "Frå gråpapir til galleri" i Ålesund, Molde og Kristiansund Satsingsområde: Kunstnarleg verksemd, talentutvikling	Prosjektet vart lyst ut første gong hausten 2014. Mange søkararar påpeika at det ville vere behov for å kunne arbeide i lokalet samstundes som det var utstilling. Utlysinga sa at det berre skulle vere utstillingslokale, ikkje arbeidslokale. Ny utlysing rett før jul, og mange kvalifiserte søkarar. Sakshandsaming ferdig januar 2015, sjå meir på tiltak 2015.	Tiltaket kan ikkje bli evaluert før i 2016/2017.
Inngå samarbeidsavtalar med Vestnorsk Filmsenter, Western Norway Film Commission og Filmfondet Fuzz	Blir gjennomført årleg gjennom årleg tildeling av kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.	Møre og Romsdal fylkeskommune får gjennom desse tre organisasjonane eige verkemiddelapparat på film, både når det gjeld fagleg utvikling, locations og finansiering. Sidan 2011 har lokale produsentar hatt premiere på 14 kort- og dokumentarfilmar og 8 langfilmar har vore spela inn i fylket. I tillegg kjem utanlandske tv-innspelningar.
Tilby kurs i forretningsplanlegging for kreative næringer – Business Boot Camp Satsingsområde: Kompetanse, forretningsplanlegging	Kurset vart gjennomført i regi av hoppid.no og Innovasjon Norge. Vart pilot i IN sitt tilbud "Bygg bedrift – forretningsutvikling for kulturbedrifter"	Det er svært gode tilbakemeldingar frå både deltakarane, hoppid.no-systemet og Innovasjon Norge regionalt og sentralt. Kurset gjev deltakarane tilgang på verktøy for forretningsplanlegging/modellering.
Utlysing av midlar til utvikling av kreative næringer Satsingsområde: Nettverk, forretningsutvikling	Ikkje gjennomført i 2014, overført til 2015.	
Utvikle og utlyse talentstipendordninga	Startstipend for kreative talent vart utlyst sommaren 2014 og 27 søkte. Tre vart tildelt stipend a 200 000 kroner:	Det er vanskeleg å evaluere etter så kort tid. Men, to av mottakarane har teke store steg. Ingeborg Refsnes har fått tildelt Etablerartilskot

<p>UngKreaTør</p> <p>Satsingsområde: Talentutvikling</p>	<p>1. Yvonne Cathrine Senn 2. Ingeborg Refsnes 3. Solveig Oterhals Landsvik</p>	<p>fase 1 frå Innovasjon Norge. Yvonne C. Senn har etablert både eiga bedrift og nytt produksjonsselskap. Det vil bli etablert ein black-box på Sunndalsøra før sommaren. Ho er samarbeider med andre aktørar lokalt, og er med i Aura kulturhage sitt strategiarbeid mot internasjonalt arbeid.</p> <p>Startstipendet er det einaste tiltaket arbeidsgruppa har stilt spørsmål til av våre tiltak. Er stipendet utslagsgivande for at desse talenta tek steget og etablerer bedrift?</p>
<p>“Hvordan lykkes stort som små?”</p> <p>Satsingsområde: Kunnskap/forskingforretnings-utvikling, nettverk</p>	<p>Foranalyse ferdigstilt, og prosjektet har fått innvilga midlar frå Buskerud, Finnmark og MRFK, Regionalt forskingsfond Nord-Norge mfl.</p>	<p>Evaluering per 2014: Samarbeidet mellom deltakarane har utvikla seg godt og prosjektet har no gått vidare til forskingsfasen. Det er etablert samarbeid med Østlandsforskning som skal gjennomførte første fase av forskinga. Dette vil skje både gjennom kvantitative data og intervju med bedrifter i dei tre fylka.</p> <p>Resultatet av prosjektet vil vere viktig for vidareutvikling av hoppid.no og verkemiddelapparatet.</p>

Tiltak	Gjennomføring	Effekt/evaluering
2015		
Tilby kurset "Bygg bedrift – forretningsutvikling for kulturbedrifter" – hoppid.no i samarbeid med Innovasjon Norge Satsingsområde: Kompetanse, forretningsplan-legging	Gjennomført i regi av hoppid.no og Innovasjon Norge. To samlinger gjennomført per 1.april.	Blir evaluert i etterkant av kursa.
Gjennomføre pilotprosjektet "Frå gråpapir til galleri" i Ålesund, Molde og Kristiansund Satsingsområde: Kunstnarleg verksemd, talentutvikling, marknads- avklaring, nettverk	Saksbehandling ferdigstilt februar 2015. Midlar tildelt til tre mottakarar a 500 000 kroner for to år: Oppstart for alle tre galleria mai/juni 2015. Nordic Light Art Gallery - Nordic Light Events AS, Kristiansund Galleri Kråke - Aldis Gunnarsdottir, Ålesund Galleri Gnist - Maria Sandsmark, Bente Sellevoll og Hilde Brunvoll, Molde	Tiltaket kan ikkje bli evaluert før i 2016/2017.
Lyse ut Startstipend for kreative talent Satsingsområde: Talentutvikling	Vil bli lyst ut 15.august.	Det er vanskeleg å evaluere etter så kort tid. Men, to av mottakarane har teke store steg. Ingeborg Refsnes har fått tildelt Etablerartilskot fase 1 frå Innovasjon Norge. Yvonne C. Senn har etablert både eiga bedrift og nytt produksjonsselskap. Det vil bli etablert ein black-box på Sunndalsøra før sommaren. Ho er samarbeider med andre aktørar lokalt, og er med i Aura kulturhage sitt strategiarbeid mot internasjonalt arbeid. Startstipendet er det einaste tiltaket arbeidsgruppa har stilt spørsmål til av våre tiltak. Er stipendet utslagsgivande for at desse talenta tek steget og etablerer bedrift? Tiltaket bør gjennom grundig evaluering etter tildeling i 2015.
Gjennomføre temabasert gründercamp innan	Ungt Entreprenørskap har ansvar og Carina/Angela/May Britt hjelper til. Ikkje starta opp per 1.mai 2015.	UE er ein viktig læringsarena for studentar, og det å synleggjere kreative næringer i MR gjennom ein gründercamp kan bidra til at unge ser MR som eit attraktivt fylke å busette seg i. Vi kan vise fram den

<p>kreative næringer</p> <p>Utlysing av midlar til samlokalisering av kreative næringer</p> <p>Satsingsområde: Nettverk, B2B,</p>	<p>Utlysing 17.mars 2015 med søknadsfrist 20.april. 15 søknadar er under handsaming. Ferdig behandla rundt 20.mai.</p> <p>Formålet med utlysinga er å styrke grunnlaget for utvikling av ny verksemd innan kreative næringer. Samlokalisering aukar moglegheitene for kompetansedeling, faglege ressursar og tilgang på nye marknader.</p> <p>Samlokalisering er meldt inn som behov frå næringa.</p>	<p>mangfaldige arbeidsmarknaden vi har.</p> <p>Kan ikkje måle effekt før om 1 til 2 år. Men erfaringane frå Aura Kulturhage har vist at samlokalisering har generert ny aktivitet, nye bedriftsetableringar og samarbeid mellom bedrifter.</p> <p>Utlysinga sette krav om at tilskotsmottakar skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere, organisere og drifte samlokaliseringa - Bidra til å utvikle nye samarbeidsformer - Bidra til å skape nye arbeidsplassar og eit lokale som er synleg, attraktivt og levande lokalt og regionalt - Utvikle eit fagmiljø og ein møteplass for creative næringer og stimulere til utveksling av kunnskap, kontaktar og erfaringar - Samarbeide med eksisterande utviklingsaktørar I Møre og Romsdal (hoppid.no, kreativfylket.no, næringshagar, kunnskapsparkar, Kreativ Arena Plassen mfl.)
<p>“Hvordan lykkes stort som små?”</p> <p>Satsingsområde: Kunnskap</p>	<p>Gjennomført oppstartsmøte med Østlandsforskning som skal gjennomføre forskingsbiten i forprosjektet. Prosjektet er presentert i Innovasjon Norge sentralt, i kulturdepartementet og kulturrådet, og alle vil gjerne bli heldt løpande orientert om prosjektet.</p>	<p>Forskningsprosjektet er starta opp i samarbeid med Østlandsforskning. Forprosjektet skal vere ferdig innan utgangen av 2015. Det blir gjennomført intervju med bedrifter i MR, Buskerud og Finnmark våren 2015. Vi skal plukke ut bedrifter som skal delta.</p> <p>Kunnskapsverket – det nasjonale kunnskapsenteret for kulturelle næringer er også kopla på, både fagleg og med finansiering.</p>
<p>Auka avklaringsmidlar til kommunale hoppid.no-kontor. Avklaring av forretningsidé i tidleg fase.</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune har sidan starten tildelt hoppid.no-kontora ei årleg ramme til etablerarar for avklaring av forretningsidear i ein tidleg fase. Formålet med hoppid.no-ramma er at etableraren skal få gjennomført mindre men avgjerande aktivitetar for å gi eit betre vurderingsgrunnlag for vidare satsing.</p> <p>Tilskotet er avgrensa til 30 000 kroner for kvar forretningsidé.</p> <p>Ei spørjeundersøking i 2014 viser at midlane har ein effekt i tidleg fase, og med reduksjon i kommunale næringsfond er midlane viktig tiltak for å nå målet om fleire og betre nyetableringar med høgare overlevingsgrad i Møre og Romsdal. Den viser også at dei fleste av etablerarane nyttar tilbodet dei får gjennom hoppid.no til rettleiing, kurs og kopling mot kompetansmiljø i nettverket til hoppid.no (næringshagar, kunnskapsparkar, og Innovasjon Norge).</p>	<p>Midlar bevilga i RN-12/15</p> <p>Vedtak i Regional- og næringsutvalet – 03.03.2015</p> <p>1. Ordninga med midlar til avklaring av forretningsidear blir vidareført med ei ramme på 3,5 mill kroner, der 500 000 kroner skal prioriterast etablerarar innan kreative næringer. Det er eit mål at minst 15 prosent av midlane går til etablerarar innan kreative næringer.</p> <p>Midlane er lagt inn på ramma til hoppid.no og utbetalt til kommunane.</p>

<p>Etablerartilskot øyremerka kreative næringar, forvalta av Innovasjon Norge</p> <p>Satsingsområde: Etablering av verksemd</p>	<p>1 mill kroner er tildelt Innovasjon Norge til Etablerartilskot øyremerka kreative næringar. Tilskotet har litt lågare krav til vekst enn ordinære etablerartilskot, fullstendig info her og her.</p> <p>Søknadar: 15 stykk</p> <p>Innovasjon Norge er ansvarleg for sakshandsaming og oppfølging, MRFK bidreg inn i vurdering av søknadar.</p>	<p>Søknadsfrist 1.mai, kan ikkje bli evaluert per 1.mai. 7 tildelingar. Innovasjon Norge sakshandsamar og følgjer opp mottakarane.</p>
<p>4 workshops i fylket halvvegs i prosjektperioden for innspel til evt. justering av tiltak</p>		<p>Workshops vil mest sannsynleg blir lagt til møteserien kreativfylket.no, tidspunkt er ikkje bestemt per no. Form på workshops er under arbeid, og vi kjem til å samarbeide med det nasjonale kunnskapsenteret for kulturelle næringar.</p>
<p>Konferanse for kreative næringar i Møre og Romsdal, i samarbeid med Øygardshamna AS og kreativfylket.no</p> <p>Satsingsområde: Netverk, møteplass, kompetanse</p>	<p>Øygardshamna AS fekk hausten 2013 tilsegn om totalt 540 000 kroner, eit av måla for prosjektet var:</p> <p>Prosjektet skal gjennom deltaking i felles satsing om kreativfylket.no vere ein aktiv part i utvikling og drifting av nettverk for kreative næringar på Sunnmøre gjennom møteserien Kreative Sunnmøre. I tillegg skal mottakar samarbeide med kreativfylket.no om årleg konferanse for kreative næringar I Møre og Romsdal. Det overordna målet er å opplyse, vidareutvikle og skape større synergjar mellom aktørane, samt nye arbeidsplassar i kreative næringar.</p> <p>Ein årleg konferanse vart ikkje arrangert i 2014, men det er eit mål å arrangere denne i 2015. Konferansen skal vere for heile fylket og alle kreative næringar, og skal vere ein arena for kunnskapspåfyll og nettverksarbeid.</p>	<p>Det er sett ned ein komité for planlegging av konferanse i veke 38. Den vil bli arrangert på Giske/i Ålesund. Øygardshamna AS vil vere teknisk arrangør. Når det gjeld tema og innretting for konferansen vil salg, marknadsføring og forretningsutvikling vere i fokus. Konferansen skal marknadsførast frå medio juni.</p> <p>Konferansen blir eit samarbeid mellom Øygardshamna AS, kreativfylket.no, Møre og Romsdal fylkeskommune, hoppid.no – nettverket, Kunnskapsverket – nasjonalt kunnskapsenter for kulturelle næringar.</p>
<p>Samarbeid med Kunnskapsverket – Nasjonalt kunnskapsenter for kulturelle næringar</p> <p>Satsingsområde: Forsking, kunnskap</p>	<p>Dagleg leiar kjem til MR 3-5 juni. May Britt Roald og Carina Stokke tek ho med på ein runde for å vise fram prosjekt som ho har vist interesse for, og viktige samarbeidspartar.</p>	<p>Vanskeleg og evaluere samarbeidet per no. Det er ikkje gjort avtalar om konkrete samarbeidsprosjekt per no, men vi har allereie fått nye og gode kontaktar vi kan spele på.</p>

Arbeide for å innlemme tradisjonelle handverksbedrifter i nettverket Economusee	Uavklart pga. nasjonal organisering av nettverket.	
--	--	--

Satsingsområde vs. tiltak – har vi innfridd?

Under ei oversikt over vedtekte satsingsområde og målgrupper, jfr. side 2 og 3, kor tiltak er sett opp mot politisk vedtekte satsing.

Satsingsområde	Ja	Nei	Gjennomført/under gjennomføring	Målgruppe	Ja	Nei	Gjennomført/under gjennomføring
Kompetanse	X		Går kontinuerleg gjennom hoppid.no	Gründeren og entreprenøren	X		hoppid.no/IN – Bygg bedrift Startstipend for kreative talent Etablerartilskot øymerka kreative næringer
Nettverk, møteplassar og samlokalisering	X		Under gjennomføring, halvvegs i prosjektperioden for kreativfylket.no Utlysing- våren 2015.	Næringshagar og kunnskapsparkar	X		Sunnmøre kulturnæringshage Aura næringshage Prosjekt oppstarta, ferdigstilling 2016/2017.
Trainee-ordning	X		Tildelt prosjekt, men det er ikkje starta opp. Undine AS er mottakar av tilskot.	Høgskulane	UE		Temabasert gründercamp innan kreative næringer ved Høgskulen i Volda. Blir gjennomført i 2015 av Ungt Entreprenørskap
Kunstnarleg verksemd	X		Talenstipend "Frå gråpapir til galleri" Etablerartilskot øymerka kreative næringer/IN	Kulturmiljø/kulturinstitusjonar	X		Prosjekt i samarbeid med Teatret Vårt, Kunstsenteret i Møre og Romsdal og Nordic Light. Starta opp, blir avslutta 2016/2017.
Natur- og kulturarv	X		Kystpilegrimsleden Economusee: Tiltak i HP kultur 2015. Om bedrifter i MR skal delta er usikkert, då den nasjonale organiseringa av nettverket er uavklart per 1.mai.	Eksisterande næringsliv	(X)	X	Trainee-ordninga kulturkandidat skal samarbeide med eksisterande næringsliv og kulturinstitusjonar. Ikkje starta opp.

Total vurdering

Arbeidsgruppa har gått gjennom alle tiltak og sett desse opp mot vedteke program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016. Ut i frå våre vurderingar har vi lukkast med satsinga og har utvikla tiltak som næringa sjølv har etterlyst behov for og som så langt i programperioden har vist seg å vere suksessar.

Vi har peika ut **tre suksessfaktorar** som ligg til grunn for at vi har lukkast så godt:

1. Workshops og studiereiser til andre fylkeskommunar la grunnlaget for ei god programsatsing. Spesielt workshopane var veldig viktig, då vi fekk snakka med næringa og fikk innspel til tiltak som kunne møte deira behov. kreativfylket.no og "Frå gråpapir til galleri" er direkte resultat av desse.
2. Utlysing hausten 2013 – nettverk, møteplassar og kompetanse. Utvikling av infrastruktur for heile fylket og heile næringa, alle prosjekt over 3 år. Infrastrukturen som no er bygd opp gjennom partnerane i kreativfylket.no, Aura Kulturhage og Kreativ Arena Plassen har gjeve eit tilbod som ikkje eksisterte for næringa før 2013. Tiltaka er heilskaplege og innretta mot alle over heile fylket og har fått svært gode tilbakemeldingar.
3. Vi bygde vidare på eksisterande kompetansestruktur/miljø/system:
 - a. Hoppid.no
 - b. Sunnmøre Kulturnæringshage/Kreative Søre Sunnmøre
 - c. Aura Næringshage
 - d. Teatret Vårt og Kunstsenteret i Møre og Romsdal.

Desse fire har over fleire år hatt fokus på utvikling av kreative næringer og entreprenørskap/gründeren, og har gjennom satsinga utvikla og spissa sine "produkt" til å gje enda betre tilbod til næringa.

Tilbakemeldingar frå eksterne aktørar:

Fylkeskommunen har i mange samanhengar fått sær gode tilbakemeldingar på satsinga og koplinga til hoppid.no.

Innovasjon Norge sentralt:

Hei May Britt!

Hvordan går det med deg? Her har vi diskutert M&R fantastiske ordning for kreative næringer, som jeg fortsetter å rose og snakke om som en testpilot for hvordan satsing på kultur kan gjøres i fremtiden. Vi får se hvilke resultater det kan føre til!

I morgen skal vi ha evaluering for Bygg Bedrift pilotene. Kan du være snill å sende meg evalueringene og dine tilbakemeldinger på forbedringsområder? Takk!

Margit 😊

Nasjonalt kunnskapssenter for kulturelle næringer – kunnskapsverket.org

Fylkeskommunen har vorte invitert inn til samarbeid med kunnskapsverket. Dei er veldig nyskjerrige på kva som skjer i Møre og Romsdal og vår satsing på kreative næringer og ikkje minst hoppid.no. Dagleg leiar kjem til fylket vårt på studiereise tidleg i juni og skal få besøke nokon av våre tiltak og andre spennande prosjekt. Samarbeidet er ikkje konkretisert per i dag, men vi er særst aktuelle for å delta i eit forskingsprosjekt, "Virkemidler for kulturelle næringer – rekkevidde og presisjon". Dei er også involvert i forskingsprosjektet "Hvordan lykkes stort som små?" som også departementet no følgjer tett. Kunnskapsverket.org vil også vere ein bidragsytar inn i konferanse for kreative næringer i Møre og Romsdal i september dette året.

Vi får også gode tilbakemeldingar frå næringsaktørar i Møre og Romsdal og verkemiddelapparatet. Talet på søknadar på våre utlysingar viser tydeleg at våre innrettingar og satsingar har vore treffsikre.

Oppsummering:

På bakgrunn av denne gjennomgangen av tiltak og vurderingar frå arbeidsgruppa så vurderer vi det til at fylkeskommunen har utgjort ein skilnad og har bidrege til utvikling av kreative næringer i Møre og Romsdal. Vi har vore ein tydeleg medspelar og regional utviklar.

Det er for tidleg å måle om vi har fått fleire nye arbeidsplassar (hovudmål), men vi ser allereie god effekt rundt enkelttiltak/delmål, basert på tilbakemeldingar frå næringa og sentrale aktørar. Vi har erfart at ting tar tid, mykje meir tid enn kva ein trur. Utfordringa er å synleggjere, både for dei som er i næringa og andre næringar/off. verkemiddelapparat, at dette ER ei næring. Kreative næringer i Møre og Romsdal (per 2010) er middels store i nasjonal samanheng. Om lag 4% av kulturbedriftene i landet er lokalisert i Møre og Romsdal, og desse står for litt over 3% av den totale verdiskapinga i næringa nasjonalt, og sysselsett ca. 3% av tilsette i norske kulturbedrifter.

Kreative næringer er noko underrepresentert i Møre og Romsdal Dette skuldast i stor grad høg verdiskaping i det øvrige næringslivet, noko som medfører at andre næringar framstår som underrepresenterte. Målt i verdiskaping kjem Møre og Romsdal på ein sjetteplass nasjonalt sett.

Kreative næringer har eit stort potensiale. Ser ein til Europa, så er det berre bygg og anlegg og serveringsbransjen som sysselsett fleire (7 mill. europearar arbeider i kulturell og kreativ sektor). Dette viser ei undersøking gjennomført hausten 2014 av EY (tidl. Ernst og Young – 11 sektorar er analysert). Kulturell og kreativ sektor i Europa gjev arbeid til 2,5 gonger fleire enn bilindustrien og fem gonger fleire enn telekommunikasjonssektoren. Gjennom finanskrisa har næringa hatt ein sysselsettingsvekst på 0.7 prosent årleg (den generelle europeiske sysselsettingsgraden har hatt ein årleg reduksjon på 0,7 prosent). Undersøkinga viser at næringa er eit lokomotiv i europeisk økonomi. Tydelegare enn nokon gong blir det no dokumentert at kulturell og kreativ sektor spelar ei stor rolle for europeisk økonomi, og kan vere ein drivar for europeisk økonomi i framtida. Det vil vere avgjerande at offentleg verkemiddelapparat sørgjer for gode rammebetingelsar for næringane.

Kreative næringer har også eit stort potensiale i Møre og Romsdal. Både når det gjeld utvikling av sjølve næringa, men også utvikling av modellar for samarbeid med anna næringsliv. Møre og Romsdal vil i åra som kjem ha behov for fleire arbeidstakarar innanfor mange sektorar, og for å gjere oss attraktive for tilflyttarar vil ein mangfaldig arbeidsmarknad vere viktig.

Så, spørsmåla arbeidsgruppa har stilt seg er:

- Har vi utgjort ein skilnad?
- Kva har vi lukkast med?
- Kva har vi ikkje lykkast med?
- Kor går vegen vidare?

Arbeidsgruppa si vurdering av programmet og tiltaka er at vi har utgjort ein skilnad, og at vi med få unntak har lukkast med tiltaka. Fylkeskommunen har vore ein tydeleg medspelar for utvikling av næringa i fylket.

Resultata gjev grunnlag for vidareutvikling etter at programperioden er avslutta (2016). Arbeidet med ny regional planstrategi er i gang, og val av retning for fylkeskommunale satsingar i neste periode krev eit godt kunnskapsgrunnlag, noko evalueringar, både interne og eksterne kan bidra med.

1,45 mill. kroner til samlokalisering for kreative næringer

Aura Næringshage, Totjueto Filmproduksjon AS og Øygaardshamna AS får midlar til etablering og vidareutvikling av samlokalisering for kreative næringer.



Foto: Scanstock

forretningsutvikling for næringa, seier rådgivar i fylkeskommunen, Carina Stokke.

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å styrke grunnlaget for utvikling av ny verksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemdar innan kreative næringer. Dette er bakgrunnen for at fylkeskommunen i april lyste 1,5 mill. kroner til samlokalisering av kreative næringar*.

- Det kom inn 15 søknadar, og vi har prioritert prosjekt som ikkje berre er reine kontorfellesskap, men som også legg vekt på samarbeidsmodellar og

Prosjekta som har fått støtte er:

Aura Næringshage – Aura Kulturhage, 700 000 kroner.

Aura Kulturhage vart starta opp hausten 2014. Satsinga har så langt vore vellukka, og alle åtte kontorplassar er utleigd. Aura Kulturhage har fått midlar til å vidareutvikle eit lågterskel tilbud for aktørar innafor kreative næringer. I tillegg har dei ambisjonar om internasjonalt samarbeid. Kontaktperson: Malene Aaram Vike, tlf. nr. 918 93 231

Totjueto Filmproduksjon AS – Kreative Molde, 500 000 kroner.

Prosjektet har fått midlar til å utvikle og drive samlokalisering av frilans- og småbedrifter innafor kreative næringer. Kontaktperson: Martin Gjellestad, tlf. nr. 991 23 811

Øygaardshamna AS (Giske) - ØSS – økonomi, salg og samlokalisering, 250 000 kroner.

Øygaardshamna AS på Giske er den største samlokaliseringa av kreative næringer i Møre og Romsdal. Prosjektet har fått midlar til å utvikle og drive rådgiving på økonomi og kommersialisering for kreative næringer. Kontaktperson: Ante Giskeødegård, tlf. nr. 924 08 290

**trykte medier, kulturarv, annonse og reklame, arkitektur, musikk, kunstnarleg verksemd, film, foto og spel, design og tv/radio.*

Godkjenning av protokoll

Protokoll fra ordinær generalforsamling i Fosnavåg Konserthus AS

Sted: Herøy kommune sine møtelokaler – Møterom 1
Dato: 08.06.2015
Tidspunkt: kl 15.00 til kl 16.30

Fremmøtte: Kirsti Hammerø (styrets leder), Arne Johan Dale (styremedlem), Henry Jøsokbakke (styremedlem), Petter Geir Smådal (styremedlem), Eldar Zahl (revisor), Arnulf Goksøyr, Ole Reinhart Notø, Vegard Knardal, Åge Remøy, Gisle Vike.

1. Møte ble åpnet av styrets leder. Følgende aksjonærer var representert:

Herøy kommune v/ Arnulf Goksøyr,	52,80% (8000 aksjer)
Rem Offshore AS v/ Åge Remøy,	19,47% (2950 aksjer)
Havyard Group AS v/ Kirsti Hammerø ihht flm	13,20% (2000 aksjer)
Olympic Shipping AS v/ Ole-Reinhart Notø ihht flm	6,60% (1000 aksjer)
Ervik & Sævik AS v/ Ole-Reinhart Notø ihht flm	5,28% (800 aksjer)
Marin Teknikk AS v/ Gisle Vike ihht flm	1,32% (200 aksjer)
Bourbon Offshore Norway AS v/ Gisle Vike ihht flm	0,66% (100 aksjer)
Barentz AS v/ Åge Remøy	0,33% (50 aksjer)

Stemmeberettiget: 99,66% eller 15 100 aksjer.

2. Valg av møteleder: Kirsti Hammerø ble enstemmig valgt som møteleder.
3. Innkalling til generalforsamling ble enstemmig godkjent.
4. Åge Remøy ble foreslått til å signere protokollen sammen med styrets leder, og enstemmig valg.
5. Revisor Eldar Zahl gjennomgikk årsregnskapet for 2014 og Kirsti Hammerø gjennomgikk styrets årsberetning for 2014. Årsregnskap og årsberetning ble enstemmig godkjent. Generalforsamlingen kom med innspill om at det for årsregnskapet for 2015 burde være en egen note vedr sponsorbidrag og avskrivninger, men det ble ikke foreslått å ta dette med for 2014.
6. Fastsettelse av godtgjørelse for styrets medlemmer for kommende år: Styret hadde foreslått kr 0 i godtgjørelser.

Arnulf Goksøyr foreslo følgende satser per møte:

Styrets leder: møtegodtgjørelse tilsvarende 2 x møtegodtgjørelse for formannskapet

Styremedlemmer: Møtegodtgjørelse tilsvarende møtegodtgjørelse for formannskapet

Forslaget til Arnulf Goksøyr ble enstemmig vedtatt.

7. Godtgjørelse til revisor etter regning ble enstemmig vedtatt.
8. Endring av vedtekter.

Styret hadde foreslått å endre vedtektens paragraf 5 til:

Selskapets styre består av 3-6 styremedlemmer etter generalforsamlingens nærmere beslutning. Generalforsamlingen velger styrets leder og nestleder.

